

FOLK i Ryfylke 1/87



RF

FOLK 1/87 i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Dette nummeret blir også
gitt ut som særtrykk
under tittelen
SILKEBUS OG BØNDER
Ei studie
av bygdekultur i ei anleggstid

ryfylkemuseet



Utgitt av Ryfylkemuseet

FOLK i Ryfylke

Tidsskrift for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo

Utgivar: Ryfylkemuseet

4230 Sand

Telefon 047 - 97 377

ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem med to nummer i året.

Abonnementsprisen for 1987 er kr 85,-.


og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuseet.


Postgirokonto 5 66 29 11

Bankgirokonto 3202.07.01527

Sats, repro, trykk og innbinding:
Allservice A.s, Stavanger
Tilrettelagt av Dreyer Bok, Stavanger

ISSN 0800-4692 FOLK I RYFYLKE






Innhald

- 5 Redaksjonelt
- 7 Eit bygdadikt
- 9 Kraft og kultur
- 13 Det største vasskraftprosjektet i landet
- 29 Bygda i endring
- 75 Den ruale arv
- 109 Med ryggen mot fremtida
- 115 Kjelder og litteratur
- 118 Årsmelding 1986

Omslagsbildet:
Frå bondebryllaupet på Kolbeinstveit i 1985.
Eit av dei interessante trekka ved Suldal i anleggstida
er den fornya interessa for gamle tradisjonar.
Foto: Jan Møgedal.

*Invasjonen av anleggsbus var imøtesett med blanda kjensler,
medvete som ein var om ymse tradisjonar og skikkar blant slike
folk.*

Foto: Jostein Granli.



Redaksjonelt

Som artikkelstoff i dette nummeret av FOLK i Ryfylke tek vi sjansen på å presentere ei heil lita avhandling om korleis det har gått med bygdekulturen i Suldal under Ulla/Førre-utbygginga.

Det er økonomiske grunnar til at dette stoffet blir presentert på denne måten, men vi håper og at medlemmene set pris på eit såpass fyldig nummer av tidsskriftet som dette er blitt.

Bakgrunnen for at vi har eit slikt stoff som vi gjerne vil presentere er at museet for første gong i soga si har kunne halde seg med forskar på heiltid i eit heilt år.

Det var ei løying frå Olje- og energidepartementet som gjorde dette muleg. Og frå sommaren 1985 til sommaren 1986 kunne Roy Høibo fordjupe seg i bygdekulturen medan Målfrid Snørteland styrte museet som vikar i konservatorstillingen.


Vi tykkjer det er viktig at også eit lite museum som vårt får hove til å drive med forsking. Utan hove til slik fordjuping i ulike emne, blir det kunnskapsmaterialet ein bygger opp ved museet nokså grunt.

Det er ei mistyding å tru at ein kan skape eit levande og

interessant museum berre ved å samle inn gamle ting og stille dei ut i gamle hus. Den utoverretta verksemda museet driv med er i vår tid både avhengig av grundigare forarbeid og større fantasi om vi skal nå ein del av dei vi gjerne vil nå i arbeidet vårt.

I denne samanhengen kan det vera verdt å peike på eit par punkt i årsmeldinga for 1986 som omhandlar ytterlegare interesse for forsking. Styret har inngått avtale med Suldal kommune om å stille konservatoren til rådvelde for fullføring av kultursoga for Suldal, og ein har innleidd eit samarbeid med Industriadmuseet i Odda og Industriarbeidarmuseet på Rjukan om eit forskingsprogram for ei samanliknande gransking av arbeidslivet i industrien i Sauda, Odda og på Rjukan.

Desse tiltaka må ikkje tolkast dit at Ryfylkemuseet er i ferd med å bli ein forskingsinstitusjon. Det er langt att til det. Men det betyr at også Ryfylkemuseet er eit museum som så smått har kome i gang med ei fagleg utvikling som ein kan håpe på vil føre til at ein betre blir i stand til å møte dei nye utfordringane musea står over for.



Eit bygdadikt

Ei kvar bygdesoge med respekt for seg sjølv opnar med eit bygdadikt. Så også denne. Visa vart framført i eit fjernsynsprogram frå Suldal før jul i 1977 og vart seinare trykt i Suldalsposten.

Diktaren er Torgny Tjordal.

Melodi: Kjerringa med staven.

Før her oppi dalen
stelte folk med smalen.
Bygdefolket levde godt i ro og fred,
no dreg dei på anlegg,
helst for NVE.
Uro det er i dalen,
avskremde verte smalen.

Høgt inni ville heia,
skulle du høyrt på leia:
Skal dei bygge dam, så brei og høg og svær,
demma opp ein sjø
der reinens rike er.
Skulle du høyrt på leia,
høgt inni ville heia.

Dei styrande ville like,
at alle skal bli rike.
Men ka vil dei gjera om ti-femten år?
Arbeidslause folk,
og hus som tome står.
Eit utturka elveleie,
og laksen tek andre veie.

Ja, Sand-buane kava,
allting vil dei hava.
Lensmann, prest og dokter,
verkstadbygg og park!
Trongt det hadde vorte,
sjølv i Noas ark.
Ingenting dei sakna,
eingong kan skuta «flakna».

Og anlegget det fenger,
lokkar med blanke penger.
Nokon ville heller hatt det som det var,
med uberørt natur
og jord til kvar ein gard.
Ja, mangt her er å henta,
kva gjev den beste renta?



Kraft og kultur

I dag kan ein drikke øl på uterestaurant i Suldal. Eller ein kan stå på ski i eit alpinanlegg med eigen logo. Ein kan sjå folk gå tur med hunden gjennom bustadfelt like identitetslause som kvar som helst elles i landet, og ein kan hadle frosen pizza i supermarketnad med flatt tak og vimplar utanfor. Ein kan møte eit byråkrati med planleggingsidear henta langt austanfor vest, og 8. mars og elles kan ein sjå modne kvinner med husflidsbomme og skjerf rundt halsen på veg til felles hygge og nytte i kommunesenteret. Foreningslivet skyt stadig nye skot og idretten får tilslag på planar til millionar av kroner. Den offisielle framtidsvona er knytt til industrien og turismen.

Slik var det ikkje for 10 år sidan. Da vart kjøpmennene oppmoda om å vera varsame sjølv med det lovlege ølsalet og berre i påska gikk ein på ski. Hundane sto bundne i garden, der dei fantest, og pizza var mat i framande land. Framtidsvona var lita og kulturlivet knapt nok medvete som offentleg interessefelt.

Det som har skjedd i mellomtida er nok mye av det same som har skjedd i andre bygder. Men i tillegg har det skjedd noe atskillig meir dramatisk med Suldal. Kommunen har vore vertskap for det største kraftutbyggingsprosjektet vi har hatt i landet.

Det er Ulla-Førre-anlegga det er tale om. Eit prosjekt som omfattar regulering av vatn og vassdrag i eit 2.000 km² stort

Ulla/Førre-anlegga er landets største kraftanlegg. Storvassdammen er den største fyllingsdammen i landet. Anlegget har vore dominert av dei store dammane, dei lange tunnelane og den omfattande vegbygginga. Foto: Jostein Granli.

område i Ryfylkeheiane mellom Setesdal og Suldal og som vil produsere 4.350 millionar kWh i året når det er ferdig, aleine nok til å auke elektrisitetsproduksjonen i landet med 5–6%.

For å gjennomføre eit slikt prosjekt var det nødvendig med tilførsel av ei stor mengde arbeidskraft. Opp i 1.550 mann og ein del kvinner var sysselsette på det meste i toppåra fra 1980 til 1983. Ca. $\frac{2}{3}$ av desse var tilsette i NVE-Statskraftverka, resten hos private entreprenørar. Ca. $\frac{1}{3}$ av dei tilsette i NVE busette seg i kommunen, og folketallet steig med nesten 1.000 frå kraftutbygginga tok til i 1974 og fram til det nådde sin topp i 1980 med 4.588 fastbuande.

Yrkesstrukturen endra seg og radikalt. Frå å vera ein kommune der bortimot halvparten av dei yrkesaktive henta hovudinntekta si i jordbruket, vart det ein kommune der bygge- og anleggsverksemد vart den viktigaste næringa. Ved folketellinga i 1980 var det berre vel ein femtedel som oppga jordbruk som hovudyrke. Seinare granskingar (Olsen 1984) har synt at jordbruket dessutan også har gjennomgått ei kraftig svekking som viktigaste inntektskjelde for brukarane. I 1979 var det berre vel halvparten av bruken som utgjorde den viktigaste levevegen for brukarane. Offisielt er kommunen likevel framleis ein jord- og skogbrukskommune. (Vi presenterer Suldal kommune u.å.)

Ein slik situasjon innbyr til reising av mange slags problemstillingar. Utgangspunktet for dette arbeidet var å beskrive og analysere det kulturmøtet som har funne stad mellom innflyttarane og dei fastbuande for å finna ut kva verknad ei slik stor innflytting har hatt for den eksisterande bygdekulturen.

Dette måtte da omfatte gransking av såvel nye kulturyrtningar som revitalisering av gamle. Og det måtte omfatte gransking av såvel kontinuitet som konflikt.

Det som gjer det meir komplisert, men desto meir spanande, er at Suldal kommune slett ikkje er noe homogent bygdesamfunn. Det er ei administrativ einig som er eit resultat av kommunesammenslåing i 1960-åra. Sjølv kraftutbygginga går føre seg i det som var gamle Suldal kommune, medan det meste av den faste busettinga i tilknyting til anlegget, og administrasjonen av det, er lokalisert til kommunesenteret Sand i gamle Sand kommune. Dei gamle kommunane Erfjord og Jelsa er blitt utkantar i den nye storkommunen utan særleg kontakt med kraftutbygginga.

Dette er kommunar med ulik fortid, og med ulike føresetnader for å ta i mot kraftutbygginga. Det ligg såleis til rette for ei samanliknande gransking. I det følgjande vil oppmerksomheta bli konsentrert om kommunesenteret Sand og bygdesenteret Suldalsosen med tilliggande herlegdomar.

Innleiingsvis er det mye som tyder på at Sand har vore meir open for innovasjonar enn Suldal, som på si side har utvikla ei viss dyrking av ytringar frå den gamle bondekulturen.

Likevel kan ein heller ikkje oppfatte Sand og Suldal som fullt ut homogene lokalsamfunn. Den politiske og administrative leiinga i kommunen utgjer i mange spørsmål ein elite med andre holdningars og verdiar enn grasrota. Blant folk på Sand er det dessutan klare rurale og motkulturelle trekk som har meir til felles med holdninga i Suldal enn ein vil vera ved. På den andre sida er heller ikkje alle suldølingar bønder med bunad og rosemåla feleskrin, men tvertimot folk med eit ope sinn for såvel sydens som sentrums glede.

Det kulturmøtet som skal skildrast og analyserast i det følgjande er såleis eit møte også mellom fenomen i tid og rom og mellom ulike sosiale grupper, der det ikkje støtt vil vera like lett å peike på kva kraftutbyggjarane har skulda for. Framstillinga vil likevel vise at ein med god grunn kan setta innflyttarane i fokus som innovatører, sjølv om det hadde vore ønskjeleg om prosjektet kunne gitt rom for ei samanliknande gransking av eit lokalsamfunn utan slik innflytting.

Dei faktorane som påvirker kulturelle endringar er likevel så mangfaldige at det vil vera vanskeleg å finne lokalsamfunn som kan samanliknast ut frå skilnader berre i ein einaste faktor.

Eit noe meir ambisiøst mål for dette arbeidet enn å behandle dei i og for seg isolerte kulturhistoriske problemstillingane som her er skissert, er å prøve å gi bidrag også til forståing av planleggingas føresetnader i ein kommune i sterkt vekst. Denne ambisjonen bygger på den forestillinga at eit samfunns kultur også er ein ressurs, og ikkje berre eit passivt resultat av tekniske og økonomiske beslutningar.

Skal denne resursen aktiviserast som premiss i beslutningsprosessene på lik line med dei hine, trengst det kunnskap om han og forståing for at kultur ikkje berre var noe dei dreiv med i det gamle bondesamfunnet. Kultur er noe alle har, overalt og til alle tider, det er summen av dei verdiane og holdningane vi er berarar av, same kor verdlause dei måtte synest for somme.

— Vi har naturvernlag i kommunen, skreiv Hans Risa Johnsen i Suldalsposten 28. januar 1977, — og det kan ha sin store misjon. Men kanskje vi hadde tronge endå meir eit lag som freista å verna om kulturmiljøet i bygdene våre. Det bygdemiljøet vi har i dag vil visseleg komma ut i hardt ver.

Det er eit tankekors at naturvernet i dag har fått ei så sterkt og integrert stilling i planlegginga at det i visse høve endatil kan hindre kulturvern, t.d. når det gjeld å ta vare på anleggsminne, medan det kulturelle ansvaret er isolert til små kulturtkontor eller ressursfattige institusjonar med begrensa ansvar.

Kunne dette arbeidet vera eit ørlite bidrag for å bringe sjølv kulturen inn på banen, ville det vera gildt, sjølv om vi ikkje skal venta å få komma med i løperekka med ein gong, vi som steller med slike sider av samfunnslivet.


Framstillinga kjem til å følge ein viss kronologi i utviklinga av det kulturmøtet som har funne stad, medan dei meir spesifikt motkulturelle ytringane og den kontinuiteten som også kan registrerast vil bli behandla tematisk lengre bak. Til slutt vil så dei ulike fenomen som er valde ut for behandling bli forsøkt sett i samanheng og i forhold til for-



tida, med tanke på ein konklusjon på kva som har skjedd med kraftutbyggingskommunen.

Kjeldene vil bli omtala etterkvart som dei blir brukte, og dessutan i ein kjeldeoversikt heilt bak. Dei viktigaste kjeldegruppene har vore intervju, avisartiklar, observasjon og ulike dokument og rapportar.

Oppslutninga om Olsokstemnet på Kolbeinstveit (selv i regnver), syner at interessa for den gamle bondekulturen er stor og levande blant bygdefolket i Suldal.



Det største vasskraftprosjektet i landet

STERKT ØNSKE OM KRAFTUTBYGGING

Samtykke til utbygging av Ulla-Førre-vassdraga vart gitt av Stortinget 13. juni 1974 med 114 mot 22 stemmer. Mindre-talet røysta for eit forslag frå Reidar Larsen (SV) om å legge eit mindre omfattande alternativ, Førre-alternativet, til grunn for utbygginga.

Suldal kommunestyret hadde gitt si uttale til utbyggingsplanane i møte 16. august 1972 og rådde til at utbygginga vart gjennomført etter det mest omfattande alternativet. Vedtaket var samrøystes, men på vilkår av at kommunen fekk innfridd krav som knytte seg til eit rimeleg økonomisk utbytte av utbygginga, varig styrking av næringsgrunnlaget i form av industrireising og nye arbeidsplasser og økonomisk hjelp til å løyse dei problema som ville oppstå under og etter anlegget.

Den motstanden mot utbygginga som kom til uttrykk vart lokalt i hovudsak målbore av grunn- og elveeigarlaget og bondelaga. Rogaland Naturvern engasjerte seg dessutan sterkt, og utarbeidde eit omfattande dokument mot planane. Men det var likevel ikkje tilstrekkeleg styrke i protestane til at dei kom til å føre til vesentlege endringar i dei opphavlelege planane.

Eit par punkt som var berørt allereide under behandlinga av planane kom likevel seinare til å føre til atskillig meir høgrøysta diskusjon. Faktisk vart det etterkvart såpass til motstand mot enkelte delar av planane at generalplanleggen i NVE fann grunn til å kalle motstandarane for Suldalsgeriljaen, ei nemning dei såg på som ein heider. Alvorlegare var det at denne diskusjonen førte til ei politisk krise i kommunen som kom til å virke lammande på kommune-

styret i periodar da ein i høgste grad burde vore beslutnings-dyktig.

Denne utviklinga er interessant også i vår samanheng. Ikkje på grunn av sin styrke, eller mangel på styrke, når det gjaldt å endre på planane for utbygginga. Men på grunn av dei endringane motstanden førte til i det politiske miljøet i kommunen.

Dette var endringar som fekk konsekvensar både for andre saksområde og for synet på lokalpolitikken i det heile seinare, medan noe av forklaringane på det som skjedde truleg må søkast lenger bak i tida. Det kan vera grunn til å sjå på Ulla-Førre som symbol for djupareliggende motsettingar såvel mellom bygdelaga som mellom ulike grupper i bygdene.

Under denne synsvinkelen skal vi starte med å sjå nærmare på dei konfliktene det var snakk om.

Ulla-Førre-utbygginga er altså ikkje blant dei vasskraftprosjekta som blir hugsa på grunn av stor strid om utbygginga. I ei bok frå Universitetsforlaget på 220 sider, som handler om kraftutbygging, konflikt og aksjonar, og der mye dreier seg om Alta, står det 14 linjer om Ulla-Førre. Pluss omlag like mange linjer i ei felles omtale saman med Eidfjord-anlegga. Overskrifta på kapitlet er «Store utbyggingar som møtte liten motstand». (Haagensen 1984)

Dei første planane om utbygging i dette området låg føre alt i 1920, men desse vart lagt til side til fordel for andre prosjekt. I 1960 åra finn ein vitnemål om ei planlegging som omfattar ein større del av vassdraga i området, men framleis var det berre tale om utbygging mot Jøsenfjorden, den retningen som seinare vart kalla Førre-alternativet. Først i

1971 vart det lagt fram ein plan som omfatta samlege vassdrag i området som ikkje allereide var utbygt, og der vatnet vart ført over mot Suldal og Hylsfjorden. Dette vart i generalplanen kalla Suldalsalternativet. (Meland 1984).

Suldal kommune fekk konsesjonssøknaden til uttale i januar 1972, og gikk i august same året samrøystes inn for å tilrå utbygging etter Suldals-alternativet.

Søknaden kom ikkje uventa på kommunen. Tvert i mot, utbygginga var ønskt, og det vart gjort fleire framstøyt for å få utbygging etter Suldals-alternativet. Ordføraren var ein hyppig gjest hos vassdragsvesenet.

Bakgrunnen for denne aktiviteten var dels dårlig kommuneøkonomi, og, som følgje av det, frykt for at Suldalslågen kunne komma til å bli med i den verneplanen for vassdrag som eit sentralt utval, det såkalla Sperstad-utvalet, arbeidde med. Vatnet var den viktigaste ressursen kommunen hadde, og det var tilsynelatande semje om at denne ressursen måtte utnyttast til beste for dei økonomiske vilkåra i kommunen.

Ein viktig lekk i den kommunale handsaminga av konsesjonssøknaden, var den skatteavtalen som blei inngått mellom Suldal og Hjelmeland. Avtalet gikk ut på at skattane frå kraftanlegga skulle fordelast med 30% på Hjelmeland kommune og 70% på Suldal, same kva slags utbyggingsalternativ som vart vald.

Formålet med ein slik avtale var å fjerne dei motstridande interessene kommunane måtte ha i val av utbyggingsalternativ. Føresettanden var vidare at begge kommunane skulle gå inn for Suldals-alternativet.

Avtalen var inngått mellom Suldal formannskap og representantar for formannskapet i Hjelmeland allereide 14. april 1972, og vedtatt av Suldal kommunestyre i august same året, før konsesjonssøknaden var behandla i kommunestyret.

Saka var såleis opplagt og klar og nærmast avgjort i kommunane før noen hadde kome på at dette var ei kraftutbygging å reise protestar mot. Det som likevel skapte ugreie var plasseringa av hovudverkstad og administrasjonsbygg for anlegget og bustader for administrasjonen.

Med stort fleirtal gikk kommunestyret i mai inn for at desse bygningane måtte plasserast på Sand. Bakgrunnen for det var at ein meinte å ha god grunn til å tru at utvegane til å få til varige arbeidsplassar var størst om bygningane låg i kommunesenteret.

Det blei startskotet for ein lang og hard strid i Suldal.

Det var først og fremst grunneigarane som reagerte. Kring 17. mai i 1972 samla dei underskrifter fra 75 eigarar av grunn og rettar i utbyggingsområdet for kravet om at dei bygningane som var nødvendige måtte plasserast mellom Førland bru og Kvilldal.

Det området som det her var snakk om var nedre delen av gamle Suldal kommune. Kommunegrensa mot Sand gikk tidlegare rett nedom Foss. Førland bru ligg eit lite stykke ovom Foss, men nedom Moe, der det kunne vera areal for ei alternativ plassering av hovudverkstaden.

Hovudargumentet for dette kravet var at det var i dette området kraftressursane fantest, og at det derfor var rimeleg at dei arbeidsplassane og dei nye bustadsområda som ville følgje med anlegget vart lokalisert hit.

— Kraftutbygginga vil føre med seg ei slik omskifting i næringslivet og naturinngrep etter utbygginga, at vi må ta skritt for å sikra seg mot delvis avfolkning, heitte det i brevet til NVE. (Brev frå grunneigarane til NVE av 19/5-1972).

— Dersom Statskraftverkene godtek desse krav, reknar ein med at saker som melder seg under utbygginga og for ettertida vil kunne løysast på ein betre måte for både partar, skreiv dei til slutt i brevet sitt, dei 75 grunneigarane.

Men Statskraftverka godtok ikkje krava. Dei skreiv tilbake og sa at dei forsto standpunktet, men viste elles til forhandlingar med kommunen som sin motpart. Og resultatet av desse vart lokalisering til Sand.

Allereide i mai 1972, berre noen få månader etter at konsesjonssøknaden var lagt fram, var såleis frontane klare og hovudmønsteret i dei konfliktene Suldal kommune måtte leva med i årevis klare. Det var dei sentrale delane av gamle Suldal mot, i første rekke Sand, men og med motstridande interesser i forhold til Øvre Suldal og resten av den nye stor-kommunen.

Dette var kjernen i striden, så klart og greitt uttala, såvel skrifteleg som munnleg, at det ikkje var til å misforstå. Det var gamle Suldal, mellom Foss og Kvilldal, som hadde vasskrafta, og det var dei som ville ha betalinga for ho. At ho skulle utnyttast var det brei semje om.

Men det er truleg litt for enkelt å tolke dette som snevre, økonomiske eigeninteresser. For å forstå dette må ein i allefall gå eit ti-år tilbake, til diskusjonen om kommunenesamslåinga, og kanskje enda ein god bete attende i soga, til den tida Suldal var ei stormakt i indre Ryfylke. Og ein må sjå på meir enn pengemakt. Eg trur ein må granska endatil dei kulturelle føresetnadene for å forstå dei holdningane som kom til uttrykk da NVE skulle bygge verkstad og bustader i samband med Ulla-Førre-anlegga. Det skal eg forsøksvis komma tilbake til heilt til slutt i denne framstillinga. Her skal det nå i første omgang handle om den vidare utviklinga av utbyggingskonflikta og om dei alliansane som oppsto.

MOTFORESTILLINGANE AUKAR

Noen stor interesse for anna enn dei økonomiske følgjende av kraftutbygginga er det vanskeleg å finne spor etter frå den første tida etter at konsesjonssøknaden var lagt fram. Sjølv vassføringa i Suldalslågen påkalla lite engasjement. På eit møte om dette emnet på grendahuset i Mo møtte det 8 personar. (RFb 1985/18).

Vassføringa i Lågen ville ha mye å seia både for laksen, alle brunnane langs elva, reinseffekten for utslipp i elva, og ikkje minst for utsjânaden på elvelaupet og dalføret og trivnaden for dei som budde langs lågen.

Seinare vart dette viktige tema i debatten om storanlegget. Men i 1972, i månadane fram til august, da Suldal kommunestyre samrøystes sa seg samd i og rådde til utbygging etter Suldals-alternativet, var det liten debatt.

Kommunaleinga kunne såleis energisk legga i veg med å skaffe seg kunnskap om kva slags behov ein måtte imøtekoma på dei områda kommunen hadde ansvaret for, planleggje og söke å få realisert dei vilkåra ein hadde tatt med da

konsesjonssøknaden vart tilrådd. Blant hovudkrava var at kommunen måtte settast økonomisk i stand til å løyse dei problema som ville melde seg, og at kommunen ville få ei varig styrking av næringsgrunnlaget.

Eit viktig resultat av dette arbeidet var avtalen med Statskraftverka om bygging og forskottering av fylkesveg til den veglause Bråteit-grenda ved Suldalsvatnet. Det var ein avtale som ikkje berre ga Bråteit-buen vegutløsing, men som og skapte ein allianse mellom utbyggingsinteressene på Sand og i Øvre Suldal for Suldals-alternativet, medan sentrale delar av gamle Suldal tok til å orientere seg meir mot Førre-alternativet etter at lokaliseringsspørsmålet i første omgang var tapt.

Ola Fisketjøn, som var varamann for Senterpartiet i kommunestyret, kom med den skarpaste kritikken av at vegutløsing for Bråteit-grenda på denne måten vart kobla til Suldals-alternativet. Da vegavtalen vart behandla i kommunestyret i februar 1973 sa han det var urett å bruke Bråteit-vegen som brekkestang til fordel for Suldals-alternativet, som det etter hans mening var sterkt motstand mot. (Stavanger Aftenblad 20/2-1973).

Fisketjøn, og andre, fekk føle at spørsmålet om utbyggingsalternativ tok til å få karakter av å vera eit spørsmål om å vera for eller mot Bråteit-vegen. Ved å knyte vegar og busetnad til det alternativet som var mest interessant oppnådde utbyggaren ei viss nøytralisering av dei som var skeptiske til dette alternativet. Men Fisketjøn vart aldeles aleine med sitt standpunkt i kommunestyret.

Utanom kommunestyret tok likevel enkelte grupper til å røre på seg. Oppsitjarane i Jøsenfjorden, inklusive Ulladalen og Hjorteland, som hørte Suldal kommune til, samla seg om eit protestskriv til Industridepartementet der dei meinte føresetnaden for sal av fallrettane tidleg i hundreåret var brotne om Suldals-alternativet skulle leggast til grunn for utbygginga. Dei var redde for at deira bygder ville få lite att for ulempane ved å overlate vasskraftressursane til stor-samfunnet. (Stavanger Aftenblad 11/12-1973).

Det er rimeleg å sjå ein parallel til skrivet frå dei 75 grunnigarane i Suldals-dalføret tidlegare i dette skrivet frå opp-

sitjaren i Jøsenfjorden, sjølv om krava var ulike og bygde på det som ein såg si eiga bygd best tent med.

Og frå Suldal grunn- og elveigarlag vart det ført ein stadig kraftigare argumentasjon for Førre-alternativet, da ein ottast følgjende for Lågen om Suldals-alternativet skulle leggast til grunn.

Den kraftigaste kritikken kom likevel frå Rogaland Naturvern som allereide i september 1972 la fram ein omfattande uttale der eit hovudpoeng var at ein meinte heile prosjektet var mangelfullt utgreidd. Seinare varsla naturvernforbundet at dei ville vurdere rettsak om feil ved saksbehandlinga dersom utbygging etter Suldals-alternativet blei vedtatt. (Stavanger Aftenblad 10/6-74).

Særleg fres i saka vart det ikkje før laussalsavisene tok turen vest i grenedom og gjorde seg opp si meinings om saka.

- Skandaløs behandling av saken sto det i Dagbladet 10/11-73.
- Bygdefolk gjør anskrik.
- Dette er ikke forsvarlig saksbehandling. (Dagbladet 26/11-73).

VG var litt meir forsiktig med overskriftene, men så hadde journalisten også sommarhus på Sand.

Nationen slo til med denne 13/11-73:

- Bygdefolk til felts mot Ulla-Førre-utbyggingen — Nei til Suldals-alternativet, protesterer mot saksbehandlinga.
- Målmedveten hysj-hysj taktikk i Ulla-Førre — Bygdafolk redde for fastlåsing. (Nationen 12/12-73).

Bakgrunnen var at saka var komen så langt at Miljødepartementet skulle avgjort sin uttale. Deretter ville saka gå til Industrikomiteen med siktet på stortingsbehandling i vårsesjonen 1974, eitt år forsinka i høve til den opphavelege framdriftsplanen. Det var såleis på høg tid at mediene oppdaga Ulla-Førre-utbygginga om det i det heile tatt skulle vera noe å skrive om før spaden vart sett i fjellet.

Det var særleg storleiken som imponerte Dagbladet, da avisar oppdaga kva det dreidde seg om. Og at skadeverknadene vart underslått. I ein artikkel 10/11-73, dagen etter at representantar for grunn- og elveigarlaget hadde vitja miljøverndepartementet, vart lesarane presenterte for «den

... mest gigantiske vasskraftutbygging i Norgeshistorien». Både laks og rein ville bli utrydda og klima og naturforhold endevendt.

Artiklane i Nationen bygde på grundigare kunnskap om saksområdet og hadde større informasjonsverdi. Også Nationen bygde si fremstilling på eit møte med delegasjonen frå grunn- og elveigarlaget, og her går det fram at det har breidd seg sterke reaksjonar på hemmelighaldet i den innleidande delen av saksbehandlinga. Det var særleg behandlinga av skatteavtalen som vart halde attende for ålmenta til han var vedtatt i begge dei to kommunestyra. Og med den var i røynda utbyggingsalternativet vedtatt utan at det hadde vore høve til noen offentleg debatt det på førehand.

I tillegg blir det reist kritikk mot manglande interesse for dei konklusjonane Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske og Fiskerikonsulenten for ferskvannsfisket i Vest-Norge hadde komme til, og som først vart kjent etter at kommunestyret hadde gitt sin uttale. (Nationen 13/11-73).

Fiskerikonsulenten la fram sin uttale i eit brev til direktoratet 21/2-73, og det var først da motstandarane mot Suldals-alternativet fekk argument å slå i bordet med. Det var desse argumenta som gjorde at stortingsbehandlinga av konsesjonssøknaden vart utsett i eitt år.

Konklusjonen til fiskerikonsulenten var at han primært anbefalte ei utbygging etter Førre-alternativet.

— Full utbygging etter Suldals-alternativet, som ødelegger Suldalslågen som lakseelv, må på det sterkeste frarådes, skreiv han.

Direktoratet slutta seg til denne konklusjonen.

— Hensynet til de store vilt- og fiskemessige verdier som står på spill taler for at utbygging av Ulla-Førreverkene etter «Alternativ Suldal» bør ikke fremmes, heiter det i ein uttale frå Direktoratet. (Brev til NVE 16/4-73).

Frå før hadde ein uttalen frå sivilingeniør Erik Ræstad A/S å halde seg til. Han var engasjert av Suldal kommune til å avgjort ein rådgjevande uttale om konsesjonssøknaden, og konkluderte i sin uttale av 20/7-72 med at Suldals-alternativet klart var å foretrekke.

Men i uttalen står det og ein del formuleringar som, saman med uttalen frå fiskerikonsulenten, ga styrke til den veksande opposisjonen, m.a. dette mye siterte avsnittet:

— Konklusjonen av ovenstående må bli at dette prosjekt er en kynisk hardhendt økonomisk full-utnyttelse av hver dråpe nyttbart vann som finnes i de felt som ennå gjenligger mellom Roldal-Suldal-utbygging i nord, Otra-utnyttelsen i øst og Lyse-utnyttelsen i syd.

— De berørte distrikter ser vel frem til den utvikling som kan følge med en nyttiggjørelse av naturressursene, men bør etter vår oppfatning vurdere om de vil være med på en så fullstendig utnyttelse av vassdragene utelukkende til kraftproduksjon.

M.a. brukte Rogaland Naturvern dette i sin uttale, noe som førte til at Ræstad meinte seg utnytta på feil premisser, og som gjorde at konsulenten forsterka si tilråding om snarleg utbygging etter Suldals-alternativet. (Ræstads kommentar til uttale frå Rogaland Naturvern u.d.)

I Dagbladet slo ordføraren tilbake og viste m.a. til at alleide det førre kommunestyret i oktober 1971 hadde gjort vedtak om at ein ønskte ei utbygging av Ulla-Førre med regulering av Suldalsvatnet og Lågen og kraftstasjon i Hylen. Han meinte at folk i kommunen hadde hatt god tid på seg til å setta seg inn i saka, da saksdokumenta hadde ligge ute til offentleg gjennomsyn fleire stader i kommunen frå dei kom og like til i august i 1972. (Dagbladet 26/11-73).

I ein hale på eit intervju med ordføraren skreiv Dagbladet dette som en konklusjon:

— I Ulla/Førre står vi overfor den største vasskraftutbygging her i landet like til i dag. Da Aurlandsdalen skulle i smeltdigelen ble det reist en samlet protest fra naturvernhold. En god del av kampen ble kronet med hell.

— Står vi foran en ny gigantisk aksjon for å verne om vår natur? Mye tyder på det. (Dagbladet 12/11-73).

Men Dagbladet tok feil. Dei protestane som kom blei lett avviste. Det var ikkje tyngde nok i dei, verken når det galdt argumentasjonen eller oppslutningen om dei. Dei einaste som hadde gjennomslagskraft var fiskerikonsulenten og laksen, men det heldt heller ikkje til meir enn eit års utsettning av stortingsbehandlinga.

— Kanskje savnet prosjektene den nødvendige symbolverdi for å samle noen sterk aksjon, slik som Hardangervidda, Jotunheimen, Gjende og Alta, skreiv konfliktforskarane.

— Ellers var vel også kreftene på aksjonssiden sterkt redusert etter aksjonene ved Mardøla, samt intens motstand mot Femunden og Aurlandsprosjektene. (Haagensen 1984).

— Viktigare må det ha vært at de berørte kommunene gjennomgående gikk sterkt inn for utbyggingsprosjektene, skreiv dei vidare.

Og det var det utan tvil. Det fanst få, om noen, motforestillingar i det politiske miljøet i Suldal, om ein i det heile kan tale om noe politisk miljø i tida før Ulla-Førre.

Partiarbeidet var lågt prioritert. Den største politiske aktiviteten fann stad kring vala. Dei som vart valde representerte folket i 4 år medan folket stort sett var opptatt av andre ting enn politikk. Kommunesamslåinga i 1964 hadde nok ført til ein viss auke i det politiske engasjementet, men ikkje nok til å vera budd på eit djupt engasjement og ei brei drøfting av landets største vasskraftprosjekt og følgjene av det.

Formelt sett gikk behandlinga av konsesjonssøknaden både greitt og riktig for seg, og det var både tid, om ikkje god tid, og høve til å setta seg inn i saka, men den politiske drøftinga av ho vart verande innafor den politiske og administrative leiinga av kommunen. Den frustrasjonen som ut frå dette bygde seg opp hos grupper som ikkje kom med i diskusjonen kom seinare til å gi seg utslag i nokså oppheita diskusjonar om mindre vesentlege sider ved prosjektet.

I tida fram til stortingsbehandlinga i vårsesjonen 1984 kom opposisjonen mot Suldals-alternativet likevel sterkare og sterkare til uttrykk, og toppa seg i eit folkemøte på Suldalsosen da Industrikomiteen var på synfaring i mai 1974. Det var stort og engasjert frammøte og avisene rapporterte om sterk markering av opposisjonen, særleg ved representantar for grunn- og elveeigarlaga og bondelaga.

— Mange synspunkt er lagde fram for oss, og det har vore interessant, endå om ikkje alt har vore like avklárande, sa formannen i Industrikomiteen, Gunnar Alf Larsen, etterpå. (Stavanger Aftenblad 16/5-74).

Dei viktigaste verknadene så langt var truleg ei veksande politisk bevisstgjering i bygdesamfunnet, først og fremst innafor grupper som såg sine særlege interesser truga, anten dei nå var knytte til elva, jorda eller bydelaget. For sjølv saka fekk debatten liten verknad, berre SV og delar av Senterpartiet stemte mot Suldals-alternativet da utbygginga vart vedtatt av Stortinget.

Utviklinga av debatten synte dessutan ein stadig større sprik i synsmåtar mellom dei folkevalde og veljargruppene deira. Særleg galdt dette for Senterpartiet, som hadde ordføraren og den største gruppa i kommunestyret, men som også hadde dei sterkeste motstandarane blant sine veljarar.

Da saka var avgjort i Stortinget minka mediainteressa nokså raskt. Det var verken demonstrantar, skandalar eller rettsaker å skrive om. I Suldal kommune var handsaminga av konsesjonssøknaden likevel berre som eit forspel å rekne. Det var nå kampen begynte, med ein stadig sterkare opposisjon, og med stadig meir uforsonleg ordbruk og handlingsmåte. Den første og største saka galdt plassering av sentralverkstad og administrasjonsbygg for anlegget.

STRIDEN OM GARDANESET

Kraftutbygginga gjorde det nødvendig å setta i gang generalplanarbeidet i Suldal i 1972. Men sjølv om arbeidet gikk raskt, og planen faktisk var ferdig etter 1½ år, var det nødvendig å få utarbeidd ein disposisjonsplan for Sands-området enda fortare. Allereide i mars 1973 kunne denne planen behandles i kommunestyret. Her var det sett av 66 da som ervervsareal på Gardaneset. Heile Gardaneset er på vel 200 da.

Anlegget hadde bruk for 50 da til administrasjonsbygg, sentralverkstad og opplagsplass. Dette arealet trond ikkje ligge på Sand. Når kommunen valde Sand var det med tanke på framtidig utnytting av området til industrireising. Til slik bruk fann ein at Gardaneset av fleire grunnar høvde betre enn andre område som kunne vera aktuelle.

Det alternativet som seinare kom sterkest fram i debatten var eit område kalla Mosrøysane ved Mo, 11 kilometer opp

over i dalen. I forhold til dette området hadde Gardaneset iflg. generalplanen fordelane ved eit betre klima, ved at det var betre lokalisert i høve til aktuelle bustadområde, ved at det låg nær sentrum, ved at det kravde mindre pendling og ved at forholda låg betre til rette for vassforsyning og kloakkering.

Berre på to punkt fall vurderinga ut til fordel for Mosrøysane: Det var kortare veg for anleggstrafikken og det kom på langt nær i same konflikt med jordbruksinteressene.

Det siste var viktigast. Kampen om jorda på Gardaneset vart ein kamp med skarpe frontar, men også ein kamp som skapte nye alliansar. Han førte til ein nokså turbulent politisk situasjon i kommunen der såvel globale som lokale synsmåtar gjorde seg gjeldande.

Det første varslet om at det kunne bli vanskeleg å få full oppslutning om Gardaneset kom allereide da formannskapet behandla saka våren 1972, før generalplanarbeidet var sett i gang. To representantar i formannskapet stemte da mot at anlegget skulle få etablere seg i Sandsområdet. Men da var ikkje argumentasjonen knytt til jordvernet. Det var distriktpolitiske omsyn som talde mest. Det var representantane frå gamle Suldal som gikk i mot, og dei stemte for eit forslag som gikk ut på at dei bygga som anlegget trond burde leggast i det distriktet der utbygginga skulle gå føre seg, d.v.s. ovanfor Mo.

— Det vert i dette distriktet skadevirkingane vert stort og det er eit naturleg og rimeleg krav at dei goder som fylgjer med vert tillagt same området, heitte det.

Men sidan stilna opposisjonen i dei kommunale organa, og det vart på den utanomparlamentariske arenaen kampen vart kjempa.

Først ute var Sand Bondelag som i ei fråsegn til generalplannemnda i januar 1973 gikk sterkt i mot å bruke Gardaneset til industriområde. Argumenta som vart brukte var følgjande:

— Jordbruket er viktigaste levevegen i kommunen, og dei sikraste arbeidsplassane ein har. Det meste av den industrien ein har, har dessutan basis i primærnæringane.



— Ingen bruk i Sand er så store at dei kan tolle amputasjon av den dyrka jorda utan at eksistensgrunnlaget for drifta av garden kjem i fare.

— Gardaneset er mellom dei største samanhengande jordbruksområda i heile kommunen. Heile området er av aller høgste bonitet.

Formannen i bondelaget peika i eit innlegg dessutan på den

Den sterkeste striden kring Ulla/Førre-utbygginga kom til å stå om etableringa av anleggssenteret på Gardaneset, jordbruksarealet midt på bildet som er omslynga av Suldalslågen.

Foto: Ola Lagarhus.

matvaresituasjonen vi da var i, med import av to tredjepartar av den maten vi trøng, medan over halvparten av folka på jorda ikkje fekk mat nok.

Noe som gjorde stiden ekstra heit var at det ikkje berre var tale om å legge beslag på dei 66 da som først var regulert til industriformål, men at det kunne komma på tale å ta heile Gardaneset dersom kommunen vart imøtekome i ønsket om å få eit industridekstanlegg som kompensasjon for kraftutbygginga.

Dette vart aldri aktuelt, men det er klart at i ein kommune der gjennomsnittsbruken hadde eit areal på mellom 40 og 50 da var eit jordbruksområde på over 200 da stort.

I starten var bøndene i Sandsbygda aleine om å protestere. Trua på at suldølingane skulle ha noe å innvende mot jordøyding på Sand var lita. Ein trudde helst dei hadde mest auge for dei inntektene kraftutbygginga ville gi.

— Dei sele reva til bestemor si, om det sto på, var holdninga.

Og det var nok ikkje noe alldeles grunnlaus holdning. Ikkje berre i det formannskapsmøtet som det vart skrive om tidlegare, men også i lesarbrev kom det fram sterke meiningsstyringar om kor Statskraftverka burde bygge husa sine. Det burde dei gjera i «utbyggingsområdet», d.v.s. på strekningen Mo—Kvildal, som var omlag det same som nedre delen av gamle Suldal kommune, eller den delen av gamle Suldal kommune som ikkje var berørt av Røldal-Suldal-utbygginga i 1960-åra.

Men det var også andre interesser, og desse var organiserte i grunn- og elveeigarlaget. Det var for det meste suldølingar som var med her, for det var dei som hadde elverettar å leige ut til laksefiskarane. På Sand var det Bergeselskapet Sand Laksefiske som disponerte rettane til laksefisket.

Da det vart kjent at også elveeigarane var skeptiske til utbygginga, tok bøndene i Sandsbygda til å melde seg inn i laget, og det vart skapt eit breiare forum for organisering av kampen mot ymse sider ved utbygginga.

Sand Bondelag fekk dessutan dei andre bondelaga i kommunen med seg på ei samla fråsegn mot nedbygging av Gardaneset. Denne vart seinare støtta av Rogaland Bondelag.

Og om ikkje det var nok tok framståande privatpersonar

i mai 1974 initiativ til ein underskriftsaksjon mot å ta Gardaneset til industriformål.

— Hovudpoenget for oss er å peike på kor viktig jordvernet er i ei tid med stor matmangel kringom i verda, sa ein av dei som sto bak aksjonen, som og vil det skal kome fram at Bondelaget og Elveeigar-laget ikkje står aleine i motstanden mot visse sider av kraftutbygginga, sto det i avisat.

— Det har vore ein tendens til å framstille dei som protesterer som ei spesiell isolert gruppe, men dette er iallfall ikkje tilfelle når det gjeld Gardaneset. (Børge Skeie i Dagbladet Rogaland 8/5-74).

Og det hadde han rett i. Nå vart rett nok denne første underskriftaksjonen stoppa da han fekk sterke personlege verknader som innbydarane ikkje kunne stå inne for, men det virka snarare som ei styrking av kampen for Gardaneset enn det motsette.

Rett etterpå sette bondelaga i gang ein ny underskriftsaksjon, og fekk på stutt tid underskrifter frå omlag halvparten av dei røysteføre i kommunen. Dermed var det ikkje lengre muleg å hevde at motstanden var konsentrert om ei lita isolert gruppe. Det var mange som var skeptiske til større eller mindre delar av utbygginga. Men blant desse mange var det og nokså mange motiv for motstanden. Det var inga gruppe med eintydige argument som samla seg til motstand. Det var ei gruppe med ulike mål, og med ulike verdiar og holdningar. Men dei hadde ein felles motstandar. Det var utbyggaren og hans representantar i lokalsamfunnet, først og fremst ordføraren og kontorsjefen.

Aftenbladet kunne med full rett skrive at «Motstanden aukar i Suldal». Denne observasjonen bygde på inntrykk frå det opne møtet med Industrikomiteen i mai 1974, der eit fullsett samfunnshus i Suldalsosen ga klart uttrykk for motstand.

Ordføraren heldt fram trøngan for varige arbeidsplassar.

Mot dette vart næringsinteressene i jordbruket og laksefisket halde fram, naturverninteressene og ansvaret for matvareproduksjonen. Dessutan dei distriktpolitiske omsyna, uttrykt slik at formannen i grunn- og elveeigarlaget:

— Det er her i dalen (gamle Suldal) me får føla ulempene. Dei andre er med og deler gevinsten utan å måtte yte så mykje.

—Motstanden er ikkje like stor i alle delar av kommunen. Truleg er han størst i gamle Suldal, konstaterer Aftenbladet.

Oslo-avisene tok sterke i. «Bygdesinna er i kok», sto det.

På Sand hermte dei etter gamle Ola Hauge:

— Einaste som har tent noke på Gardaneset er Guro Gardaneset, og ho selde brennevin. (RFb 1985/1).

Dessutan meinte mange at Suldal hadde ofra store summar på å spara jord.

— Sjå på bustadområda. På Maleniusåsen og Preståsen. Det var kostbar utbygging. Like eins i Suldal og i Erfjord. Gardaneset var ikkje så spinngala i forhold til anna. (RFb 1985/1).

Endeleg var det dei som ikkje tok jordvernargumentasjonen heilt alvorleg. Berre eit par år tidlegare hadde ein nemleg diskutert tomt for sentral ungdomsskule i kommunen. Mange av dei som den gongen gikk inn for å legge ungdomsskulen på Gardaneset var nå plutseleg i mot å bruke Gardaneset til utbyggingsformål.

For dei som sette i gang den første underskriftaksjonen var motivet heiderleg nok. Ein var verken merksam på andre motiv enn dei uttalte og ønskte heller ikkje å gå inn i noen meir omfattande kommunalpolitisk diskusjon. Oppfatninga hos initiativtakarane var at dette måtte vera ein reinhårig aksjon, der ein ønskte å ytre seg på bakgrunn av det ein meinte var ein umoralsk bruk av jordressurser i ei sultande verd.

Og oppslutninga mot å bruke Gardaneset til industri var formidabel. Ettersom aksjonsleiinga fann å måtte avbryte aksjonen vart dei og samde om at resultatet ikkje skulle publisera, men det er grunn til å tru at denne aksjonen samla fleire underskrifter enn den etterfølgjande bondelagsaksjonen, da enkelte underskriftsamlarar vegra seg for å gå laus på ein ny runde etter at den første aksjonen vart avblåsen.

Det som gjorde at aksjonsleiinga fann å måtte avbryte aksjonen var at han skapte meir vondt blod mellom folk enn dei hadde rekna med, dels slik at det gikk på helsa og økonomien for enkelte, og dessutan at initiativtakarane vart skulda for å bruke posisjonane sine for å fremje saka.

Blant initiativtakarane var både soknepresten og distriktslegen, og dei var framleis ruvande skikkelsar i det sosiale landsskapet. (RFb 1985).

Underskriftsaksjonen til bondelaga samla godt over halvparten av dei røysteføre både i Erfjord, Jelsa og Suldal. Men på Sand fekk dei ikkje med seg meir enn vel fjerdedelen av dei røysteføre. Utan å gå nærmare inn på grunnane til denne skilnaden i engasjementet, er det verd å merke seg at det var meiningskildnader også mellom kommunenesenteret og bygdene ikring, og at han var såpass markert.

Trass i dette sterke uttrykket for usemje i dei foreliggende planane valde kommunestyret å stå på sitt.

I kommunestyret såg ein det slik at om ein etter anleggstida hadde industribygg, bustadhus og ledig arbeidskraft burde det vera råd å få til noe som kunne gi grunnlag for varige arbeidsplassar. Og alle ein spurte til råds rådde til å etablere eit framtidig industribygg på Sand. Var det noen plass ein kunne ha håp om å få noe til måtte det vera der.

Og enda bitrare er motstandarane i ettertid, da det syner seg å vera høvelege industriareal mange stads.

Den gongen talde det likevel mye også at dei alternativa som da var aktuelle ikkje var gode nok. Mosrøysane var for lite, og ville kravd tilleggsareal for opplagsplass på Vasshus. Det braut veldig med ønsker og planar i generalplanenmda. Berakvam, eit område i retning Jelsa, fall ikkje saman med behova til NVE.

Generalplannenmda ønskte å legge seg på ei minimums-løysing for å spara areal, men ønskte samtidig å legge forholda til rette for etablering av eit industriområde i staden. Og dei var overtydde om at Gardaneset var beste staden.

Nemnda var likevel ikkje upåvirka av den sterke opinionen. Men protestane kom for seint:

— Den sterke opinionen kom først etter at alt var setla, det var da kampanjen vart reist. Om dette hadde kome tidlegare hadde det blitt svært vanskeleg, seier ein som som sto sentralt i arbeidet. (RFb 1985/14).

Motstanden førte såleis ikkje til endringar i planane for industriområdet på Gardaneset, men støynevået vart såpass

høgt at eit mindretal av representantane frå Senterpartiet, Venstre og Sosialistisk Valgforbund i Industrikomiteen i innstillinga om Ulla-Førre-utbygginga peika på at Statskraftverka burde finne eit anna område for plassering av verkstadbygg m.m. Fleirtalet meinte at industrikomiteen ikkje hadde noe med å meine noe om eit slikt lokalt tomte-spørsmål.

Meir interessant er det å sjå kva motstanden førte til i Suldal.

EIN LITEN REVOLUSJON I KOMMUNEPOLITIKKEN
Kommunestyret, der Senterpartiet var det største partiet og hadde ordføraren, var heile tida samråystes for både det mest omfattande utbyggingsalternativet og disponeringa av Gardaneset til industriformål. Bondelaget, elveeigarlaget og over halvparten av veljarane var mot i alle fall nedbygging av Gardaneset.

Nå er det klart det er lettare å vera mot det som blir sagt skal til for å skaffe varige industriarbeidsplassar om ein har andre næringsinteresser å ivareta, bur i ei anna bygd eller berre sit på gjerdet, enn det er det for dei som har ansvaret for den kommunale framtida. Men det måtte ligge sterkare drivkrefter under og, ettersom kampen om Gardaneset kunne bli så sterk, så langvarig og så kjensleladd som han blei.

I Senterpartiet var det motstand mot Suldals-alternativet og nedbygging av Gardaneset lenge før sakene vart avgjort i kommunestyret.

I november 1972 vedtok t.d. Senterpartiet ein uttale til generalplannemnda. Partiet stilte seg positivt til utbygging etter Suldals-alternativet og omtala jordvernet berre i generelle vendingar.

Men eit mindretal i partistyret fremja forslag om at partiet skulle gå inn for eit redusert Førre-alternativ og mot verkstad- og industribygging på Gardaneset. Forslaget fall.

Ikkje lenge etterpå, i februar 1973, var det nytt medlemsmøte i Senterpartiet, der disposisjonsplanen over Sandsom-

rådet sto på sakskartet. Følgjande forslag til vedtak vart sett fram:

1. Det vert ikkje tillette utbygging på dyrka jord i Sandsområdet ovanfor Tjelmane bru.
2. Verkstadsbygg og lagerplass vert flytt til Mo i Suldal eller anna høveleg areal langs riksvegen.
3. Dei mellombels bustadene bør spreiaст på fleire felt rundt i kommunen.

Så heiter det i referatet:

— Ein liten del av medlemmane forlet så møtet i protest mot at forslaget vart teke opp til avrøysting. Deretter vart framleggget samråystes vedteke.

Revolusjonen var i gang, opposisjonen var ved å komma til makta, men dei mangla posisjonar der ting vart avgjort, og i kommunestyret mot slutten av året vart Odd Bråteit attvald som ordførar utan motkandidat.

— Tillitserklæring til Odd Bråteit, sto det i Aftenbladet.

— Ordførarvalet i Suldal kommunestyre i går rydder vekk all tvil i spørsmålet om tillit til ordføraren, og seier klart frå kva medlemmene i kommunestyret meiner.

— Ein kan merka seg at blant kommunestyremedlemmane finst til dømes formannen i viltnemnda og medlemmar av grunn- og elveeigarlaget i Suldal, der motstanden mot utbygging etter Suldals-alternativet tykkjест å vera stort. Kommunestyremedlemmane kjem frå alle kantar av kommunen, og ein må ha lov åtru dei har god kontakt med folkemeininga, kvar i sin krins. Det ligg såleis nær åtru at og eit flertal av suldølane utanfor kommunestyret ynskjer Suldal-alternativet.

Det var ein dyktig og vel kjent rapportør som skreiv dette. Men på årsmøtet til Senterpartiet året etter, i desember 1974, kom det til nye konfrontasjonar. Kommunestyregruppa vart kritisert fordi dei ikkje var interesserte i å høre kva medlemmane meinte og ikkje tok omsyn til «den sterke motstanden mellom folket, og då spesielt senterpartiveljarane, mot nedbygging av Gardaneset».

I 1975 var det kommuneval. Da sigra opposisjonen. Ikkje ein av dei som sat i kommunestyret for Senterpartiet vart nominert på nytt. Etter nominasjonen vart det sett opp ei ny

samlingsliste med kandidatar frå Senterpartiet, Venstre og DNF.

Det «nye» Senterpartiet presenterte seg som eit verdi-parti:

— Det er ein skilnad i synet på verdiprioritering, sa ordførarkandidaten, Torger Hauge, — synet på naturgrunnlaget og det økologiske fundamentet som me står på er ulik for dei to fraksjonane. Dette har særleg gitt seg utslag i synet på Ulla-Førre-utbygginga, og særleg det som skjedde på Gardaneset på Sand.

Det «nye» Senterpartiet artikulerte dessutan ein klårare distriktsprofil:

— Sand er blitt stort nok som det er. Dersom veksten skal halda fram må han kanaliserast ut til dei andre krinsane. Hovudoppgåva nå er ikkje å få fleire bedrifter til Gardaneset.

Endeleg gjorde ein det klart at primærnæringane var dei viktigaste og at desse måtte styrkast.

Senterpartiet fekk støtte for desse synsmåtane hos Sosialistisk Venstreparti, som for første gong stilte liste i Suldal ved kommunevalet i 1975. SV meinte dessutan det var nødvendig å opprette grendeutval og halde allmannamøte for å få tilbake kontakten mellom veljarar og representantar og gjenopprette tilliten til det politiske arbeidet.

Endeleg stilte Høgre liste for første gong i kommunen, utan at dei deltok særleg aktivt i valkampen.

Føre kommunevalet i 1975, det første valet etter at utbygginga var vedtatt og sett i gang, låg det såleis føre tre nye lister: Samlingslista, SV og Høgre. Ei hadde endra karakter og innhald, det var Senterpartiet si. Ei hadde gått inn: Venstre. Berre Arbeidarpartiet og Kristeleg Folkeparti hadde eit visst preg av kontinuitet.

Veljargrunnlaget var dessutan aukande. Etter røynslene andre stader frå (Selvik 1977) burde Arbeidarpartiet ha grunn til å venta seg ein del av desse som stemmegivarar. Kommunevalet i Suldal i 1975 måtte vera eit nokså ope val.

Ved valet i 1971, før verken konsesjonsbehandling eller anleggsstart, hadde Senterpartiet fått nesten 40% av stemmene. Resten var delt nokså likt på Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Venstre.

Nå fekk Senterpartiet snautt 30% av stemmene. Dei mista 130 av dei gamle veljarane sine og 3 plassar i kommunestyret.

Men det var også andre som gjorde det dårlig. Arbeidarpartiet gjorde det dårligaste valet sidan krigen, og fekk berre vel 15% av stemmene, ein tilbakegang på nesten 6%.

Noe av forklaringa finn ein kanhende i SV, som oppnådde ein veljartilslutning på snautt 4%. Tilsaman fekk SV og AP omtrent like mange stemmer nå som AP fekk alleine ved førre valet. Men noen framgang for dei sosialistiske partia under ein anleggspériode var det ikkje råd å spore.

Ein kan peike på fleire årsakar til dette dårlige resultatet for AP. Generelt sett var partiet nede i ein bølgjedal etter EF-avrøystinga. Her hadde AP-leiinga brukta sterke virkemiddel for å få folk til å stemme ja. Men i Suldal stemte 80% nei, tilslutninga til Arbeidarpartiet fall allereide ved stortingsvalet i 1973 med over 100 stemmer. Dei nye veljarane greidde ikkje erstatte dette frafallet.

Sigerherrane var dei som sto på den nye samlingslista. Dei fekk 21,6% av stemmene. I forhold til tidlegare oppslutning om Venstre/DLF og Senterpartiet var det grunn til å vente god oppslutning om lista. Likevel måtte ein kunne sjå på resultatet som ei tillitsertsklæring til dei som hadde kjempa for Suldals-alternativet og industri på Gardaneset.

Vi skal likevel opphalda oss litt meir ved Senterpartiet. Det gikk tilbake med 10% sidan førre valet, likevel fekk det 50 fleire stemmer ved kommunevalet enn ved fylkestingsvalet, som i 1975 vart halde samtidig med kommunevalet. Alle dei andre partia fekk færre stemmer ved kommunevalet enn ved fylkestingsvalet.

Sjølv om Senterpartiet såleis mista mange av sine tidlegare veljarar, var det ein del veljarar frå dei andre partia som fann grunn til å bruke Senterpartilista ved kommunevalet. Dette gjorde seg også gjeldane for SV.

Senterpartiet, og i ein viss grad SV, vart protestlister for misnøgde veljarar. Samlingslista hadde same funksjon for dei i Senterpartiet og i andre parti som sto på motsett side i dei mest kontroversielle sakene kring kraftutbygginga. Det skjedde ei polarisering som kom til å ha ei livskraft langt ut

STEMMEGIVING VED KOMMUNEVALA I SULDAL 1971—1983. RELATIVE TAL

| | 1971 | 1975 | 1979 | 1983 |
|---------------------------|------|------|------|------|
| Arbeidarpartiet | 21,0 | 15,4 | 17,4 | 22,0 |
| Høgre | — | 5,8 | 14,4 | 12,0 |
| Kristeleg Folkeparti | 20,3 | 23,9 | 19,4 | 17,9 |
| Senterpartiet | 39,0 | 29,5 | 24,1 | 27,4 |
| Sosialistisk Venstreparti | — | 3,9 | 3,8 | 3,2 |
| Samlingslista | — | 21,6 | 12,3 | 11,1 |
| Venstre | 19,5 | — | 8,4 | 6,5 |

over dei hendingane som skapte markeringsbehova.

Det kommunestyret som kom saman på nyåret i 1976 var på mange måtar eit nytt kommunestyre. Berre 4 av representantane hadde vore med i det førre kommunestyret, men på mange av listene var det likevel røynde lokalpolitikarar som hadde arbeidd lenge både i parti og i tidlegare kommune-styre. Og det var ikkje slept til meir enn 5 kvinner, dei 28 andre var menn, og ikkje blant dei yngste heller, dei fleste.

Senterpartiet stilte med eit mannskap som var dominert av suldølingar. Kristeleg Folkeparti var eit Erfjord-parti. Men dei fann einannan til slutt i ordførarspørsmålet, og valde den urøynde Kåre Vågane fra Krf. Han heldt ut i to år, før han overlet klubba til gamleordføraren, Odd Bråteit, som nå representerte Samlingslista.

Mot desse stilte Samlingslista, Høgre og Arbeidarpartiet Bråteit som ordførarkandidat. Lenge såg det ut til at Krf. også ville støtte Bråteit, men dei havna til slutt i fanget til Sp.

Kristeleg Folkeparti stilte seg i det heile noe på sida av dei mest brennbare utbyggingsspørsmåla, og var meir opptatt av kristne formålsparagrafar i førskular og barnehagar, eldreomsorg og heimehjelpsordningar.

Men dei sakene som kom til å dominere perioden var fortsatt utbyggingssakene. Ikkje berre ved at nye saker kom til, men også ved at dei nye kommunestyryrepresentantane i Senterpartiet hadde gått til val på omgjering av tidlegare vedtak. Dei var ikkje komne til makta for å la Gardaneset bli glømt. Ei hovudsak var å få tilbakeregulert den delen av

industriområdet på Gardaneset som enda ikkje var tatt i bruk til industriformål. Ved sidan av jordvernet var det viktig å få til ein balansert vekst som kom alle delar av kommunen til gode. Ny industri i Sands-området ville forsterka presset på denne staden, noe som ville føre til ei uheldig utvikling. Alternativa var Mosrøysane og dessutan Berakvam, eit uspara område ved sjøen på vegen mot Jelsa, omlag 2,5 mil frå Sand. Men dei nådde ikkje fram, fleirtalet i det nye kommunestyret heldt fast på reguleringsplanen for Gardaneset. Dette blei endeleg avgjort i eit kommunestyremøte i mai 1976.

Men det var andre saker å gripe fatt i: Endringar i reguleringsplanane for Lauvasstølvatnet, plassering av dammen i Suldalsvatnet og spørsmålet om veg til Mostøl.

Dette dreidde seg om detaljar i den store kraftutbygginga, men vart sett på som viktige blant dei som førte fram motstanden mot planane. Fortsatt var det interessene til primærnæringane som låg bak og reiste spørsmål ved dei måltane sakene var tenkt løyste på, men alliansane var ikkje dei same heile tida.

Mostølvatnet er eit lite vatn lengst nord-aust i reguleringsområdet. I dei opphavelege utbyggingsplanane var det meininga vatnet skulle demmast opp og Mostøl og Håvestøl leggast under vatn. Etter motstand frå naturverninteresser vart desse planane endra slik at ein unngikk neddemming og tok vare på tilsiget direkte i rør gjennom eit såkalla takrenneprosjekt.

Frå lokalsamfunnet si side var det knytt viktige vegkrav til utbygginga i Mostølområdet. Først og fremst til vegutlysing av Bråteit-grenda, men da ein unngikk neddemming, og det likevel vart klart at anlegget trøng veg fram til området, vart utvegane til nydyrkning i Mostølområdet aktualisert.

Statskraftverka la planar for å føre veg fram til det såkalla hovudinnslaget i utkanten av Mostøl-området, og så bruke tunnelen derifrå som transportveg. Dermed kunne ei utbygging som takrenneprosjekt gjennomførast utan synlege terrengrinningsgrep. Men også utan nytte for dei dyrkingsinteresene som fantest.

Ein anleggsveg gjennom området oppå bakken ville komma raskt og gi gratis utløsing av dyrkingsareala. Skulle bøndene sjølv bygge ein jordbruksveg inn i området ville det både gå seinare og bli dyrare. For bøndene, og for kommunen, vart det derfor ei viktig sak å få anleggsvegen inn i området. Endatil Arbeiderpartiet engasjerte seg sterkt for dette kravet, og sendte brev både til miljøvernministeren sin og til stortingsgruppa.

Naturvernarane ville helst ikkje ha noen veg i det heile tatt, men forsto behovet og gikk inn for jordbruksveg, som dei meinte ville skjemme minst ut i landskapet.

Særleg interessant er det dessutan å legge merke til kva lokalavdelinga til naturvernforbundet, Suldal Naturvern, meinte:

— Suldal Naturvern ser jordvernet som det viktigaste i saka om Mostøl-området. Området vert nok nok ikkje demt ned, men Suldal Naturvern ser det urett å krevja at området skal liggja urørt. I arbeidet for å auka sjølvberginga i Noreg må det særstake grunnar til å bandleggja dyrkingsjord. I denne saka tykkjer Suldal Naturvern ynsket om urørd natur må vika for ynsket om å nytta jorda til matproduksjon.

— Frå gammalt er området eit kulturlandskap og jordbruk vil halda oppe det preget.

Suldal Naturvern har tildeigare gått inn for jordbruksveg. Etter det me skjønar vil ein anleggsveg ikkje verta meir skjemmande, og Suldal Naturvern finn difor at me kan godta at Statskraftverka får bygge veg inn i området av omsyn til jordbruket.

SULDALSGERILJAEN BLIR FØDT

Debatten om veg til Mostøl gikk i hovudsak føre seg i 1976. Året etter kvesste det seg meire til. Anleggsleiinga gikk ut og klaga seg for minoritetar som sette kjeppar i hjula for dei, og frå hovudkontoret i Oslo vart nemninga Suldalsgeriljaen tatt i bruk for å setta namn på utesenet.

Og Suldalsgeriljaen var eit troll med mange hovud. Det var naturvernarar og jordbrukarar, bygdepatriotar og lokalpolitikarar, og det var delar av ein mellombels redaksjon for Suldalsposten, den kommunale lokalavisa. Det siste gjorde at sakene kom godt fram i pressa.

Og nå galdt saka spørsmål om omgjering av planane for regulering av Lauvastølvatnet og plassering av dammen i Suldalsvatnet.

Lauvastølvatnet var eit lite vatn oppfor Kvilldals-grenda. Her var planlagt etter måten stor oppdemming, som ville setta både stolar og stølsvollar under vatn.

Etter initiativ frå grunneigarane vende kommunen seg til NVE med oppmøding om endring av desse planane, da det også her var store dyrkingsinteresser. Det kunne vera tale om ein 500 da som kunne dyrkast.

Fra ymse hald kom det vedtak og fråsegner som støtta ei planendring. Sikring av næringagrunnlaget og sjølvforsyninga i landet var viktigaste argumenta, venleiken til området og ein beverstamme vart halde fram som viktige grunnar til bevaring av området mest muleg urørt.

Ein brevskrivar peika på at det var ulike verdisyn som låg bak synet på bruken av Lauvastøl:

— Ein kan kapitalisera verdiar for å få eit samanlikningsgrunnlag, men det er berre gyldig om ein til kvar tid kan kjøpa det ein vil (treng) for pengane. Slik kan vi ikkje rekna med det vil vera i framtida.

— Eg, som motstandar av NVE sitt syn på saka, ser det slik: I ei verkeleg krisetid kan vi klara oss utan dei pengane som ligg til grunn for NVE sitt val, men vi vil trenga den maten som Lauvastøl-jorda kan gi. På stuttare sikt treng bøndene i Kvilldal betre jordgrunnlag, og kommunen treng å sikra arbeidsplassar som vil vera der også etter kraftutbygginga.

Men det var verdisynet til NVE, «og dei som la mest vekt på teknikk og økonomi», som vann, og, som det sto i Suldalsposten:

— som også i andre saker har lagt vinn på å gjera utbyggjaren til lags.

Mellom dei andre sakene var damsaka, spørsmålet om kor dammen i Suldalsvatnet skulle stå. Også her tapte geriljaen.

NVE ville ha dammen ved Osvadet, d.v.s. der Suldalslågen tok til. Men frå fiskerisakkunnige kom det meldingar om at viktig åte for lakseyngelen i Suldalslågen vart produsert nettopp i dei grunne områda av vatnet rett oppfor Osvadet, derfor burde dammen plasserast lenger oppe. Eit

smalt parti av vatnet ved Helganes, ein 2—3 km lenger oppe i vatnet, ville vera ein betre damstad med omsyn til laksen i lägen. Direktoratet for vilt og ferskvassfisk støtta dette synet. Og fleirtalet i kommunestyret gikk inn for Helganes.

Men det var billegare å bygge på Osvadet, så NVE heldt fast på det. Som plaster på såret fekk kommunen 1 mill. kr. til samferdsleføremål i området.

Samstundes, og delvis i samanheng med diskusjonen om damplasseringa vart det strid om spyling av tunnelsystemet til kraftanlegget.

Statskraftverka sökte om løyve til utslipp av slammet frå denne spylinga i Suldalsvatnet. Frå kommunen vart det reist innvendingar mot denne måten å løyse problemet på, da ein var redd for skadeverknadene i Suldalslägen både på laksen og for den bruken ein gjorde seg av lågeen som drikkevasskjelde.

Sammanhengen med val av damstad var at dammen ville gjera det lettare å styre slammet ut i Hylsfjorden i staden for ned Suldalslägen. Argumentet vart brukt for å påskunde avgjørda om kor dammen skulle plasserast.

Resultatet vart spyling med kommunal flyovervakning.

I alle desse sakene vart motstanden mot dei løysingane NVE valde ført fram med heftighet og styrke i Suldal, tildels støtta også av private og offentlege organ på fylkes- og riks-nivå. Det nye var at motstanden heilt eller delvis også fekk støtte i kommunestyret.

Det var ikkje lenger berre bondelaga og grunn- og elveigarlaget som vakta sine interesser. Suldal Naturvern, ubundne ad hoc-grupperingar og partipolitiske lokallag slutta seg og til geriljaen. Semja frå konsesjonsbehandlinga var avløyst av ei usemjø der dei nye kommunestyrerepresentantane var meir lydhøre for motstand enn dei gamle hadde vore.

Men stemninga var ikkje alldelens snudd på hovudet. Dei som hadde vore med i tidlegare behandlingar av utbyggings-sakene argumenterte for å halde fast på tidlegare vedtak. Det som skjedde var ei polarisering av meiningar, der det går ei linje frå Gardaneset i 1972 til tunnelspylinga i 1981.

Skiljelinene gikk mellom partigruppene i kommune-

styret, mellom kommunaleiinga og grasrota og mellom sentrum og periferi.

På den eine sida sto vekstpartia, Samlingslista og Arbeidarpartiet, ordførar og kontorsjef og vekstsenteret og komunesenteret Sand. På den andre sida grunneigar-, elveigar og naturverninteressene, Senterpartiet og delar av Kristeleg Folkeparti og det lidande dalføret frå Sandsbygda til Kvilldal.

Alliansen mellom jord- og elvevernarane på Sand og i Sandsbygda og på bygdevernarane i Suldal gjorde biletet dess meir komplisert, da motiva bak engasjementet ikkje støtt kom like klart fram. Eit hovudpoeng ved sidan av dei saklege måla for engasjementet var dessutan å øve innverkanad på prosessen.

Det var såleis også eit opprør mot øvrigheta, der det var like viktig å ta mannen som å vinne saka.

— Me tapte alle sakene som me kjempa for, men det seier litt om utviklinga av opinionen at han som først tok opp spørsmålet om endringa av reguleringa av Lauvasstølvatnet nå er ordførar.

For oss er det viktig nok å ha kunnskap om alle mulege motiv og spekulasjonar om dølgte motiv. Vel så interessant er det likevel å registrere at verdikonfliktene var reelle nok til at dei må tas på alvor, uhilda dei nærings- og bygdeinteres-sene som skauv dette perspektivet framføre seg.

— Eg må seia eg fekk eit helt anna syn på verdiar i dei tider da striden sto på som hardast. Som unge hadde eg ingen motførellestellinger mot tekniske nyvinningar, men eg endra syn på dette.

— Engasjementet tok til med damsaka og Lauvastøl-saka. Eg vart riven med i motstanden mot at NVE skulle ha alt å seia i utforminga av lokalsamfunnet. (Johannes Lunde i Suldals-posten 22/7-81).

Sjølvråderetten var viktig for suldølingane, som han hadde vore det ved EF-avrøystinga i 1972, avrøystinga føre komunesamslåinga i 1964 og ved unionsavrøystinga i 1905. Suldølingane var mot EF og komunesamslåing og for unionsoppløysing. Nesten halvparten av dei røysteføre stemte dessutan for republikk.

Suldølingane stolte dessutan på jorda. Den hadde gitt mat og tendensar til velstand i tider da naud i andre bygder og dalføre hadde ført folk på vandring til Suldal. Austmenn og røldølingar sleit seg opp liane med kornbører på ryggen medan suldølingen sat trygt på garden. Og på Vinjar sto det hovudkyrkje i fleire hundre år før Sand vart eige sokn.

Jorda var til for å nyttast og Suldal slett ingen utkant. Mot dette vart sjølv millionane til NVE for små, og det kom eit forsinka opprør mot snarare styrkte enn å leggja øyde den gamle Suldalskulturen. Dette er overtonar som er viktige å kjenne til for å forstå dei meir indirekte verknadene av kraftutbygginga.

Preståsen Vestly på Sand var det største av dei nye bustadfelta som blei bygd ut i samband med anlegget. Foto: Ryfylkemuseet.



Bygda i endring

BYGDEBYEN PÅ TEIKNEBRETTET

Sand var sentrum i gamle Sand kommune, og vart senter for storkommunen ved kommunesamslåinga i 1965.

Da, på 60-talet, budde det 650 menneske på Sand. Folketalet minka med bortimot 100 fram til byrjinga av 70-talet. Tettstaden Suldalsosen heldt seg på eitt folketal kring 350 heile tiåret.

Ser ein kommunen under eitt gikk folketalet tilbake med 10%, men andelen av innbyggjarar som budde i tettstadene hadde auka frå 50% til 56%. Tettstadene hadde såleis noe lettare for å halde på busettinga enn utkantane. Dette galdt endatil for Jelsa, som låg i eit område med svært sterkt avfolkning. Men Sand hadde også problem. Folketalet på Sand minka med 13% dette tiåret, og det var knapt så Sand greidde å halde på sin relative del av det samla folketalet i kommunen.

Nå skulle Sand ble hovudsenter for kraftutbygginga. I tillegg vart det i generalplanen peika ut ikkje mindre enn 6 bygdesentra i kommunen. Det var her reisinga av nye bustader skulle skje. Resten av kommunen skulle reserverast for jord, skog og utmarksnærings-

— Busetnad som ikkje har samanheng med desse næringane skal i hovudregelen ikkje tillatast her. (Suldal generalplan 1973)

Dette var nytt. Frå før fanst omtrent ikkje reguleringsplanar i Suldal kommune. Berre eit par for mindre område til forretningsbygg i Sand sentrum. Nå skulle folk bu i bustadfelt i kommune- og bygdesentrane. Det var på den måten ein

meinte å kunne tilby attraktive butilbod og hindre vidare avfolkning.

På Sand rekna ein med ei fordobling av folketalet. Og det var ikkje bagatellar på ein strandstad som var omgitt av bratte fjell og dyrka jord. Det å finne politisk akseptabelt areal var i seg sjølv eit kunststykke, men for oss er det også interessant å sjå korleis ein nærma seg problemet.

Strandstaden Sand hadde, avbrote av eit par katastrofebrannar med påfølgjande reguleringsforsøk, grodd fram over ein periode på eit par hundre år eller vel det. Hovudnerva i strandstadsamfunnet var Gata med butikkar, bustader, verkstader og verksemder. Tett inntil låg Nordenden, Bakkane, Løhaugen og Sørenden med noe sterkare preg av bustadområde. Etter siste krigen var det grodd opp eit nytt bustadområde på Haugen, på prestegardsjord opp frå Nordenden.

Dette var eit tett samfunn med stor grad av samhandling mellom innbyggjarane. Gata var ein møtestad, ein kulturverkstad, eit parlament, ein stad å vera, ein stad å høre til.

Dette, eller andre forsøk på å forstå det samfunnet som skulle planleggast for vekst, blir ikkje nemnt i generalplanen. Der er det ingeniorane som definerar lokalsamfunnet i bitar som arbeidsplassar, bustader, skule og servicefunksjonar.

I verdipoengmatrisene til dei rådgjevande ingeniorane blir det forbilledleg lagt stor vekt på trivnaden i bustadfelta i form av utsikt, klima og sol og avstand til skule og hovudsenter. Men det blir lagt mindre vekt på forholdet til eksisterande bustadområde og til arbeidsplassane. Noe forsøk på overføring av kvalitetar ved det gamle strandstadmiljøet til

planane for utviding av kommunenesenteret blir ikkje gjort. Resultatet vart ein plan med bustadfelt, industriområde, skuletomt og sentrumsareal godt atskilt og utan utsikt til einannan. Skolen og industriområdet vart liggande eit par kilometer frå Gata, kvar på sin kant, det nye bustadområdet i Preståsen bratt opp frå Sand. I tillegg vart eit område for mellombels bustader for NVE-tilsette planlagt enda lenger frå sentrum. I same forhod til sentrum som Preståsen var Maleniusåsen bustadfelt allereide under utbygging.

Den gamle strandstaden fekk i første omgang ligge i fred, som eit slags reservat som planleggarane ikkje hadde reiskap til å nytte på annan måte enn ved rasering av eksisterande bygningsmiljø. Men den nye planen var ein plan som føresette utstrakt bilbruk. Det fekk verknader for strandstaden som vi skal komma tilbake til seinare.

Også for dei andre tettstadene vart utbygginga planlagt på same måten. På Suldalsosen vart det nye bustadfeltet lagt til ein ås som også fanst der, halvannan kilometer frå det gamle sentrum.

På Jelsa har ein utbyggingsareal i tilknytning til den gamle busetnaden, men her var dei gamle sentrumsfunksjonane i oppløysing. Kaien var flytta vekk frå sentrum og ny skule under bygging på Asheim, ein kilometer frå sentrum.

Jordvernet vart i generalplanen nemnt som viktigaste grunnen til ein del av dei løsingane som vart valde. Hadde ein stått friare i disponeringa av areala, ville ein truleg fått meir integrerte sentra. Men det var eit viktig mål for generalplanen å bidra til å oppretthalde sysselsettinga i jordbruket, og da var det ikkje mye jord ein kunne ta i bruk til andre formål i ein kommune der dei fleste brukta allereide var på grensa til å kunne oppretthaldast som sjølvstendige bruk.

På den andre sida var ein heller ikkje komen så langt i diskusjonen om vern og utbetring at dei gamle tettstadene framsto som noen aktiv ressurs. I noen tilfelle vart dei sett på som verneverdig, men tanken på at desse områda samstundes kunne gi rom for nye innbyggjarar og nye funksjonar var framand.

Men dette vart ikkje noe tema i debatten om generalplanen. Den debatten dreidde seg om jordvern og desentralisering.

Allereide under utarbeidingsa av planen sprakk generalplannemnda på jordvernspørsmålet, og vi har tidligare gjort greie for debatten om Gardaneset.

Formannen i generalplannemnda presenterte planen som ein framtidsretta plan.

— Karakteristisk for planen er at han legg opp til å nytta dei framtidige inntektene frå Ulla/Førre-utbygginga på eit tidleg tidspunkt. Det skal skje ved at kommunen tek opp lån. (Jakob Galland i Stavanger Aftenblad 26/2 1974)

Planen vart vidare presentert som sterkt desentralisende og med stor vekt på intensivering av arbeidet i skogen og jordbruket.

— Å vera dyrka jord er ei viktig samfunnsoppgåve, men dei økonomiske fylgjene kan vera for store for ein liten kommune. Suldal åleine har knapt råd til å bera kostnadene med å unngå å ta noko dyrka jord til andre, viktige føremål, sa generalplanformannen.

Slik fall ikkje i god jord, som vi har sett. Men heller ikkje desentraliseringstanken vart akseptert som truverdig av alle.

— Generalplanen for Suldal er gjennomsyra av sentertanken og vil virka sentralisende, sa SV. (Herleiv Haugland i Stavanger Aftenblad 31/7 1974)

Virkelighetsoppfatninga var svært forskjellig. Opposisjonen såg Sand som det store sentrum og trugsmålet mot utkantane. Dei som laga generalplanen såg Sand som ein utkant som måtte styrkast for å tiltrekke seg nyetableringar og innflytting. Det var einaste måten ein kunne ha von om å halde oppe folketallet i kommunen på.

— I kampen om busetnad og arbeidsplassar må bygdesentra vika for kommunenesenteret og utkantane for bygdesentra, heitte det i ei fråsegn frå Suldal SV.

Dei trudde ikkje at det først og fremst var draumen om byggefeltet i bygdesenteret som fekk folk til å flytte frå byen, men tvert i mot utsikten til «meir spreidd og fri bygging».

Her fekk vi såleis på nytt ein allianse mot kommunenesenteret, men med indre motsetningar. Jordvern og sterkt desentralisering i ein vekstperiode var ikkje nødvendigvis idear som kunne sameinast i praksis. På den andre sida viste

det seg enda verre å sameine utbygging av kommunesenteret med jordvern.

Resultatet vart i alle høve sterk vekst på Sand. På dei neste 10 åra, dvs. mellom folketellingane i 1970 og 1980, auka folketalet i kommunen med 25%. I tettstadene fekk vi ei slik utvikling av folketalet:

FOLKETALSUTVIKLINGA I TETTBYGDE STROK I SULDAL KOMMUNE 1970–1980

| | 1970 | | 1980 | |
|-------------|------|-------|------|-------|
| Sand | 566 | 15,4% | 1063 | 23,2% |
| Suldalsosen | 520 | 14,2% | 785 | 17,1% |
| | 1086 | 29,6% | 1848 | 39,7% |

Ettersom krinsgrensene skiftar, samtidig som det er vanskeleg å avgrense tettstadene, og generalplanen la opp til ei nokså spreidd tettstadutvikling, kan det vera like meiningsfylt å sjå den tendensen som desse tala avslører mot tala for heile hovuddalføret frå Sand til Suldalsosen:

FOLKETALSUTVIKLINGA I HOVUDDALFØRET SAND—SULDALSOSEN I SULDAL KOMMUNE 1970—1980

| | 1970 | | 1980 | |
|---------------------|------|-----|------|--------|
| Sand | 566 | | 1095 | |
| Eide/Øyni | 136 | | | 247 |
| Sandsbygda | | | | |
| Moe | 206 | 908 | | 1342 |
| Førland | 186 | | 213 | |
| Suldalseid | 25 | | | |
| Lundargard | 140 | | | |
| S.eid/Lundargard | | | 489 | |
| Suldalsosen | 355 | | 271 | |
| Veka | | 703 | | 25 998 |
| | | | 1611 | 2340 |
| % av samla folketal | | 44 | | 51 |

Dessle tala viser det som planleggarane planla og opposisjonen frykta, sentrum vart styrka og Sand allermest. Nesten 4/5 av folkeveksten kom i hovuddalføret. Sand aleine tok hand om halvparten og auka sin relative del av folkemengda.

Etter definisjonen til Statistisk esntralbyrå auka andelen av folk som budde i tettbygde strok frå 15,4 til 33,4%, men da var også bustadområda Vinjar og Suldalsosen omvurde frå spreiddbygde til tettbygde strok i mellomtida, og med god grunn.

Det hadde heller ikkje vore av vegen å kalle Jelsa for eit tettbygd strok, og både her og i Erfjord fekk ein og ein viss auke i folketalet, ikkje så liten heller, men den relative andelen av folketalet i kommunen sokk. Medan folketalet auka med 10% i Erfjord/Jelsa-området, auka det med 40% på Sand, og tyngdepunktet i busetnaden i kommunen vart snudd opp ned.

Dei materielle uttrykka for denne utviklinga finn ein att i bustadfelta, der typehusa nå vart liggande vegg i vegg med små plenar mellom seg og asfalten på tilkomstvegane, alt planlagt og kalkulert etter normane til Den norske stats husbank.

Herifrå kjørte bilar i stort tal til arbeid, innkjøp og fridagsaktivitetar. Butikkane i Gata på Sand vart fylt av folk med framande dialektar og ukjende namn. Enkelte skilde seg endatil ut med ein påkledning meir moderne og urban enn det sørmt seg ein sandbu, enda om han eller ho både var ung og moderne og heldt seg for å vera orientert om anna enn slikt som vart verdsett mellom husa på Sand.

Men det skjedde meir.

Banken reiv gamlebygget og reiste nytt hus i glas og dekorbetong, med flatt tak og inntrekt fasade i underetasjen. Handelsslaget bygde med betong utan dekor. Jernvaren, meieriet og hotellet var allereide bygde, med flate tak i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Ny innfartsveg brøya seg fram gjennom småhusbebyggelsen i Smørddalen i arkitekturvernåret, med to kjørefelt, oppstillingsfil for fergetrafikk og gang-, sykkelsti og fortau.

Med noe større arkitektonisk fantasi vart det bygt nytt

forretningsbygg ved siden av fergefila, og på tomta etter det gamle prestegardshuset, som vart rive, vart det bygt helsetun i tre og tegl. Presten fekk typehus med sokkeletasje og shingel på taket.

Kommunen bygde elles stor og flat skule på den regulerte skuletomta på Eide, og ominnreidde skulebygningen fra 1950-åra til kommunehus med plass for 50 kommunefunksjonærar.

Kommunehuset og helsehuset vart liggande på ein terasse ovanom Gata. Seinare kom det sjukeheim i tilknytning til helsetunet, og heile området fekk ei parkmessig utforming, endatil med skulptur, ein sittande kvinneskikkelse kalla Minne, av Sigurd Nome.

Meir dramatisk var det likevel at butiksenteret vart spreidd. I generalplanen var Dalane, eit område noen hundre meter nordaust for Gata, peika ut som ervervsområde, og her fekk ein nå etterkvar etablering av supermarknad og møbelforretning med stor parkeringsplass, bokhandel, foto- og sportsforretning, urmarkar og gavebutikk, tekstilforretning og bank. Dette var plassen for dei som kom med bil frå byggefelta. Gata var ikkje lengre den sjølvsgate møteplassen, og små forretningslokale vart ståande tome. Ein frykta at Gata ville døy, men førebels er det i Gata grønnsakhandlarar, sildebil og politiske parti stiller opp når dei vil ha folk i tale, og eit par av dei tome forretningslokala er befolka av kvinner utan store krav til inntjeningsevna. Så framleis held Gata stand som sosialt og kulturelt samlingspunkt. Det er ikkje på grunn av, men på tross av det planarbeidet som har gått føre seg.

I 1979 vart det lagt fram ein ny reguleringsplan for kvarala mellom Gata og kaien. Det alternativet som vart tilrådd føresette riving av alle gjenverande gamle hus i dette området, anlegg av nye rundkjøringar og einvegskjøring og stenging av Gata. Bakgrunnen var trangen for ny fergekai, og så nytta ein høvet til å gjennomføre ei regulering som ville gjera også resten av sentrum til «eit levedyktig sentrum».

Blant innflyttarar blei det tatt initiativ til ein protest mot desse planane.

— Andre stader har «Storgata», «Verksgata» eller «Haakon VII's gate». På Sand heiter det rett og slett «Gata», for me har berre denne eine livsnerva. Til gjengjeld har me langs denne eine gata alt det som bymenneske må reisa langvegs for å finna: Kolonial, bakar, skobutikk, jernvare, blomsterforretning og mykje meir. Eg har budd mange plassar, men aldri har eg budd så sentralt som på Sand, skreiv innflyttaren.

— Denne livsnerva heng i ein tynn tråd for tida. I denne veka skal prinsippkastet til ein ny reguleringsplan for Sand handsamast i Bygningsrådet. Planen er omtalt i førra nummer av Suldalsposten. Bygningssjefen har alt sagt sitt om denne planen: Det er tatt for stort omsyn til verneinteressene. Sentrum på Sand skal gjerast levedyktig, seier han.

— Da må eg få lov å spørja: Er ikkje Gata levedyktig som ho er? Og korleis skal ho kunne verta meir levedyktig ved å riva ned Hiimen, Marvik-huset og dei andre få røtene me har igjen frå fortida? (Per Stangeland i Suldalsposten 22/8 1979)

Det blei organisert ein underskriftaksjon, Suldalsposten brukte ein del plass på saka og det blei innhenta uttale frå Fylkeskonservatoren til støtte for vernesynet. Men ein nådde ikkje fram. Med små endringar fekk området ei «tidsmessig regulering», som det sto i Suldalsposten.

— nærmast fritt for gamle hus på sjøsida av Gata. Her blir torg og gangareal, parkeringsplassar og båtplassar, areal for utvidingar og nybygg og ei grei trafikkavvikling. (Suldalsposten 31/10 1979)

Dei som hadde prøvd å ta vare på noe av det gamle, var for det første konsulentfirmaet i Stavanger som hadde utarbeidd planen, og som i eitt av sine alternativ i alle fall tok vare på noe. Lokalt var engasjementet størst hos noen veludanna innflyttarar, med støtte frå Fylkeskonservatoren. Mot seg hadde dei bygningsrådet. Folk flest engasjerte seg lite.

I den politiske avgjerdsprosessen støytte verneinteressene både mot eit motsett syn på kva som var framtidssretta og mot distriktspolitiske omsyn.

Senterpartiet stilte seg avvisande til heile utviklingsproblematikken på Sand, da ein var redd eit engasjement her ville gå ut over vegutlösing for Ropeid-halvøya med bru over Sandsfjorden i staden for ferge frå Sand til Ropeid.

Mangelen på interesse for strandstadens verdiar var

påfallande. Verken lokalbefolkningen eller styresmaktene såg verdiane. Framtida var rundkjøringar og ny fergekai. Desse fekk så støtte av interesser som arbeidde for minst muleg offentleg engasjement på Sand i det heile av frykt for at det kunne komma i vegen for seinare tiltak i utkantane.

Først i 1984 vart det organisert noe lokalt interessefelleskap for å ta vare på strandstaden. Strandstaden Vel vart skipa på våren da, og dei mest aktuelle oppgåvene ein såg seg ut var dugnadsoppgåver knytt til badeplassen og andre trivselstiltak. Men så kom det snart opp nye byggesaker som foreningen følte trua miljøet i Gata, og ein engasjerte seg sterkt i diskusjonen om desse.

Velforeningen blir leia av ein blanding av tilbakeflyttarar og sandbuar i 30–40 års alder, men har fått 130 medlemmer frå alle alderstrinn. Det er ein god oppslutning i forhold til busettinga i det sentrumsnære strandstadsområdet, men det virkar som ein i liten grad har søkt støtte hos innflyttarane i dei nye bustadfelta.

Den best bevarte delen av Sand er Nordenden, bebygelsen langs den nordre sida av Sandsvika. I 1978 blei dette området tatt med i ein oversikt over verneverdige område i Ryfylke-regionen som regionplanrådet for Ryfylke utarbeidde i samarbeid med Fylkeskonservatoren.

Tiltaket vekte ikkje særleg oppsikt, og da Ryfylkemuseet seinare foreslo at det burde utarbeidast ein reguleringsplan for å verne området vart det møtt med nokså lunken, for ikkje å seja direkte negativ entusiasme i administrasjonen og hos sentrale avgjerdssorgan.

Nå hadde kommunen i mellomtida fått kulturstyre med eigan kultursekretær, og her slo ideen betre an. Det vart skaffa pengar til tiltaket utanfrå, det vart engasjert konsulenthjelp og sommaren 1985 kunne kulturstyret, som nå var blitt hovudutval for kultur med både kultursjef og fritidsleiar, presentere eit forslag til regulering med formål vern av Nordenden.

Utarbeidingsa av verneplanen har skjedd i nært samarbeid med dei som bur i området. Frå desse er det heile tida gitt uttrykk for positive holdningar til vernetanken. Dette har nok samanheng med tidlegare alvorlege trugsmål mot

Nordenden, men må og kunne tolkast som eit uttrykk for vaknande medvet om dei verdiane ei slik buform har.

Korleis det går med forslaget veit ein ikkje, men ettersom det tidlegare lukkast å redde eit av dei siste sjøhusa på Sand som står i dette området, frå riving, er det grunn til å tru at forslaget vil bli vedtatt. Særleg fordi det er tale om eit avgrensa område, ved sidan av hovudtrafikkåra, og der det ikkje ligg føre aktuelle alternative utnyttingsmåtar.

Med ytterlegare interesse er det verd å merke seg eit forslag frå Rådmannen om å lyse ut ein idekonkurranse om ein samla regulerings- og bebyggelsesplan for Sand sentrum. Det er datert 15. april 1985, og bygger på følgjande erkjennelse:

— Gjennom annan informasjon går det fram at det å fornya eldres busetnad har sine føremuner og sine praktiske vanskar, men der det er forsøkt å knytta gamal, eksisterande busetnad saman med ny utbygging, har det ført til fleire gode eksempler på vellukka tiltak. (Inst. frå Rådmannen nr. 82/85)

Rådmannens intensjon var ført og fremst å få fram planar for eit funksjonelt komunesenter. Og det er ikkje noe nytt. Men det er nytt at dette blir forsøkt sett i samanheng med miljømessige og estetiske krav til utforminga av strandstaden.

Innovatøren er Rådmannen sjølv, som gjennom si slekts-tilknytning til Gudbrandsdalen nettopp hadde opplevd utdelinga av Byggeskikkutvalets pris for bevaring av Storgata i Lillehammer. Men han får respons i formannskapet. 7 av 9 sluttar seg til ideen og oversender han til bygningsrådet for vidare bearbeiding.

Mindretaket bruker Storgata i Lillehammer mot Rådmannen. Sand er ingen by. Og dei er dessutan redde for at arbeidet med ein slik idekonkurranse vil komma i vegen for andre prioriterte oppgåver. Dei stemmer for utsetting. Mindretaket er Senterpartiet inklusive ordføraren. Utkant-, jordvern- og gamle Suldalpartiet. Dei ønskjer inga oppri-ortering av interessa for utforming av strandstaden og komunesenteret.

Det er spanande å følge endringane i synet på strandstaden. I årevis, ja heilt sidan storbrannen i 1892, hadde

ideane vore det funksjonelle og rettlinja, utan at dette hadde fått særleg praktisk innverknad på utforminga. Små og større trehus med trekk av empire- og sveitsarstil hadde grodd fram side om side der det var plass. Dimensjonane var tilpassa båtar, hestar og folk til fots.

Først etter hotellbrannen i 1964 og med reguleringa av ny innfartsveg tok ein til å forme strandstaden med bilen og kraftutbyggingstransportar som målestokk. Dette fekk pågå i innpå 20 år, med tragiske følgjer for det gamle miljøet, før eit medvete forhold til verdiane ved den eksisterande bebyggelsen og romma mellom husa tok til å få gjennomslag.

Ideane om strandstaden var lenge dominert av innflyttarane sine tankar, anten det galdt sanering eller rehabilitering. Men så ser det ut til å vekse fram eit interessefellesskap mellom dei styrande og dei styrte. Sentrumsverdiane blir erkjent. Men samtidig oppstår ei ny konflikt mellom utkantinteresser og sentrum. Polariseringa held fram.

Denne konflikta kjem tidlegare og enda tydelegare til synne i diskusjonen om den vidare utbygginga av bustadområde etter at dei områda som var peika ut i generalplanen tok til å bli fylte.

VEKSTKONFLIKTAR I BUSTADBYGGINGA

Trangen for nye bustader kom til å føre til skarpe ordskifte som varte i fleire år. Ordskiftet dreidde seg både om trangen for og om kor nye bustader skulle lokaliserast, og dessutan, og ikkje minst, om kven som skulle opparbeide nye bustadfelt og korleis kommunen skulle delta i opparbeidinga.

Tre planar om nye bustadfelt på Sand sto sentralt i debatten: Flataberget, Preståsen Vest og Sand Terasse, den siste seinare omdøypt til Levaråsen.

På grunn av mangel på tomter i Sandsområdet var det ei privat gruppe som tok initiativ til opparbeiding av Flataberget, eit mindre tomtområde nord for Sand sentrum. Kommunen avslo ein søknad om kommunal opparbeiding av feltet, og det vart sett i gang privat opparbeiding.

Problemet oppsto da kostnadene med å opparbeide det bratte feltet, som dessutan nesten berre besto av fjell, vart så høge at husbanken ikkje kunne godkjenne kostnadene. Utbyggjarane sökte da kommunen om eit tilskott som tilsvara skilnaden mellom dei verkelege kostnadene og det som andre måtte betale for tomter i kommunale bustadfelt.

I kommunestyret skilde det seg ut fleire meiningsgrupper.

Noen meinte dette var ei både billeg og grei løsing for kommunen, og ville gi eit mindre tilskott.

Andre tykte det var ein skam, at det var ei kommunal oppgåve å legge forholda til rette for bustadbygging, men ville likevel gi eit mindre tilskott ettersom det ikkje fanst alternativ på Sand.

Noen hadde trudd utbygging i privat regi skulle bli gratis for kommunen og rådde i staden husbyggjarane til å fordele kostnadene på fleire tomter.

Endeleg var det dei som meinte at ein heller burde prioritere bustadfelt i Erfjord og Marvik.

For Senterpartiet var det eit poeng å stimulere til privat bustadbygging. Ein såg det dessutan slik at det nå ikkje var plass til fleire bustader på Sand.

Arbeidarpartiet hadde det stikk motsette synet, og meinte kommunal opparbeiding av bustadfelt var det viktigaste bidraget ein hadde i arbeidet for å sikre busettinga etter Ulla/Førre, og at Suldalsdalføret måtte prioriterast.

Dette var i 1977. Året etter la lokale byggfirma fram planar for eit større byggefelt nær Maleniusåsen, aust for kommunenesenteret. Feltet blei kalla Sand Terasse, og vart helsa velkommen både blant tomtesøkarar og i ein del av det politiske miljøet.

Men dei som budde i Maleniusåsen hadde innvendingar. Dei var redde den auka trafikken på hovudvegen inn til feltet ville medføre fare for dei som skulle gå på han.

Alvorlegare var det at Fylkesmannen reiste invendingar mot feltet. Han meinte det var for bratt, at det låg for aust vendt slik at det vart lite sol, at naboskapet med Suldalslågen ytterlegare forverra dei lokalklimatiske forholda og dessutan at det var uehdlig å føre hovudatkomsten gjennom det eksisterande bustadfeltet Maleniusåsen.

Men slike skremte ikkje politikarane. Rett nok tykte somme av dei at dette var ein dårleg måte å drive bustadbygging. Både SV og Arbeidarpartiet ga uttrykk for at dei kjente seg i ein tvangssituasjon, og at ein ikkje kunne ta ansvaret for å seia nei til 50 husbyggjarar.

Senterpartiet var blant dei som såg mest positivt på planen, men dei ville ha ein annan tilkomstveg. Dette vart avvist som unrealistisk.

Da er det at Suldalsposten presenterer ein plan for eit bustadsfelt på toppen av Preståsen, som av politiske grunnar er blitt halden tilbake eit halvt år av kommuneadministrasjonen. Det er ein plan som har alle dei fordelane som Sand Terasse har som ulemper, skriv Suldalsposten.

Det slo ikkje an verken hos initiativtakarane bak Sand Terasse, hos dei som meinte å eige vegen gjennom Flataberget som trafikken til feltet måtte bruke, eller hos politikarane.

Og nå var det Høgre frå Sand og Senterpartialiansen gamle Suldal-Sandsbygda som fann ein annan i ein sterk kritikk mot den måten administrasjonen hadde arbeidd fram planen for Preståsen Vest på. Likevel skulda Høgre Senterpartiet for den situasjonen ein var komne opp i. Dei meinte Senterpartiet var lite interesserte i utbygging på Sand i det heile.

Senterpartiet reiste på si side tvil om behovet for så mange tomter, og meinte dessutan at planlegginga hadde tatt til i feil ende. Generalplanen burde vore revidert, meinte dei, før ein tok til å presse fram nye bustadfelt.

Men Senterpartiet sprakk i denne debatten, som fann stad i valåret 1979, og ein tok til å sjå konturane av ei fløy i dette partiet som var mindre bunden av dei hendingane som førte til det store opprøret i partiet føre førre val.

Likevel er det klart at Senterpartiet målbar eit heilt anna syn på busettingsmønsteret og byggemåten enn t.d. Arbeidarpartiet som sto på den motsette fløyen. Senterpartiets politikk var denne:

— Me seier i utgangspunktet at folk kan bygge og bu der dei vil, men dette kan bli dyrt. Me går derfor inn for at private felt skal få eit visst tilskott. Tilskottet bør i alle fall vera såpass stort at det

er ei oppmuntring til dei som vil bygge ut utan å belasta kommunen for mye. (Lars Veka til Suldalsposten 5/9 1979)

Utbygging av bustadsfelt var ein måte å bygge ut bygda på som Senterpartiet og deira veljarar kjente seg framande over for. Dei trudde dessutan ikkje noe på at etterspurnaden etter tomter ville bli så stor at det var behov for så mange nye bustadsfelt, og var dessuten redde for at unytta tomter og tomme bustader i neste omgang ville føre til yterlegare sentralisering da ny industri måtte leggast der det var bustadområde.

Det viktigaste støttepartiet til Senterpartiet i kommunestyret, Kristeleg folkeparti, delte ikkje dette synet, men meinte det var eit kommunalt ansvar å legge forholda til rette for bustadbygging. Likevel såg dei store byggefelt som lite heldige. Dei var redde for den sosiale einsemnda og miljøet for ungane som skulle vekse opp der.

Også Krf. og deira veljarar var tydeleg framande for byggefeltet som buform. Det hørte verken bygda eller eit trygt og godt livsmiljø til. Det var eit framandelement i bygdesamfunnet, men ein nødvendighet for eit parti med sosialt samvett.

Arbeidarpartiet var det partiet som mest konsekvent arbeidde for kommunale byggefelt. Deira hovudargument var at dette var det viktigaste kommunen kunne gjera for å halde på busettinga etter anlegget.

Arbeidarpartiet gikk endatil så langt at dei ville tillate fleire mellombels familiebustader i Sand/Suldal-området. Men der vart dei ståande omtrent aleine, berre frå eit mindretal i Krf. vart det uttrykt støtte til ønsket om mellombels bustader ut frå menneskelege omsyn.

I denne stoda vart det presentert eit forslag om å bygge ein bustadblokk på ti etasjar på Sand. Det var handelsforeningen som stod bak forslaget. I blokken skulle det vera 10-12 gjennomgangshusvere, 20 andre husvere og forretningar i 1. etasje.

Men dette viste seg å vera eit bomskot. Ingen slutta seg til forslaget. Likevel var forslaget med på å utfylle syna på korleis ein skulle løyse bustadproblema i vekstbygda. Det var

ein glideskala av synsmåtar frå ideen om det einslege huset i skogen, via huskrullar og byggefelt til blokkbusetnad på Sand. Det var ein skala som romma like mange grunngjevingar for synsmåtane. Alt frå omsynet til den kommunale økonomien og dei som alt hadde bygt til den kommunale framtida og dei som mangla hus vart brukt. Vesentleg var dessutan motsetningane mellom tettstadutbygging og speidd utbygging i krinsane.

Hovudmotsetningane gikk mellom dei som på den eine sida ikkje trudde så mye på den svære trøgen for nye bustader, og som ville kanalisere den trøgen som trass alt var til stades til utkantane. Der kunne folk ordne seg med tomt sjølve, slik ein alltid hadde gjort. Dette synet var det bygdafolket som hadde og Senterpartiet som målbar. På den andre sida sto dei som trudde på behovet og meinte bustadene burde leggast i tettstadene. Dessutan meinte dei kommunen hadde eit ansvar for å legge forholda til rette for bustadbygging. Dette var i hovudsak eit innflyttar- og sentrumssyn, målbore først og fremst av Arbeidarpartiet.

Noe på sida av det heile sto den tomtesøkande NVE-innflyttaren og tenkte at han heller ville bu i sola i Drammen enn i skuggen i Suldal. Og med det meinte han at det var ikkje nok med ei tomt for å slå seg ned i Suldal, det måtte vera noe med ho og. Det var eit syn som hadde enda færre talsmenn i kommunestyret enn dei som trass alt tala for klargjering av tomter.

Verken sentrumsutviklinga eller bustadbygginga i Suldal fekk noe form med røter i det som var frå før.

Utkantentusiastane sto nærmast tradisjonen, men dei var ikkje villige til å gå inn i noen diskusjon om korleis ein skulle løyse problema i sentrum. Sentralistane bygde på velbrukte nasjonale idear om løysing av vekstproblema.

Resultatet vart verken bygd eller by. Kanhende vart det noe heilt nytt, eit «planskap», som Bonytt kallar det. (Bonytt nr. 5/85). I ei vurdering av resultatet kan det vera ein nyttig synsvinkel.

For Suldal betydde det eit steg nærmare ein felles nasjonal identitet, bort frå den lokale heimkjensla som den sjølvgrødde bygde- og tettstadutviklinga hadde gitt grunnlag for.

Og dette galdt ikkje berre det visuelle uttrykket som dei nye bygdesentraene og byggefelta ga, men og dei kommunikasjonsmessige endringane som sektorplanlegginga førte til.

Ein viktig nyanse i dette bildet er utviklinga på Sand, der ein ikkje berre fekk nye bustadområde skilt frå den gamle strandstaden, men også eit nytt butiksenter isolert frå Gata. Mange av dei som bur i dei nye bustadfelta, og er avhengige av bil når dei skal handle, reiser til det nye butiksenteret i staden for ned i Gata. Dermed kan dei, noe spissformulert, leva sitt eige liv i det nybygde planskapet, heilt uavhengige av det gamle samfunnet.

Den andre sida av dette fenomenet er at den gamle sandbuen har kunne halde fram med sitt liv mellom heimen og butikkane i Gata tilsynelatande uberørt. Rett nok treffer han fleire folk på vegen, og delar av strandstaden er blitt rasert rundt han, men det finst framleis møtestader, og samtaletemaer er det heller blitt fleire av. I dei nye bustadfelta er det verre.

LIVET MELLOM HUSA

Livet er så forskjellig. Også for dei som kom til Suldal for å bygge kraftverk, eller i anna ærend.

Det var dei spenstige ingeniørane, som hadde fått attraktiv jobb på eit stort og langvarig anlegg og som fekk bu sentrumsnært med kone og barn. Bygdefolket opplevde dei som joggarar på gardsvegane sine. Dei første av slaget, men opne for ein prat. Så lageleg var det endatil at joggetida fall saman med fjostida. Så var dei ute begge, både joggarane og bøndene, om enn i ulikt ærend.

Så var det den heimeverande kona med barnevogn, som gikk husimellom og håpte på å bli beden inn til kaffi. Men det vart ho ikkje. Ingen vart bedne verken inn eller ut. Ein måtte ta seg fram sjølv.

Dei som budde her frå før kjende kvar einaste krypen og helste på dei dei trefta. Men nå var det ikkje alle som helste att lengre. Og båten til byen var full av framande folk. Det

er innflyttarar og som kan fortelja at dei har helst på sandbuar i 10 år utan å få respons.

Dei som kom var folk i sin beste alder, vane med å vera med i det som gikk føre seg og med ressursar over gjennomsnittet. I alle fall gjaldt det for funksjonærskiktet som fekk seg tildelt bolig på Sand.

Men dei var seg bevisste at bygda hadde vore gjennom konfliktar før dei kom. Dei merka kritiske holdningar, og kjente seg somme tider som innbrytarar i samfunnet.

Dei valde å halde ein låg profil, og menga seg helst med sine eigne og med tidlegare innflyttarar som hadde dei same problema med vasslekkasje i kjellaren og den same gleda av ein fest i ny og ne i nabologat.

Visst burde dei gått på festane til ungdomslaget, på Tunet, men dei kjente seg ikkje heime der, og tykte det var noe kunstig med å gå inn i det miljøet.

Sandbuen var annleis. Og han var sjølvmedveten.

— Sand var ein av dei mest markante og best drivne kommunane i fylket. Hadde alt: Kraftverk, sterke bank, bibliotek, skular og aktivt ungdomslag. Og det var ein lett driven kommune.

— Me var ikkje redde for dei nye, me var mest like gode som innflyttarane sjølve, og kraup ikkje for dei. (RFb 1985/3)

Sandbuen unnlet ikkje å nemne såvel apoteket som lege, prest, dokter og dyrlege når kvalitetane skal understrekast.

— Dei gikk med ein liten by i magen her ei tid. Samanlikna seg med Skudenes og Koparvik. Særleg var vervartida ei storhetstid. Men eg vil påstå at snart to generasjonar har levd på den gamle storhetstida utan å ha gjort noe med det. (RFb 1985/15)

Sandbuen kjente seg ikkje underlegen i forhold til dei nye som kom, og dei følte ikkje at dei vart overkjørte på noe vis. Dei var endatil opptatte av og kjente glede ved at det kom nye folk og at det vart fart i såvel handel som bustadbygging og anna verksemd att. Alldeles ukjente med velutdanna flyttarar var dei ikkje heller, som gammal vertskommune for både skular og andre offentleg insitusjonar.

Men dei kom liksom i mindretal, sandbuen. Det var andre som tok til å dominere gatebildet, dei greidde ikkje følgje med i kven som kom og kven dei var alle. og ikkje brydde dei seg så allverda heller, alle.

— Men treffe du den gamle Sand-buen ved sjøen kom du i kontakt med dei. Da var dei på høgden, og visste meir enn oss. (RFb 1985/20)

Det er mange som har meningar om sandbuen og om innflyttarane og om forholda mellom dei. Og mange har gode røynsler og gilde minner frå samver og vennskap med andre enn sine eigne. Det er ikkje det som manglar.

Det er heller ikkje slik at ein kan trekke eit skarpt skilje mellom innflyttarar og innfødde. Både innflyttarane og sandbuen har for uryddig bakgrunn og for kompliserte tilhøve til verda elles til at det er muleg.

Men dei kjente seg framande over for einannan.

I eit forsøk på å få betre tak på kva dette framande kunne botna i, har vi gjennomført ei meir systematisk, sammenliknande granskning av dagleglivet til folk i bustadfeltet Preståsen på Sand og folk i meir spreiddbygde omgjevnader i Sandsbygda. Tanken var at granskingsa skulle ha omfatta fleire grupper både på Sand og i gamle Suldal, men pga. til dels sterkt vegring mot å utlevere dagleglivet sitt, måtte vi slå det frå oss.

Mange av spørsmåla som vart nytta i granskingsa er henta frå ulike granskningar Statistisk Sentralbyrå har gjennomført. Såleis er det råd å samanlikne dei svara vi har fått med svara frå ei langt større gruppe.

Om ein først ser på skilnadene mellom gruppene er det eit iaugefallande og slett ikkje uventa trekk at dei fleste av dei som bur i bustadfeltet er innflyttarar medan bygdefolket er født her. Unntaka er innflyttarakonene i bygda, dei er det mange av, og mennene med røter på Sand i bustadfeltet.

Ein annan markert skilnad, særleg for mennene, er at dei som bur i bustadfeltet har betre utdanning enn dei i bygda. I bustadfeltet er utdanning frå universitet eller høgskole vanleg. Ja til og med meir utbreidd enn blant gjennomsnittet av det norske folk. I bygda er det uvanleg. Den som har høgskoleutdanning der er gardkona med sjukepleieutdanning eller lærarhøgskole.

Det er forbausande mange kvinner i bustadfeltet som har greidd å skaffe seg ein eller annan form for deltidsjobb. Så

mange at det er meir vanleg blant desse å ha arbeid utanom heimen enn blant kvinnene i bygda.

Husarbeidet er det likevel nokså klart at det er kvinnene som har ansvaret for både her og der. Men materialet viser og at det er meir vanleg blant mennene i bustadfeltet å ta eit tak med i husarbeidet enn det er for bygdamannen.

På spørsmålet om «Deltaking i huslege gjeremål: Utfører omlag alt husarbeid, utfører omlag 3/4, 1/2, 1/4, mindre» kan bygdamannen tillate seg å svara. «Aldrig det slag».

Og med godt samvit. For han har ikkje tid.

Det er og ein påfallande skilnad i dagleglivet i bustadfeltet og i bygda at fritida er så ulik.

I bygda og på garden er det lita fritid i den forstand ein funksjonær i Preståsen opplever det. Slik ser dagen ut for RFs 1985/19:

| | |
|-------|--------------------------------------------------------------------|
| 07.00 | Dyrestell |
| 08.15 | Mat |
| 08.45 | Ymse gardsarbeid avhengig av årstida |
| 11.30 | Middag |
| 12.30 | På han igjen |
| 16.00 | Mellommat |
| 16.30 | Dyrestell |
| 18.30 | Kvelds |
| 19.30 | —20.00 Siste gjeremål i fjøset. Attlukking, måking, strøyning o.l. |
| 23.00 | Leggetid |

Når bonden er komen til mellommaten er funksjonæren ferdig med jobben:

| | |
|-------------|-----------------------------------------------------------------------|
| 07.00–08.00 | Frokost, div. morgenstell |
| 08.00–15.30 | Arbeid utenfor hjemmet |
| 15.30–17.30 | Middag, oppvask, rydding |
| 17.30–19.30 | Aviser — bøker (ikke middagshvil). Radio — lokalnytt. Dagsnytt 18.30. |
| 19.30–20.00 | Dagsrevyen |
| 20.00–22.30 | Sosialt familiesamver, lesing, spill, besøk osv. |

(RFs 1985/12)

Når kvinnene skal setta opp tidsskjema for dagen blir dei så mye lengre og så mye meir innhaldsrike og så mye meir detaljerte, at det er vanskeleg å gjengi dei utan at det går på personvernnet laus.

Her kjem inn allslags utrusting og avlevering og henting

og bringing av ungar og barnepass og omsorgsarbeid, uryddig arbeidstid, rekneskapsføring for mannen, klesvask og strikking, stopping av sokkar, aviskjøring og så:

— P.S. Det siste året nesten permisjon frå fjøsstellet, elles ca. 1-2 timer morgen og kveld i fjøset unntatt dei morganane eg kjem frå nattevakt. (RFs 1985/23)

Også her finn ein at livet i byggefeltet trass alt er ryddigare og meir oversiktleg enn i bygda. Men det er utan tvil slik at kvinnene har meir til felles enn mennene i det daglege liv.

Den daglege fritida ein har blir likevel brukt mye på same måten. Største skilnaden er at ein bruker meir tid på hagen i bustadfeltet. Så er det da også mange fine, små hagar å sjå mellom svaberga i Preståsen.

Men det er fjernsynet og familien som kjem på topp som fritidsbeskjeftigelse for begge grupper og for begge kjønn.

Sameleis som folket i bustadfeltet har mest dagleg fritid har dei og mest helgefri.

I helga er det fritidsliv og familien som dominerer, og dessutan samver med slekt og vener.

Kva folk gjer i feriane sine har vi fått så spreidde svar på at det er uråd å trekke noen klare konklusjonar.

Den klaraste konklusjonen er at bøndene har mye mindre ferie enn folk i bustadfeltet. Ei vekes tid mot dei tariff- og lovfesta 4 vekene.

Mange er heime i ferien, eller hos slekta. Og det siste heng vel saman med at mange, også i bygda, har slekt spreidd ut over heile landet, og enda fleire venner, som dei og besøker i ferien.

I forhold til utviklinga i ferievaner i landet elles kan det sjå ut som om dei vi har spurt er meir heime- og familiekjære enn folk flest, særleg gjeld det for bygdafolket. Men vi skal ikkje underslå at også i Suldal grip ein begjærlig til solvarme reisekatalogar i haustmånadene og begir seg ut på selskapsreise mot syd. Og det grip om seg endatil ovom Juvet.

Samanliknar vi andre sider av fritida finn vi at byggefeltet er på line med landet elles både i mengda av fritid og i bruken av ho. Fjernsyn og sosialt samver er det nordmenn

bruker det meste av den daglege fritida si på, anten dei bur på Sand eller andre stader, og så kjem lesing og idrett og fri-luftsliv.

Dette fortel oss at det er i byggefeltet ein finn gjennom-snittsnordmannen. Og han er lik anten byggefeltet ligg på Sand eller i Asker, i Fyllingsdalen eller på Hamar.

Han er omrent like halden til politikk og.

Berre 1 av 8 her i landet er svært interessert i politikk har Statistisk Sentralbyrå funne ut. Det stemmer omrent akkurat for Preståsen. Men i bygda er interessa større, om ikkje overveldande. Ho er likevel så stor at talet på medlemsskap i eit politisk parti er større i Sandsbygda enn blant bønder flest. Det er til og med dei som meiner å ha gode utvegar til å nå fram med sine oppfatningar og meininger i politiske spørsmål. Det er det ikkje ein av dei vi har snakka med i Preståsen som trur på.

Eit varsko for lokaldemokratiet burde det dessutan vera at dei fleste ser på fjernsynet som den viktigaste kanalen for politisk informasjon. Dernest avisar. Politiske møte har dei fleste, og særleg innflyttarane, berre eit sporadisk forhold til. Og det i ein kommune der dei politiske møta for berre få år sidan sto heilt sentralt i den politiske debatten som så mange var engasjerte i.

Eit forsøk på å kartlegge livsstilar ved å sjå på kulturell deltaking slo ikkje til, kanhende fordi tilboda er så få at variasjonane blir små.

Den største skilnaden mellom gruppene er at folk i bustadfeltet i mye større grad, og ganske regelmessig, dreg på fottur eller skitur. Det gjer ikkje bøndene. Dei dreg berre «av og til» på fottur eller skitur.

Det er nokså utbreidd her i landet å kave seg opp med fotutar eller skiturar. Men i Preståsen er det enda meir utbreidd. Preståsfolket er eit utprega turfolk.

Men ikje nok med det. Dei les mye bøker og i Preståsen, noe som nok og har ein samanheng med utdanningsnivået.

Elles er det labert med slike kulturaktivitetar som å gå på teater og kino eller i kyrkja. Danse gjer dei av og til i bygda, sjeldnare på Sand. Det er truleg bygdekveldane på grendhuset som har nedfelt seg i forskningsstatistikken.

I foreningsaktivitet er skilnadene små. Dei fleste er medlem i fleire lag og organisasjonar og er meir eller mindre aktivt med i foreningslivet. Dette skal eg elles komma tilbake til i eit seinare kapittel.

Her skal vi til slutt sjå på resultata av noen spørsmål vi har stilt omforholdet til slekt og vener.

Det var ikkje særleg overraskande å finne at folk i bygda har fleire slektningsar i nærleiken enn folk i bustadfeltet. Dei hadde også fleire venner i nærmiljøet. Men alle har venner, og dei treffer vennene sine nokså ofte. Bygdafolk er likevel delaktige i eit tettare sosialt fellesskap enn mange av dei som bur i bustadfeltet. Det knyter dei sterke til staden og gjer dei kanhende tryggare.

Dei resultata som her er lagt fram frå ei gransking av dagleglivet i Sandsbygda og i bustadfeltet Preståsen på Sand syner nokså klare og nokså mange skilnader mellom gruppene i Suldalssamfunnet. Skilnadene ville neppe blitt så store om det var ei gruppe frå gamle Sand tettstad som var blitt stilt opp mot det nye bustadfeltet, men også da ville ein funne skilnader i tilknytning til staden, slekts- og venskapsforhold, utdanning, bruk av fritida og kulturell deltaking.

Trass desse ulikskapane mellom ulike grupper i Sandsrådet kan ein ikkje tale om store kontaktproblem, og i enda mindre grad om konfliktar.

— Det vart ikkje store problem. Har aldri følt det slik. Heller som eit friskt pust utanfrå, seier ein, og uttaler med det noe som fleire kan skrive under på. (RFb 1985/4)

Men ulike grupper i det gamle Sands-samfunnet kunne nok oppleve innflyttinga ulikt, t.d. gamle og unge:

— Eldre personar klagar over at dei ikkje kjenner folk igjen. Yngre har lettare for å bli kjent. Dei møtest privat og i organisasjonslivet. Ein snakkar med dei (innflyttarane) utan å tenke på kven dei er. (RFb 1985/16)

Den største endringa i Sands-samfunnet kom kanhende ikkje med endringar i vaner og kulturovringer, men i holdningane til statuspersonar.

Nesten like til kraftutbygginga tok til var det restar av ei gammal sosial lagdeling på Sand. «Fiffen» på Sand var ein

realitet som besto av dei økonomisk betrestilte og tonegjevande krinsane i samfunnet. Apotekar, prest, dyrlege og distriktslege hørte naturleg til i dette laget saman med eit fátal framståande familiar elles.

Dette forsvant nokså fort da dei nye statuspersonane oppførte seg heilt annleis enn ein var van med.

— Når toppledelsen i NVE og soknepresten er med i ganske alminnelege idrettsaktivitetar er det med på å endre haldninga. (RFb 1985/14)

Kva dei var med på skal eg komma nærmare tilbake til.

Med sjøl om sandbuen ikkje gikk aldeles upåvirka gjennom anleggstida var det framleis han som hadde kunnskapane om samfunnet. Det var han som visste om gamle rettar, almenningar og eigedomsforhold, det som det kommunale byråkratiet ser på som innflykte problem og den menige innflyttar er aldeles ukjent med.

Folk utanfrå hadde heller ikkje same retten til å uttala seg som innfødte, og dei vart møtt med stor skepsis da dei meldte seg på i det lokale demokratiet og fekk tillit til å inneha politiske posisjonar.

I inneverande periode er omlag 1/3 av kommunestyrrerepresentantane innflyttarar, og alle gruppene, unntatt Senterpartiet, har innflyttarar i sine grupper. Og dei tek nokså uhemma del i debattane.

— Innflyttarane har makt i fråveret av vennskap, kjennskap og slektskap. Dei har friare spelerom og lettare for å kunne dominere. Det er lettare for dei å seia kva dei meiner om ting da dei ikkje er utsette for den same dommen som dei som er født og oppvaksne her, seier ein som sjølv er innflyttar og kommunestyremedlem. (RFb 1985/21)

Som påvirkningsagentar for ein framand kultur og nye meininger skulle ein såleis tru at innflyttarane sto sterkt, men som vi såg tidlegare var det politiske engasjementet langt lågare blant desse enn blant bygdfolket. Dei fleste inntek ei nokså passiv holdning til sine eigne utvegar til å påvirke utviklinga av det samfunnet dei bur i.

Når ein spør dei kva dei tykkjer om å bu i Suldal kjem det fram mange ønskje om ting som kunne vore betre, t.d. kino,

svømmehall, idrettshall og kurstilbod, men dei viser liten evne til å fremje desse interessene i høvelege kanalar og har lita tru på at det er muleg å påvirke det som går føre seg i det kommunale beslutningsapparatet.

Sjølv om så mye er sagt om Sands-samfunnet skal vi venta med eventuelle konklusjonar, og heller prøve å få tak på korleis dei har det dei som bur i gamle Suldal.

Tanken var også der å gjennomføre ei tilsvarande granskning som på Sand, men etter dei reaksjonane vi fekk på Sand slo vi dette frå oss, og har i staden nøyd oss med ustukturerte intervju blant eit mindre tal informantar som er busette i bustadfeltet Kariåsen og i området kring gamle Osen.

Her kjem det nokså klart fram at avstanden mellom dei som bur i bustadfeltet og dei som bur i dei gamle bustadområda på Osen og på gardane er stor, og større enn det som er muleg å registrere på Sand.

Reint fysisk er dette lett målbart. Kariåsen ligg lengre frå butikkane på Osen enn Preståsen frå Gata på Sand. Men det er også av andre grunnar mindre kommunikasjon.

— Kariåsen har isolert seg meir. Det har vore vanskeleg å trekke dei med i skulesamanheng for eksempel. Det er kanskje eit litt for stort felt, dei festar saman, har sitt eige miljø og kutter ut bygdarrangement. Alt vart i grunnen prøvd for å få dei med, endatil julefest på skulen. (RFb 1985/6)

Eit meir nyansert syn har ein som sjølv er innflyttar, men som bur på Osen:

— Dei i Kariåsen stiller lite opp, men det er ingen som har invitert dei heller. Dei føler vel at dei må vera forsiktige. (RFb 1985/13)

På Osen var det først meinings å legge ut bustadområde i tilknytning til det gamle sentret, men dette kom i konflikt med jordverninteressene, og bustadområdet vart plassert ein kilometer eller vel det nedanfor Osen, og opp i ein ås utan tilknytning til anna enn vatn- og straumforsyning.

Dei fysiske vilkåra for integrering i det gamle samfunnet var det dårlegast mulege. Men kanskje det og var andre hindringar?

Kanskje suldølingane var meir reserverte overfor nykomarane, kanskje dei var lite tilpasningsvillige, kanskje dei hadde så mye slekt å underhalde seg med at det var liten plass til andre og kanskje dei hadde ein kultur som tilsa at ein skulle vera tilbakehalden?

— Suldølingane sjølve, særleg dei yngre, dei som det er lettast å få kontakt med, som seier dei er vanskelege, mens dei eldre berre er sånn. (RFB 1985/7)

Sjølve tykkjer dei som bur i Kariåsen at dei har eit topp buminilø, i alle fall gjeld det for dei som har ungar i småbarnsalder. Det er fine leikemuligheter, og god kontakt mellom dei vaksne. Særleg positivt har det vore at anlegget har stilt eit bolighus til rådvelde for såvel barne- som vaksnesamkomster.

Men like sterkt som suldølingane gir uttrykk for at det ville vore kjekt å ha dei i Kariåsen med på arrangementa sine, like sterkt gir dei i Kariåsen uttrykk for etterhald mot å laga sin eigne arrangement, t.d. på St. Hans-kvelden.

Viljen til kontakt er såleis sterkt til stades, folk tykkjer dei har eit godt sosialt miljø både i gamle Suldal og i Kariåsen, men kommunikasjonen er dårleg. Og svara på kvifor det er slik er vanskeleg å finne fordi ein er forsiktig med å uttale seg.

Men eit svar finn ein kanskje ved å studere dei som har fått kontakt. Det er folk som anten har ein ektefelle med slekt i Suldal, eller som har hatt eit arbeid i dei verksemndene eller institusjonane som fanst i Suldal frå før.

Eg meiner å kunne tolke dette slik at det ligg føre ei såpass djup grøft i det kulturelle landskapet mellom dei som er knytte til den tradisjonelle verksemda og dei som er knytte til kraftutbygginga i Suldal at forholda ikkje ligg så godt til rette for noen brei kontaktflate. Når ein så i tillegg gjennomfører ei fysisk utbygging som ikkje på noen måte forsøker å bygge bru over denne kløfta kan ikkje resultatet bli særleg godt.

Både i gamle Suldal og på Sand er det andre verdiar enn ønske om ei integrert og harmonisk tilpassing av dei nye innbyggjarane som har styrt planlegginga av lokalsamfunna, og

resultata er blitt, særleg i Suldal, den isolasjonen som ein la opp til.

Det kan vera grunn til å peike på det uttalt medvetne i denne planlegginga, som m.a. kjem til uttrykk slik i generalplanen:

— Ein finn det ikkje urimeleg at ein vil bli kritisert for å ha tatt altfor mykje omsyn til jordvernet, men det er gjort ut frå den sterke viljen i Suldal kommune til å verne om dyrka og dyrbar jord.

Om Suldalsosen står det:

— Etterkvart har det vist seg vanskeleg å utforme Suldalsosen på ein akseptabel måte. (Suldal generalplan 1973)

Dei kriteriene ein elles la størst vekt på ved lokalisering av bustadområde var utsikt, klima og sol, forhold til skule og sentrum og trafikktryggleik, i det heile greie og målbare verdiar som kunne formidlast i oversiktlege tabellar med klårgerande sluttsum.

Men dette var ikkje dei einaste problema ein fekk å bale med. Dei nye bustadfelta vart bygde i ei tid med sterkt stigande byggekostnader. Etterspurnaden frå anlegget gjorde dessutan at prisar og lønningar vart ekstra høge. Ikkje alle greidde buutgiftene sine. Problema med å greie buutgiftene vart ein av dei viktigaste årsakene til at folk måtte søke sosial hjelp. Tilgangen på sosialklientar tok til å auke. (Suldalsposten 1/8 1979)

Separasjon eller skilsmisse blir katastrofar i slike situasjoner. Ein har ikkje råd til å skilje lag. For kvinner og barn som budde saman med ein anleggsmann i NVE-hus kunne situasjonen bli svært kritisk. Forsvant mannen vart dei kasta ut.

— Til våren må endå ein familie flytta frå bygda, sjølv om dei så gjerne ville bli verande. Dei har minst mann og far, som arbeidde ved NVE, og må ut av huset. (...) Det er nå tredje familiien som vert jaga på denne måten. Og det kan bli fleire. Skal me fortsatt tillate at slikt skjer her hjå oss? Berre trekke på skuldera eller synast synd på dei? (Sokneprest Inge Bruland i Suldalsposten 11/11 1981)

Nå var mange av nybyggjarane tilbakeflyttarar med sterke slektsband. Det var nyttig i ein krisesituasjon.

Men sosiale problem var ikkje noen sjølvsga del av bygdelivet. Bygda skulle vera ein god plass å bu. Draumen om livet på landet og røynslene frå hundreårs bondekultur inneholdt ikkje sosialkuratorrens medvet om sosial naud eller årsakene til han.

Han inneheldt heller ikkje sosialforskarens krav til mangfald i bumiljøet.

— Det foregår lite i bustadfeltet når byggjarbeida er ferdige, skreiv forskaren. Eg har sjølv tømt søppel i dei nye bustadelta og sett korleis ungane flokka seg om oss. Noko hende. Bustadfeltet vert lett eit fattig miljø. Traktoren med søppel og mannfolk var, dessverre kan eg ikkje skriva er, ein miljøfaktor og noko mange ungar såg fram til. (Skeie 1978)

Utgreiinga «omkring notidig og framtidig sosial stode i Suldal kommune», som det her vart sitert frå, hadde ikkje så mye pent å seia om den måten bustadfeltet Preståsen på Sand var planlagt og bygt ut på.

Store sosiale problem, som følgje av den raske utbygginga av kommunen, finn ein likevel ikkje mye av. Det har helst gått godt.

Rapporten vekte likevel sterke reaksjonar. Dei rapporten handla om, meinte dei hadde det bra. Arbeidarpartiet tok i vedtaks form sterk avstand frå rapporten.

Innflyttarane imøtegår ein del av påstandane i rapporten, og peikar samstundes på ein del årsaker til at den store tilflyttinga kunne skje utan store sosiale problem:

— Mange av tilflyttarane kom frå liknande, eller mindre kraftutbyggingssamfunn, t.d. Mauranger, Skjomen og Isfjorden. Dei var trenna flyttarar, dei kjente samfunnstypen og dei kjente einannan. Mange kom frå små bygdesamfunn opprinneleg. Sjølv om dei snakka andre dialekter, var dei ikkje framande i bygd-Norge. (Lesarbrev i Suldalsposten 27/4 1979)

Dei innflyttarane Suldal fekk var topp kvalifiserte som innflyttarar. Dei hadde flytta før, og visste dei skulle flytte att, men flyttinga var ei livsform som følgte med det å jobbe på anlegg. Flyttinga og tida mellom flyttingane var ikkje oppbrot og uttrykk for noen mellombels tilstand. Det var ein permanent tilstand å vera på flytgefot.

Dessutan var det ressurssterke folk. Dei var funksjonærar

med utdanning og god løn, og dei hadde kollegaer og naboar med seg frå tidlegare stader dei hadde budd.

Og jobba dei ikkje på anlegget jobba dei i kommuneadministrasjonen og var blant dei som hadde innsikt i samfunnet.

— Innflyttarane har nå blanda seg opp i alt. Berre sjå oppe på kommunehuset du, farr. Meste adle der e innfløttarar! Du kan gå deg ganske vill der oppe og tru du e kommen te eit feriehotell ein plass langs Oslofjorden! (KIN i Suldalsposten 24/4 1985)

Anleggsfolk er profesjonelle flyttarar. Etatsjefar og andre som befolkjer kommunekontora er ofte slike som sosilogane kallar karriereflyttarar. Dette er ressurssterke grupper som greier seg godt dei fleste stader. Det svekker ikkje rapporten til Tormod Skeie om manglar ved den måten dei nye bustadelta vart planlagt og utbygt på. Men for mange av dei som flytta inn i bustadelta var det ikkje så om å gjera om plassane mellom husa baud inn til sosialt samver.

Dei fleste som kom til Suldal for å jobbe på anlegget budde likevel ikkje i familiebustad nær tettstaden. Dei budde i brakker nær anleggsstadene, og dei fleste av desse stadene var langt frå tettstadene.

Livet i anleggsleirane vedrørte i svært liten grad livet i bygdene. Dei fleste av anleggsarbeidarane reiste heim kvar helg, og for dei fleste var det for lang veg ned til bygda på fritida i veka. Skiftarbeidet gjorde dessutan at det var lite overskot til noen aktiv fritid den tida busen var i Suldal.

— Det passer liksom ikkje når du går skift. Å prøve å vera med på eit kurs nere i bygda, så passer det eine veka, neste går du glipp utav da. (Rfb 1984/19b)

Tormod Skeie har likevel peika på ein konsekvens for bygda. Om anleggsarbeidaren kan liknast med ein sjømann, må ein kunne sjå på Sand som ein hamneby, seier han. Men tilbodet har heller ikkje der vore overveldande. Kino, ein og annan dans, og bodega eller pub på hotellet.

— Er dere noe på dans, på hotellet eller på samfunnshuset da?

— Nei, eg har vore der ein gong på dans på 10 år. Ei sankthansafta. Då var eg i Suldal då. Då eg var i Kveldal var eg i Sul-



Vedtak om å tillate sal av øl på open gate blei gjort same dagen som arbeidet med denne avhandlinga starta. Det var eit dramatisk brot med tidlegare holdningar til alkoholservering i kommunen.

Foto: Suldalsposten.

dalsosen på dans, og meir har ikkje eg vore på dans, og på hotellet har eg ikkje vore.

— Kommer dere noe i kontakt med bygdafolket?

— Nei, ikkje så mørkje. Eg kjenne jo mange nere i bygdå då. Tjordal og desse her karane, dei har eg jo jobba i lag med før og. Men det er skjeldå eg har vore nede og besøkt dei og. Alt e tetak. (RFB 1984/20)

Noe har likevel vekt større bekymring og ført til meir diskusjon enn andre ting innafor den sosiale utviklinga. Og det er ølet.

ØL I ALL ANSTENDIGHET

Den same dagen som arbeidet med denne avhandlinga starta, vedtok Suldal kommunestyre å tillate uteservering av øl frå hotellet på Sand.

Eit snautt 10-år tidlegare vedtok kommunestyret ei oppmoding til dei forretningane som dreiv med omsetting av øl i kommunen om å slutte med dette.

Det er ikkje sal av øl over disk i Suldal. Øl-omsetninga sjedde på den måten at folk kunne tinge kasser, som butikkane så tinga i kjøparane sine namn. Dette var heilt lovleg, men omsetninga auka urovekkande, og det var Senterpartiet som sette fram forslaget om å be forretningane slutte med ølomsetninga.

Men det hjalp ikkje så mye. På noen få år vart ølsalet tredobla. Einaste Suldal Handelslag slutta med kassesalet,

men det var ikkje langt til andre som heldt fram med det.

På spisestader hadde kommunen sterke kontroll med omsetninga. Og det er interessant å følgje skjenkeløyve-debattane gjennom dette ti-året.

I 1975 søkte hotellet om skjenkeløyve. Etter forslag frå Kristeleg folkeparti fekk hotellet berre innskrenka skjenkett for øl og vin. Skjenking kunne berre skje til reisande og til medlemmarar av sluttar selskap.

I 1977 søkte den nye Sand Inn Kafeteria om løyve til å servere øl og vin til spisegjester. Men dette vart avslått. Ein burde ha eit alkoholfritt alternativ. Berre slutta lag fekk øl og vin. Fleirtalet for avslag var på 23 representantar mot 10.

Kafeteriaen søkte på nyt året etter, men vedtaket frå 1977 vart oppretthalde, sjølv om fleirtalet nå var redusert til 20. Dei som røysta for avslag var representantane frå Senterpartiet, Krf og SV.

I 1979 heldt det berre så vidt. Da var det 17 som heldt på den restriktive lina, 16 røysta for ei utviding av skjenkeløyvet. Blant dei 16 var, forutan Arbeidarpartiet og Samlingslista, sands-representantane i Senterpartiet.

Etter dette innskrenka kafeterianen drifta, for til slutt å stenge heilt.

Den kommunale skjenkepraksissen utvikla seg likevel vidare.

Da Suldalsvegen vart opna i 1980 serverte kommunen sjølv vin til maten under middagen på Nesflaten samfunnshus. Og det utan at spørsmålet om skjenkeløyve var handssama av kommunestyret på førehand. «Det vert peikt på at dette harmonerer lite med kommunen sin offisielle alkoholpolitikk», sto det i Suldalsposten. (Suldalsposten 10/12 1980)

Den etterfølgjande debatten dreidde seg om formalia, men det er klart at den administrative leiinga i kommunen heile tida hadde sett meir positivt på skjenking enn det politiske fleirtalet.

Ved neste høve vart saka lagt fram for kommunestyret på førehand. Det var i 1982, og da slutta fleirtalet seg til kommunal alkoholservering i spesielle høve. Berre Krf og eit par andre representantar gikk i mot.

Kristeleg folkeparti vart såleis etterkvart ståande aleine med sitt restriktive syn på alkoholservering. Og det var heilt naturleg at ein tok til å servere øl og vin ved store hendingar, som t.d. ved opninga av ny tønnefabrikk på Jelsa i 1985.

Same året var det at kommunestyret ga hotellet på Sand løyve til uteservering av øl under Ryfylkedagane. Omsider hadde næringslivet sin kultur vunne over det puritanske bygdasynet på bruk av alkohol.

Kva som elles låg bak denne endringa i synet på alkoholbruk er vanskeleg å få tak på, da ein stort sett ytrar seg mot og ikkje for utvida alkoholbruk. Debattane om alkoholbruken har stilna meir og meir etterkvart som motstanden har minka.

Men det er klart at det var storsamfunnet og næringslivet som pressa på, særleg reiselivsnæringa. Og etterkvart som nyttefunksjonen av ein meir liberal alkoholpolitikk kom klarare fram, blir det og lettare å endra haldningane til alkoholbruken.

Det som har skjedd i Suldal blir av mange og sett på som ein del avei utvikling heile Vestlandet er inne i. I Rogaland er det Stavanger og Jæren som har gått føre, nå kjem Ryfylke etter.

Det er heller inga status lenger med det å vera avhaldsmann. Det er ikkje noe opphøgd og framifrå med det. Nå er det dei som beherskar varetilbodet som blir anerkjent, også samtidig dyrkar eit måtehalde forbruk av eit visst omfang.

For ungdommen har auken i ølforbruket ført til delaktighet i ein felles ungdomskultur fjernt frå den gamle bygda-kulturen, der chips og raske bilar elles er aktive ytringar.

EIN NY DIMENSIJON I FORENINGSLIVET

Anleggstida kom til å bety ei oppblomstring av somme delar avforeningslivet i Suldal. Men på ulike måtar. På Sand var det innflyttarane som kasta seg inn i ymse aktivitetar der dei sjølv meinte å ha noe å hente. I gamle Suldal var det suldølingane som sjølv tok hand i hanske med foreningslivet.

På Sand hadde ein forventningar til dette nye tilskotet av

foreningskrefter. Mange var seg medvetne om at her kom ressurser som kunne utnyttast, samtidig som dei såg deltaking i foreningane som ein god måte å integrere innflyttaren på i nærmiljøet.

— Og innflyttarane grep begjærleg høvet:

— I forsamlingsar er det ofte innflyttarane som dominerer i antal, og når noe skal bli sagt eller gjort, er det gjerne innflyttarane som gjer det og. Sandbuen har avfunne seg med dette, og let dei gjera det, men kritiserer gjerne på gangen etterpå. (RFb 1985/15)

Så gale var det sjølv sagt ikkje, men det finst ofte treffande synsmåtar i gode spissformuleringar. Sanninga var at innflyttarane i hovudsak blei med der eigeninteressene var store nok til å trekke dei ut av stovene, medan sanitetsforeningen måtte halde fram som han hadde gjort. Husmorlaget fekk tilsig av ein del nye medlemmer fordi det var dei som dreiv barnehagen. Men det var dei som arbeidde for dei mest ressurssterke som gjorde det best.

På Sand kom innflyttarane som reddande englar i foreningslivet, og fekk oppdrag som kasserarar og sekretærar og endatil formenn straks dei meldte seg. I den aller siste tida har vi sett slikt i gamle Suldal og, men det var først og fremst bygdas eigne som revitaliserte foreningslivet der.

— Vaksen ungdom vart i bygda. Det var dette midtskiktet som tidlegare måtte reise ut or bygda. Dette kom til å berika organisasjonslivet. Dei var villige og ressurssterke og hadde evne til å stå i spissen. Ungdomslaget på Suldalsosen gikk ei glanstid i møte. Idrettslaget fekk fleire å arbeide med og ein fekk idrettsanlegg både på Sand og Osen. (RFb 1985/14)

For innflyttaren i gamle Suldal kjentest ikkje møtet med foreningslivet som noen opning av nye portar inn til et rikt og mangfaldig bygdaliv:

— Eg var heimeverande med to små. Det var litt fælt, så eg gikk med barnevogna i byggefeltet og håpte at noen ville snakke til meg. Eigentleg skjønte eg ikkje at det var fælt før det gikk over. Eg kjente ingen.

— Så bestemte eg meg for å gjera noe med det sjølv, og begynte å gå på alt. Fant ut at det var plakatar der ein kunne finne ut kva som gikk føre seg. Ante ikkje koss det fungerte eg som kom frå byen, og ingen fortalte meg noe.

— Dei såg veldig nøyne på meg, da, når eg kom. Men eg var voldsomt blid og tekkeleg og prøvde å innordne meg.

— Etterkvart begynte eg å sile det eg var med på.

Så går det noen år, innflyttaren tek til å bli akseptert, og:

— Eg blei pålagt veldig mye. Alldeles overkjørt nå og må sei nei.

— Det tar veldig mye av tida det du gjer utanfor heimen. Veldig mye husmødre som driv det, og mye dei same som driv det.

Neste steg er følgjande erkjennelse:

— Ein blir veldig opptatt av miljøet fordi ein veit at ein kan påvirke det. Ein har veldig innvirkning og påvirkning om ein vil.

— Syns kommunen gjer innmari lite. Samfunnshuset burde hatt kommunal vaktmeister. Det er veldig mye arbeid med drift, vedlikehald, bygging og dognader. (RFb 1985/13)

Ut frå dette er det ikkje urimeleg å tenkje seg innflyttaren som aktiv politikar i neste omgang, om han slepp til. Men det er nok lettare på Sand enn i Suldal. I det sittande kommunestyret er fleirtalet av sandrepresentantane innflyttarar, berre ein av suldalsrepresentantane.

Og det er lettare om han er mann eller om han er kvinne, sjølv om kvinnetiåret ikkje har gått umerkande forbi inst i Ryfylkefjordane heller.

For 50 år sidan gjømte kvinnofolka barnetøyet i skuffen om det kom besøk medan dei sat førebudde folkeauken. Nå krev også bygdekvinna fast jobb, barnehage, likestillingsutval og 6-timars dag.

Kvinnfolk er ikkje det dei var, men det er ikkje vilkåra for livet deira heller. Bygdesamfunnet er nok framleis eit mannssamfunn, ja kanskje i sterkare grad enn før, da bondekvinnene hadde ein meir sjølvstendig stilling i gardsdrifta. (Høibo 1982). Men det nye er at kvinnene protesterer mot mansdominansen og demonstrerer for sine sine rettar.

På 10 år har den relative andelen av yrkesaktive kvinner i Suldal kommune stige med 11,5% og var i 1980 på nesten 52%. Dette representerer heile den auken som har funne stad i den relative yrkesdeltakinga i denne perioden.

Framgangen i yrkesaktiviteten blant kvinnene kan i stor grad førast tilbake til auke i tilbodet på deltidsarbeid, og det

÷ 10%

PÅ ALLE KLER

RITTE MANN PÅ REFT
PLASSER OUTEN EN KUNNE



er innafor dei tenesteytande næringane at ekspansjonen har vore stort. (Meland 1984)

Og når kvinner tek seg jobb, blir det også deira problem å få plassert ungane. Det er ikke noe mansproblem. Engasjementet for å få bygt ut barnehagetilbodet har derfor vore sterkt.

Den første barnehagen var det Sand husmorlag som sette i gang med allereide i 1974. Det var ingen enkel sak å komma i gang, men verre enda vart det da kommunen tok til å tenke på barnehagar, og SV, av alle, gjorde barnehageutbygginga til ei hovudsak.

Ein burde ta vare på ungane sine sjølve og sende pengane det ville koste å bygge barnehagar til u-landa. (Bondekone i Suldalsposten 4/4 1976). SV og Staten burde halde fingrane sine vekke frå ungane.

Dei som sto for eit slikt syn fekk svar på tiltale, men det var klart at her sto to alldelers ulike syn mot einannan på korleis ein burde ta seg av ungane. Og det var syn som både bygde på oppfatningar av kva som var best for ungane og korleis morsrolla skulle etterlevast.

Barnehagenemnda la stor vekt på at barnehagen var til beste for barna. Bygda og garden ga ikkje lenger dei same, trygge oppvekstvilkåra som før, og skulesentraliseringa stilte større krav til utkantungar. Men det vart også argumentert med at utbygging av barnehagar ville gi fleire høve til å gå ut i arbeid, noe som i neste omgang ville gi kommunen større skatteinntekter.

Barnehager som utgift til inntekts ervervelse slo ikkje særleg an hos kommunepolitikarane. Dei hadde problem både med å sjå behovet og forstå kvifor kommunen skulle ha arbeid og utgifter med eit slikt tiltak.

Det var såleis eit redusert barnehageprogram som vart vedtatt i 1978, og med stor interesse for å overlate drifta til private interesser. Men ein fekk altså i gang barnehagar, endatil med heildagsplassar både på Sand og Suldalsosen.

Mindre kapitalkrevjande tiltak iverksett av kvinner utan store krav verken til inntjeningsverne eller kommunal støtte fekk liten plass i den kommunale tiltaksplanlegginga. Foto: Suldalsposten.

Ein vesentleg bakgrunn var sjølvsagt barnehagelova, som på kommunane å bygge ut barnehagar, men det var også sterke nok krefter som pressa på i kommunen for å få til barnehagar.

Interessa for privat drift gjaldt i hovudsak spørsmålet om ein skulle overlate drifta til misjonsorganisasjonar. Her oppsto det alliansar mellom dei som meinte det var det trygaste og dei som ønskte minst muleg kommunalt engasjement. Men barnehagenemnda gikk inn for kommunal drift.

I første omgang vart det kommunal drift berre av den nye barnehagen på Sand, men etterkvart tok kommunen over ansvaret for det meste, så nå er det berre ein barnehage att som blir driven i privat regi, og det er barnehagen til Jæren og Ryfylke Indremisjon på Suldalsosen. Men i mellomtida var det vedtatt kristen føremålsparagraf for barnehagane. Den skal vi komma tilbake til.

Kvinnene og barna fekk barnehagar, og i såpass omfang at behovet langt på veg blei dekka. Søkningen er stort på Sand, der det også er ein del som er blitt avviste år om anna.

Det var ei stor endring i synet på oppseding og på kvinnerolla at ein ville overlate ungane til samfunnet. Barnehagelova var ei viktig støtte for dei som ville ha barnehagar, vektlegginga på at det var til beste for barna og spesielt dei funksjonshemma gjorde ideen lettare å selja og det sto kvinner bak som både var skrive- og taleføre. Dei spelte på heimebane. Dei løvvande menn spelte så desidert på bortebane. Typisk for situasjonen er at det berre er dei som er for barnehagar som argumenterer.

Barnehagane var eit viktig steg på vegen for å gi også bygdekvinne større valfridom. Men det var ikkje nok. Dei ville ha likestilling endatil.

Også her var det eit statleg initiativ som sette debatten i gang. I 1975 var det kvinnear, og etter det kom det oppmøding til kommunen om å opprette likestillingsutval. Det brydde ikkje kommunen seg noe om. Ordføraren meinte det var likestilling i Suldal kommune.

Ein fekk til slutt eit likestillingsutval i Suldal, utan at det har betydd noe frå eller til. Første perioden hadde det ikkje møte i det heile, og har knapt nok hatt det i inneverande

periode. Men debatten føre opprettinga er likevel interessant.

Som i barnehagesaka var det ein del kvinner som ville forsvare den tradisjonelle morsrolle, og derfor gikk i mot likestillingsutval. Dei meinte ein like godt kunne realisere seg sjølv i heimen som ute i arbeidslivet, og hadde ein gifta seg med mannen burde ein samarbeide med han og halde seg heime medan ungane var små. (Asbjørn Jensen i Suldalsposten 20/2 og 2/4 1980)

Andre tykte det var for mye mas om kvinner og barn i det heile, stikk i strid med det som verkeleg interesserte folk. Kona var dessutan ute fleire kveldar enn ein sjølv førre veke, og ein kunne ikkje tru at ho kjente seg undertrykt. (Ola Fisketjøn i Suldalsposten 2/4 1980). Eller ein tykte det nå var kome så langt at det ikkje såg ut til å vera nok med likestilling. Det var privilegier dei var ute etter, kvinnene. (Odd Bråteit i Suldalsposten 2/4 1980).

Dei som var for likestillingsutval, og det var innflyttar-kvinner som var deira fremste talsmenn i debatten, dei strevde med å forklare at det ikkje dreidde seg om noen nedvurdering av husmorrolla eller noe trugemål mot kjernefamilien eller noe press for å ta del i yrkeslivet, men at det var forskjellsbehandling og diskriminering ein ville til livs. (Suldalsposten 2/4 1980).

Det vart knapt politisk fleirtal for utvalet, men resultata er vanskelege å måle. I politikkener det i alle fall framleis mennene som dominerer.

Kvinnene har derfor laga sitt eige parlament, Suldal Kvinnelag. Og dei har faktisk lukkast i å få til ei viss breidde i deltakinga, men det er dei unge, dei med utdanning og dei som også har budd andre stader som dominerer. Eit viktig høgdepunkt i aktivitetane er feiring av kvinnedagen 8. mars.

Den første vart skipa til i 1980 med Sand bondekvinne-lag og Sand husmorlag som medarrangørar. Temaet var kvinnens stilling i ymse situasjoner, belyst ved veggaviser, film-framsyning og diskusjon. 60 kvinner og 10 menn møtte opp, og det var godt frammøte. (Suldalsposten 13/3 1980).

Men initiativet, leiarskapet og framdrifta i samfunnet

står mennene framleis for. I arbeidet med å skaffe nye arbeidsplassar er det tunge industriarbeidsplassar som får oppmerksamhet, medan jentene som startar butikk og vevstove eller prøver å levnære seg på kunst og kultur kjem lite til syn.

Det er menn som har forsørgaransvaret og som disponerer familieinntekta. Krevst det pengar for å sette i gang noe nytt er kvinnene reddare for å investere 5.000 kroner enn mannen er for 50.000. (Tiltakskonsulent H. K. Nilsen i Suldalsposten 18/9 1985).

Trass dette må det vera rett å seia at også kvinnene i bygda er på veg. Det er fleire av dei som har jobb utanom heimen, det er fleire som engasjerer seg i samfunnspørsmål. Medvetet om ulikskap og diskriminering er sterkt hos mange. Den nye bygdekvinna er friare enn før, ikkje minst i si sjølvoppfatning.

I første rekke gjeld dette kvinnene i tettstadene, men også på gardane er stillingen for mange kvinner annleis enn før. Det er nå i mye større grad snakk om eit val om ein vil arbeide på bruket, ha arbeid utanom bruket eller koncentrere seg om heimen og barna. Men det er framleis slik at det for kvinner, i mye større grad enn for menn, er snakk om ei omfattande og komplisert organisering av mange slags gjeremål, hjelperåder, bytesarbeid og søsterskap for å få ein inntreden i arbeidslivet til å fungere.

Bygda har alltid viktigare problem å hanskast med enn å gjennomføre tiltak for å få til reell likestilling.

Om kvinnene har kjent trong for nye organisasjoner, har mennene kjent det i mest enda større grad. Og det er på Sand det har skjedd, der vi har fått både Rotary og Lions Club.

Lions var først ute og skipa klubb i 1977, på kvinnedagen, 8. mars. Rotary kom i gang i 1979. Tilsaman har desse mannsklubbane kring 50 medlemmar, og dei som er med er mellom dei som tel i bygdesamfunnet. Klubbane har likevel ei såpass brei sosial og politisk rekruttering at noe eigentleg maktsenter er det vanskeleg å tale om.

Dei skal, ifølgje formåla sine, styrke brorskapet og sambandet mellom medlemmene for å arbeide for høgare og til

dels meir globale mål enn dei elles har høve til i lokalsamfunnet. Såleis er dei nye klubbane med på å utvide den geografiske og kulturelle horisonten. Bygdebyen er med i verdsamfunnet, direkte kopla til store organisasjonar med tusenvis av medlemmer med det same merket på jakkeslaget.

For dei som er med betyr det sosiale fellesskapet at ein har ei tilknytning og eit forum for møte med andre som elles har gått tapt, ein har fleire møtenotatar i den 7. sansen og ein lærer folk å kjenne i andre samanhengar enn elles. Ein del av dei naturlege, uformelle møta mellom folk, blir såleis også i bygdebyen erstatta av formelle organisasjonar.

Vel så matnyttig som kvinnelaget, og med eit klarare mål enn mannsklubbane, var hagelaget, som blei starta i 1977. Og det er interessant, fordi det tok på seg å føre eit korstog mot «Sodoma og Gomorra» i byggefelta, ogfordi det raskt fekk 170 medlemmar, og det er mange. Halvparten var menn og den andre halvparten kvinner. Det hendte endatil at heile kaffikomiteen var menn.

På møta sine har dei foredrag og bytter planter, gjennomfører kurs og har konkurransar. Dei fekk ordna med eit jorde til grønsakdyrkning og samarbeidde med ein skule om planteproduksjon. Formannen skreiv hyppige epistlar i lokalavisa og dreiv pågående medlemsverving. I 1978 vart laget årets hagelag.

For nybyggjarane i Suldal avspeglar interessa for hagelaget at hagen var eit viktig prosjekt for mange. Nest etter huset var hagen ei hovudinteresse for investering av pengar og fritid. Mange hager står da heller ikkje tilbake for villa-hagene i meir sentrale strok av landet, enda om grunnlaget for mange var ei steinrøys og eit svaberg der mulege viltvesande arter hadde stroke med i første salva under opparbeiding av feltet og tomta.

Det som elles skjedde av nytt innafor foreningslivet var oppretting av nye fritidsklubbane. Det finst nå 7-8 slike i kommunen, tildeles drivne av foreldre og dei eldste av ungdommane, i samarbeid med fritidsleiaren ved kulturkontoret. Denne aktiviteten er eit resultat av aukande forståing for at ungdommen treng eit meir uforpliktande tilbod om

samver i fritida, og blir av mange foreldre og politikarar sett på som ei førebygging mot meir uheldige ungdomsmiljø i bygdene.

Fritidsklubbane tilbyr diskotek og dans, spel og formingsaktivitet, og dei sel brus, chips og pølser. Dei er ein del av eit miljø ein finn overalt elles, der ungdomskulturen kan dyrkast i kontrollerte former.

I antal er det likevel verken dei nye vaksneklubbane eller dei nye fritidsklubbane for dei unge som dominerer i foreningslivet og i fritidstilbodet i Suldal. I alt finst det 140 registrerte lag, av desse er over 1/3 kristelege barne-, ungdomslag og misjonsforeningar.

Ei gruppering av lagslivet på ulike slags lag ser slik ut:

| | |
|-------------------------------------------------------|-----|
| Song- og musikklag | 13 |
| Idretts- og skytarlag | 15 |
| Barne-, ungdomslag og fritidsklubbar | 16 |
| Kristelege barne-, ungdomslag og misjonsforeningar | 52 |
| Sanitets-, helselag og husmorlag | 9 |
| Bonde- og bondekvinnelag, 4H-klubbar | 14 |
| Velforeningar | 6 |
| Kvinnelag og vevstover | 4 |
| Andre | 12 |
| | 141 |

(Kulturkalender for Suldal 1984)

Det ligg ikkje føre opplysningar om medlemstal og aktivitetsnivå som gjer det muleg å analysere foreningsaktiviteten nærmare, men ein kan likevel slå fast at eit gjennomgåande trekk er større tilslutning og høgare aktivitet i nye lag enn i gamle. Sjølv om det såleis er langt fleire gamle enn nye lag, er det klart at dei nye laga ikkje betyr reint lite for fritidsaktivitetane til folk.

Med så mange lag vil det også oppstå konkurranse om medlemmar, og ikkje minst om aktivitetskvaldar. Bygdemennesket er ein foreningsaktiv person, med få ledige kveldar til rådvelde. Ikkje alle lukkast i å lokka folk nett til sine tilskipningar. Ein har vel og sett teikn i tida på at det ikkje er nok å lokke med betasuppe og Ronæs-kringle på papirduk og rørstolar for å få folk til å forlate godstova laur-

dagskvelden. Det er grenser for kor oppglødd sjølv bygdemennesket kan te seg over for det sosiale fellesskapet rundt eit program som er mye därlegare enn i fjernsynet.

Drifta fell nok såleis tyngre for ein del lag, i det minste i periodar, men noen krise i foreningslivet kan ein neppe tale om med så mange lag oppegåande, som oversikta ovanfor viser. Ein kan heller snakke om ei vitalisering av lagslivet blant nye grupper, så som dei veletablerte, og til dels leiande menn, dei mindre etablerte og til dels framstormande unge kvinner, hageeigarar og ungdom. Og det kan vera ein konklusjon vi kan gjømme på inntil vidare.

IDRETT FOR MILLIONAR

Idretten er utan tvil den delen av organisasjonslivet som har hatt det største oppsvinget i anleggstida. Ikke minst økonomisk. Skal ein døme etter pengeforbruket er idretten nå også blitt ei bygderørsle, større enn alle gamle rørsler, knytte om dei så var til tru, språk eller kva ein har i glaset.

Og ikkje berre som utøvande verksemd. Fjernsynet har gjort idretten til eit tilskodarfemonen større enn det største VM på Bislett eller spesialhopprenn i Holmenkollen før i tida. Og det er fotballen som når lengst. Suldal er mellom dei aller største landkommunane når det gjeld innsats i fotballtipping. Men her blir det nok og rekna me atskillige tippekupongar frå anleggfolk i brakkeleirane. Som tipparar liknar suldølingane likevel meir på byfolk og industriarbeidarar enn bønder og fiskarar. (Stavanger Aftenblad 20/7 1985).

Både Sand og Suldal har fått grasbanar, og det er anlagt grusbanar i Erfjord og på Jelsa. Endatil Ropeidhalvøya er nå i ferd med å få seg idrettsbane, den ytterste veglause utkanten som finst att i kommunen.

Anlegget av idrettsbanane har krevd store midlar både frå kommunen og STUI, men det har og kravd ein imponerande dugnadsinnsats. På Sand er det innflyttarane som har stått i spissen for denne, dei andre stadene er det bygdafolk.

Idrettsanlegget på Sand skal vera sentralidrettsanlegg for kommunen. Til eit slikt anlegg hører også ein idrettshall.

Allereide i 1978 vart det på initiativ frå Sand ungdomslag sett i gang arbeid for å planlegge eit kombinert kulturygg i tilknytning til idrettsanlegget, men det vart eit tungt og langvarig arbeid som førte til svært små steg fram mot målet.

Først da dei fleste andre kulturfunksjonane tok til å bli skrelte vekk, og idrettslaget la fram eit forslag om idretts-hall, vart det fart i sakene, og i 1985 blei det vedtatt å setta i gang planarbeid for ein kommunal idrettshall. (K.sak 55/85).

Dei idrettane som først og fremst har behov for banar og hallar er ballidrettane. Fotball og volleyball. Den siste har hatt gjennomslagskraft stor nok også til å påvirke storleiken på gymnastikksalane ved skulane. Dette er lagidrettar der det stort sett er gutter og menn som deltek.

Meir individuell og med betre kjønnsfordeling er skisporten. Også den har opplevd eit formidabelt oppsving etter at anlegget kom til bygda. Det har delvis samanheng med at det er kome veg til heis, delvis med at det er bygd lysløype og at det blir kjørt opp spor både for racarar og dei som går i meir familievennleg tempo.

I lysløypa blir det skipa til lysløyperenn med stor deltaking heilt frå dei yngste og langt opp i aldersklassane. Og det blir skipa til turrenn som samlar løparar frå eit stort distrikt. Skigåing, som før var ein påskeprestasjon i tungt og provinsielt utstyr, er blitt ein folkesport der det er suldølingana som beherskar teknikken og utstyret, medan Stavanger-folk og haugesundarar er attgløymene i løypa.

Med i bildet hører og eit skitrekk med alpinfenomenet i dyrt utstyr. Men deltakinga der er meir aldersbestemte.

Innovatørane i skisportet, dei som fekk til lysløypa og dei oppkjørte spora, var til dels innflyttarar med gode kontaktar i materiallageret hos NVE. Men den fremste skiløparen Suldal har fostra, og som var med i skiløparkompaniet i Kongens Garde lenge før anlegget kom til Suldal, det er ein suldøling.

Idretten har såleis vore ein viktig møteplass mellom bygdafolk og innflyttarar. Slik har det vore i ballidrettane, i

skisportet, i realiseringa av anlegg og i oppbygginga av orienteringslaget, der ein til og med har lukkast i å få heile kommunen med i eitt lag. Elles er det idrettslag med forankring i kvar av dei gamle kommunane.

Gjennom idretten har folk møttst til kappestrid om felles mål, og ulike folk har lært einannan å kjenne i andre samanhengar enn dei elles ville treffen einannan. Sportslege prestasjonar blir verdsett same hos kven det er, sjølv om nivået er slik at leiken pregar tilskipingane sterke enn alvoret. Likevel slik at det gir prestige å delta. Og ein tek ikkje skia av taket i utrengsmål om ein vil signalisere delaktighet i det gode selskap. Den som har førstehands informasjon om føreforholda til fjells, og helst på dei høgaste vidder, står føre den som nøyser seg med ein fottur på Sand når det skin opp vintersdagen.

Idrett er framleis ein mannfolksdominert aktivitet i bygdesamfunnet, men dei nye kvinnene, innflyttarane, dei unge og tilbakeflyttarane, dei jogger og går på ski og tek idrettsmerket saman med dei som har drive med det i alle år.

Kvinneidelet er det friske og spenstige, slanke og sportslige. Det syner seg ikkje berre i kroppsspråket, sminken og aktivitetsmønsteret, men også i påkledningen, der ein stor del av konfeksjonen er henta i sportsforretningen eller blant det sports- og fritidsmerkte utvalet i andre butikkar.

Interesse for idrett og/eller friluftsliv er eit kjennemerke på det nye bygdemennesket. Naturen og idrettsanlegga har god plass, bilen og vegane har gjort dei lett tilgjengelege, deltaking i og kunnskapar om aktivitetar og arenaer gir tilknytning til ei samfunnsrørsle med positivt forteikn, der det også for bygdemenneske av begge kjønn er tillatt å dyrke kroppen for dens eiga skuld, til glede både for seg sjølv og dei ein treffer.

Kroppen er ikkje lenger noe skjult og syndig, men ein sakleg framtoning med positive verdiar knytt til bruken og utsjånaden (Østberg 1984).

SKISPORTEN SOM INNOVASJON

Utviklinga av skisporten kan vera verd eit nærmare studium

som døme på korleis nye kulturytringar har kome inn i suldalskulturen.

Tilsynelatande skjedde det slik: Før gikk suldølingane på ski i påska. Så kom anleggssflyttarane, funksjonærskillet, og begynte gå på ski alt i julehelga. Samtidig kom det veg til heis, så ein slapp kave seg opp heile liane før ein nådde høveleg skiterreng. Da kom suldølingane etter.

Dette er både sant og ikkje sant. Men først og fremst er det truleg litt meir komplisert enn som så.

Ei rekke føresetnader for å gjera skigåing til ein folkesport i Suldal kom til å gjera seg gjeldande samtidig. Og av desse føresetnadene var vegane, og først og fremst vegen til Mosvatnet svært viktig.

Og det var viktig at det kom ein heil del nye folk til bygda som var vane å gå på ski større delar av vinteren enn suldølingane og sandbuene gjorde.

Men det er også viktig at ein større del av befolkningen var knytt til næringer som ga meir fritid, og større trøng til frisk luft og uteliv i denne fritida, enn den tradisjonelle tilpassinga i bygdesamfunnet hadde gjort. Og dei nye funksjonærane og servicepersonalet var ikkje berre innflyttarar. Det var også ein heil del tilbakeflyttarar og andre med sterkt tilknytning til Suldal som sto innflyttarane nær i livsform og tenkemåte.

Vi er dessutan inne i ei tid der langrenn-sporten, og særleg kvinnelangrenn, har ei blømingstid som utfrå ulike motiv kunne virke inspirerande på noen kvar, der dei feier over fjernsynsskjermen i ettersittande tekstilar.

Og utstyret er etterkvart blitt slik at vestlandsk klabbeføre eller trøng for våtsnøklister ikkje er noe stort problem lenger. Utstyret er lett og funksjonelt.

Rundt Mosvatnet blir det kjørt opp maskinpreparerte løyper med dobbelt spor. Først på dugnad av idrettslaget, dei siste åra ved hjelp av ein rettedøl på heiltid. Det er ein fryd å gli rundt i lågheilandskapet på glasfiberski i maksværet som ofte inntreffer eit stykke ut i januar og varer til påske.

Hadde så ikkje suldølingane noen motforestillingar? Jo, dei hadde sakta det. Søndagsturen på ski høvde dårleg med



kyrkjetida og den gamle middagstida. Og vi skal seinare sjå at kyrkjesøkningen har auka desse åra. Og ein tykte ikkje om verken glasfiber eller skidressar med fartsstriper.

Men ein likte å gå på ski. Og det var høgt verdsett. Det må ikkje bli oversett i rusen over innflyttarpåverknaden.

Kva gjorde ikkje fjellbøndene i Suldal før ti tida? Dei gikk på ski heile vinteren for å sjå til rypesnarane sine. Og sandbuen? Tok seg fram tvers over fjorden, opp liane og like

Friluftsliv er ein høgt verdsatt aktivitet også om han skjer på slalomski. Skisporten har utvikla seg raskt under kraftutbyggingstida i Suldal.

Foto: Suldalsposten.

til fjells på nordsida av Sandsfjorden på seinvintersøndagane.

Dei gikk på ski før og. Før innflyttarane kom med glasfiberskia og superundertøyet sitt. Og dei likte det. Men dei gikk tyngre og sleit verre i mangel av smøringskoffert og

propanlampe. Det var ikkje noe ein tok ut på kvar helg med januarkulde og tidleg solnedgang over nutane.

Når det vinteren 1986 stiller opp 250 menneske for å gå løyløyperenn er det ikkje berre resultatet av ei nyskapning, hitbragt av velutrusta anleggsgeniørar. Det var gode føresetnader for utvikling av skisporten også frå før. Nå ventar vi berre på skøyteknikken og kravet om breiare trasear for løypene og større tråkkemaskin. Da kan suldølingen vende blikket bakover og peike på at her har gått folk før med et stutt og ei lang ski, og ein stav omlag som staven til Gunde Svan.

NÅR INNFLYTTRANE OVERTEK TRADISJONANE

Det er ein harmonimodell som er skildra i det føregåande. Ein liten kommune som er vertskap for ei kraftutbygging i verdsformat, og som tek i mot såvel økonomiske som kulturelle impulsar med opne armar og eit fordomsfritt sinn. Eit samfunn med toleranse og medvet om ei verd utanom bygda, rikare på skiftande vindar enn sjølv eit nær to hundre år gammalt strandstadsamfunn kan vise til.

Og inn i dette riket av tettstadstradisjonar og bondekultur kom den bygdeuniverselle innflytturen, med burøynsle såvel frå byar som grisgrendte fjordarmar. Med ein jobb å utføre, men og med eit tidsperspektiv på jobben som gjorde at ungane kom til å bli konfirmerte før det var aktuelt å reise vidare og ein sjølv kom til å bytte bil både to og tre gonger. Tidsperspektivet var så langt at ein ikkje beskjeftiga seg særleg med slutten på det, og var seg einkvar innflyttar lik som kjem til bygda som lekk i karrieren og jakta på det gode liv.

Dette var ressurssterke innflyttarar. Ikkje slike som tek til takke med det dei får og lever eit tilbaketrukke liv i skuggen av dei eigentlege bygdarane. Nei, dette var slike som kom her for å forme og omforme bygda. Det var slike som helste på folk dei møtte utan å skjemst, og som vart betre kjente på stutt tid enn sandbuar og suldølingar vart på eit heilt liv.

Ikkje slik at det berre var ei lukke å vera innflyttar i

Suldal. Skribentar både i kulturkalender og kyrkjelydsblad har funne grunn til å be folk ta pent i mot dei nye, sjølv om dei skulle vera litt annleis enn «oss».

— Stikkord er respekt og sjølkjensle, sto det i kyrkjelydsbladet. Respekt for andre, for tradisjonar og sed og skikk i bygdene, og vidare sjølkjensle, for den arven du har med deg frå heimen din. (L. A. B. i Suldalskjelda 4/85)

Slikt lyder vakkert, men blir følgt av ei åtvaring mot stor reformiver:

— Ein innflytta som ivrer for å endra lokalmiljøet, vil mest alltid bli møtt med mistru og «stengde dører».

På Sand var dei så mange og så sterke at dei gjorde det likevel. Dei overtok både 17. mai og St. Hans og sette endatil sitt preg på det bildet Suldal sendte av seg sjølv på riksnettet.

17. mai-feiringa hadde i alle år gått føre seg i Gata på Sand, men ettersom folketalet vokser og talet på ungar som skulle vera med i leikane auka, vart det trøngt i Gata. Dessutan var der verken toalett eller benkar til å sitta på. Og toalett treng eit moderne menneske i ei tid da det er asfalt rundt alle nover, sjølv i ein tettstad langt inni fjorden.

Det vart kamp om arrangementstaden. Noen år vart leikane flytta til Tunet og den store plassen mellom ungdomshuset og kyrkja, men så vart det barnehage her, og leikane heldt fram i Gata.

Noen meinte leikane burde flyttast til skuleområdet på Eide.

— Her har ein så og seia alt. God plass i trivelege omgjevnader med grøneenger og blømande busker og tre. Her er det tre leikeplassar (og to idrettsbanar) å boltra seg på og plenane og bakkane rundt er fine å sitja på når veret er godt! Og er ikkje veret godt, er det hus å ty inn i. Alle kan her få sjå kva som går føre seg. Her er det gode toalett-tilhøve og rikeleg med parkeringsplassar. Her er det enkelt og greitt å laga i stand og selja forfriskningar. (Knut Svendheim i Suldalsposten 27/5 1981)

Det var ein innflytta som målbar ideen, og kritikken mot det tradisjonelle arrangementet. Innflyttrane budde nærmare skuleområdet enn Gata, og ungane deira hadde aldri gått på annan skule enn den nye. Gata var ikkje deira arena

verken i arbeid eller fritid, det var knapt nok så dei handla der.

I sju år diskuterte ein plasseringa av leikane før det vart fleirtal i 17. mai-komiteen for skulen. Frå 1982 har leikane blitt avvikla der, og talen er flytta frå kaien til helsetunet, men det siste gikk føre seg utan særleg diskusjon.

Diskusjonen om 17. mai-feiringa gikk djupt i kjenslene til sandbuen. Kanhende vart saka eit symbol for underliggande og djupare motsetningar, som elles ikkje kom til uttrykk. Kanhende var ikkje harmonien på Sand så eineståande som ein elles kan få inntrykk av.

Frå innflyttaren var ikkje forslaget om å flytte delar av arrangementet vondt meint, men det bygde kanhende på mangefull forståing av tradisjonane.

— Eg har aldri opplevd ein så rik 17. mai-tradisjon, seier han, innflyttaren. Eg syntest det var rikt. Men etterkvart som det vart meir folk, blei det trøngt, og det vart snakk om flytting. (RFb 1985/20)

For innflyttaren var det snakk om å ta praktiske konsekvensar av endra føresetnader for arrangementet. For sandbuen var det snakk om sine eigne tradisjonar.

— Eg syns me blei mest utledd den gongen for at me absolutt skulle halde på tradisjonane. Det var ei trist oppleveling.

— Eg kan ikkje begripe at folk som kjem til ein plass ikkje har respekt for det som er der. Eg vart skuffa over mangelen på finfølelse, syntes dei var brultne. (RFb 1985/16)

Det var såpass alvorleg for mange at dei heldt seg heime frå feiringa, både det første året leikane var på Eide og seinare. Saka vart oppfatta som ein konflikt mellom innflyttarar og innfødde, og skapte misstemning.

Jonsokfeiringa er mindre offisiell og meir desentralisert. Endringane i måten ein feira kvelden på førte derfor ikkje til den same debatten som endringa i feiringa av 17. mai. Men også her overtok innflyttarane mye av arrangementet.

Før var det på Neset ein brende bål. Ja, i riktig gamle dagar brende eit bål på Fiskeberget. Begge desse plassane ligg ved Sandsvika, tett ved det gamle sentrum.

Men så kom dei nye husa i åsane, og folk hadde grill og

ungar og ville ha polsene steikte før bålet på Neset var tent. Dermed oppsto tanken om eit eige arrangement, og før Preståsen Vestly var ferdig utbygt hadde Preståsen overtatt det store jonsokarrangementet på Sand, endatil med det offisielle preget at det var foreldra til ungane i 7. klasse som sto føre tilskipinga. Her var både tønner med småbål til å grille polsene på, trekkspel og brus, konkurransar i pannekakesteiking, hinderløype og ymse anna morosamt. På Neset døydde bålet ut.

Og i Maleniusåsen og på Bjørkaren utvikla det seg eigne samkomemiljø uavhengige av såvel strandstaden som storebror i Preståsen.

Gata og den gamle strandstaden var spela ut over sidelinia. Gamle Sand var ikkje på banen lenger. Og i kommunehuset sat innflyttarbyråkratane og førebudde verre ting. Dei ville bygge samfunnshus på Eide, ødeleggje badeplassen med renseanlegg og flytte handelen opp i Dalane.

Spørsmålet om nytt samfunnshus har vore drøfta lenge på Sand. Det gamle ungdomstunet var ikkje lenger så teneleg som det hadde vore.

Forutan problema med å reise pengar for å finansiere eit slikt hus er det spørsmålet om kor huset skal stå som har vore det store stridsspørsmålet.

Ungdomslaget meinte det nye samfunnshuset burde stå så nær sentrum som råd var.

— Aktivitetane bør helst ikkje bli dradd alt for mykje bort frå sentrum, skrev ungdomslaget i brev til kommunen. (Suldalsposten 21/4 1977)

Men den kommunale nemnda som i to år hadde arbeidd for å finne ei høveleg tomt meinte huset burde ligge på Eide, mellom skulane og idrettsanlegget.

Men skulane fraba seg eit samfunnshus som nærmaste nabo, og folkemeininga meinte det burde ligge i Dalane, like

Den best synlege konflikten mellom innflyttarar og dei som budde i bygdene frå før fekk ein kring feiringa av 17. mai på Sand. Det sto om staden for avviklinga av leikane. Om dei fortsatt burde avviklast i Gata, eller om ein skulle flytte dei til den nye skulen.

Foto: Suldalsposten.



oppfor Gata på Sand. Problemset var den dansen og annan styggdom som ein meinte ville følgje med samfunnshuset. Slik høvde ikkje i nabolaget til den oppveksande slekta og folkehøgskulen i særdeleshet.

Kristeleg folkeparti og delar av Senterpartiet brukte dette som eit argument mot tomt for nytt samfunnshus på Eide, men det vart så likevel og ein kom i gang med planlegginga av noe som ikkje berre skulle vera eit samfunnshus, men eit kulturhus med ei rekke gilde funksjonar og idrettshall endatil.

Det nye kulturstyret, som tok til å virke i 1980, var ikkje så hipne på slike vyer, og meinte ein måtte tenkje desentralisert og meir smålåte, som ein hadde mått gjera andre stader. Formannen representerte Krf og nestformannen Sp, begge budde i Suldalsosen og sto Suldalsgeriljaen nær.

Kulturstyret foreslo at det burde byggast eit snautt samfunnshus på Eide, og at ein seinare kunne ta til å tenkje på eit kulturhus på Sand, nærmare sentrum.

Sandbuen sjølv tok etterkvart til å miste trua på heile greia, og syntet ikkje overveldande interesse verken for andelsteikning eller frammøte på møte.

I generalplannemnda vart ikkje forslaget frå kulturstyret om tomt til eit kulturhus i Dalane tatt opp til drøfting i det heile.

Noe på sida av dette sto heile tida idrettslaget, utan å bry seg særleg, så lenge dei var opptatte med å få idrettsbanen ferdig. Men same dag som den vart opna, melde dei frå om behovet for ein idrettshall, og i løpet av stutt tid hadde dei greidd å gjera samfunnshussaka til ei idrettshall-sak, slik det er gjort greie for tidegare.

Borte var kulturhustanken og langt på veg samfunnshuset. Det som var att var tankar om tilrettelegging for samfunnshusfunksjonar. Sandbuen, som ville ha betre kino og større plass på haustfestane, og dei meir kulturelle, som sakna ein triveleg teater- og konsertsal og som ønskte seg eit betre bibliotek, dei måtte berre registrere at kulturhuset låg så langt fram i tida at ein ikkje hadde funne plass for det på langtidsbusjettet ein gong.

Og i mellomtida var den einaste badeplassen ved strand-

staden, og samlingsstaden for St. Hans-feiringa, Einarneset i Nordenden, gjort til tomt for kloakkrenseanlegg. Trass iherdige protestar.

— Suldal bygningsråd finn ikkje å kunne ta omsyn til dei mange innkomne merknader og protestar då det etter bygningsrådet si meining ikkje ligg føre eit økonomisk og teknisk realistisk alternativ for plassering av kloakkrenseanlegget, heitte det frå «Vinterpalasset», kommunehuset. (Suldalsposten 2/3 1978)

Frå innflyttarbyråkratiet kom det og, som vi allereide har omtala, ulike initiativ om reguleringar av strandstaden, og det vart utvist eit visst engasjement for å få til saneringar og forflyttingar som kunne opne for eit meir dynamisk både handels- og hotelliv. Men her var nok det byråkratiske engasjementet større enn både det politiske og det som dei det gjaldt kunne utvise, som det gjerer er når saka gjeld Sand.

På eitt område skjedde det likevel noe, og det er viktig i denne samanhengen, sjølv om resultata ikkje er så overveldande: Det kom til konkrete tiltak for å verne noe av den gamle busetnaden på strandstaden.

Etter initiativ frå museet, god respons hos kulturstyret, og oppslutning frå dei som budde i område, vart det utarbeidd eit forslag til reguleringsplan med sikte på å bevare den bygningsmessige heilskapen i Nordenen.

Samtidig vart det skipa ein Sands Velforening etter initiativ frå innbyggjarar og handlande på Sand og det vart skipa eit lokalt museumslag. Velforeningen har allereide engasjert seg sterkt i arbeidet med å fremje sitt syn på dei planar som kjem folket for øre om tiltak i strandstadbiletet, og museumslaget er i gang med innsamling av materiale om det ein oppfattar som særmerkt for gamle Sand.

Dette er nytt. Både at det blir organisert eit engasjement, og at det engasjementet dreier seg om å verne det som blir oppfatta som genuine Sands-verdiar. Dermed tek det til å stå fram eit meir nyansert bilet også av Sands-samfunnet, der ulike grupper med ulik bakgrunn og ulik samfunnstilstning målbar ulike syn på kva som tente dei best.

Dei innfødde slår tilbake, og skipar i 1984 på ny til St. Hans-feiring på Neset, medan boligfeltfolket flokkar seg om grilltønnene i Preståsen. Alt nytt er ikkje lenger godt

nytt. Tilbakeflyttaren og den unge sandbuen kryler ryggen mot midtsommarkvelden og bles ballongar til han blir blå, medan pølsene langsamt blir svarte også over båla i strandkanten nedom kloakkrenseanlegget på Neset.

NÆRINGSLIV PÅ KOMMUNALE BEIN

Ei heilt vesentleg og sentral oppgåve for kommunen under anleggsperioden har vore å arbeide for varige arbeidsplassar etter anlegget.

Før anlegget tok til gikk folketetalet i kommunen tilbake, og ein er redd for at det vil halde fram også etter at anlegget er slutt. For å unngå det må det skapast nye arbeidsplassar, og mye både pengar og energi blir brukt på å finne ut korleis ein skal få det til.

Allereide ved behandlinga av konsesjonssøknaden reiste kommunestyret, som eitt av sine tre hovudkrav, krav om industrireising og nye arbeidsplassar. Dette vart avvist av NVE som eit krav som ikkje vedkom dei, og mulege forventingar vart også tilbakevist av industridepartementet. Det einaste kommunen fekk var eit næringsfond på 10 mill. kroner.

I 1970, før utbygginga tok til, var halvparten av dei yrkesaktive sysselsette i jordbrukskunne. Tidlegare hadde det vore enda fleire. Kommunen var ein jordbrukskommune. Utanom jordbrukskunnen var det tertiærnæringane som sysselsette flest folk.

I generalplanen for Suldal vart det peika ut to mål for utviklinga av næringslivet i kommunen. Ein burde gå inn for:

- å trygge og styrke dei eksisterande arbeidsplassane som er liv laga
- på alle måtar prøve å få nye arbeidsplassar inn i kommunen

Allereide i desse formuleringane aner vi ei større tru på det første enn på det andre leddet i målformuleringa. Og generalplanen sa da også at det var lettare å halde oppe dei arbeidsplassane ein har enn å skaffe nye arbeidsplassar. For

Suldal ville det først og fremst dreie seg om å oppretthalde arbeidsplassane i jordbrukskunnet.

Men det lukkast ikkje. Det nærmaste 10-året, fram til 1980, førte til ein sterkt tilbakegang i sysselsettinga i jordbrukskunnet. I 1980 var det berre snautt 23% som hadde jordbrukskunnet som hovudnæring.

Den industrien som var greidde seg betre, men relativt sett gikk også sysselsettinga i industrien tilbake.

Framgangen kom, ikkje uventa, i bygg- og anleggssektoren, som vart den største næringa i Suldal. Det er og verdt å merke seg at talet på sysselsette innafor varehandel og offentleg og privat tenesteyting nesten vart fordobla. Over 60% av dei yrkesaktive kvinnene arbeidde i tertiærnæringane.

I mellomtida hadde kommunen tatt fleire initiativ for å styrke arbeidet med å etablere nye arbeidsplassar.

I 1977 vart det inngått avtale mellom Hjelmeland kommune og Suldal kommune om oppretting av stilling for felles næringskonsulent. Ordninga opphørte i 1984, men da hadde Suldal fått sin eigen tiltaksrådgiver. I 1986 blir det tilsett ny næringskonsulent, men nå med berre Suldal som arbeidsområde.

Den styringsgruppa som skulle følgje arbeidet til næringskonsulenten tok initiativ til ei nærmare utgreining av ymse konsekvenser av Ulla/Førre-utbygginga, og i 1984 låg det føre to slike utgreiningar. Ei om utviklinga av arbeidsplassar i Suldal og ei om dei konsekvensane nedtrappinga av anlegget ville få for Suldal.

Desse rapportane, saman med eit forslag til ein tiltaksplan for turismen, danna grunnlaget for arbeidet med ein samla tiltaksplan for næringsutviklinga i kommunen.

Konsekvensrapportane slo fast at det ville vera behov for mellom 300 og 340 nye arbeidsplassar i kommunen om ein skulle ha von om å oppretthalde folketetalet. Dei som ville spørja etter jobbar var stort sett arbeidarar med røysle frå industri- og anleggsverksemder.

Men Suldal kommune var ein av dei mest industrifattige i heile Rogaland. Industristrukturen var dessutan einsidig og med mange små bedrifter. Dei fleste bedriftene og det

meste av industrisysselsettinga fann ein innan trevareindustrien.

Det potensialet ein såg for utvikling av nye industriarbeidsplassar låg i etablering av lokal småindustri basert på produkt til og frå primærnæringane. Men sjølv for slike bedrifter var det skjer i sjøen: Det var dårleg tilgang på areal og lokale, det var ein treg communal saksbehandling, kommunen mangla næringsmiljø, kapasitet og kompetanse.

— Samarbeid mellom primærnæringsinteresser og industriinteresser er (dessutan) i Suldal vesentleg om ein vil få til noe nyt. (Olsen 1984)

Innafor bygg og anlegg var det beste ein kunne gjera å satse på vidare utbygging av gjenverande vassdrag i kommunen. Dei mest aktuelle av desse og dei som ville gi flest arbeidsplassar, var vidare utbygging av Røldal/Suldal Kraft aust for Bratlandsdalen og utbygging av Hamrabøvassdraget, inklusive Lingvong og Tengesdal.

Da kommunestyret behandla samla plan for forvaltning av vassresursane syntte det seg ein god del skepsis til vidare utbygging, og det var semje om at i alle fall delar av Hamrabøvassdraget måtte haldast utanom vidare utbygging, eller i det minste få ei svært varsam utbygging. Ymse andre, mindre vassdrag vart og tilrådd verna mot vidare utbygging.

Diskusjonen om samla plan viste at det berre i avgrensa omfang var vilje til å bruke utbygging av gjenverande vassdrag i kommunen for å sikre sysselsettinga. Vedtaket om samla plan var eit kompromiss mellom verneinteresser og arbeidsplassbehov, der ein ikkje fullt ut var villig til å ta alle midlar i bruk for å sikre sysselsettinga.

Den næringa som hadde vakse sterkest utanom bygg og anlegg var servicenæringa. Her var det etablert 314 nye arbeidsplassar i ti-året 1970–1980. Over halvparten av veksten gjaldt nye stillingar innafor offentleg, sosial og personleg tenesteyting. Utanom NVE var kommunen den største arbeidsgjevaren i Suldal.

Framtidsutsiktene for denne typen arbeidsplassar var avhengig av folketalsutviklinga. Likevel vart utviklingspotensialet vurdert som godt, spesielt på to område: Privat service retta mot bedrifter og offentleg service.

Frå kommunen si side er det gjort mye for å forsøke og styrke Sand som skulesenter, og det er vist vilje til å bygge ut visse sider av kulturtilbodet i kommunen. Elles har arbeidet på dette området vore hemma av dei distriktpolitiske motsetningane i kommunen, da ei eventuell utbygging av servicenæringane i hovudsak vil vera mest aktuelt på Sand. Såleis har ein heller ikkje på dette området satsa for fullt for å utnytte det potensialet som finst.

Der, som ein mot alle odds, har satsa sterkest, er på industriutbygginga, og dessutan på det eksisterande jordbruket. Vi skal sjå litt nærmare på utviklinga av industrien i kommunen.

Den første industrietableringa etter at anlegget kom i gang skjedde allereide i 1976. Både statsråd og fylkesmann og 150 andre gjester var til stades da verkstadbedriften Suldal Elektro-Diesel vart opna på industriområdet Gardaneset.

— Ordførar Kåre Vågane seier i ein kommentar til opninga at kommunen faktisk går inn i ein nye æra i og med at ei ny industribedrift etablerer seg her. (Suldalsposten 5/11 1976)


Og året etter vart det etablert ytterligare to verkstadbedrifter på Gardaneset: Astor og Tore Eide. Senterpartiet var dei einaste som var skeptiske. Dei kunne tenke seg å bruke både arealet og næringsfondet til formål dei hadde større tru på.

Og skepsisen var ikkje aldeles ugrunna. Allereide i 1979 tok det til å komma varsel om vanskar for dei nye industribedriftene på Gardaneset.

Tilsaman var det 11 bedrifter med smått og stort som hadde etablert seg på Gardaneset da. Berre to av desse var produksjonsbedrifter. To var servicebedrifter særskilt innretta på arbeid for anlegget. To servicebedrifter var bortimot uavhengige og dei siste to hadde alt avvikla.

I 1979 var det 32 tilsette i dei nyetablerte verksemndene som framleis hadde ein viss aktivitet. Halvparten av desse kom etterkvart og til å miste jobben sin, og i 1985 er det kommunen som sit att med to av dei tre store bygga som vart reist og ei communal verksemnd er i ferd med å kjøpe det tredje.

Når det ikkje gikk betre med denne første runden med industrietableringa har nok det nokså greie årsaker. Fleire



Strevet med å etablere nye arbeidsplassar for å demme opp for fråflyttinga etter anlegget ført til ymse eksperimentelle tiltak

på laust økonomisk fundament og med påfølgjande tap både for kommunen og fastbuande optimistar. Foto: Suldalsposten.

av dei som etablerte seg kom for å få oppdrag på anlegget, og hadde neppe planar om noe langsiktig engasjement i Suldal. Enkelte hadde dessutan eit svakt økonomisk fundament. Drivkrafta bak fleire av etableringane var og gunstige vilkår for støtte frå Distriktenes Utbyggingsfond saman med trangen for investeringsobjekt for skattefrie avsetningar.

Men det var ikkje godt for kommunen å styre industriableringane inn i eit positiv lei heller. Konkuransen om arbeidskrafta var stor, lønnsnivået var høgt og ein var inne i ein periode da Rogalandsindustrien ikkje nettopp synte stor interesse for knoppskyting og nyetableringar i utkantar. Mange trudde det ville vera lettare å få noe i gang når anleggstida gikk mot slutten og folk tok til å sjå seg om etter fast arbeid.

Andre tok til orde mot industrireising, og trudde slett ikkje at det var det som skulle til for å berge framtida. Ein peika på at utkantane reint allment var inne i ein vekstperiode, og at nabokommunane til Suldal hadde vekst i folketallet sjølv utan noe Ulla/Førre-anlegg:

— Utkantstroka merkar at ungdommen kjem tilbake, byggjer seg hus og finn seg arbeid. For tida har me ikkje noko «utkantproblem», men eit «by- og industriproblem». (Per Stangeland i Suldalsposten 6/6 1979)

Årsakene til dette generelle oppsvinget var for det første at arbeidstilbodet i bygdene hadde endra seg. Det var fleire kontor- og servicearbeidsplassar i lokale sentra og jordbruksoppdraget gjennomgikk både ei strukturendring og ei modernisering som saman med dei gode jordbruksoppdragene ga gode utsikter for næringa.

For det andre var kommunikasjonane i ferd med å bli langt betre. Folk kunne bu meir spreidt enn før sjølv om arbeidsplassane låg i lokale eller regionale sentra, eller langt ute i Nordsjøen.

Og for det tredje fordi kravet til livsstandard og oppvekstmiljø gjorde at mange tok til å foretrekke bygda og den vesle tettstaden framfor små husver i byen.

La oss ikkje møte 1980-åras mange problem med dei løysingane folk trudde på i 50-åra meinte noen.

— Vil me at ungdomen skal satse på ei framtid her i bygda? Det kan vera at trygge leikeplassar for barna, bomiljø som gjev røtter til fortida og levande kulturtradisjonar er viktigare enn industrireising. (Per Stangeland i Suldalsposten 6/6 1979)

Dette kan ein kalle eit tredje standpunkt. Eit standpunkt mest for eit kurisum å rekne i klemma mellom industrimsjonærar og jordbrukspredikantar. Det var det intellektuelle standpunkt bygd på forskarens innsikt i og sekstiåttrens draum om det gode liv.

Kommunen hadde nesten alt i mot seg i forsøket på å få til ei viss form for industrialisering. Sjølv om kommunikasjonane var betre var Ryfylkevegen og fergekapasiteten framleis ein flaskehals, ein mangla industriareal og ein mangla eit industrimiljø. Men den administrative og politiske leiinga ga ikkje opp. I forslaget til ein tiltaksplan for næringsutvikling i kommunen blir industrien ført som næring nr. 2 etter landbruket, som den næringa som skal skaffe nye arbeidsplassar etter anlegget.

Sagbruket, foredling av jordbruksprodukt og verkstadindustri blir peika ut som viktige område for nyetableringar. Og det melder seg faktisk nye interessenter. Det blir etablert ein plastfabrikk på Jelsa og ei treforedlingsbedrift på Gardaneset, og eit par etablerte verksemder, ei verkstadbedrift og ein snikkarbedrift, utvider i kommunale utleiebygg. Samtidig trekker kommunen til seg meir eksperimentelle foretak som ser gode utsikter i dei gunstige tilskots- og finansieringsformene som kommunen kan by på, men i samband med slike foretak opplever ein og at det blir sett grenser for kor langt kommunen vil strekke seg for å få reist ny industri.

Eit viktig virkemiddel for kommunen i strevet for å få oppretta nye arbeidsplassar var næringsfondet på 10 mill. kroner og avkastinga av det. Dette ga grunnlag for lån og tilskott til utredning av og toppfinansiering av nye tiltak utan at det vart stilt strenge krav til sikkerhet for låna.

Men det vart strid om næringsfondet. Motsetningane kom særleg fram i synet på kor mye som kunne delast ut til jordbruksoppdraget som tilskott.

Bondelaga og Senterpartiet meinte at primærnæringane

var blant dei som fekk kjenne ulempene ved kraftutbygginga sterkest, derfor burde dei ha meir av pengane enn det dei fekk. Dette ville styrke den faste busettinga og dei varige arbeidsplassane i bygdene.

Mot dette sto det synet at fondet først og fremst skulle nyttast til å bygge opp eit næringsliv som kunne gi nye arbeidsplassar når anlegget var slutt.

Under behandlinga av vedtekten for næringsfondet har det synet til ein viss grad vunne fram at eit slikt fond i større grad kunne brukast til å styrke primærnæringane enn det som hadde vore tilfellet for slike fond tidlegare.

Det er likevel klart at bak opprettinga av fondet låg det synet at varige arbeidsplassar er industriarbeidsplassar.

Men også her kjem det fram eit tredje standpunkt, målbore av ein veltdanna innflyttar:

— Det er etter min mening mye som taler for at det bør satses på andre alternativ i tillegg til industriarbeidsplassar for å avhjelpe situasjonen etter eit kraftutbygging, og utbyggeren bør være mer aktivt med for å følge opp de mulighetene som anlegget i seg selv har skapt. (Korsvoll 1983)

I første omgang fekk verken primærnæringane, industrien eller tertiærnæringane særlig glede av næringsfondet, da det meste av pengane vart brukte til kommunale lån og avdrag på lån for å bygge ut skular og anlegg for helse- og sosialsektoren og administrasjonen i kommunen.

Det skjedde altså ei standardheving som var heilt nødvendig ut frå den situasjonen kommunen var i og dei behova som meldte seg ved den sterke veksten, men det kom i gang få tiltak som kunne løyse dei problema kommunen vil stå overfor når anleggsverksemda blir trappa ned. Mest katastrofal er likevel mangelen på tilstrekkeleg arealdisponering både for bustader og industri (Korsvoll 1983).

Ein må såleis kunne slå fast at det var med ei nokså attenhalden interesse at Suldal kasta seg ut i industrieventyret. Trua på industrien var størst hos den politiske og administrative leiinga. Opposisjonen trudde meir på primærnæringane og på sidelinna sto akademikarane og peika på at det var ein tredje sektor som verkeleg var i vekst, men det fekk enda mindre respons.

Eit forsøk på å bringe fram idear til ei næringsutvikling frå folkedjupet sjølv stadfesta det synet på framtida at ein visste kva ein hadde, men ikkje kva ein fekk.

Det var i 1982 at det vart sett i gang eit stort studiearbeid etter det opplegget for studier av lokalsamfunnet i grisgrendte strøk som Selskapet for Norges Vel hadde utarbeidd. I alt kom det i gang 9 studieringar, og det var ikkje så lite.

Konklusjonen var at ein måtte satse på lokale ressursar og lokale tradisjonar, betring av enkelte interne vegsamband og standardheving av kommunale anlegg i ymse bygdesentra. Ingen trudde at dette kunne erstatte dei arbeidsplassane som ville gå tapt ved avslutninga av Ulla/Førre-anlegga. (Suldalsposten 12/5 1982).


Sjølv næringskonsulenten tok til å dempe optimismen på vegner av industrien. Heller ikkje han hadde anna å vise til enn sær preg og lokale ressurser, var det turisme ein ville leve av måtte haldningane til nye idear og synet på bruken av areal endre seg. (Terje Fatland i Suldalsposten 15/9 1982).

Draumen om ei industrireising av nemnande omfang har ikkje slått an i Suldal, og tankane om ei satsing på tertiærnæringar kjentest enda meir framand. Den nisja som det til slutt let seg gjera å samle ein del optimisme omkring, var den nye fiskeoppdrettsnæringa. Ei ny primærnæring, men utan utsikt til nemnande tal på nye arbeidsplassar.

PÅ TURISTANE SINE VILKÅR

Turismen hadde tradisjonar i Suldalsdalføret. Like sidan ein fekk veg gjennom hovuddalføret og dampbåt på Suldalsvatnet i 1885 var det ei turistferdsle av ikkje lite omfang gjennom dalen, som m.a. ga grunnlag for bygging og drift av ei rekke hotell. Sportsfisket etter laks i Suldalslågen hadde og ført til ein del tilreisande. Mye av dette tok slutt allereide under 1. verdskriga. Men i mellomkrigsåra bløma turisttrafikken til fjella opp att til den og tok andre retningar etterkvart som fleire og fleire fekk seg bil og eiga hytte annanstad.

I generalplanen for Suldal blir det lagt ein del vekt på til-



Hytteturismen bygde på gamle tradisjonar og eit vel avpassa forhold mellom vertskap og gjester i Suldals-heiane.

Foto: Suldalsposten.

rettelegging for hyttebygging i utmarka, og det tok etter-kvart til å bli bygt ein heil del nye hytter. Ein del av desse vart bygt som utleiehytter, ein i og for seg tradisjonell måtte å ta i mot turistar på i bygdene. Det som skapte konflikter var først og fremst planane om nye hotell og alt det dei ville føre med seg.

På Jelsa vart det lagt fram planar for reising av eit nytt

touristhotell. Da sette kommunestyret ned eit utval som skulle «sjå på kva miljømessige verknader ei slik etablering har». Utvalet var sett saman av to representantar for Krf, ein frå Samlingslista og næringskonsulenten.

Da dei kom heim frå studietur uttala dei seg til radioen og avisene på ein måte som fekk mange til å tru at utvalet ikkje såg noen særleg fare for lokalsamfunnet ved ei slik etablering. Det førte til ein debatt som kom til å dreie seg meir om retten til å uttale seg til avisene enn om haldningane til skjenking av alkoholhaldige drikker på touristhotell. Men



han viste og at ein del, og særleg dei som sokna til Krf, kom i ei klemme mellom mammon og mindre målbare verdiar. Men som vi og har sett var det nytteverdiane som etterkvar sigra i alkoholspørsmålet utan at det førebels har fått praktiske verknader for nyetableringar innan turistnæringa.

I ein tiltaksplan for turistnæringa i Suldal blir konsekvensane av ulike former for turistanlegg, lokalisering av dei og omfanget vurdert, og ein konkluderer med at ei utbygging av «lette» anlegg t.d. utelegehütter, er det som lettast let seg tilpasse miljøet og kulturgrunnlaget.

Den meir dynamiske turistindustrien retta blikket mot kontinentet og stilte urovekkande krav til nytenking både hos grunneigarar og politikarar om ein ville tene pengar på turisme.

Foto: Suldalsposten.

Oppbygging av slike anlegg vil føre til ei gradvis utbygging, det vil vera lettare å lokalisere anlegga slik at dei ikkje kjem i konflikt verken med fast busetnad eller jordbruket, det vil føre til mindre markert innslag av turistar på få stader og det vil føre til at det er suldølingane sjølv som driv og arbeider i næringa. (Bjørvik 1983).

Dette var ein plan som vart utarbeidd på oppdrag frå Suldal kommune i 1983, og som i ein viss grad tok arbeidsvilkåra for gitt. Dvs. at det var ein plass for ein turisme på lokalsamfunnet sine eigne premissar.

I 1985 kom ein ny plan for reiselivsnæringa i indre Ryfylke utarbeidd på fylkesnivå. Her blir lokalsamfunnet sine verdiar framstilte som negative holdningar.

— Det kan ha noko med folkesjela å gjera, og det kan ha å gjera med at reiselivsnæringa i tidlegare tider ikkje har lagt så mykje vinn på å gje informasjon og opparbeida forståing i lokalsamfunnet. Det er lite vi kan få gjort med folkesjela i ein toårsbolk, men vi kan retta opp mange galne oppfatningar ved hjelp av sakleg informasjon.

Vrangforestillingar om at turisme fører til alkoholmis bruk og ulivnad skal tilbakevisast med følgjande argumentasjon:

— Den typen ferie- og fritidstrafikk vi siktar oss inn mot i Ryfylke stiller ingen krav til skjenkeløyve i reiselivsverksemndene. Målgruppene i marknaden er familiefolk og vaksne menneske som vil ha ein roleg ferie. Det lokale styresmakter må ta stilling til er derimot om hotella i Ryfylke skal få høve til å vera med å konkurrera om den største og mest kjøpsterke delen av kurs- og møtemarknaden. I denne marknaden har ein ingen ting å gjera utan alle skjenkeløyve. Elles er det eit spørsmål om reiselivsverksemndene skal få lov å ha lokal restaurantomsetnad som ein del av forretningsgrunnlaget — i så fall må dei ha øl- og vinløyve. (Plan for utvikling av reiselivsnæringa i Hjelmeland, Suldal og Sauda 1985)

Kva som krevst av kommunar som vil ha reiseliv som næring blir marknadsført i ein kjapp og direkte stil med dynamisk ordbruk og målretta tabellar. Eit av hovudproblema blir definert som manglande motivasjon for turisme i bygdene. Ikkje eingong kommuneleininga går fri skuldingane om manglande entusiasme.

Litt initiativ er det likevel. Vi skal sjå på kva slag, og kven som sto bak initiativa.

I 1977 vart det lagt fram ein disposisjonsplan for hyttebygging rundt Mosvatnet. Eit populært utfartsområde som hadde fått vegutlysing på grunn av anlegget.

Planen omfatta 137 hytter fordelt på fem hyttefelt. Han var utarbeidd i eit samarbeid mellom grunneigarane og den kommunale utmarksplanleggaren.

Ved plasseringa av hyttene tok ein omsyn til såvel landskapet som beitedyra, hyttene skulle ha naturvennleg farge og torv på taket og det var ikkje høve til å legge inn vatn, som kunne føre til forureinande avløp. Grunneigarane skulle i stor grad bygge hyttene sjølv.

Seinare vart hyttetalet utvida, og det vart diskusjon om det endelige talet, der både dei allmenne friluftsinteressene og jordbruksinteressene hevdta synsmåtar for ein reduksjon av det planlagte hyttetalet. Men i hovudsak var dette ei form for turistutbygging som var tilpassa det eksisterande næringsgrunnlaget i bygdene og som ikkje streid mot kulturelle haldningars. Og det var bygdefolk sjølv som sto bak.

Året etter vart det presentert planar for eit motell ved Mosvatnet. Romprogrammet omfatta 2.200 m² til ein samla kostnad på 10 mill. kroner. Personalbehovet vart rekna til bortimot 30, og det var forretningsmenn på Sand som sto bak.

Ein tenkte seg vidare ei rekke aktivitetar i tilknytting til motellet. Skiskule, skitrekk og heiser, turgåing, slalom, skøyter, curling og aking, rideturar, minigolf, tennis, roing, jakt og fiske vart nemnt blant utandørsaktivitetane. Inne skulle ein kunne svømme, trimme, ta badstovebad og spele biljard eller bordtennis.

Det var eit moderne prosjekt, det representerte noe heilt nytt i Suldals-turismen, og initiativtakarane hadde ingen tilknytning til sjølv utbyggingsområdet. Men det var eit initiativ tatt i kommunen sjølv. Dessverre vart prosjektet skrinlagt nokså raskt, slik at vi ikkje fekk noen diskusjon som kunne avslørt andres haldningars til ideane.

Meir realisme var det i Gullingens sportssenter. Store planar og annig optimisme vart slått i bordet i 1981, og senteret opna i stor stil året etter, men i mye mindre format enn opprinnleig tenkt.

Det som vart bygt var eit skitrekk på 550 meter, ei varmestove og ein parkeringsplass for bilar og campingvogner. Investeringane kom likvel opp i så store beløp at det ikkje var muleg å drive rentabelt, så Gullingens gikk konkurs i 1985.

Men det var eit tiltak som kom i gang. Initiativet låg hos næringsdrivande i Sand, Sandsbygda og nedre Suldal og det var eit tilbod som, i alle fall i første omgang, var retta mot nærmarknaden. Eigarane sto sjølve for drifta og barn og ungdom i kommunen var blant dei ivrigaste brukarane av skitrekket.

Skitrekket og parkeringsplassen med campingvognane var eit brutalt inngrep i landskapet, men det har kome fram lite open kritikk av tiltaket. Det har og ført til nye fritidssvanar for mange familiar med ungar i rette alderen, men det har helst blitt sett på som ei positiv utviding av tilboden til desse. Friluftsliv er ein høgt verdsett aktivitet sjølv om han skjer på slalomski. Og det var verken byfolk eller utlendingar som sto for drifta av trekket og varmestova.

Større og betre organisert verksemd ser ut til å komma i gang i Gullingens aktivitetssenter. Eit interkommunalt tiltak med drift av leirskole som hovudsak, men med ferie- og fritidssenter som bisak.

Senteret er bygt i storlagne omgjevnader like i nærleiken av skitrekket, og kan huse 80 gjester på det meste. Her er snakk om arbeidsplassar tilsvarande 8–10 årsverk. Såleis eit tilskot til arbeidsmarknaden tilsvarande ei middels stor bedrift i kommunen.

Enda kjekkare var påhittet med å skipe til laksefestival. Ein fiskekonkurranse i Suldalslågen.

Den første fann stad i 1982. Innbydarane var handels- og industriforeningen, reiselivslaget og grunn- og eleveigarlaget. Det var ein brei arrangementskomite og det var ei demokratisk tilskiping. Alle som ville kunne få fiske laks i Lågen for eit gebyr på 200 kroner. Lokale koryfear og meir anonyme kvardagsmenneske vassa ut i elva og hjelpekorpset sto på land og passte på. Om kvelden var det underhaldning og kåseri om gamletida. Det var liv og rørsle og historie og kultur på ein gong, og det vart bortimot ein suksess som kom for å bli.

Og det var ikkje så rart, for laksen er meir enn ein fisk. Han er eit symbol for kampvilje og sjølvråderett og plaserer Suldal i verdsbiletet på ein måte som skaper tryggleik og styrke hos dei som eig han. Ein laksefestival var ei verke-

leggjering av djuptliggende verdiar og interesser. Det var noe ekte og skikkeleg som hørte bygda til. Men det skulle vise seg at grensa for kva ein kunne akseptere som nye påhitt for å lokke turistane til bygda ikkje stoppa der.

I 1985 la tiltakskonsulenten og rådmannen fram eit forslag om å greie ut ein ide om å bygge eit vikingetun i kommunen. Ein tenkte seg eit kompleks av utleigehytter, bygd opp som vikingetun.

— Tanken bak bygging av eit slikt tun er å gi eit nytt og meir attraktivt tilbod til turistar frå både inn- og utland. (Innst. frå Rådmannen nr. 63/85)

Det slo og an. I alle fall i kommunestyret, der eit stort fleirtal utan debatt løyde 10.000 kroner til utgreiinga.

Fleire konkrete døme på forslag til tiltak for å trekke turistar til bygda som har vore framme i den offentlege debatten finst ikkje. Men i tråd med dei mange nye aktivitetstilboda som blir etablerte andre stader i landet, blir det også i Suldal drøfta ulike påfunn, utan at det førebels har skjedd så mye med dei. Initiativtakarane er som regel utanforstående pådrivarar i reiselivsnæringa, konsulntar, råd, styre og sjefar som lever av å produsere slike idear.

Det lokale reiselivslaget, som var skipa i 1979, fekk brei oppslutning i starten og tok opp ei rekke arbeidsoppgåver for å fremje turismen. Dei ville få sett opp informasjontavler ved vegane inn til kommunen, dei ville skipe til turar i Suldalsheiane, drive aktivt informasjonsarbeid kring villa for bygging og drift av utleigehytter og søke råd om utvegane til båt-camping. Og meire til. Så veldig aktivt syntet seg ikkje at laget vart, men programmet var godt nok og vel tilpassa det natur- og miljøgrunnlaget ein hadde.

Og så ville ein ha eigen informasjonskiosk. Og det fekk ein til gangs. Ei laftehytte til ein halv million, betalt av kommunen og utstyrt med såvel torvtak som blonder på vindskiene og utskorne verandastolpar. Ei hytte like fjern frå den suldalske hyttetradisjonen som omgjevnadene frå den sandske tettstadtradisjon. Men i ein hytte- og turiststil kjent frå uttallige byer og tettstader elles i landet. Ho gjekk på eit vis inn i ein felles nasjonal turisthyttestil, berre at denne var så mye større og flottare enn alle andre.

I marknadsføringa si satsar reiselivslaget på naturen og det gamle bygningsmiljøet. Marknadsføringa skjer i urban stil med ekspertar og stresskoffertar frå byen og i fargar og format til atskillige tusen. Resultatet blir ein lekker presentasjon av strandstaden og fjorden i sol og sommarstille, dalen med sauer og elva med laks og fjell og stølar og den nye tid med alpinanlegg og landets største kraftanlegg. Det siste rett nok beskjedent presentert, men likevel den enkeltattraksjonen som trekker mest folk ved annonserete fram-
syningar.

Dei tiltaka som reiselivslaget har sett i gang med er i stor grad vel tilpassa det miljøet ein har i kommunen. Det er eit arbeid for å trekke «den grøne turisten utan alkohol» til bygda. (Jan Austheim i Suldalsposten 15/77 1981.) Målet var å nytte ut «dei naturlege føresetnadene for turisme som Suldal har, på ein måte som både turistar og folk i Suldal er tente med. (Tor Bjørvik i Suldalsposten 8/9 1982.)

Dette var ei form for turisme som kunne sjåast på som ei naturleg utviding av gardsdrifta og eksisterande verksemder elles, som serveringsstader og handverksbedrifter. Det var ikkje noe forsøk på oppbygging av eit nytt Geilo, Kongeparken i Ålgård eller Lekeland i Danmark. Det var ein nokså traust turisme knytt til hytter ved fjord og fjell og av rimeleg stort omfang.

Dei som ville noe anna sto utanfor bygdesamfunnet. Dei sat i Stavanger og spurte om Suldal kommune verkeleg ville turisme. Og spørsmålet botna i om ein ville vera med, ikkje berre på marknadsføring, men også produktutvikling. Og det er det siste som ligg folk tungt for brystet.

Ein ting er å selja det ein har. Er ein glad i bygda si har ein som regel ikkje noe i mot å vise ho fram til andre. Men å stelle til noe nytt og framandt og sjølv stå for billettsalet det har førebels ikkje slått an. Skepsisen bygger dessutan på eit nokså jordnært forhold til si eiga plassering i geografien.

— Kva vil skje om alt dette som vert snakka om og planlagt skulle få ein «lykkeleg ende»? Eit muleg svar er: Vi får i Suldal dei neste 10 åra 100 nye hytter pr. år, altså 1.000 hytter — 4.000 turistar. To hotell med 100 sengeplassar kvar må vera realistiske tankar. Så vil ein eller annan vera «lur nok» til å planera eit

område med mulegheiter for å parkera f.eks. 500 campingvogner. I tillegg får vi på dei nemnde 10 åra 500 utelege-/campinghytter. Dette vil føra til at om fem år vil ca. 1.000 personbilar medbrakt mellom 3.000–4.000 turistar innta Suldal på ein «vanleg god fredag». Nabokommunane Sand, Hjelmeland og Sauda er og turistvenlege.

— Eit langt stykke veg og over fleire fjordar skal altså ein stor de av befolkningen på Nord-Jæren og Nord-Rogaland «flyttast» kvar fredag, inn i Ryfylke, der kommunane satsar på turistar. Det er berre å gå i gang. Vi må ha bru over fjordar og tunnelar under fjordar for å klara denne «folkeflyttinga». Med ferja og westamaran kan det aldri gå. Det verste av alt: Søndag skal alt folket heim att til by'n — i bil. (Harald H. Løland i Suldalsposten 4/3 1981)

Vi kan slå fast at bygdafolket har slått tilbake dei fleste forsøk på å forandre dei for å gjera turisme til ei næring som skal fange opp vakuumet etter anlegget. Den turismen ein har fått har i staden styrka suldølingane i trua på at det er dei som har røter i fortida og deira eigen kultur som har verdi. Men heller ikkje dette har ein overdriven sans for å fram. Ein stiller seg ikkje i vegkanten med handa fram og tilbyr kulturen sin for kva som helst. Sjølvrespekten har i så måte førebels vunne over trangen for attåtinntekter. Suldølingane har det for godt, er det og sagt i turismedebatten, til at dei vil satse skikkeleg på turismen som næring. Det er og ei av forklaringane.

Ei nokså autoritativ vurdering av stoda så langt er at Suldal har akkurat like lite å selja som for 10 år sidan, men at viljen til å satse på turisme er større. (RFb 1985/9).

Dette bygger både på at ein har fått en ny og betre reiselivsorganisasjon i fylket og at kommunen nå er villig til å bruke mye meir pengar på marknadsføring og andre tiltak enn før. Engasjementet i fysisk tilrettelegging for turisme er og sterkt aukande.

Men at turismen skal bli det store levebrødet er det ikkje mange som trur på, verken blant menigmann eller blant dei som prøver å hale pengar ut av turistane.

— Turismen har liten betydning. Dei legg ikkje att mye pengar. Er inne og kikkar, men det er dyrt nok å vera på ferie likevel. (RFb 1985/5)

— Ein snakkar om turisme, men ikkje mye å tilby. Einslege

reiser her, men for familiar ingenting. Mest ikkje ein båt å få leige i Mosvatnet for eksempel. (RFb 1985/13)

— Dei snakkar om turisme, men eg trur ikkje turistane bryr seg om betong. Ned mot fergekaien er et som ein ørken. Kunne hatt blomar og busker der. Frå gammalt var dei voldsomme til å rydde på Sand, det var eg imponert over. (RFb 1985/1)

FRÅ BYGDA TIL VERDA

Betring av kommunikasjonane har vore ei politisk hovudoppgåve i Suldal så lenge ein har hatt kommunalt sjølvstyre. I den tidbolken vi held på med er utbygging av vegnettet sett på som ein viktig kompensasjon for kraftutbygginga, samtidig som betring av kommunikasjonane er sett på som vesentlege føresetnader for utvikling av såvel turismen som det øvrige næringslivet.

Men som i så mange forhold er det slik også med kommunikasjonane at målet kan vera ein ting og verknaden noe heilt anna. Kommunikasjonsutviklinga er tatt med her fordi ho i hovudsak blir sett på som ein viktig lekk i næringsutviklinga og trygging av busettinga. Eg vågar likevel den påstanden at det er på andre område verknadene har vore størst. Kommunikasjonane, nye måtar å reise på og nye former for massekommunikasjon betyr truleg mye også for kulturelle endringar i eit lokalsamfunn.

I Suldal er det særleg utbygginga av vegnettet, overgangen frå sjøtransport til landtransport og utbreiinga av massemedia som har stått for dei største endringane.

Alt før anlegget kom til kommunen, allereide midt på 60-talet, tok hurtigbåtane til å avløyse dei meir langsame fjordabåtane i sambandet til Stavanger. Det betydde ein vesentleg reduksjon i reisetida, og knytte byen nærmare til bygda. Den nyaste båten i dette sambandet vil gjera byturen unna på 1 1/2 time, og rutene er lagt slik opp at ein kjem seg fram og tilbake på dagen og får ein god arbeids- eller handledag i byen. Mange av byturane går elles i aerend til sjukhus eller til tannregulering på offentleg kosta billett.

Det raske sambandet til byen gjer at bylivet ikkje kjennest særleg fjernt og framandt. Ein suldøling er ikkje stort meir

bonde i byen enn ei husmor på handletur frå forstadene i Randaberg. Svært mange har dessutan røynsle frå bylivet, ettersom dei har budd i ein by under stuttare eller lengre periodar under oppvekst, utdanning eller tidlegare arbeid. Både i fritid og yrke er dessutan mange knytt til større organisasjoner eller institusjonar i byen og mange har venner i byen.

Tidlegare var Suldal eit viktig utfartsområde for Stavangerfolk, både i helger og feriar. Frå den tida er det framleis mange gjensidige band mellom byfolk og bygdafolk.

Folk frå Suldal, både innflytтарar og innfødde, er såleis kjente med byen. Det raske sambandet gjer at byen i enda større grad kan reknast med i eins eigen aksjonsradius. Stavanger er eit viktig sentrum i medvetet til folk.

Men eit viktig poeng er at alle reiser til dette senteret i same båt. Båten er ein møteplass for folk frå Suldal på veg til og frå byen. Det er med på å bevare kjensla av å ha noe felles, og det er eit viktig forum for personleg samtale mellom folk som elles ikkje har dagleg omgang med einannan.

Dette er for det meste blitt borte i det interne sambandet i kommunen. Vegane, som nå bind grendene saman, og bilane som kjører på dei, har ført til ei privatisering av samferdsela. Før var brygger og båter og bussar møtestader når folk skulle ut og ferdast. Nå kjører folk i bil til ulike tider og den interne kommunikasjonen i grenda er blitt mindre. (Høibo 1985).

Medvetet om dei minste lokalsamfunna er blitt svekka ved det. Når verken båt eller postomdeling er med og konstituerer grenda er det ikkje lenger noen grend. Da er grenda blitt ein integrert del av ei større eining, der bygdesenteret er det nye sentrum.

Reknar ein som eit bygdesenter dei stadene der det er både butikk og posthus er det 7 slike i Suldal. Og det er framleis nokså mange, og har delvis samanheng med at fleire av dei var sentra i dei kommunane som vart slått saman i 1965. Dei største er Sand og Suldalsosen.

Sand står i ei særstilling når det gjeld servicetilbod, og er både gjennom si utforming og si rolle som trafikkknute-

punkt den mest sentrale møtestaden for folk i Suldal i dag. (Olsen 1984).

Møtestadene for folk er såleis etterkvar flytta frå grenda til bygdesenteret og så vidare til det nye kommunesenteret. Men p.g.a. indre konfliktar, for ein del knytta til kommunesamanslåinga, fungerer heller ikkje Sand som noe naturleg kulturelt sentrum. Lojaliteten til Sand er därleg hos andre enn dei som bur der og det er vanskeleg å få til noen kommunal deltaking i styrking av Sand som sentrum.

Noe som ytterlegare forverrer utvegane til utvikling av ein ny, lokal autonomi til erstatning for den som har gått tapt ved omlegging av reisemåtane, er utviklinga av eit nytt, konkurranse regionsenter.

Før var Stavanger byen, nå har Haugesund begynt å ta opp konkurransen. Med eigen bil tek det over 3 timer å komma seg til Stavanger. Til Haugesund kjører ein på 1 1/2 time, og mange vel det, også fordi dei har slektar si i Haugesund.

Skal ein til Stavanger er båten den beste måten å reise på. Til Haugesund bruker ein privatbil. Dermed mister ein fellokapet ved å reise kollektivt, og ein mister enda eit høve til uformelt samver på tvers av omgangsvänner og andre sosiale og politiske grupperingar.

Den nye orienteringa mot Haugesund viser seg og i utbreiinga av regionale aviser. Medan det er Stavanger Aftenblad som har vore den mest einerådande avisa i Suldal, er det nå fleire og fleire som abonnerer på Haugesunds Avis. Dei siste opplagstala som ligg føre syner at Stavanger Aftenblad nå sel vel 900 aviser i Suldal medan Haugesunds Avis sel snautt 300. Haugesunds Avis har dei fleste av abonnentane sine på Sand.

Dette har nok samanheng med at Haugesunds Avis har prioritert opp sitt redaksjonelle arbeid i Indre Ryfylke medan Stavanger Aftenblad prioriterer Nord-Jæren og Stavanger. Men det har også samanheng med at Stavanger ikkje lenger er det sjølvsgaute regionsenteret for Indre Ryfylke. I namnet har Ryfylke sine regionsenter i Sauda og på Jørpeland, men i røynda er det Haugesund og Stavanger som fungerer som regionsenter også for Ryfylke.

Suldal manglar såleis ikkje berre eit sjølvsgaute kommunesenter, ein er og på veg til å endre oppfatninga av kva som er regionsenteret. Men dette er ei oppfatning som ikkje er lik over alt. I dei ytre delane av kommunen, er orienteringa mot Stavanger sterkest. I Øvre Suldal er Odda eit likeverdig regionsenter.

Men endatil utanom Stavanger og Haugesund og Odda med finst ei verd som ikkje lenger er framand for suldølingen.

Oslo, av alle sentralistiske symbol, hører med i verdsbildet. Og det er Suldalsvegen som først og fremst har opna kanalane dit. Suldalsvegen som vart opna i 1980 og som har gitt fergefritt samband austetter. Dei raske kan nå reise til Oslo på 6 timer, og det er ingenting i ein komfortabel japanar med 5 gir. Og bilparken i Suldal er på topp. Her bur folk som har råd til bil, og som ikkje treng leite etter argument for å halde seg med han. Sjølv SV-arar kjører Volvo og entreprenørane 4-hjulsdriven Mercedes.

Dei reiser til Oslo for å besøke utflytta suldølingar og venner frå studietida. Men dei reiser og til Oslo for å vera med på det som er i mediabildet: Oslo-maraton, Dag Frøland-revy på Chat Noir (overnattning på SAS-hotellet), Holmenkollstafetten og for å kjøpe gardiner på Tannum og møbler hos Ikea.

Oslo-turane bekrefte verdsorienteringa og det ny-nasjonale medvetet. Det er ikkje Oslo som ligg avsides, slik 70-åra prøvde å få oss til å tru. Oslo ligg framleis i midten, og er eitt bygdesenter ein framleis kjennest vel ved. Det er lettare å akseptere nybygget til Det norske Teateret i Oslo enn eit samfunnshus på Sand. Den nasjonale identiteten er viktigare for bygdemennesket enn den kommunale, som dessutan gikk tapt allereide under kommunesamanslåinga.

Som ein følge av dette stig salet av laussalsaviser og kjenndisblad raskt. Frå nesten ingen for få år sidan sel VG og Dagbladet nå over 100 aviser kvar dag på Sand. Det betyr at det ligg ei slik i kvar 5. husstand, på laurdagane enda tettare. Saman med SE og HØR, som sel 200 blad kvar veke i 7 butikkar, og kjendisieret i andre vekeblad, betyr det at ein held seg vel orientert om det som er viktig også i provinsen.

Oppsøker ein ikkje scenen og gatene der nasjonalgudane sjølv er kjem dei til oss i stadig større opplag. Fjernsynet og avisene og blada med dei store bilda og dei enda større overskriftene er i ferd med å gjera oss til eitt folk, med ein identitet, den nye nasjonale mediaidentiteten.

Men det er ikkje heilt sant. For det første er det ikkje alle som reiser til Oslo og les boulevard-aviser. Dei som gjer det er flyttarane, dei velutdanna og dei noenlunde unge. Dei andre held seg heime og les dei gamle vekeblada, og skal dei ut og reise, reiser dei ikkje til Oslo, men til Spania og Kanariøyane.

For det andre er det mest utbreidde massemediet i Suldal, bortsett frå radio og TV, lokalavisa Suldalsposten.

Den starta i 1976, og det var verken da eller seinare noen som helst slags interesse for å samarbeide med nabokommunar om avisprosjektet. Avisa blir utgitt av kulturstyret, og har frå 1979 kome ut som vekeavis med frå 8 til 12 sider i tabloidformat.

Avisa hadde eit noe diffust mål om å virke samlande på storkommunen i ei tid da mye sto føre endring. Dessutan var prosjektet eit framhald av den tidlegare privatdrivne Sandsposten, som i ein overgangsperiode var ført vidare av Suldal ungdomslag.

Suldalsposten er ei populær avis, og stadfestar at nok er kjendisreportasjane interessant lesestoff, men enda betre er det å lesa om seg sjølv og sitt.

Det syner og att i radio og TV. Lokalen i radioen, lokalsendingane frå NRK Rogaland, har høg lyttarprosent, sjølv om alle tykkjer det er altfor mye frå Stavanger og altfor lite frå Suldal. Innslag i radioen har større prestige enn meldingar i regionavisene. Radioen er viktigare i eigenmarkeringa enn avisene.

Men viktigast av alt er fjernsynet, der distriktenes eige magasin, raritetskabinetet Norge Rundt, står i ei særstilling. Suldal har vore med eit par gonger der, ein gong med reportasje om smørslaget, om dei som framleis kinner smør heime på garden, og ein gong om restaureringa av den gamle dampbåten på Suldalsvatnet.

Dette var reportasjar som var med og plasserte Suldal på

Norgeskartet, og med heimelaga smør og dampbåt som velvalde døme på det eigentleg suldske, gamletida med jordbruk og urord natur.

Langt mindre glede har det vore over to sjølvstendige fjernsynsproduksjonar der kraftutbygginga har stått i sentrum. Særleg det siste av desse, eit program i serien «Langs landeveien», der programleiaren hadde installert seg i brakkeleiren på Øvre Moen, og ein berre fekk eit glimt av felespel og guitarsang ved grua på bygdetunet, var eit vonbrot.

Det bildet ein ønsker at media skal spegle av er det bildet folkelivsgranskurar og bygningshistorikarar har skapt av eit folk med middelalderske tradisjonar og røtter i ei fortid fri for teknikk og moderne økonomi. Den verda ein oppsøker er den ny-nasjonale og delvis internasjonale media-skapte dimensjonen utanom kommunegrenser og bygdestrid.

Bygdemennesket står med ein fot i tunet heime og den andre i cafeen i hovudstaden, og er den mest all-nasjonale av norges befolkning. Bygdemennesket er eit mediameneske utan grenser, men med ei forankring som skaper vonbrot om ho blir oversett.

Bilen og dei nye vegane er den viktigaste føresetnaden for at bygdefolket ikkje berre er tilskodarar, men også deltagarar i det som elles skjer i landet. Vegutlösing er derfor blant dei høgst prioriterte politiske oppgåver i kommunen. Det har samanheng med at ein trur vegar er ein føresetnad for utbygging av næringslivet.

Dei kommunale styresmaktene ser det og slik at kommunen vil vera betre tent med å få godstransporten overført til bil enn ved å halde fast på båten som transportmiddel for gods. Det er omsynet til dei næringsdrivande, bøndene og utkantane som har ført til denne konklusjonen. (K-sak 119/84). Dei kulturelle verknadene vil vera ytterlegare sveking av den interne kommunikasjonen og meir oppkjørte spor ut i verda. For kvar brygge som blir nedlagt blir eit lokalsamfunn borte, for kvar vegmeter som blir utbetra kjem storsamfunnet nærmare.

FRAMTIDSPESSIMISMEN

Suldal kommune har satsa mye på å få til ei næringsutvikling og ei betring av kommunikasjonane som kunne sikre busettinga i kommunen også etter at anlegget er slutt. Spør ein folk korleis dei vurderer desse tiltaka og kva tru ein har på framtida får ein ulike svar.

Ein kan svara slik:

— NVE's etablering har ført til eit opnare samfunn og ei meir optimistisk haldning til mulighetane for å gjera noe. Ikkje berre ved at vi har fått ei anna økonomisk plattform, men også ved at vi har gjennomført svære nyanlegg som viser at ein kan greie det om ein vil.

— Viljen til satsing er større og ein har fått syn for at det går an å livnære seg av anna enn jordbruk pluss litt transport og handel. (RFb 1985/21)

Men meir representativt er nok dette:

— Eg trur på gardane. Har ikkje tru på så veldig mye industri.

— Turisme har aldri ligge for suldelsingar. Dei er ikkje vane med det.

— Ein del som kjem til å pendla. (RFb 1985/4)

Trua på at det skal vera råd å halde oppe folketalet er ikkje overdriven, sjølv ikkje i meir autoritære krinsar, og mange stillar seg undrande til dei store kommunale løyvingane til industriformål.

— Siste kommunestyret har vore prega av panikkvedtak. Eg har aldri trudd ein kan halde oppe folketalet. Det er tre ulike retningar ein har arbeidd etter: Først var det turisme, det skulle så og seia berga alt, skogen skulle ta resten. Og nå er det havbruks. (RFb 1985/3)

Dei som står litt på sidelina kan more seg over den kommunale tiltakspolitikken som lagar store nummer av kvar «little ting» som kjem, eller uttrykke skuffelse over at ein ikkje har greidd å utnytte dei utvegane som anlegget ga, t.d. for utvikling av tekniske kunnskapar. Noen er irriterte fordi dei meiner kommunen ikkje har gjort nok for å betre bu- og kulturtilboda, noe som ville gjort det meir attraktivt å bli buande i Suldal.

— Eg trur vi blir sittande igjen vi som må. Trur det kan bli trist. Det er trist at kommunen ikkje har forsøkt meir. Og dette at det ikkje er eit skikkeleg kulturbrygg her. Det burde dei fått opp med ein gong. Det er veldig lite luksus. Kommunen sitt berre og samlar inn skattepengar og satsar alt for lite på at folk skal ha det godt. (RFb 1985/13)

— Kanhende kjem det til å likne litt på det som var før anlegget. Det kan komma til å gå tilbake med servicetilboden. Kan bli som ein slags sove- eller pendlarpllass. (RFb 1985/16)

Næringslivet sjølv var enormt optimistiske da anlegget kom, men sit att med ei resignert kjensle av at ein ikkje nådde det ein fantaserte om. I utgangspunktet var ein likevel klar over at ein burde nyte tida til å konsolidere seg, slik at ein kunne tolke eit lågare nivå seinare, og det er det nok noen som har greidd, særleg handelsbedriftene.

Eit problem for denne delen av næringslivet var det nok likevel at mange av forretningane var drivne av ein generasjon som ikkje nett var så overdrivent opptatte av noen stor utvikling.

— Akkurat som alle blei gamle på ein gong. Dei hadde dessutan ikkje kunnskapar og forutsetningar for å nyttiggjera seg Ulla/Førre. Folk har dessutan vore forsiktige, dei har hatt lite visjonar. Tidlegare var det litt tak i nokon, men folk er generelt forsiktige. Og da Ulla/Førre kom, var dei som hadde hand om forretningane gamle og det var ingen vits i å investere for det var ingen til å overta. (RFb 1985/9)

Blant dei som er knytt til andre delar av arbeidslivet enn jordbruket og som trur at framtida også i bygda må stå på fleire føter enn dei gamle primaærnæringane, er det vaniskeleg å spore noen særleg optimisme knytta til framtida. Resignasjonen er m.a. uttrykt slik:

— Eg har rekna med at det er næringslivet som skal halda liv i kommunen, men her er det omvendt, her er det slik at kommunen skal halde liv i næringslivet. (RFb 1985/17)

Men jordbruket og dei levemåtane som er knytte til det, mister ein ikkje trua på så fort. Ein nikker anerkjennande til nydyrkning i lågheia, gir uttrykk for høgt kunnskapsnivå når det gjeld grasavlingar og framtidsvona er god hos den som har rotfeste i garden.

EIN SMELTEDIGEL UTAN KRAFT

Det var noe nytt i Suldal at folk skulle bu i regulerte bustadfelt, og spesielt at det vart sagt klart i frå at det var der dei skulle bu og ikkje spreidd kringom i bygdene.

På Sand hadde ein nok meir eller mindre regulerte bustadområde frå før, men det var først gjennom arbeidet med generalplanen at denne forma for busetting vart sett i system.

Og det var ikkje berre bustadfelt som var ein nykomling, det var og den samla planlegginga av arealbruken, med atskilte tomter for kvar sektor på ulike stader i geografien. Her vart brukta ein mal som var vel innarbeidd i den offentlege planlegginga andre stader, og som kunne brukast anten ein var her eller der i landet.

Ein fekk ryddige kart og romslege parkeringsplassar knytte til nytt kjøpesenter, nye industriområde og ny skule. Gamle forretningsbygg blei sanerte, nye bygde opp att og ein fekk planar for ei framtidsretta bruk av sentrumsareala.

Den dynamiske utviklinga manifesterte seg i ein veksande kommuneadministrasjon samla under eitt tak i nyoppussa skulehus, «vinterpalasset» på folkemunne.

Folk flest fekk nye omgjevnader å operere i og dei fekk eit synleggjort byråkrati som var involvert i det meste av det som gikk føre seg rundt dei.

Av dei fleste vart dette sett på som framsteg, men frå utkantar og konkurrerande bygdesentra hørest murring og høglydd protest, som hadde grunnar attanfor det tidsperspektivet som førebels er lagt til grunn i dette arbeidet.

Dei utalte motsetningane gikk mellom jordøydarar og jordvernaraar, mellom sentralistar og desentralistar. Særleg omtanke vart heller ikkje lagt i å skjule motsetningane i interessene til dei ovom Juvet, i gamle Suldal kommune, og dei nedom, sandbuens. Det som kompliserte bildet ein del var at dei opphavelege suldølingane fekk forbundseller både i Sandsbygda og i den gamle strandstaden, ikkje mot sentraliseringa, men mot jord- og eleveøydinga og mot den nye treeininge makteliten: Ordføraren, byråkratiet og NVE.

Det omseggripande kommunale engasjementet i alt frå

barnehagar til industriutleigebygga møtte heller ikkje berre velvilje. Særleg kom det til debatt om bustadbygginga. Men dei som var skeptiske til at kommunen skulle sy puter under armene på allslags folk utøvde eit svært engasjement for å få meir av kaka sjølv. Prinsippa er såleis vanskelege å få tak på, både i jordvernet og i dei private løysingane. Men resultatet var ein opposisjon og ein motstand mot ein heil del av det som kom ut frå kopieringsmaskinane i kommunehuset.

Likvel kom det noen bustadfelt og det kom ny industri og næringskonsulent, tiltakskonsulent, idebank og konsulentutgreiingar om såvel turisme som andre sysselsettingskonsekvensar. Næringsgrunnlaget endra seg, folk fekk tru på at det gikk an å leva av andre ting enn jordbruk og lastebilkjøring, og eit svært tiltaksapparat var komen i gang før framtidspessimismen igjen tek til å breie seg blant folk som ikkje var i nærbane med kommunedynamikken.

Men ikkje berre på desse meir handfaste områda var det råd å registrere endringar. Dei som busette seg i bustadfeltet, og tok dei nye jobbane var av eit anna slag enn både dei som budde i bygda frå før og tidlegare innflyttarar. Dei var plussvariantar med eit alminneleg forhold til det meste og eit meir sjølvsentrert engasjement enn dei fleste. Dei tilpassa seg lokalsamfunnet på sine eigne premissar og ytte sin fritidsinnsats der utbyttet var størst.

Det nye blei i stor grad knytt til *dei* nye, der dei levde sitt liv i bilen mellom bustadfeltet, industriområdet, kjøpesenteret og idrettsarenaene. Men på enkelte område involverte dei og andre, og ikkje minst i idretten.

Kanskje idrettsarenaene har vore blant dei viktigaste møteplassane mellom innflyttarane og dei innfødde. Dei bygde dei og brukte dei saman. Resten av samfunnet vart planlagt som om kontakten skulle avgrensast til eit minimum.

Ein viktig møteplass var og arbeidsplassen. Og dette gjaldt både kvinner og menn. Mange menn tok seg arbeid på anlegget og mange kvinner tok seg arbeid på messer og sjuke- og pleieheimar. Spør vi folk kor dei vart kjent med vennene sine svarar dei fleste at det vart dei gjennom arbeidet, dernest kjem foreningar.

Vi må likevel ikkje overdrive betydningen av bekjentskap gjennom arbeidet. Ei intervjugrarsing som Rogalandsforskning har gjennomført syner at berre kring 60 av bortimot 1.000 tilsette ved Ulla/Førre-anlegga på eit gitt tidspunkt var direkte rekruttert frå den lokale arbeidsmarknaden. (Meland 1984). I tillegg kjem ein del folk som gjennom arbeidet sitt annan stads, kom i kontakt med anleggsfolk.

Feiringa av dei store friluftsfestane 17. mai og St. Hans har snarare ført til konflikt og framandgjering enn hopehav og samrøding. Og i mediabildet og utbygginga av kulturtilboda har innflyttarane stukke seg fram mest meir enn dei burde.

Eg vågar, ut frå dette, den påstanden at viljen til samarbeid om prosjektet Ulla/Førre har vore stor, like frå toppen av kommunestyret til den bokstavelege mannen i Gata. Denne viljen, og interessa for samanhending, har halde seg frå begge sider tvers gjennom dei politiske krisene.

Likevel sit eg att med den konklusjonen, ut frå det materialet eg har samla i hop, at samhandlinga har vore lita. At dei som budde her før i stor grad har halde fram med sitt liv, ikkje utan påverknad frå anlegget, men heller ikkje avgjerrande endra på grunn av anlegget. Og dei som kom har i enda større grad levd sitt liv ut frå dei vilkåra som vart bygd dei, framande for det meste av det bygdefolket dreiv på med.

Det nye livet i bustadfelta, vart med eitt slag ein del av det moderne bygde-Norge, og kunne levast parallelt med liknande levemåtar liknande stader elles i landet. Blant bygdefolket og i Gata heldt livet fram i sitt eige tempo, meir påvirkta av jordbruksoppgjera og den generelle velstandsauken enn naboskapet med norges største kraftanlegg.

Kraftutbygginga vart noe som gikk føre seg på sida av bygdelivet, som ei off-bygd-verksemd, der den mest gjennomførte kontaktflata fantest på toppen av hierarkia i kommunen og på anlegget.

Bygdafolket har likevel hatt gode kunnskaper om anlegget, like eins som innflyttarane nokså raskt er blitt kjente i bygda. Dessuten kan ein ikkje setta skiljet mellom desse gruppene med noen skarp strek. Overgangen er flytande.

Det er ikkje så underleg at det blei slik. Den fysiske utbygginga skjedde på ein måtesom ikkje la forholda til rette for noe intimt samver. På Sand bygde ein eit nytt lokalsamfunn med sine eigne, nye løysingar ved sidan av det gamle. I Suldal var det enda verre. Dette skjedde på bakgrunn av eit medvete val der jordvernet og den private eigedomsretten vart sett føre noe eventuelt ønskje om integrering.

Noe aktivt arbeid for å kompensere for manglande tilrettelegging, t.d. i form av ein aktiv kulturpolitikk, kom i gang altfor seint, og var i altfor stor grad prega av private løysingar og dyrking av fortida til at det hadde noen appell for fleirtalet av innflyttarane.

Dei politiske diskusjonane om anlegget, både før det kom i gang, og undervegs, bygde barrierer som gjorde kommunikasjonen vanskeleg, også fordi dei anleggsrelaterte diskusjonane fekk store konsekvensar også for andre saksområde og for det lokalpolitiske klimaet i det heile.

Ein kan såleis rekne opp ei rekke faktorar som virka mot ei samansmelting av innflyttarar og innfødde. Suldal vart ingen smelteidig. Og den viktigaste grunnen er enda ikkje nemnt.

Suldal hadde ein kultur. Og det gjaldt både suldølingar, og, så rart det enn kan hørest, sandbuar.

Sandbuen hadde ei fortid som sentrum i Indre Ryfylke. Med røter attende til 1700-talet og minner om ei tid med sagbruk og internasjonal trelasthandel enda lengre tilbake. På eigne bein like frå 1858, og med prest, doktor og andre øvrighetspersonar som sjølvsagte medlemmar av strandstadsamfunnet. Med vervartid og engelskmenn, eit av dei første folkebada i landet, godt bibliotek, framståande ordførarar, god kommuneøkonomi, elverk, butikkar og ei Gate der ein støtt trefte folk.

Dei trong ikkje stå med lua i handa og vente på almisser frå storsamfunnet. Og kva var det for slags preik innflyttarbyråkratiet for med om at her sto därleg til før anlegget kom. Dei såg med forventning fram til dei impulsane anleggstida kunne komma til å gi, men Gata og åsane tilhørte dei og dei store festane vart ikkje utan vidare overleverte til brultne innflyttarar. Sandbuen var i utgangspunktet eit

venleg vertskap, men føresette at gjestene tok etter skikken der dei kom.

Og betre var det ikkje i gamle Suldal, der røtene sto enda djupare i molda og kulturen var komen mellom stive permer alt før Ulla-dalen var kjøpt opp av staten for å leggast under vatn. Gamle Suldal var hovudsokn i hundreår før Sand fekk eigen prest, og kunne brødfø fattigfolk austantil fjellbygdene i naudsåra. Og det var dei som hadde vatnet, og som var seg det bevisst allereide ved kommunesamanslåinga i 1964. At Suldal vart namnet på storkommunen var som ingenting å rekne mot det å måtte dele kraftinntektene med ein ektefelle med därlegare heimanfylgje.

Her helsa ein og nye folk venleg velkommen, men bordskikkane var enda strengare. Velkommen til bords, men et sunda-sbeten på sunda-vis, og prega av årtiers vern om den udelte jordvegen.

Det var jorda ein levde av og jorda ein hadde tru på. Og den ville ein disponere sjølv.

Ytre sett er det mye som har forandra seg i Suldal dei siste åra. Men det store møtet mellom bygdafolk og innflyttarar har ikkje ført til noen omfattande endringar hos folk sjølv, i deira verdiar og haldningar. Snarare er bildet prega av kontinuitet og styrking av eigen kultur. Det skal neste hovudkapittel handle om.

*Jordbruket står sterkt i medvetet til folk sjølv om talet
på dei som lever av jordbruk har gått sterkt tilbake.*

Foto: Suldalsposten.



Den rurale arv

BONDE I ANLEGGSTID

Medan dei harde fakta fortel oss at Suldal ikkje lenger er noen utprega landbrukskommune blir kommunen i meir romslege samanhengar framleis framstilt som om han er det.

Det kan det vera mange grunnar til. Det kan t.d. vera slik at ein kommune bør oppfattast som landsbrukskommune sjølv om den betydningen landbruket har i kommuneøkonomien og i sysselsettinga har gått ein del tilbake. For Suldal sitt vedkommande kan det dessutan vera gode grunnar til å sjå på den relative tilbakegangen landbruket har hatt i sysselsettinga som eit mellombels fenomen. Eller det kan vera viktige politiske grunnar til å oppretthalde bildet av Suldal som ein landbrukskommune.

Men det kan og vera slik at folk i Suldal ber på verdiar og haldningar frå bondesamfunnet, og endatil handlar som om dei skulle vera bønder, sjølv om dei slett ikkje er det, eller berre delvis er det.

Bondekulturen bygger på fleire hundre års tradisjonar i Suldal. Noe industri å snakke om har det aldri vore og anleggsarbeid av noe omfang er alldelens nytt.

Endatil i sentrumsområda har jordbruket hatt ei sterk stilling i medvetet til folk. Bytteforholdet til bøndene var anskueleg, konkret og omfattande, og frå alle hagar hørest mekring og kakling, grisegrynt og andre animale lyder.

I dette kapitlet skal vi prøve å få slått fast kor sterkt jordbruket står i medvetet til folk, og om det også på dette området har skjedd endringar i haldningane til folk på dei 10 åra Ulla-Førre-utbygginga har halde på.

Eit varsel om at det her sto om vesentlege verdiar fekk vi

forøvrig alt før anleggsarbeidet tok til, da det vart spørsmål om kor anlegget skulle etablere seg med hovudadministrasjon og verkstad.

Statistisk materiale kan fortelja oss at jordbruket er blitt sterkt svekka som arbeidsplass på det ti-året som vasskraftutbygginga har pågått. Og det gjeld som arbeidsplass både for kvinner og menn.

Talet på kvinner som er knytta til jordbruket, anten på heil- eller deltid, er redusert med nesten $\frac{2}{3}$. Talet på menn som er knytta til jordbruket er nesten halvert på desse ti åra.

I 1980 var det 499 personar over 16 år i kommunen som oppga jordbruk m.v. som hovudnæring. Det utgjorde 22,9% av dei sysselsette. 10 år tidlegare oppga 819, eller omlag 50% jordbruket som hovudnæring.

I Sandsområdet var det likevel berre 94, eller 12,6% med jordbruk som hovudnæring. I Suldal 192, eller 25,2%.

Attåt denne utviklinga er det viktig å merke seg at det også har skjedd ei kraftig svekking av gardsbruket som viktigaste inntektskjelde for brukarane. Medan talet på bruk har halde seg på omlag 450 heile tiåret, har talet på bruk som har utgjort viktigaste levevegen for brukarane minska frå 355 til 243.

For å skaffe seg eit tilstrekkeleg inntektsgrunnlag må mange ta seg arbeid utanom bruket. Ein har rekna ut at det blir lagt ned omlag 250 årsverk av slikt slag i andre næringar. Til samanlikning reknar ein arbeidsinnsatsen i jordbruket til 400 årsverk. Mange av bruka er såleis avhengige av anna næringsliv for å kunne overleva, og her er arbeidsplassar innafor offentleg, sosial og privat tenestebyting særsviktige. (Meland 1984 og Olsen 1984).

Ellers er det i denne perioden, naturleg nok, anlegget som har bydd på den beste utvegen til å skaffe ekstrainntekt til jordbrukaren. Ved landbrukstellinga i 1979 var det 64 menn som oppga bygg- og anlegg som den viktigaste inntektskjelda utanom bruket, d.v.s. over 20% av bøndene.

Mange har trudd at ei vesentleg drivkraft bak det å ta seg arbeid på anlegget har vore å tene gode pengar til investeringar som kan trygge bruket som arbeidsplass etter anleggstida. Men det ser ut til å vera tvilsamt om det held. I ein hovudoppgåve ved Norges Landbrukshøgskole konkluderer Haldis Karine Nilsen med at dei fleste satsar på, og ser seg avhengige av fortsatt inntekt utanfor garden også etter anleggsperioden.

Nilsen har funne at det viktigaste motivet for å ta seg arbeid på anlegget er ønsket om auka forbruksgoder på stutt sikt. Eit anna viktig moment er at anlegget representerer ein utveg til å få arbeid i rimeleg avstand frå heimen. Dessutan tel utvegane til investeringar i bruket også med, i alle fall for enkelte.

Dei som tok seg arbeid på anlegget skil seg elles lite frå andre deltids-bønder, men forholda låg slik til at det gikk an å nytte den utvegen som baud seg. Dei som såleis vart anleggsbønder var slike som hadde små bruk og som hadde høve til forenkling av drifta og/eller rimeleg avløysing frå den nærmaste familien. Og som dessutan budde i rimeleg avstand frå arbeidsstadene på anlegget.

Når anleggsarbeid såleis gikk inn som eikvan anna kombinasjonsnæring, utan særleg tanke for ei utnytting til anna enn allmenn inntektsheving, forklarar Nilsen det med at Ulla-Førre-anlegga var ei så langvarig utbygging at få har noen planleggingshorisont ut over eit slikt tidsrom. Andre visste med seg sjølv at dei kom til å bli pensjonistar, etter andre satsa på at det vel ville bli ei råd på anna vis.

Det er dessutan eit par andre poeng, som nok ikkje betydde så mye for dei mange, men som seier litt om haldningar. Det eine er at ein har evner og interesser, og kanskje utdanning med, som det her baud seg eit høve til å nytte, og som ein prioriterte høgare enn å prøve å gjera garden til noen eine-arbeidsplass.

Det andre at starten på Ulla-Førre-anlegga fall saman med opptrappinga av inntektene i jordbruket. Det var såleis gode vilkår for å få ein god start på ei utviding av produksjonen ved å hente pengar til investeringar på anlegget.

Det sørgelege var berre at dei gode tidene i jordbruket tok slutt før Ulla-Førre var ferdig. Dei som kom seit i gang med nyinvesteringar fekk såleis andre problem enn dei hadde kalkulert med da dei sette i gang. Det vart sett tak på produksjonsvolumet, prisreguleringar endra føresetnadene for produksjonen og rentekostnadene auka sterkt. I staden for å kunne gå tilbake til bruket var det dei som fekk enda større grunn til å ha eit arbeid utanom bruket.

Og for dei som tok jobb på anlegget for å bruke kunniskapane sine, viste det seg vanskeleg å ta farvel med anleggsmiljøet da utbygginga i Suldal gikk mot slutten. Ulla-Førre-utbygginga samla topp anleggsekspertise frå heile landet, og var ein god skole for dei frå Suldal som var med. Det faglege miljøet vart ein faktor for å halde fram med anleggsarbeid også etter Ulla-Førre.

— Blir det ikkje arbeid i Suldal, og det er behov for å reisa ut på jobb, så må du pendla, viss så gale sko bli. Og det kan jo godt tenkast at ein reise ut og tek seg anna arbeid. Skulle hatt lust til å vore gardbrukar på heiltid, ja spesielt våren og hausten, men eg har tenkt litt på det nå, at skulle eg ha dreve med det eit års tid så hadde eg vel sakna dette miljøet ein var i ja. Stadig oppe i så mye folk kvar dag veit du, og så plutselig vara heime og ikkje sjå nokon. (Rfb 1984/37).

Sjølv om trua og interessa for jordbruket var svekka, er det få som har noe ønske om å forlate jordbruket og kommunen for godt. Som bustad står bruket fast, enda om ein må gå ned i inntekt for å kunne bli buande. Løysinga må bli andre arbeidsplassar utanom bruket eller nye produksjonar på garden. Blant dei siste hører turisme og skogbruk, og, som siste nytt, fiskeoppdrett.

Bindinga til jordbruket er såleis sterkt, sjølv om næringa er svekka som arbeidsplass. Og det er stor politisk vilje til å støtte utnyttinga av det potensialet for ny vekst som måtte ligge føre. Reiselivsnæringa har vi omtala tidlegare, her skal seiast litt om forsøket på å satse på jordbruket.



Suldal er mellom dei største skogskommunane på Vestlandet, og kal måle seg med mellomstore skogskommuner sjølv på Austlandet i så måte. Tilveksten i skogen er så stor at ein kunne hogge 35.000 m³ i året. Men av dette blir mindre enn $\frac{1}{3}$ tatt ut, og berre $\frac{1}{3}$ av det som blir tatt ut blir seld gjennom skogeigarorganisasjonane.

Ut frå denne situasjonen, og dei produksjonsproblema ein elles har i jordbruket, har kommunen vedtatt ein omfat-

Kraftutbygginga har gitt tilgang til nye dyrkingsareal i lågheia. For dei små gardane i Suldals-dalføret er nydyrkning eit viktig middel for å auke inntektsgrunnlaget på garden.

Foto: Suldalsposten.

tande aksjonsplan for skogbruket. Det er føreset at kommunen over ein 3-års periode skal yte 1,6 mill. kroner til gjennomføring av aksjonsplanen.

Men aksjonsplanen er berre eitt av dei tiltaka som er sett

i verk for å auke interessa for skogen. Gjennom nabosamarbeid og arbeidsfellesskap prøver skogeigarane sjølvé å skape eit miljø rundt skogbruket. Ved tilskiping av skogdagar trekker ein også familien til skogbrukaren og bygdefolk elles med i ei oppbygging av nye holdningar til skogbruket.

Ser ein dette i samanheng med den sterke tilveksten av planta granskog og dei tekniske endringane også i det meir tungdrivne skogbruket som det her er taler om, er det klart at svært mange faktorar peikar mot ei større vektlegging på gardsskogen.

Det vil i neste omgang få konsekvensar for driftsoppdragget og arbeidsdelinga heime på garden. Sjeldan har både dei økonomiske, økologiske, teknologiske og kulturelle faktorane i sterkare grad peika mot ei endring i handlingsmønsteret enn det ein kan sjå konturane av på skoggarden i Suldal. (Høibo 1984).

Om Suldal er blant dei største skogkommunane på Vestlandet, har ein funne ut at kommunen har den lengste kystlinja av alle kommunane i Rogaland. Det har gitt grunnlag for ein viss optimisme m.o.t. oppdrett av fisk.

Førebelser er dette ei næring heilt i startfasen, men ved utslysing av konsesjonar i 1985 kom det inn ikkje mindre enn 17 søknadet frå Suldal kommune. Førebelser er det få konseksjonar som blir delte ut, men interessa for nye produksjonsformer er tydeleg til stades.

Vi ser såleis både interesse for, og tiltak for å styrke jordbruket som næring og garden som arbeidsplass både i form av ei forsiktig tilnærming til turistar og edelfisk, og i det siste også pelsdyr, og ein nokså omfattande satsing på skogbruket.

Dette vil neppe gi så mange nye arbeidsplassar, men det kan trygge dei som er att, og det er produksjonsformer som er knytt til ressurser som allereide finst på garden. Det vil tene til å halde oppe medvetet om jordbruket på ein langt annan måte enn om bruket blir halde i live ved hjelp av arbeid i andre næringar.

Og det er viktig for heile landbruksnæringa. Medvet om eit sterkt jordbruk gir makt og pengar både til næringa sjølv og til dei delane av kommunen der jordbruket framleis er ein

viktig leveveg. Bondelaga hat t.d. meint seg så sentrale i beslutningsprosessen at de har bedt om å få seg forelagt etableringsspørsmål til uttale, og dei har krevd ei rekke kommunale tilskottsordningar som supplement til dei statlege tilskottsordningane til næringa.

Noen har likevel vald ein annan strategi. I 1982/83 vart det starta småbrukarlag i Suldal. Dei meinte det var nødvendig å sjå på fordelinga innafor næringa om ein skulle ha von om å oppretthalda bruksstrukturen og busettinga i utkantane.

— Etter mitt syn er me småbrukarar alle saman her inne, sa den nyvalde lagsformannen, og peika på at dei små bruk i Ryfylke og dei store gardane på Jæren ikkje har samanfallande interesser i alle saker, og at bondelaget sin politikk sentralt kunne vera eit trugsmål mot dei små bruk i utkantane. (Harald H. Løland i Suldalsposten 25/11-1982).

Men noen stor oppslutning har ikkje småbrukarlaget fått. Gardbrukaren vegrar seg for å omdefinere seg sjølv frå bonde til småbrukar, og har heller ikkje spesiell grunn til det i forhold til den kommunale definisjonen av kva slags kommune Suldal framleis er.

Målsettinga er oppretting av 300—400 nye arbeidsplassar for å erstatte dei som går tapt ved avslutninga av Ulla-Førre-anlegget ville ha ført til eit framhald, eller kanskje endatil ei forsterking av den nærings- og senterstrukturen som ein har nå. Men trua på denne målsettinga er tydlegvis så lita at ein framleis talar om Suldal som ein jord- og skogbrukskommune.

Dette kan ikkje berre ha næringpolitiske grunnar. Det har med haldningar og tradisjonar å gjera, og i det følgjande skal vi prøve å sjå litt nærmare på korleis desse haldningane blir haldne oppe og vidareutvikla sjølv i ei tid med så sterkt press som ein nå har vore igjennom.

DET RURALE SENTRUM

Sjølv i kommunenesenteret er jordbruket ein integrert del av daglelivet. Går ein tur gjennom bakgatene på Sand vil ein kjenne lukta av ull og saueskit gjennom gistne løeveggjar, og

heile sommaren står det hesjer til tørk i nærområdet til kjøpesenteret. Dei mest sentrale og lett tilgjengelege byggeareala i sentrum blir liggande urørte av omsyn til desse firbeinte skapningane. Sauen er ikkje berre eit åreit dyr, han er eit symbol på viljen og evna til å unngå utvikling av rasjonelle og funksjonelle tettstader. Hesjene vitnar om eit tilvere der draumen om livet på landet er handfast røyndom og mekringa ved stiings-tider om ein levemåte meir innhaldsrik enn yrkesoversikten i statistikken skulle tilseia.

Og har ein 10 stykker av dette slaget, og 10 mål beite til dei, stiller endatil samfunnet opp med både produksjons tilskott og grovfortilskott. Det er ein hobby som koster lite og som er til glede for ein sjølv og omgjevnadene. Og ungane får vekse opp i eit miljø der lemming er ein like naturleg del av vårlivet som soping av gatene.

Dette er sjølv sagt ikkje i samsvar med planane for det moderne kraftutbyggingssamfunnet. Men det har ikkje vore så godt å gjera noe med det. Ikkje før noen fann på å ville drive husdyrbruk også i nye bustadfelt. Da slo byråkratiet til.

Nå dreidde det seg om noe så smått, om ikkje tilsvarande uskuldig, som bier. Det var ein som ville bygge på garasjen sin slik at han fekk plass til bikubene sine på loftet. Dette såg bygningsrådet som ei prinsipsak.

— Skal ein person kunne drive med husdyr av ymse slag, så må alle kunne få lov til dette utfrå likhetsprinsippet, skreiv bygningssjefen i innstillinga si.

— Det er neppe ynskjeleg med birøkt i eit bustadfelt, og dersom alle skulle få høve til det ville det bli umogelege tilstandar. Det same gjeld for til dømes høns og gris. Det vil bli uhandterlege lukt og gjødselproblem. Dertil er det neppe intensjonen med eit bustadfelt at ein skal drive hobbylandbruk i ei eller anna form.

Nemleg. Det var ikkje intensjonen, og det sluttta bygningsrådet seg til.

Etter denne prinsippavgjelda skulle ein tru saka var ute av verda. Men det var ho ikkje. Garasjebyggaen skreiv til bygningsrådet og gjorde nærmare greie for husdyrhaldet sitt, og da det viste seg at han ikkje skulle ha biene i garasjen,

men tvert i mot i prestegardsskogen, og at det han skulle ha i garasjen var utstyret som trøngst, fekk han bygge på likevel. (Suldalsposten 28/3 og 25/4-1979).

Det denne saka viser er at birøkt såvel som sauehald ikkje er ønskjeleg, men kan tillatast, såfremt det ikkje trugar det moderne samfunnet for sterkt. Høner, og spesielt grisar, er lite ønskjeleg i det sonedelte tettstadsamfunnet. Kalkunar er det ikkje sagt noe om, men dei er observerte, flaksande og skitande i parkmessige omgjevnader på strandstaden dei med.

Haldningar frå ei tid da det «mekra alle veier» har overlevd inn i den nye tida.

— Me hadde fisk i fjorden, ein gris, ein sau og nokon høns. Me hadde alltid gris og høns og det hende me hadde geit. Slik var det i annakvart hus, fortalte ein om forholda på strandstaten i 30-åra. (RFB 1984/8).

I eit slikt samfunn er ikkje avstanden mellom tettstad og bygd uoverkommeleg. Sentrumsinnbyggaren er vel kjent med det som går føre seg i bygda. Sjølv dei nye samfunnsmedlemmane, innflyttarane og den oppveksande slekt, får førstehands innføring i livets gang i løer og garasjer og i bur og innhegningar.

VEIDEMANN OG NATURVERNAR

Urmennesket kjem tydelegast fram i omgangen med heia. Desse nutane og viddene der det framleis finst plassar som er uberørte av maskinar og oppdemt vatn, der reinen beiter og far finst etter menneske til fots hundreår attende i soga.

Bildet av suldølingen som veidemann blir halden oppe av årvisse reportasjar i avisene om jakta. Journalistikken legg i veg med slagstøvlar og anorakk, og unnsrer seg ikkje for å låne naturskildringar frå Vinje for å få fram rette stemninga.

— I slagregn på flotter og flæ og fly, når drivskodd krullar seg i ringar.

Det blir reportasjar med ropeteikn og tankestrekar, dialekt-

uttrykk frå jegarmunn og fargebilete med tilvising på 1. side.

Nytt dei siste åra har vore kvinnene i jaktlaga.

— Nei ikkje til å koka og stella i hytta nei. Med børse og jaktprovakt, ryggsekk og støvlar, kart og kompass.

Her er alt samla på ein gong: Børser og blod, sveitte og vind og dei sprekaste blant spreke jenter.

— Den store kjempebukken stupte for første skotet til Målfrid. Og over i lufta flaksa og skreik tre svarte ramnar. (Stavanger Aftenblad 25/9-1985).

Kvinneinnslaget i jakta er likevel ikkje større enn at det er med på å setta ein spiss på tilveret. Mannsdominansen er trygg og overtydande og gir grunnlag for tankefull konversasjon frå tidleg på hausten til langt innunder jul.

Det tek til med stemninga rundt skytebanen når jaktprøva skal avleggast tidleg på hausten. Nervepåkjennингa og pissetrongen er stor for mange. Det er bittert å bomme, men det kan forklarast, og ein kan prøve på nytt.

Under heimevernøvinga først i september når jaktsamtalet eit høgdepunkt. Da er jakta i gang og ein har god tid til å snakke om ho. Ein held greie på vindretning og trekk, episodar med jaktpolitiet og skotne dyr. Lukt av reinsdyrblokk i bilen og gangsperre i beina ber bod om aktiv deltaking og utveg til å drøfte forholda med ei primærkjelde.

— Du var avstad i helga?

— Var ein tur innøve, ja.

— Fekk de noko, eller?

— Me fekk ei simla ja. Det var bror min som skaut.

I same knappe form kan ein halde det gåande i lengre tid, der veka på dyret og staden det vart skote etterkvart kjem fram, saman med dei nødvendige opplysningane om vinden og geværet. Spørjaren kjem mellom dei innvidde ved å stille dei rette spørsmåla, og jegaren er stor nok sjølv ved å gi beskjedne svar. Fellesskapet utgjer ein nødvendig avhengighet som blir dyrka for si eiga skuld.

For jakta er ikkje til for kjøttet si skuld, sjølv om det smakar godt og fyller bra i fryseboksen. Jakta er ei

ekspressiv handling og uttrykk for eit ønske om direkte kommunikasjon med naturen. Jegarane blir sjølv presteskapet utvalde gjennom årtiders kultur og finurlege fordelingssystem for jaktkort.

Dei fleste av jegarane hører heime i gamle Suldal, da det er slik at berre folk frå gamle Suldal kan få jaktkort i statsalmenningsa. Dei fleste private grunneigarane hører naturleg nok og heime i Suldal.

Og det er reinsdyrkjaka som er den store jakta, med hundrevis av fellingsløyve, talrikt jaktoppsyn, småfly og radiosamband.

I meir beskjeden målestokk går det likevel og føre seg anna jakt, t.d. etter hjort. Og hjortejegarane blir likesåvel som dei i høge heia avbilda med det daue dyret mellom seg og omtala i respekfulle ordelag.

— Jegarane på biletet fekk hjorten sin i Sandvik sist laurdag. Dei var ikkje lite stolte, men så vog hjorten og 140 kg snakka dei om. (Suldalsposten 5/11-1980).

Dei som fiskar i heia har ikkje den same statusen. Ikkje dei som plukkar bær heller. Fisking og bærplukking er på eit vis meir einfaldig form for matauk enn jakta. Likevel ikkje slik at det er alldelers av vegen å vita av fine aurevatn og gode moltemyrer, og så kunne fortelja at ein har vore der.

Dyrkar ein skilivets glede syns det betre, både på ein sjølv og skia på biltaket. Ein både kjenner seg sunn og ser slik ut, og det er nok å antyde kor ein har vore. Helst inn mot ein nut eller oppe på ei hei. Scooter-løypa rundt Mosvatnet er for ordinær, om ein ikkje går fleire runder på tid.

Det er inga plikt å vera glad i heia, men det er ei utbreidd norm at det er bra å tykkje om dei aktivitetane som utfaldar seg for å dyrke ho.

Heiaturane er ei rituell atferd som er blitt meir og meir nødvendig ettersom industriksamfunnet har kome bygda nærmare inn på livet. Til sterkare kraftutbyggjarane vinn kontroll over naturen til sterkare blir drifta for å oppleva naturen.

Den aukande søkinga til heis, og i den form det skjer, er eit urbant trekk, og skil seg frå tidlegare heiebruk ved at det

nå ikkje er ærendet som er viktigast, men sjølv handlinga.

Kravet om naturvern er ei følgje av konflikt mellom naturdyrkning og teknologisk utnytting av naturen. I samsvar med den oppfatninga som det også er referert til framanfor, er det eit komplementært forhold mellom den industrielle utnyttinga av naturen og naturdyrkninga: Dess meir industrien breier seg, dess sterkare blir trøngen til å dyrke naturen på romantisk vis. (Østberg 1984).

Vi har tidlegare vist korleis det også i Suldal vaks fram ei naturvernørsls knytt til enkelte delar av Ulla-Førre-utbygginga.

Det er likevel vanskeleg å påstå at naturvernet i Suldal bygger på eit reint romantisk og urbanisert forhold til naturen. Den debatten var det helst utanbygds buande som førte. T.d. når det galdt å verne Mostøl mot inngrep i samband med utbygginga. Suldølingane var nok også skeptiske til neddemminga av Mostøl, og av Lauvasstøl, men mest fordi dyrkbar jord ville gå tapt. Jordbruksvegen inn i området var naturvernforeningen med og kjempa fram.

Naturvernet i Suldal bygger såleis på ein nyttfilosofi der skadeverknadene av ulike inngrep i naturen blir vurderte ut frå kven som har glede av dei.

Mosvatnet er t.d. blitt eit lett tilgjengeleg område etter at det kom veg over heia. Dette er det mest populære utfartsområdet om vinteren, og blir også brukt om sommaren både til bading, roing og padling, fisking og brettseiling. Reguleringa vil føre til variasjonar i vasstanden som kan virke skjemmande på stredene sommarstid og gjera isen utrygg om vinteren. Mot dette har innvendingane vore forsiktige. Vel så viktig har det vore å få til ei regulering som gjer det muleg å dyrke opp myrane kring vatnet. Det låg endatil føre planar om å senke vatnet for å få dette til.

Eit viktig argument mot utslepp frå eit kloakkrenseanlegg i Suldalslågen var redsla for at det kunne føre til pålegg om restriksjonar i samband med utslepp frå jordbruket. (Suldalsposten 13/12-1975).

Men beveren i Steinstølvatnet. Beveren som andre stader kan bli rekna som skadedyr. Han ville ein gjerne ha utan omsyn til næringsinteresser. Bevaring av den vesle beverko-

lonien der øverst i Kvildalsdalen, som var så liten at fagfolk reiste tvil om det var framtidsvon for han i noe fall, er det einaste naturvernprosjektet utan nytteverdi som Suldal har gått inn for utan vilkår.

Tilsynelatande.

Men det kan vera verdt å merke seg at debatten om beverkolonien var ein del av debatten om regulering av Lauvasstølvatnet.

— Grunneigarane som har vore med og stola her, og som kjenner området godt, er ikkje i tvil: Her ligg store reserver som greitt kan dyrkast opp med sikte på grasproduksjon.

Ei heilside i Aftenbladet med overskrifta «Skal beveren få overleva», sluttar slik:

— Både grunneigarane og naturverninteressene går ei spanande tid i møte. (Stavanger Aftenblad 25/6-1977).

Det intime samarbeidet mellom grunneigarinteresser og naturverninteresser er eit særtrekk ved naturvernarbeidet i Suldal. At naturvernet skulle ha andre interesser enn grunneigarane er utenkleleg. Nydyrkning og naturvern er eitt og det same.

Det som møttest i naturvernørsla var ein kombinasjon av motstand mot teknologi og sentralisme og eit forsvar for ein tradisjonell tilpassingsmåte og private interesser. Som organisasjon fekk naturvernforeninga liten innflytelse, men saman med organisasjonane til grunneigarane og bøndene og dei politiske grupperingane rundt desse interessene, målbar rørla synspunkt til tunge grupper i Suldals-samfunnet. Og dei langsiktige resultata var ikkje bagatellmessige.

BYGDA I SENTRUM

Likesom naturen har sin verdi både for grunneigarar og andre, har også bygda sin verneverdi. Eit døme skal bidra til å kaste lys over det, og vonleg på ein slik måte at ein assosierer interessefellesskapet mellom naturvernarane og bygdevernarane.

Sandsbygda er nærmaste bygda til Sand, og aktuelt ekspansjonsområde for tettstadsvoksteren. Det første ein gjorde da den nye tida var i emning var å legge ut eit område i bygda med dyrka jord til industri- og anleggsformål.

Utetter i 70-åra vart det sett fram ymse forslag om korleis ein kunne betre vegsambandet i bygda. På nordsida av Lågen var vegen både smal og svingete, og bruva over elva forlita til tunge maskinar og store lastebilar.

Vegvesenet meinte det måtte vera best å bygge ny veg vidare vestover langs Lågen til ein kom inn på den nye vegen til skulen og bustadfeltet på Eide.

Dette tykte m.a. både vegnemnda og bygningsrådet var fornuftig, særleg fordi ein slik veg ville løyse ut veleigna boligområde nordaustover frå Eide. Det var likevel semje om å halde bruva oppe for småbilar, traktorar, gåande og syklande.

Dette vekte sterkt motstand frå bygda.

For det første var ein rasande på kommuneadministrasjonen på grunn av mangel på informasjon. Meininga om kommuneadministrasjonen, som synonym til sentralisering og tettstadsvokster vart stadfest.

Hovudargumenta var likevel desse:

— De (menneskene det angår) har ikke råd til å avgjere jord til ekstra veibredde i buhagen til ny vei og/eller byggefelt! OG — de ønsker ikke stortrafikk på nederste trappetrinn! (Helga Møgedal i Suldalsposten 11/3-1977).

Det vart og reist spørsmål ved kva dei skulle leva av alle dei som skulle bu i dei nye bustadfelta og kor bygningane som arbeidsplassane deira skulle vera i skulle byggast.

— Hvorfor skal det på død og liv trykkes sammen her nede? Hvem ønsker det? Er det den gamle sandbuen, politikerne, handelsstanden, de unge eller HVEM og HVORFOR! Ja, jeg spør og andre undrer sammen med meg.

Som ein ropar i bygda får ein svar. Ikkje frå dei som har makta, men frå mindretallet. Og mindretallet i vegnemnda var ikkje for noe særleg til utbetring i det heile. Dei ville heller bygge vegar til veglause bruk i dei ytterste utkantane. Eit standpunkt som er lett attkjenneleg i Suldalspolitikken.

Mindretallet og oppsitjarane ville ha betre bru. Det var det som var deira interesse, først og fremst av interesse for den tunge trafikken det moderne jordbruksareal det fører med seg, og dernest for å hindre at ein ny veg skulle redusere både det faktiske jordbruksarealet og utnyttinga av det. Særleg dersom vegutløysing skulle føre til opparbeiding av bustadfeltet i bygda.

Eit bustadfelt er ikkje berre eit trugsmål mot jorda, men også mot miljø og kultur.

— Sjølv meiner eg at for å ta vare på det miljøet ein har på bygdene, må ein ikkje plassera for store koncentrasjonar av boliger i felt der. Bygg små grupper, 4–8 hus, spreidt. Då vil me ikkje bryta med det gamle mønsteret. Ein vil kunne få ein samanvassing av det nye og det gamle, som begge partar kan ha glede og nytta av. (Helga Møgedal i Suldalsposten 7/11-1979).


Bygdahuset, den gamle skulen som vart gjort om til grennahus vart eit symbol for bygdas identitet. Ein kasta seg med stor iver inn i arbeidet for å skape trivnad og aktivitet i huset, og det vart skipa basarar og bygdakveldar og alvorlege møte der med tradisjonell kost og allsong.

Om bruva utgjer det fysiske sambandet mellom folk på begge sider av Lågen er det på grennahuset det kulturelle fellesskapet får næring og ny vekst. Her samlast ein etter fjostid til karneval og revy og leik og dans, og etterkvart i eige barne- og ungdomslag ved sidan av dei gamle laga til bondekvinne, bondemennene, skogearigarane og 4H.

Det er ein varm atmosfære, med omsut for dei fleste og program som passer alle. Og med det sjølvsgaute utgangspunktet at ein tek meir omsyn til kua enn ungane når ein fastset tidspunktet for når juletrefesten skal starte.

Fjostid og middagsvaner fjern frå kommuneadministrasjon og statskraftutbygging gjer folket til eitt og ulikt det i tettstaden. Krafta syner seg i at ein stort sett klarer seg med eigne krefter og ein beskjeden støyt bak novene på bygdakveldane.

Vernet om bygdas eigenart er etterkvert utvikla til ei meir ekspressiv dyrking av bygda, og til marknadsføring av særtrekka i ei meir målretta form enn dei gamle hyldningsdikta kunne makte. Og gjerne som eit mottrekke mot kommune-



senteret. Mot den overmaka står både bygda og bygdesenteret, d.v.s. senteret i den gamle kommunen, saman. Sentrum er Sand og alt anna periferi. Utanom dette verdsbildet hersker høgare makter.

Jelsa var først ute med bygdadagar med kjent kulturmangfold. Her var varemesse og mjølkespannkasting, regionale og nasjonale kjendisar, skulekorps, bading og staurbæring. Det 4. året, i 1982, kom det 1.100 for å høre Harald Heide Steen jr. og sjå den lokale husflidsutstillinga. Overskottet gikk til nedbetaling av gjelda på det nye bygdahuset.

Året før vart det avvikla Forenesdag for første gong.

Mest kvar staden i kommunen som kan kallast eit sentrum har etterkvart avvikla meir eller mindre árvisse «dagar».

Eigenmarkeringa går føre seg i eit appetittvekkande samspel mellom lokale krefter, fjernsynskjendisar, folkelege konkurransar og salsfremjande tiltak.

Foto: Suldalsposten.

— Over tusen menneske, vaksne og ungar, byfolk som fjordbuar, hadde funne vegen til Naustberget på Foreneset. Her var det lagt opp til leikar og underhaldning: Mjølkespannkasting, tømmerstokkpadling, skyting, pilkast osv. Elisabeth Grannemann og auksjonarius Svein Landsnes sto for underhaldninga. (Suldalsposten 29/7 1981)

I Finnvik held det private handelsmuseet stemne annakvart år, og på Kolbeinstveit i Suldal er det årvisst Olsokstemne. Det siste har halde på lenge og er eit meir reinspikka kulturstemne enn dei andre.

Den overstadige trongen til å komma saman kring nye, folklege aktivitetsformer, og gjerne utkledd og i ei ramme av fengjande salsframstøyt og hitbragt underhaldning av fjernsynsformat er lite begrunna.

Da ein endeleg kom i gang med marknadsdagar på Sand var det nok klart at formålet var å selja, både staden og det forretningane hadde i hyllene sine. Men den ubeskjedne utstillinga av seg sjølv og sitt saknar eksplisitt grunnleggning, og gir rom for spekulative tolkingar hos den som har trong for svar på spørsmål om kvifor. Ikkje har sosiologane vore frampå med forklaringar heller.

For vårt formål høver det bra å sjå desse markeringane som ein lekk i den styrkinga av sjølvmedvetet til dei enkelte bygdene som vi også skal komma tilbake til andre døme på. Utkantane ville inn på banen att, etter den påtvinga komunesamanslåinga og kraftutbyggingsbomen i hovudalføret.

Det er ein annan dimensjon enn krangelen mellom Sand og Suldal om kor presten skal bu og Kongen stoppe når han er på vitjing for å starte det første aggregatet i Kvilldal kraftstasjon. Det er eit opprør som tek moderne virkemiddel i bruk og som ikkje unnsier seg for å glømme både felespel og eit nasjonalt sinnelag uttrykt såvel i ord som påkledning. Nei, som ikkje eingong vik tilbake for rikstyristsjefens har-selas med skriftspråket, den urokkelege nynorsken.

Dei møter innflyttarbyråkratiет på heimebane, og utfordrar kommuneadministrasjonen så sterkt at han må bringe kultursjefen til torgs for å hale Sandsdagane i hamn.

Og bakom syng bygdevisa framleis songen om fjorden og dei høge nutar, min barndoms eng og ættarjord. Men det er ikkje lenger berre ei lengt, det er ein vitalitet som sentrum manglar, lamma av ei administrativ omfamning og ei politisk avsky.

SKULEN EI FRAMTIDSborg

Den verdinøytrale bygdemarkeringsa som vart skildra i det føregåande har hatt eit motstykke i eit alvorlegare forsøk på å halde fast på verdiar, knytt til skulen i Suldal.

I 1975 tok skulesjefen opp spørsmålet om eit nærmare samarbeid mellom skule, arbeidsliv og fritidsaktivitetar. Bakgrunnen var både eit ønske om å finne ei løysning på det generelle problemet med å kunne tilby eit tilfredsstillande opplæringstilbod også til dei som ikkje fann seg til rette med det tradisjonelle skuletilboden, og å finne fram til måtar å møte det presset skulen ville bli utsett for under kraftutbygginga.

Ein såg raskt at dette ikkje var noe problem som berre vedrørte skulen, eller som skulen aleine kunne løyse, og det oppsto trond for ei samordning av arbeidet ved fleire etatar, m.a. mellom skuleetaten, sosialetaten og ein gryande kulturetat.

Gjennom kontakt med Rogaland distrikthøgskule lukkast det å reise pengar til eit aksjonsforskningsprosjekt på denne bakgrunnen, og «Suldalsprosjektet» vart sett i gang våren 1976.

Det var eit forskningsprosjekt som gikk over to år, og som arbeidde for å få til ei samordning av opplæring, yrkesutdanning, arbeidsliv og fritids- og kulturaktivitetar. Prosjektet vart finansiert av Kyrkje- og undervisningsdepartementet og det vart tilsett ein sosiolog som prosjektleiar.

Målet med arbeidet vart elles uttrykt slik av den faglege leiinga ved distrikthøgskulen:

— For Suldal må det være et mål å bevare så mye av de gamle verdiene som mulig, og utvikle dem uten at veksten skal gripe forstyrrende inn. Med et vellykket prosjekt håper de som står bak prosjektet å kunne demme opp for følgene av uheldig vekst.

— Kulturen i bygdesamfunna i Suldal må rustast opp for å kunne møta dei problema som auka tilflytting og sterkt utbygging fører med seg. Ein må vera bevisst at ein skal ta vare på den kultur som finst i lokalsamfunnet, og folk som lever i lokalsamfunnet må ta initiativ over for tilflyttarane for å få dei med på dei ymse kulturtilboda som finst i lokalsamfunnet. Dersom ikkje, er det innflyttarane, som alle kjem til kommunen med sin kultur, som tek initiativet, og på den måten kan den lokale kul-



turen stå i fare for å verta øydelagd, dersom han ikkje vert rusta opp til å ta i mot det nye. (Annfinn Solli i Stavanger Aftenblad 1/1 og 12/2-1976).

Den lokale initiativtakaren, skulesjefen, sa det slik:

— Det vi håper å få ut av forskerens arbeid er konkrete planer for hvordan vi skal forberede de forandringer som finner sted i vårt samfunn på det miljømessige plan.

— Suldal står overfor store miljøforandringer både av positiv og negativ art. Nå gjelder det å få bygget ut miljøet slik at det er sterkt nok til å stå i mot negative utslag, til å kunne gi konkrete tilbud til dem som kommer, til å utvikle utdanningsspekeret, opplæringen og fritidsaktivitetene.

I ein krins rundt skulesjefen vart det bygt opp ein entusiastisk og kunnskapsrik flokk med skule-, kultur- og sosialarbeidarar. Men resultata av strevet med dei mjuke verdiane nådde langsamt fram i den teknisk-økonomiske planlegginga. Foto: Suldalsposten.

— Vi må få de unge til å føle tilknytning til lokalmiljøet, føle at det er godt å vokse opp i og at det gir dem en mulighet til utvikling. (Leiv Risa i Stavanger Aftenblad 2/1-1976 og i Aftenposten 22/3-1977).

Det var sosiologen som fekk i oppdrag å kartlegge verdiane nærmare. Finne ut kva som var verdt å ta vare på. Og han

nøydde seg ikkje berre med å liste dei opp og forsøke å forklare dei. Han laga til og med eit program ut av det han fann, som fekk følgjande tittel:

— Om det verdfulle ved lokalsamfunnet — og om utarmingsutviklinga. (Suldalsprosjektet, rapport nr. 5).

Det verdfulle ved lokalsamfunnet vart karakterisert ved ord som heilskap, identitet, trygt sjølvbilete, fellesskap, integrasjon, samhald, demokrati, kjennskap, nøysemd og arbeid som utviklingsressurs.

Kjenneteikna ved utarmingsutviklinga var fråflytting, ny teknologi, følgjene av nye lover og nye kommunikasjonstilhøve, skilje mellom arbeid og fritid, flytting og større einingar.

Sosiologen tok standpunkt for dei små bygdene, røtene, garden og nøysemda. Middelet burde vera praktisk arbeid og lokalkunnskap.

Mellom dei konkrete resultata var museumstilknytta aktivitetar ved skulane. Elevar preparete og dokumenterte gjenstandar i bygdesamlinga og registrerte og samla informasjon om utelører og forberging i eldre tid. Innsamling av stadnamn og registrering av naust var og blant aktivitetane.

Museumsarbeidet ga elevane både arbeidslivsrøynsle og kunnskaper om fortida. I heimane auka interessa for gamle ting som ringverknad av det ungane dreiv på med.

Andre bygde eigne A-joller på båtbyggeriet eller fekk arbeidspraksis på gard.

— I en jord- og skogbruksbygd er det helt naturlig med nær kontakt mellom næringen og skolen. (Tor Torvald Lunde i Aftenposten 25/3-1977).

Det var i ei optimistisk tid for jordbruket med gode jordbruksavtalar, forsøksring, nye driftsbygningar og lita sut for overproduksjon av mjølk.

— Det er ingen fare med det. Hvis det blir nødvendig, er det bare å gå over på kjøttproduksjon. (Jan Møgedal i Aftenposten 25/3-1977).

Odelsgutar og småbarnsfamiliar vart avbilda i lag med stutakalar og sjølvbygde løer og Suldalsprosjektet var på rett veg.

Ved sidan av nye forsøk i grunnskulen vart det arbeidd aktivt for å utvide tilbodet ved den vidaregåande skulen. Den mest reportasjevenlege lina her var den eitt-åriga rose-målarlina, den einaste i landet, og som nå står i fare for å bli lagt ned. Nytt var liner for anleggsmaskinreparatørar og helse- og sosialfag og allmenfagleg studieretning.

Kulturlivet var det tredje av dei områda som ein fann det rett å ha med i ei samordning av viktige sider ved Suldalssamfunnet. Kulturtilboda måtte nå både brakkebuarar og innflyttarar og sørge for at rotlause nykommarar kom med i fellesskapet.

Ein sentral lekk i arbeidet med å få dette til var den omfattande kursverksemda som Suldal friundervisning sette i gang. Det vart engasjert, og seinare tilsett, eigen studiesekretær for å få dette til.

Kurstilboden omfatta både kompetansegevande kurs og hobbykurs og engasjerte eit stort tal deltakarar og kursleiarar.

Utanom studiesekretær og kyrkjelydssekretær vona ein ved starten av Suldalsprosjektet også å få oppretta stilling for fritidsleiar.

Etterkvart fekk ein alle desse stillingane og av kompliserte grunnar og etter mye saksbehandling også ein kombinert stilling for kultursekretær og redaktør av den kommunale avis «Suldalsposten».

I 1978 var alt dette i funksjon, og det vart halde jamnlege, tverrfaglege møte på skulekontoret. Ein var i ferd med å oppfylle målsettinga i søknaden til Kyrkje- og undervisningsdepartementet om å

— finne fram til tiltak og samordningar med utgangspunkt i skolebyggene, i skolen som sentre for et samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, fritids- og kulturaktiviteter og arbeidslivet. (Suldalsprosjektet, rapport nr. 6).

Med fråfall av statlege tilskott og trongare rammer i kommunebudsjettet måtte det som var etablert oppleve både magre år og tilbakeslag. Men det var likevel ikkje lite ein fekk til av synleg byråkrati og maskinskrivne rapportar for å registrere og møte trugsmåla frå anleggsvinasjonen.

Dei gjennomførte tiltaka ved skulane var og muleg å

dokumentere, og ein kunne bokføre atskillige møte- og kursveldar kring om i bygdene og i brakkeleirane.

Meir indirekte vart det skapt eit miljø for sosial-, kultur- og skulearbeidrar kring skulekontoret som både var til inspirasjon og utvikling for deltakarane og det dei skulle stelle med innafor delvis nye og uprøvde saksområde.

I denne avhandlinga kan det dessutan påvisast ei rekke teikn på aukande sjølvmedvet i bygdene, interesse for fortida og kuluarven og framtida for utkantane. Men det skulda neppe aleine Suldalsprosjektet.

Utanfor det beskytta miljøet på skulekontoret fekk likevel Suldalsprosjektet lite å seia. Den vidare planlegginga av suldalssamfunnet er lite merkt av tankane frå Suldalsprosjektet. Teknisk sjef utsatte det slik i eit foredrag om «Røynsler og tankar frå Suldal om kraftutbygging og lokalsamfunn»:

— Kva inneverknad kraftutbygging har på dei meir mjuke verdiar i eit lokalsamfunn, er noko meir vanskeleg å få oversyn over. Uheldige enkeltutslag er nok ikkje til å unngå, men stort sett ser det ut til å gå bra. Det ser ut til at det er ikkje først og fremst innflyttarane som står for desse enkeltutsagna då dei stort sett er ressurssterke personar. Det har vore delt ut av ulike departement visse forskningsmidlar til såkalla aksjonsforskningsprosjekt. Dette har vore til liten nytte. (Nils I. Korsvoll u.d.).

Så enkelt kan det seiast. I den teknisk/økonomiske røyndomen som dette foredraget vart halde i var det reguleringssplanar, grunnverv og romslege stillingsheimlar for ingeniørar og økonomar som var av nytte.

Ut frå den oppsiktsteknologiske observasjonen «at ein i konsesjonssamanheng ikkje er tilstrekkeleg opptatt av den inneverknad ei utbygging har på lokalsamfunnet», finn teknisk sjef å ville foreslå at ein «under konsesjonshandsaminga må vere meir opptatt enn nå av inneverknaden som ei kraftutbygging har på lokalsamfunnet».

Så langt skulle ein tru at idegodset også var i fullt samsvar med det idemakarane bak Suldalsprosjektet meinte. Skilnaden låg i den implisitte definisjonen av lokalsamfunnet som eit samfunn utan kultur, eller i det minste som eit sam-

funn med uoversiktlege verdiar, og såleis utan utveg til å komma med som premiss i planlegginga. Eit samfunnssyn som også vart delt av mange politikarar, men som neppe hadde noen massiv oppslutning frå grasrota bak seg. Problemet var at ein mangla eit eigna verktøy til å omsetta kulturell innsikt til kommunal røyndom. Feilen at ein ikkje greidde å få dei teknisk-økonomiske organa i kommunen med på utviklinga av eit slikt verktøy.

EIT TRUSLIV FJERNT FRÅ AKERSGATA

Kristenlivet vestafjells er eit omtykt emne for skrifeføre folk austan til. T.d. kan Simen Skjønsberg frå Dagbladet sitta i restauranten på hotell Atlantic og så skinet frå neonlyset dukke i vatnet:

— Jesus verdens lys. Det stråler fra et hustak på den andre siden av Breiavatnet. Tousmak gir mersmak, lyser det fra nabotaket. Er det stadig Stavanger dette? Norsk pietisme i kamp med godt øl?

— Populær og banal problemstilling, seier den unge sosiologen som Skjønsberg får i tale. Norge har bevart mange trekk selv fra før vi ble et industriland, da er det klart at Stavanger forandrer seg ikke til Texas over natta. Her er seige sosiale mønstre som absorberer mer enn vi gjerne tror. (Per Stangeland i intervju med Simen Skjønsberg i Dagbladet 3/4-1985).

Kristenlivet i Suldal har vore prega av kyrkjetro og konsernative haldningar. Det var ikkje berre lett å vera lekmannspredikant den første tida slike kunne reise fritt omkring, skal vi tru bygdehistorikarane.

Likvel blir det meldt om haugianarar på Sand i 1830, og i dei nedre delane av Suldal. Men dei oppførte seg slik at både prest og bygdfolkk hadde stor vørnad for dei.

I 1840-åra kom dei første misjonsforeiningane til, og frametter mot århundreskiftet vart det skipa slike foreiningar i mest alle skulekrinsar. Det var Indremisjonen og Kinamisjonen som vart dei dominante organisasjonane, men begge arbeidde med trygg forankring i Kyrkja.

I dag er det kring 30 misjonsforeiningar i kommunen. Nesten halvparten arbeider for Det norske Misjonsselskap, noen av desse også for Indremisjonen. Norsk Luthersk Mi-

sjonssamband har 7 foreninger i Suldal, og elles arbeider foreningane for Den norske Sjømannsmisjon, Santalmisjonen, Norsk Samemisjon og den Indre Sjømannsmisjon.

Foreningane er nokså jamnt spreidde kring om i bygdene. Dei fleste er kvinneforeiningar. Berre ein einaste forening har ein mannleg leiar. Det er elles langt mellom nye namn i styra til foreningane. Det kan tyde på at rekrutteringa er svak.

Møteaktiviteten er likevel høg, både når det gjeld dei faste møta og når det gjeld møteseriar med tilreisande emmisærar. Til støtte for arbeidet sitt har Indremisjonen eigen distriktssekretær for Indre Ryfylke som er busett på Sand.

Sjølv om ein sit med eit inntrykk av stabilitet og jamn aktivitet i misjonsforeningane er det interessant å merka seg at Indremisjonen nå reiser nytt bedehus på Suldalsosen. I skrå vinkel på kyrkja, og med rauda takstein. I kjellaren driv dei barnehage på kommunal kostnad.

Kyrkja kan i klare tal dokumentera auka oppslutning i Suldal dei siste åra. Og ikkje berre i talet på folk som kjem til kyrkje. Talet på nattverdsgjester har auka med 45% dei 3 siste åra. Og storleiken på offergåver med 82%. Medan kyrkjesøkningen på landsbasis er låg og konstant har han auka sterkt i Suldal. Men det er skilnad på sokna.

Sjølv om innbyggartalet er mest det same er det langt fleire som går til kyrkje i gamle Suldal enn på Sand. I 1984 rekna ein med at det var 3.000 som hadde søkt kyrkja på Sand. I Suldal 5.106.

Og eit enda meir interessant trekk: Medan det på Sand i veldig stor grad er innflyttarane som går til gudsteneste er det nesten motsatt i Suldal. Der er det innflyttarane som kjenner seg utanfor.

På Sand har kyrkjesøkningen støtt vore låg. Såleis må ein tra ut at det er innflyttinga som har vore bakgrunnen for auken i kyrkjesøkningen her.

Men i Suldal er det altså suldølingen sjølv som i større grad enn før søker kyrkja. Og ikkje på grunn av, men trass i mye nytt i kyrkja i denne tida. For kyrkjefolket i Suldal er ikkje blant dei som utan vidare godtek det som biskopar og departement bestemmer.

For 10 år sidan heldt dei på faste plassar og manns- og kvinnedøgda i kyrkja. Det er det blitt mest slutt på. Så har dei fått nye liturgier og ritualer, ny konfirmasjonsteologi, ny drakt til presten, ny bibelomsetjing, nye salmebøker — og nytt orgel.

Og presten sjølv har vore ung og av uvanleg herkomst til prest å vera. Han har spela fotball og hatt ei kone som har levd sitt eige liv og bygt si eiga karriere. I preikene har han stilt provoserande spørsmål og vore søker i abortspørsmålet.

Forventningane til presterolla verken kunne eller ville han fylle. Ryktet gikk føre han om at han skulle vera radikal.

Kanhende fann dei det interessant, suldølingane. Og etterkvart som dei lærte han å kjenne fann dei at han sto trygt planta i teologien likevel. Dei heldt seg i alle fall ikkje borte, verken på grunn av presten eller det han hadde på seg. Dei kom i stadig større flokkar. Men innflyttarane sat heime, isolerte i eit bortgjømt bustadfelt, i mindretal og med andre yrke og andre levemåtar enn kyrkjelyden elles.

Medan kyrkjelivet i Suldal har vore knytt til bonden og hans liv, hadde kyrkjelivet på Sand lenge vore dominert av lærarar, særleg frå den kristelege realskulen til Indremisjonen. Framleis er det eit stykke på veg slik, men dei står ikkje lenger så fjernt frå andre kyrkjesøkarar. Sand er blitt eit funksjonærsamfunn under Ulla-Førre-utbygginga, og funksjonærar kan pleie eit naturleg og utvunge samver med lærarar.

Skilnaden i kyrkjesøkninga kan ein såleis delvis forklare ved hjelp av den sosiale samansettinga av kyrkjelydane og ved historiske årsaker.

Når kyrkjesøkningen på Sand likevel framleis er langt lågare enn i Suldal, betyr det også at desse nyinnflytta funksjonærfamiliane som befolker bustadfeltet ikkje utmerker seg ved spesielt stor kyrkjesøkning. Kyrkja har framleis ein meir naturleg plass i bondekulturen enn i funksjonærkuluren i kommunesenteret.

Eit anna forhold er med på å understreke dette. Inngåing av ekteskap har vore ei bortimot sjølvsagt kyrkjeleg handling. Utetter 80-åra har talet på kyrkjelege vigslar gått ned,


særleg på Sand, og fleire lever i sambuarforhold utan løfte verken til prest eller skrivar. Talet på borgarlege vigslar auka ei stund, men har nå gått tilbake. Dei som kunne vore kandidataar til borgarleg vigsel ser nå ut til å velja sambuarforma.

Korleis ekteskapsmoralen er når ein først er gift er det uråd å få brukande data for. Tala på skilsmisser er så lågt at det er uråd å finna noen trend i dei. Det er tale om 1 til 2 tilfelle i året. Talet på dei som kjem til mekling hos presten eller meklingsmannen ligg på 3—4 i året, men heller ikkje her er det noen trend.

Skal ein våge seg på noen konklusjon må den vera at dei som har lova øvrigheta å halde i lag, stort sett gjer det. Korleis dei har det dei som berre har gitt lovnaden til kvarandre veit vi ikkje, men noe sterkt inntrykk av hyppige parsikte og lettføt omgang med ektefellen eller sambuaren til nesten sit ein ikkje att med.

Trass i ei rekke forandringar i liturgien, salmane og presterolla gikk kyrkja styrka ut av anleggstida.

Foto: Suldalsposten.



Etter 1980 har det og vore ein auke i talet på ungar som ikkje blir døypte, men samla sett er dei få. Dei utgjer berre 5–10% av årskulla.

Konfirmasjonen er det så å seia ingen som unndreg seg. Her kan nok endringar i opplegget og ha vore med på å imøtegå eventuelle tendensar til minkande interesse for konfirmasjonen. Dessutan er det små forhold med stort press på den enkelte, og tradisjonar kring konfirmasjonen står sterkt.

Dette står i ein viss motsetning til det som elles skjer med ungdomskulturen. Gode vegar, raske bilar og lette motorsyklar gjer at ungdomen i mye større grad har utveg til å utvikla ein felles ungdomskultur. Om kveldane samlast dei i Gata på Sand rundt ein materiell og andeleg kultur som fjernar seg meir og meir frå bygda og som har meir og meir sams med ungdomskulturen i større sentra.

I denne røyndommen fann skulestyret det formålstelege å gjera dans i skulen til eit tema for breie drøftingar, eller som formannen i skulestyret sa det:

— Ei slik sak ville berøre så mange og engasjere så sterkt at det var rett å få ein brei debatt der alle sider av saka kom fram.

Kristeleg folkeparti meinte skulestyret skulle ta eit klart standpunkt mot dans i skulen.

— Ved å la samarbeidsutvala ta avgjerdene om utleige av skulerom, vil skulestyret berre skyva problema og ansvaret frå seg. (Stavanger Aftenblad 20/2-1975).

Ein av dei største sosiale hendingane i tilknytning til kyrkja er gravferdene. Da møter dei opp både dei nærmaste og dei meir perifere. Kjente ein den avdøde godt går ein sjølv i gravferda, kjem det vanskar i vegen eller kjennskapet var mindre nært, prøver ein i det minste å la familien vera representert.

Kyrkja er ofte full i gravferder, og etterpå er det samkomme med mat og minneord på samfunnshuset eller hotellet.

Gravferda er ei understrekning og ei sannkjenning av fellesskap og nærliek der den kristne bodskapen står sterkt, men der også meir kyrkjeframande medlemmer av lokal-samfunnet deltek.

Her står innflyttarane utanfor. Dei kjenner ikkje dei som dør, dei er ikkje nabo med familien til avdøde og dei er usikker på kven som bør møte opp i ei gravferd når ein ikkje står avdøde nær. Dei er ikkje av same folket.

Å VERA AV SAME FOLKET

Ved sidan av nytestamentet er gards- og ættesoga den mest lesne boka i Suldal. Boka kom ut i 1972, vart utseld, og blir trykt i nytt opplag i 1985. På Sand har ein ikkje noen gards- og ættesoge, men ein har «sladrå», mammutverket over Norges Bebyggelse, som kom ut i 1958/59.

Gards- og ættesoga gir nyttig allmennkunnskap såvel som spesialkunnskap i påkomne tilfelle. Slekskunne er ikkje berre eit middel, men eit mål av særleg verdi i seg sjølv, og kan gi grunnlag for innhaldsrike samtalar og ubundne samver.

Bygdeboka er ein katalog over dei som hører bygda til og har arveretten til ho. Det gir tryggleik og sjølvmedvet å ha slekta si der, enda om ho kjem på høgt nummer langt bak biletet av Garden og listene over kjernetroppane i bygdesamfunnet. Dei som har røter attende til Diplomatarium Norvegicum og brukte vasskrafta til å mala brødmjølet sitt på lenge før jordvidda tok til å bli ein knapphetsressurs i sjølvbergingsøkonomien.

Så lenge odelslova berre galdt for gutter var dette ein ujennomtrengeleg barriere av gode slektsnamn. Dei innflyttarane som kunne integrerast i folket var jenter utanfrå, men dei skifte namn straks dei gifta seg.

Nå tek det til å bli verre. Både odelslova og namnelova er endra, og gutter og jenter frå kvar sin store kategori av innbyggjarar finn godhug i einannan. Vi kan risikere avkom med namn fjernt frå gards- og ættesoga, og har gjort det, utan at det høver å demonstrere kultukollisjonen her. Og om den som ber namnet kan ein ingenting vita om han driv gard, er lærar, entreprenør eller mekanikar på «bilane».

For å styrke slektsbanda blir det skipa til stemne. Ein kjem saman, 150 etterkomrarar, ofte etter både mann

og koner, og les dikt og held talar, eller berre talar saman.

Formålet er å bli kjent med einannan, fortida og røtene.

— Det er godt å kunna sjå attende, leita etter minner, finna røter til ein fredeleg stad, til ei fredeleg tid. Minna har me og banda finn me. (Arne Aarhus i Suldalsposten 9/7 1980).

På garden lever framleis tre generasjonar i lukkeleg flesskap, og heller ikkje hos andre innfødde er det langt etter besta eller endatil mor hennar med.

Innflyttaren bur 500 kilometer frå opphavet. Det blir til ein biltur eller to i året med sjuke ungar i baksetet, og dei gamle kvir seg for å ta turen over det lunefulle fjellet.

Hos innflyttaren er det kjernefamilien som er arenaen for utvikling av tradisjonar og løysing av praktiske problem, t.d. om korleis ein skal greie å ordne med barnepass når også mor vil eller må ut i arbeidslivet.

Såleis var det ikkje til å undre seg over at ulike syn kom til å stå mot einannan i spørsmålet om opprettning av barnehagar i kommunen, slik vi har sett tidlegare.

Spørsmålet om kva livssyn som skulle ligge til grunn for drifta av barnehagane vekte mindre debatt. Da det vart innført kristen formålsparagraf kom det berre til spreidde motforestillingar. Meir debatt vart det om kven som skulle drive barnehagane.

I kommunestyret var det sterke krefter som ønskte private barnehagar for fritt å kunne søke etter livssynsmedarbeidarar som forskulelærarar. Da lokalavisa kalte dette for misjonsbarnehagar og gikk mot å gjera barnehagane til det ho kalla ei misjonsmark, kom det til ein debatt om barn, politikk og kristendom som strekte seg over tre månader sommaren 1979.

Ein uttalesak kan ytterlegare bidra til å kaste lys over holdningane til familien og livssynet.

Eit utkast til «Lov om oppvekstmiljøet» var sendt kommunane i 1978. Lovutkastet var utarbeidd av eit ungdomsutval som m.a. hadde hatt kontakt med Suldalsprosjektet og skulesjefen i Suldal.

Kulturstyret såg svært positivt på lovutkastet, og skulesjefen meinte det var «ei av dei aller viktigaste sakene som det vert arbeidd med i vår tid». Skulesjefen peika til og med

på at den filosofien som låg bak framleggget var at familien og nærmiljøet måtte styrkast.

Det hjalp ikkje. Fleirtalet i formannskapet såg inga trong for noen eigen lov om oppvekstmiljøet. Da saka kom til kommunestyret gikk eit flertal av representantane frå Kristeleg folkeparti, Senterpartiet, Høgre og Samlingslista inn for eit nølande ja til lovutkastet, men på vilkår av at oppvekstmiljøet fekk ein kristen formålsparagraf og at dei frivillige organisasjonane fekk lovfesta stønad til sitt arbeid.

— Heimen er den grunnvollen heile samfunnet er bygd opp på. Sviktar det her får det følgjer for alle. Difor vil eg med stor overtyding koma med ei bibelsk formaning i dag: Slå vakt om heimen og ekteskapet! Det er ei Guds velsigning vi ikkje har råd til å missa. (S. S. i Suldalskjelda nr. 8/85).

Slik ordla han seg, soknepresten i Jelsa, i eit temanummer av menighetsbladet, der samliv var hovudsaka.

I dette bladet er det og gjengitt resultatet av ei spørjeundersøking mellom konfirmantane om deira syn på samliv. Med dei etterhald ein må ta for ei slik enkel undersøkning konkluderer artikkelen med at konfirmantane er temmeleg liberale i syn på sambuarforhold, men likevel slik at synet på ekteskapet som ei god ordning held seg.

Ein må såleis tru at synet på ekteskapet, heimen og slekta som fundament i bygdesamfunnet ikkje har fått noe avgjerande grunnskot, sjølv om mange fleire lever i mindre familielikinsar enn før og det endatil finst meir eller mindre aksepterte sambuarforhold mellom bygdafolket.

Men kva slags følgjer det kan ha fått at mange har færre slektningar rundt seg enn vanleg var veit vi lite om. Det vi veit av spørjeundersøkinga vi har referert frå tidlegare, er at bygdafolket har hyppigare kontakt med familiemedlemmar utanom eigen husstand enn innflyttaren. Når det gjeld kontakt med venner ser ikkje skilnaden ut til å vere så stor, men det er ein tendens til at bygdafolket også har fleire venner og har hyppigare kontakt med dei enn innflyttarane.

Verdien av å ha folket sitt i Suldal synest såleis udiskutabel, sjølv om enkelte gjerne skulle sett at delar av slekta budde lenger vekke. Dei innfødde har eit langt sterkare kontaktnett enn innflyttarane. Det er rimeleg å tru at det har

mye å seia både for trivsel og tryggleik og i alle fall for tilhørighet og eigen identitet.

viseleik og museumssak. Alle saker, og fleire til, saker som har fått ny aktualitet det siste ti-året og som mest utan unntak er knytte til gamle Suldal.

KULTURARVEN

Til nå har denne rapporten frå ein kraftutbyggingskommune brukta flest sider på å fortelja om endringane, og det nye, om innovasjonane og resultata av møtet mellom innflyttarar og dei som budde i bygdene frå før. På dei nærmaste føregåande sidene er det dessutan forsøkt skildra ein del stabiliseraande faktorar, ein del karakteristiske trekk som heldt att for kulturrevolusjonen. Men framleis må ein sitta att med det inntrykket at her ber det berre ein veg. Det går mot bykultur og urbane akter.

I det følgjande skal det rapporterast om noe heilt anna, om det stikk motsett så å seia, om faktorar som dreg i helt motsett lei.

Før vi går laus på det skal vi belemre lesarane med ørlite grann faglitteratur. Slike fenomen som her skal omtala kan delvis sjåast på som revitalisering. Revitalisering kan defineraast slik, på svensk:

— Vid revitalisering i nutiden hämter man einskilda kulturelement från det äldre bondesamhället. De lösrycks emellertid ur sitt tidigare sammanhang och får en ny funktion.

Han som har skrive dette er m.a. opptatt av revitalisering som protest:

— Vid analyserna av mekanismerna bakom revitaliseringprocesserna bör man bl.a. fästa uppmärksamheten vid frågan i vilken utsträckning som desse processer är utslag av mänskors protest mot det moderna samhället, ett uttryck för missnöje med rådande förhållanden. Revitaliseringen kan då sättas in i ett konfliktperspektiv. Den behöver således inte bara ses som uttryck för ett idylliskt tilbakablickande. Processerna blir i stället ett medel att ta avstånd från och bekämpa det man är missnöjd med och inte enbart ett sätt att legitimera den bestående samhällsordningen. (Gustavsson 1982).

Dette kan vera eit spanande utgangspunkt for nærmare gransking av den nyvunne interessa for smørgraut og Suldalsspringar, dialekta og gamle stadnamn, bunader, folke-

SPRÅKET STÅR FAST

La oss ta til med språket, som kanskje var det flest var redde for ved inngangen til den nye tid med innflyttarar og nye tungemål i Gate og grend.

Noen språkleg analyse av sulds- og sandsdialektane ligg det utanfor ramma for dette arbeidet å gi. I det spørsmålet må vi berre vise til meir omfattande analyser som viser at dei fleste dialekta i Ryfylke er på veg mot bymålet, i første rekke Stavanger-målet.

Blant folk på Sand blir denne utviklinga hyppig diskutert. Ein legg merke til endringa, legg merke til at sandsdialekten liknar meir og meir på saudadialekten, at han blir enklare, breiare, at folk tek til å seia kommer i staden for kjem og noen og sånn og at ord som gutadn, fisjen, vasjen og jentadn blir borte.

Enda meir undrar det sandbuene at innflyttarungane, ja enda om dei er fødde på Sand etter at foreldra kom hit, tek så lite etter den lokale dialekten. Det går ungar rundt på Sand, som både er fødde og oppvaksne på staden, som snakkar eit språk så fjernt frå Sand at ein skulletru dei aldri hadde hørt om eit land nord om Sinsen eller vest om Høvik.

Slik er det ikkje i gamle Suldal. Der talar ein det målet ein alltid har gjort. Skilnaden er at ein gjer det med enda større medvet. Det har skjedd ei faktisk og konkret mobilisering kring dialekten som har gjort at den står fast. Endringane er t.d. større i ei utkantbygd som Kvildal enn i dei meir sentrale delane av gamle Suldal, slik folk oppfattar det. Om ein språkgranskare ville komma til same resultat veit vi ikkje.

Medvetet om dialekten er etter måten stor, anten det dreier seg om ottefull registrering av endringane eller det dreier som eit mobiliseringsforsvar for det bestående. Det er likevel skriftspråket det har stått om i den allmenne debatten. Der har ein hatt meir handfaste trugsmål å halde seg til.

Mange av innflyttarane kjente seg meir heime i bokmålet enn i nynorsken. Noen av dei ville ha bokmålsundervisning i skulen. Det fekk dei ikkje.

Noen stor strid vart det ikkje, fordi innflyttarane trekte seg straks dei skjønte at forslaget var upopulært.

Bakgrunnen var det nokså praktiske og konkrete at ungar som hadde gått i bokmålklasser der dei kom frå fekk problem med nynorsken da dei kom til Sand. Og ikkje berre det, mange av lærarane som kom hadde og bokmålsbakgrunn.

Dette blei tatt opp på eit møte på skulen, men da det vart avisskriverier og debatt om saka trekte innflyttarane seg.

— Vi følte vi hadde tråkka i salaten. Og det gikk bra (med ungane) etter ein overgangsperiode. (RFb 1985/20).

Verre var det å gjera noe med NVE sjølv, eller med språket til Ulla-Førre-anlegga. Dei heldt fram med bokmål, ja endatil «stift bokmål», i brev og lysingar.

— Ein har berre ikkje tenkt så langt at det kunne støyta nokon, sa anleggsleiinga, i velvillig nynorskomsetting.

— Her er ikkje snakk om å støyta nokon som helst, svara nynorskingen, kraftutbygginga kjem til å gjera så mangt anndeis her i Suldal. Derfor må ikkje me gje slepp på dei lokale kulturtradisjonar me har. (Stavanger Aftenblad 11/2-1977).

Etter påbod frå generaldirektøren vart det meir nynorsk.

Men det var framleis inga kraft i målstriden. Det var enkeltpersonar, helst ein enkelt, som skreiv enkeltinnlegg til Stavanger Aftenblad. Og framleis kjente innflyttaren seg så sterkt at han kunne skrive harsellerande motinnlegg:

— Vi innflyttere er i ferd med å ødelegge Suldals-dialekten. Personlig er jeg sterkt i tvil om hvordan jeg bør takle denne situasjonen. Skal jeg med min egen skarve dialekt virkelig driste meg til å snakke med disse menneskene med det fine kulturspråket, og dermed kanskje være den direkte årsak til at dette utvannes ved at «fremmede» ord og vendingar sniker seg inn idet? Nei, det er vel tryggest å la være. Her er det nok riktigst å pleie omgang med sine egne. («Innflytter» i Suldalsposten 6/4-1977).

Større breidde vart det i språkdebatten da nærverande rapportør vart redaktør for Suldalsposten, og ein både fekk ein

ny nynorsknormal og eit lokalt debattorgan som kom ut kvar veke.

Debatten om språket i Suldalsposten pågikk bortimot eit år og påkalte etterkvart eit større engasjement enn vanleg er for avisdebattar i Suldalsposten.

Bakgrunnen var dels dårlig språk og uehdig ordvalg, som redaktøren sa seg lei for, dels at redaktøren brukte sideformer som noen og mye og gjøra m.m. i staden for nokon og mykje og gjera, og som redaktøren ikkje beklaga. Han svara tvertimot nokså provoserande at han trudde det ville vera ein styrke for nynorsken om han avspeglia eit breiare dialektgrunnlag enn han hadde gjort.

Med utgangspunkt i dei tre kjerneorda som er nemnte ovanfor vart det reist spørsmål om redaktøren kunne vera ein slags femtekolonist for bokmålet, som eigentleg hadde til hensikt å innføre blandingsmål i Suldal, slik ein hadde det i Sauda og Odda.

Det vart likevel lagt ut redningsplankar for redaktøren, der han kunne karre seg på land ved å vise seg som ein angrande syndar som anten hadde vore ukunnig eller uvillig, men var det språkpolitiske siktemål han hadde, var det små utsikter til våpenkvile.

Men så hende det seg at nett dei språkpolitiske siktemåla fekk støtte. Det var sjølv sagt ei avsporing, men det fekk ei viss tyngde ved at sjølvaste Suldal mållag, på årsmøtet, vedtok ei fråsegn til støtte for rettskrivninga i Suldalsposten. Mållaget meinte at striden ikkje burde stå om hovudformer eller sideformer, men om å velja eit skriftspråk som bygde på dialektane.

Debatten i Suldalsposten vitna om eit visst engasjement kring skriftspråket, og samlinga om nynorsken var sterkt sjølv om strategien var forskjellig. Ulikskapen i måten å drive målsak på kan tilogmed plasserast geografisk gjennom adressa til lesarbrevskrivarane og dei som oppsøkte redaktøren personleg for å setta fram trugsmål om oppseiing av avisar og nekting av eventuelt framtidig medarbeidarskap. Dei som kjempa for kvart ord budde i gamle Suldal, dei som ga uttrykk for å sjå dei lange linene i målstrevet budde på Sand.

Innflyttarane deltok og i debatten, men dei kom aldri til noen slik konklusjon som vi seinare har sett innflyttarane i Sirdal kom til. Der vart det i 1985 kravd avrøysting om skulespråket. Over 70% stemte for nynorsk.

Kanhende var nett Suldalsposten ein faktor som gjorde at det vart stilt få spørsmål ved nynorsken som skriftspråk. Han ga kvar veke informasjon om lokalsamfunnet på nynorsk. Han aktiviserte det kommunale språkvalet overfor folk som elles las og tala eit anna språk. Han var eit repetrande argument mot dei som innerst inne meinte at bokmål høvde betre.

Dessutan har Suldal ein eigen nynorsk litteratur, den skal vi komma tilbake til.

Andre dyrka og vekte interesse for stadnamn i kommunen, og det er nå i gang ei stor innsamling av slike namn.

Interesse for namn førte til ymse reaksjonar både på den nye namnsettinga som kommunen og NVE fann det nødvendig å gjennomføre og på skiltinga av allereide namnsette stader. Ein heil diskusjon vart det t.d. om skrivemåten for bygdanamnet Kvilldal. Om det skulle skrivast med ein eller to l-ar.

Både enkeltpersonar og lag samlar gamle ord og uttrykk. Toppen er når slikt kan settast saman til meiningsfull replikkveksling, som i det dømet Suldal bondekinnelag her gir til beste:

- Det var bra du svinta innom.
 - Koss er det med deg?
 - Å, det går helst den veien høno sparkar.
 - Koss då?
 - Eg er bianne ringe i uføro.
 - Å?
 - Ja, eg er nåke størvan, det var bra du kom hega, i dag er eg litetor ørven.
 - Eg har vondt for å haga, eg sjelar biringt, ja, eg temar såvidt å nela.
 - Å, alt det eg lagga og banda.
 - Nei, nå er det pikkande lite eg balar med.
 - Du, her er visst kaldt og kvegse?
 - Fryse du på lovane?
 - Du har vel fårføtt på deg?
 - Nei, no skal eg swinga han «Lars».
- (L. i Suldalsposten 21/1-1981).

Mot denne dokumenterte interessa for dialektane, det nynorske skriftspråket og stadnamna sto ekspertspråket til mange av innflyttarane. Kraftutbygging går føre seg på eit språk som omtalar både kjente og ukjente fenomen i natur og teknikk på ein måte som set alle andre utanfor

Vi fekk såleis ein nokså stor avstand mellom eit bygda-språk med visse trekk av oppattaking av gamle ord, uttrykk og seiemåtar og eit innflyttarspråk fullt av ekspertord og kraftutbyggingssjargong.

Språket var med på å konstituere gruppene i to temmeleg ulike språksamfunn, men der toleransen og interessa for ekspertspråket og kraftutbyggingssjargongen nok var atskillig større enn for bokmålet.

Gjennom dei mange kommunale sakene som vedrørte kraftutbygginga fann mye av kraftutbyggingsspråket seg veg inn i den kommunale terminologien og stadfesta såleis bildet av sentraladministrasjonen og det kommunale maktapparatet som lakeiar for utbyggingsvesenet. Mot dette sto sualdalsdialekta som eit uorfalska uttrykk for ein utgammal bondekultur og interessene til primærnæringane. Og medan målfolket på Sand lefla med samnorskinteresser sto suldølingane fast på kvar ending.

MUSEUM PÅ KVAR GARD

Om suldølingane er opptatte av språket og namna, er dei ikkje mindre opptatte av dei gamle tinga frå garden og grenda. I kommunen finst det langt større museale samlingar i stabbur og på lemmar enn i offentlege museum. Tanken om gardsmuseet står sterkt og vekker stor interesse hos dei som kjem på besøk.

Over kulturbudsjettet blir det ytt relativt store midlar til museumsdrift og kulturvern, sjølv om ønska om kommunalt engasjement i slike saker er enda mye større enn kulturtvalet kan imøtekamma.

Og i Suldalsposten er stoff om gamletida og ymse kulturminne eit markert innslag anten det dreier seg om gamle bilde, avisutklypp frå århundreskiftet, segn og soge eller lokalhistoriske artiklar om nær og fjern fortid. Som regel er

artiklane lange og bilda store og dertil tidlause i den forstand at dei kan trykkast når som helst. Forutan såleis å vera kjærkome stoff for redaksjonen finn og lesarane hugnad i stoffet.

Det som blir tatt vere på, og som det blir skrive om i lokalavisa, er kjære og trivelege ting og hendingar. Det er den gamle trebrua over Suldalslågen. Den første brua over Lågen. Lågabrua som Pilt-Ola var med og bygge og som folket frå Ulladalen og Hjorteland og Fjellberg brukte når dei skulle til kyrkje på Vinjar, vintersdag med lik på kjelken over heia.

Og det er om Berta i smøret. Om smørlaget i Øvre Suldal. Om bøndene på fjellgardane som framleis kinner smør sjølve og leverer det på handelslaget på Nes der Berta salter og steller det til for sal.

Og det er om jektetrafikken frå Sand og dei gamle skipparane, om motorbåten Kvildal og hesteskissen med turistar til Suldalsosen og hotelltida og kuskane, om skulemuseet på Jelsa med trebenkar og fjørpennar og Finnvik handelsmuseum og bøkring og korgfletting.

Og om Julius Bårdsen som var bokhandlar og målmann, folkehøgskulemann og venstremann. Som samla 100 gamle bilde, laga film om det gamle arbeidslivet, sat i styret til Rogaland Folkemuseum og fekk Imsland til å teikne dei gamle husa på Sand før dei vart rivne.

Ingen stad i Rogaland er det fleire verna hus enn i Suldal. Og da dei skulle laga folkemuseum for Rogaland i Stavanger i 1930-åra før dei først til Suldal for å finne dei første og dei eldste husa som skulle vera med i museet. Men av ymse grunnar vart det ikkje noen utvikling av museet i Stavanger, og etter krigen har museet arbeidd for å ta vare på hus og inventar på sine opphavelege plassar kring om i fylket. Dei fleste husa til museet fann ein i Suldal.

Da kulturmeldingane kom og fylkeskommunen etablerte seg med kulturstyre og kulturplanarbeid, fann ein det formålsteneleg å sjå på Ryfylke som ei høveleg museumseining. Og ein meinte samlingane til Rogaland Folkemuseum i Ryfylke måtte vera eit høveleg utgangspunkt for eit slikt Ryfylkemuseum.

Slik vart det og, sjølv om m.a. styrerepresentantane frå Suldal var blant dei som var skeptiske til omgjeringa av museet og flytting av kontorstaden frå Stavanger til Suldal.

Den store striden kom likevel ikkje til å stå om kontoret skulle vera i Stavanger eller i Suldal, men om det skulle vera på Sand eller i gamle Suldal.

I 1979 hadde museet tatt initiativ til opprettning av eit lokalt museumslag i tilknytning til samlingane i Suldal. Dette meldte seg tidleg inn i debatten om kor regionmuseet burde ha sete. Det burde vera på Kolbeinstveit, bygdetunet 5 km ovanom Suldalsosen, der museet hadde hatt bygningar sidan 1955, og fordi ein der hadde eit aktivt museumslag. Målet var eit nyanlegg på Bjørkeneset, eit beitestykke i gangavstand frå bygdetunet, der statskraftverka hadde brakkeleir, og såleis hadde opparbeidd både veg, vatn og kloakk.

Kolbeinstveit var eit tyngdepunkt i kulturvernet, både ut frå storleiken på husa og dei som hadde budd i dei. Dette var garden som hadde fostra både lensmann, ordførarar, stortingsmenn og framgangsrike forretningsfolk. Og det var i tunet på Kolbeinstveit ein hadde plassert dei husa frå Suldal som hadde vore med på museumsforsøket i Stavanger i 30-åra.

Blant dei sparsame samlingane i institusjonseige, og som var allment tilgjengelege, var samlingane på Kolbeinstveit dei antatt største, og dei låg i ei bygd som hadde kultur som både var granska og omskrive frå alders tid, i alle fall noen generasjoner attende.

Fylkeskulturstyret hadde ikkje sagt noe om kor i Suldal museet skulle ha sitt hovudsete, men ein tok det som sjølv-sagt at det var medvetet om dei samlingane som alt fanst i Suldal, og da særleg på Kolbeinstveit, som var bakgrunnen for vedtaket om flytting til Suldal.

Og det kunne ha gått bra med etableringa på Kolbeinstveit om ein hadde greidd å erverve høveleg tomt før engasjementet i andre delar av Ryfylke og i andre emne hadde gripe om seg for sterkt. Men det greidde ein ikkje. Sjølv om enkelte kasta vrak på jordvernssynt sitt for den gode saks skuld, hjalp det ikkje. Bjørkeneset sto ikkje til å redde for



Kring bygdetunet Kolbeinstveit blir det drive eit aktivt arbeid for å halde liv i minne frå den gamle bondekulturen.

Foto: Jan Møgedal.

museumstanken og andre tomter var lite skikka. Og i mellomtida hadde museet utvida både arbeidsområdet og medlemsstokken slik at Kolbeinstveit ikkje lenger sto fram som det lysande midtpunkt i kulturminnevernet som det retteleg burde vera.

Det var Sand som kom til å peike seg ut som den sentrale og praktiske staden for plassering av fellesfunksjonane for det sterkt desentraliserte Ryfylkemuseet. Her fantest og

lokale som kunne tene som høveleg ramme kring verksemda til museet.

Men sjølv om det såleis er oppstått ei slags semje om hovudlinene i etableringsspørsmålet, blir det framleis ført ein hard, innsiktsfull og resultatrik kamp for bygdatunet Kolbeinstveit.

Akkurat som ein i språkstriden kjempa mot kvar forståing eller ending med kontinentalt opphav, kjempar ein nå mot kvar unødig investeringskrone på strandstaden, ut frå tanken om at kvar krone spart på Sand er ei krone tent i Suldal.

Når Kolbeinstveit kom til å stå så sterkt i suldølingen kulturmedvet hadde det også samanheng med at tunet var ein samlingsstad og eit symbol også for andre enn dei reit museumsinteresserte og museumslaget.

Det årvisse olsokstemnet på Kolbeinstveit vart skipa til av sanitetsforeningen og ungdomslaget og samla svært mange i år da veret var godt. Programmet var lenge i tradisjonell stemnestil med prolog og tale, diktopplesing, song og folke-musikk. Men i 1978 slo ein til med stor mørnstring av husflid og handverk, seinare vart det kyrkjekonsert i tilknyting til stemna og dei siste åra har museumslaget deltatt med dramatiserte tidsbilde frå gamletida. Siste året bondebryllaup med kyrkjebåtar på vatnet og spelemenn, 50 utkleddde aktørar og 700 tilskodarar.

TEKSTENE

Vi har vore inne på at nytestamentet og bygdeboka utgjer kjernelitteraturen til suldølingen. Men det ville vera urett å framstille det som om dette er det einaste han les. Suldølingen har og andre tekster å ty til. Det er noen av dei dette skal handle om, og først om Suldalsposten, lokalavisa.

Hausten og vinteren 1977/78 vart ei interessant tid i Suldalsposten. Redaktøren sa da opp, og det gikk ei heil tid før det vart tilsett noen ny. I denne tida vart bladet redigert av ei nemnd med 4 medlemmar. Dermed fekk vi ein periode da stoffutvalet vart gjort på eit mye breiare grunnlag enn både før og seinare, da det var ein enkelt redaktør og medarbeidaren hans som laga avis.

Redaksjonsnemnda var sett saman av ein lærar, ein studieiar, ein forskar og ei husmor/kontordame. Forskaren vart seinare bytta ut med ein bibliotekar. Dei var alle innflytarar, men med stor respekt og vørnad for lokale former og verdiar. Det er ingen grunn til å tru at dei ønskte å forme Suldalssamfunnet stort annleis enn det var. Snarare tvert i mot. Bladet var i trygge hender.

For alle i nemnda var avisarbeidet eit attåtarbeid. Det ga visse grenser for den journalistiske utfaldinga. Personale

var likevel så ressurssterke og hadde så frie stillingar at dei hadde godt høve til å skrive om det dei ville.

I ettertid ga dei seg sjølv dette ordet som karakteristikk på innsatsen sin:

— Fred er ei det beste, men at man noget vil.

Nemnda ga ut 11 nummer i tida september 1977 til februar 1978. Dette var ei tid da avis kom ut annakvar veke og vart sendt til alle husstandar i kommunen. Tilsaman hadde desse nummera 98 sider i oktavformat. D.v.s. eit par bøker i romsleg format.

Mellom det faste stoffet er kunngjeringar, annonser og meldingar om vedtak i kommunale organ. Dette utgjorde omlag $\frac{1}{3}$ av sidetalet, og vart sett på dagsordenen av andre enn redaksjonsnemnda. Ein del av det øvrige stoffet vart og bestemt av kva som gikk føre seg i kommuneadministrasjonen, men på ingen måte slik at Suldalsposten framtrer som noe meldingsorgan for kommunen.

Hovudopplaga i denne perioden var i stor grad referat frå positive hendingar. Det var om Erfjord skule som var på leirskulen på Foldøy og lærte om den lokale historia, og det var om Erfjord skule som hadde temaveke om fortida.

— Målet vårt er å gje elevane betre kjennskap til vår eigen bakgrunn og fortid. (1/12-1977).

Det var om ein besøksdag på Jelsa Aldersheim, opningsfest på Sand skule og 100-års jubileum i Erfjord kyrkje.

Også elles fekk referatet brei plass, anten det var frå årmøtet i agronomlaget, frå ferieturnen for gamle vegarbeidarar, haustfesten på Rygjatun, opninga av vegen til Hylsfjorden eller frå juletrefesten på Jelsa. Dette var gode og byggande aktivitetar der Suldalsposten kunne gi ekstra innhald til tilstellinga ved å setta ho på trykk.

Leitar ein etter nyhende på framsidene leitar ein stort sett til fänyttes, men dei finst da, nyhenda. Det blir t.d. meldt om Tysdal A/S — «nytt byggefirma etablert på Sand», om Suldal prestegjeld som skal vera med i ei forsøksordning, om nye rutetider for båten til byen og om klasse for allmennfag ved Suldal vidaregåande skule.

I eit par artiklar finn ein og anslag til problematisering av eit tema, som i eit intervju med noen Sands-ungdomar om den nye tid og fritidstilboda, eller i etterlysinga av forslag til tiltak frå ei plannemnd for tiltak for psykisk utviklingshemma. Frå kommunestyret blir det dessutan referert kritikk over sakshandsaminga i ei sak, men elles er ein varsam i omgangen med kontroversielle tema, anten det er fordi ein ikkje får auge på dei, eller fordi ein ikkje ønskjer at slikt skal komma fram.

Mot ei ytre makt står ein friare, og redaksjonsnemnda kjem med friske utfall mot NVE, og følgjer nøyne saks-gangen både i «damsaka» og «Lauvasstølsaka». «Suldalsgeriljaen» blir «født» i denne perioden, med god hjelp av ingeniørar i NVE, og ein av «geriljaleiarane» er med i redaksjonsnemnda.

Men det som er med på å setta sitt preg på Suldalsposten er verken den kritiske journalistikken, dei kvasse lesar- og redaksjonsinnlegga eller dei velmeinte referata. Det er dei stadig tilbakevendande artiklane om korleis det var før. Dei er med i kvart einaste nummer.

Det handlar om husmannsfolk i Brakaskar, eit gammalt tun i Ulladalen, ei segn frå Sand, Njeld Kolbeinstveit — ein bondaristokrat frå Suldal, fantane og dei gamle fantebåtane, hestevandring og kvernkallar og Anna Rød — stølsbudeie i 45 somrar og enda meir. 23 artiklar i alt, med ei viss opphoping i julenummeret og med juleminne som hovudoppslag i første nummeret etter jul.

Men det er ikkje nok med det. Jamsides alle gode minne frå fortida står dei gode songane om bygda og ætta, gamletida og vårliene. «Eg veit meg ein kverv i villaste hei, der hjarta mitt sete i feste». Eit nderleg ønske om å høre til og ikkje miste det umissande som naturen og slekta har forma for ein.

God plass får ellers hagestoffet frå formannen i hagelaget, og i 3—4 av numra er det reportasjar frå handels- og handverksbedrifter. I mest kvart nummer er det dessutan litt sportsstoff. Av kulturstoff elles får bøker mest plass, både i form av eit par bokomtalar og lister over nyinnkomne bøker til folkebiblioteket.

Det var ein avisperiode som lite avspeglia eit samfunn i endring. Utanom eit par delspørsmål i utbyggingsplanane for Ulla-Førre og ein viss diskusjon om sjukeheimsutbygginga, var det mest å gle seg over og å minnast. Det var eit samfunn der skule og arbeidsliv, frivillige organisasjonar og diktatar sto saman med ryggen mot framtida og sansene vende bakover til vern om det som betydde noe.

Stavanger Aftenblad hadde i same periode snautt 100 artiklar frå Suldal, notistar unntatt. Dei ville fylt omlag 35 sider i Suldalsposten.

Mange av artiklane bygger på saker som er oppe til hand-saming i kommunale organ eller som er knytte til kraftutbygginga. Aftenbladet gjer meir ut av desse sakene, både ved å gi fyldigare referat og ved å følgje dei opp, enn det Suldalsposten gjer. Men det er ikkje så interessant i vår samanheng. Det som for oss er interessant er å sjå kva Aftenbladet elles fann verd å skrive om frå Suldal i denne perioden.

Dei la m.a. mye arbeid i ei kartlegging og ei problematisering av økonomien til Suldal kommune som ein utbyggings-kommune.

Dei laga til dels store reportasjar om vegproblema i Brå-tveit, Hylsfjorden og på Ropeidhalvøya, om helsetunet på Sand, båtsambandet på Suldalsvatnet, pukkverket i Hylen og nyopninga av Lindum.

Dei ga initiativet til å danne ein interesseorganisasjon for vasskraftkommunar brei omtale, dei la stor vekt på og skreiv med god innsikt om ordførarskiftet og dei tok opp spørsmålet om framtida for Sand Meieri og konflikten om nattarbeid på Ulla-Førre.

På dei fleste områda er det uråd å samanlikne Suldalsposten og Stavanger Aftenblad. Men den røyndomen som avisene har å halde seg til er den same, og kjeldene enda lettare tilgjengelege for Suldalsposten enn for Aftenbladet. Den skilnaden i verkeleghetsoppfatning som val av emne avspeglar bør såleis denne samanlikninga vera gyldig for, med den avgrensinga som gjeld for ei mellombles redaksjonsnemnd med mange jarn i elden.

Verkelegheta var ei verd utan arbeidskonfliktar og tilpasningsproblem, utan innflyttarplage, pengesut og eit

makta glad byråkrati, utan mangel på bustadstomter, gang- og sykkelstier, industriareal og planar for betre kommunikasjoner. Det var ei verd der tida sto stille og fortida og naturkjensla overdøyvde all støy frå nåtida. Det var eit harmonisk samfunn med blømande hagar og angande hei, som også Aftenbladet hyllar:

— Suldølene har i så måte vore eit føredøme for rogalendingar. Ei ferd langs vegen er i uvanleg grad ei reise gjennom tidbolkar og livsformer, der suldølene med sikker hand har tatt vare på gode og typiske miljø som Kolbeinstveittunet, Røynevarden og D/S Suldal som museale innslag i ei bygd med så storslegne naturkvalitetar. Men utanom museumsanlegga er det framleis slik at gard og grunn fleire stader ber preg av respekt for det nedarvde i bø og bakke, hus og hage også der folket lever og jord- og skogbruk blømer. (Stavanger Aftenblad 26/10-1985).

Mot denne vurderinga av stoffutvalet i Suldalsposten bør ein sjølvsagt setta opp spørsmålet om kor medvete stoffutvalget eigentleg var. Og svaret på det er at det ikkje var særleg medvete. Ein tok det som kom og fylte avisene med. Og det som kom var mye historisk stoff.

Noen val måtte redaksjonsnemnda likevel gjera, og da valde dei det byggande og positive, det nære og kjære, det som ga tryggleik og tilknytning, det som skulle gjera suldølingane til eitt folk anten dei var komne saman p.g.a. komunesamanslåing eller kraftutbygging.

Men Suldalsposten er berre toppen av det tekstu-tilfanget som finst i og frå Suldal. Her finst atskillige tekster også mellom stive og halvstive permar.

Det vil føre langt utanfor både ramme og kompetanse å gi seg til med noen analyse av alt dette. Tilsaman dreier det seg om godt over 30 bøker og diktsamlingar og eit ukjent tal avis- og tidsskriftartiklar. Men vi skai sjå litt på kva innhaldet i denne litteraturen er.

I 1981 kom det flere bøker med emne frå Suldal. Tor Sylte, utanriksredaktør i VG, skreiv ei bok han kalla Laksen og Lågen, om Suldalslågen gjennom 1000 år.

Arnvid Lillehammer, førstekonservator ved Arkeologisk museum i Stavanger, ga ut ein dokumentarroman kalla Paa en vilsom sti.

Og så kom vinnarbinda frå minneoppgåva for eldra, kalla Bygd og by i nær framtid, der Sigrud Sandvik var ein av prisvinnarane og fylte 150 sider i det eine bindet med si forteljing. Også i den første minneoppgåva, som vart publisert i serien I manns minne, var fleire forteljingar frå Suldal.

Det største løftet i 1981 var likevel kultursogene for Jelsa og gamle Suldal. Dei var skrivne av dei da pensjonerte Ola Foldøy og Hallvard M. Hoftun. Dei hadde tidlegare gitt ut gards- og ættesogene for dei same bygdene.

Felles for alle desse forfattarane var at dei hadde slektstilknytting til Suldal, og at bøkene heilt eller delvis var skrivne i Suldal.

Noen år tidlegare hadde fylkeskonservatoren i Rogaland skrive jubileumssoga for Sand Sparebank og vi hadde fått bildeverket Ryfylke — Folk og natur, der suldalsbygdene var rikt representert.

Etter at Ryfylkemuseet var etablert i 1981 tok det til å komma publikasjonar også derifrå med emne frå Suldal. I 1984 ga museet m.a. ut bildeboka Folk og hus i Suldal, og same året tok ein til å gi ut tidsskriftet Folk i Ryfylke, der det jamnt har vore artiklar og i 1985 eit heilt temanummer frå Suldal.

Frå tidlegare tider er Rasmus Løland den mest kjente forfattaren frå distriktet. Han er særleg kjent for barneforteljingane sine, som m.a. fekk plass i ein del lesebøker for folkeskulen, men han hadde ein stor produksjon også elles på dei få åra han fekk samle seg om forfattarskapen sin før han døydde i 1907, 46 år gammal. Sjølv om det såleis er lenge sidan han levde har minnet om han blitt halde levande både gjennom den eigenverdien ein del av produksjonen hans hadde og fordi han vart heidra med reising av ein bautastein på Sand i 1911.

Kjente og kjære dikt og songar lever og vidare etter Theodor Halvorsen (1867-1938) og Gabriel Bakka (1889-1971).

Meir gløymt er bygdediktaren Lars Klungtveit frå Jelsa, som ga ut fleire bygderomanar i 1940- og byrjinga av 1950-åra. Og Jens Kristian Selmer, prestesonen som ga ut bygderomanen I ly av Vinjenuten i 1936, er det få som hugsar. Romanen er bygd opp av nokså ordinære element i slike

type bøker, men namnebruken og ein del av den scenen handlingane går føre seg på, ligg mange stader svært nær ein historisk røyndom.

Både Rasmus Løland, som alt er nemnt, og Jon Moe har nådd ein lesarkrins langt ut over den lokale. Om Jon Moe uttalar professor Bjarte Birkeland seg så uforbeholden:

— Etter mi meinung er Jon Moe ein av våre beste pennar i dag. Han har eit uvanleg uttrykksfullt mål og ei stillevne som sluttar seg til det beste i nynorsk prosa og norsk forteljekunst i det heile, samstundes som stilten syner hans eigen profil. (I Løypestreng og andre strenger, Dreyer Bok 1977).

Og det var populære bøker. Løypestreng og andre strenger med små forteljingar, stubbar og viser frå Suldal og Ryfylke, Pilt-Ola, om Ole Olsen Songsand frå Lysefjorden som drog ut i verda og prøvde alt. Han bygde endatil bru over Suldalslågen, den første ein veit om. Og Til fjells med Kossi. Kossi var ei ku som Jon Moe drog med på hytteferie ein sommar for at ungane skulle få frisk mjølk.

Dessutan var det bøker på stort format med moderne layout.

Bøkene til Johan Veka har meir beskjedent format, og få av dei har stift omslag. Veka er likevel hovdingen, folkeopplysaren, læraren, kåsøren og lokalhistorikaren framfor alle. I 1984 fekk han den første kulturprisen Suldal kommune delte ut. Tidlegare hadde han fått kulturprisane til Rogaland Fylkeskommune og Stavanger Aftenblad og Kongens Fortenestemedalje i gull. Vi skal prøve å trenge litt djupare ned i denne forfattarskapen.

Johan Veka var født på Sand i 1896, han tok lærarskulen i Kristiansand i 1919 og etter noen år som lærar ymse stader kom han til Bråteit i Suldal der han sidan vart buande.

— Han vart tidleg oppglødd for ymse merkesaker innan den nasjonale rørska. Målsak, avhaldssak og frilynd ungdomsarbeid har hatt ein varm talsmann i han, heiter det ein stad. (Stavanger Aftenblad 22/3-1956).

Han tok og på seg kommunale oppgåver, og var ei tid sterkt engasjert i lokalpolitikken som heradsstyrerrepresentant for Kristeleg Folkeparti.

Alt i 1920-åra tok han til å publisere artiklar om Suldal, og det har sidan gått ein ufatteleg straum av artiklar frå huset i Bråteit til aviser og tidsskrift, både lokale og nasjonale. Svært mye av stoffet har han dessutan framført munnleg, som kåserier i allslags lag og i kringkastinga.

Den første boka gav han ut i 1943, den siste i 1981. Til saman eit ti-tal titlar.

Noe av det første han publiserte for ein større lesarkrins var ein artikkel om Suldal i «For bygd og by». Dette var eit nynorsk familieblad som kom ut i åra 1912—1932. Kjente namn som Arne Falk, Huldra Garborg, Klara Semb og Severin Eskeland var knytt til bladet. I ettertid blir bladet vurdert som eit tiltak for å konsolidere og markere ein landsmålskultur som uttrykk for ein reaksjon på den generelle samfunnsutviklinga. (Nyrnes 1985).

Artikkelen til Johan Veka føyer seg truleg godt inn i det bildet ein ønskte å formidle om det (ny)norske folket og den (ny)norske kulturen.

— Folket i Suldal er friskt og sterkt. Og humørfyldt, siterer Veka. Gamle seder og skikkar held dei trutt paa. Og maalet er reint og fritt for knot, visseleg det beste bygdemaal i Rogaland.

Så skriv han om stolsdrifta og geitosten, ungdomslaga og museumstanken. Han er uroa over at folketalet går ned, at folk reiser til Amerika eller til byen eller til anlegga i Sauda. Det trengst veg om Suldal skal overleva.

Og med det har han sagt mye av det han seinare kom til å vera opptatt av. Av røtene og tradisjonane, av ei framtid for Suldal, men utan dei store kulturelle kostnadene som eit raskt omskifte kunne føre med seg.

Da han i 1970-åra sat og såg Suldalsvegen brøyte seg fram på andre sida av vatnet, såg han mon i framsteget for dei øvre bygdene, men han såg og minna om dei mange små husmannsplassane i traseen langs vatnet som vart sprengt like lukt i gløymeboka.

Han var redd for å miste fotfestet, både for seg sjølv og sambygdingane sine. Og det er det han seinare prøver å hjelpe dei med, sambygdingane, å unngå å miste fotfeste. Og han lukkast godt.

Boka som kom i 1943 heitte «Liv og lagnad i Suldal». Det var ei bok med småstykke samla i 4 hovudbolkar: På gamle tufter, Liv og vyrke, Livet til fjells og I godt lag.

Det er lokalhistoria som er hovudtemaet. Og scenen er den gamle garden og husmannsplassane, fjellvegane og stølen. Og så er det tatt med eit par gamle viser og noen segner og hermer «på bygdemål».

Tida strekker seg frå hedenom til manns minne, mest frå det siste, men til skilnad frå mange lokalhistorikarar gav Veka også fram stoff frå 1600- og 1700-talet.

Johan Veka skriv med stutte setningar. Og med mange bindeord. Både setningsstrukturen og ordbruken ligg nær dialekten. Dessutan diktar han menneske inn i det dokumentariske stoffet på ein måte som gjer det levande og lett tilgjengeleg.

Denne forma utviklar han vidare seinare. Og i ei rad små bøker som kom i 1970-åra stig gamletida fram frå skulebenkar og fjellvegar, gjestgjevarstader og kydestuvar.

I 1975 i «På minneveg i Ryfylke». På mange måtar lik «Liv og lagnad». Også denne gongen med små forteljingar, 21 i alt, samla i 4 bolkar: Stader og folk, Embetsfolk og andre, Sed, skikk og lynne og Dei sæle minni.

Både denne boka og dei seinare bøkene er tynne. Mellom 60 og 100 sider. Bøker skulle ikkje vera tjukkare meinte han. Folk las ikkje tjukke bøker. Og ikkje var det sikkert ein fekk sagt så mye meir om ein brukte fleire ord og lengre setningar heller.

Siste stykket i denne boka heiter: «Dei sæle minni som mest vart gløymde».

— I minna finn me noko av det den danske bokmannen Jørgen Bukdahl kaller «Det skjulte Norge», skriv Veka her. Der er verdiar me ikkje kan rekne i kroner og øre. Eller ta med i indeksreguleringa.

Pengar og materielle verdiar er ikkje alt, meiner han. Det store jaget kostar stundom meir enn det gir. Og han seier det på ein måte så folk nikkar og tykkjer det er sant. Elevane har respekt for Læraren.

Så kom skildringa av gjestgjevarstadene i Ryfylke i 1977,

fjellvegane i 1979 og ei bok med tema frå skulesoga i 1980.

Men før denne raptusen med temabøker frå Ryfylke hadde han skrive eit par bygdebøker. Han hadde dessutan gitt ut boka «Glytt frå kristenlivet i Rogaland» og arbeidd med ei ættesoge. Da Sand kommune var 100 år i 1958 vart han beden om å skrive ei bygdesoge for Sand. Den vart på 120 sider og tek for seg dei ulike saksområda til heradet på tradisjonell bygdebokvis.

Til 85-årsdagen kom den første og einaste boka med fri diktning. Diktsamlinga «Eg ser, eg minnest». Og det var ikkje berre dikt. Det var viser. Dei kom på kassett, og blir spela i lokalene, NRK-Rogaland.

Og her står Suldalssongen, eit hyldningsdikt til fjella og dalane, til soga og fedrene.

— Dei streva dei gamle, og strev er her enn.
Og vand er ho jorda å vinne.
Men arbeid og hugnad det ráder i grend.
Og gjestmilde allstødt du finne.
Og fedrenemålet og fedrenesed,
det ervdest og odlast frå led og til led
— og rotfest vart ordlag og tale.

— Det er no eit lite mirakel og, skriv Jon Moe om Veka. Ikkje har han trøytna på ferda og aldri har nokon vorte lei av å lesa og lya. Så lenge har han vore den han er imellom oss at han har vorte som ein institusjon, ein farbror for folket. Eg veit inga onnor forkláring på fenomenet enn at Johan Veka, han går med ei glo i seg.

Enda lenger bak i tida enn namngjetne diktarar og ei nyvolen lokalavis, ligg eit teksttilfang som enda sterkare grad knyter Suldølingen til ein kultur attom dagen i dag. Og det er folkediktinga.

— Suldal må vel vera den byga i Rogaland som har hatt det rikaste tilfanget av folkediktning, jamvel om påverknaden frå Setesdal og Telemark i mange høve er lett å påvisa. (Hellemo 1985).

Men samkvemet med og påverknaden frå Setesdal og Telemark er ikkje med og reduserer verdien av folkediktinga i Suldal. Tvertimot. Det syner at Suldal hadde del i ein kultur som nok sto sterkare lenger aust, men som mest ikkje fan-

test lenger vest. I Suldal, som ein av dei få stadene i denne delen av landet, kunne folkeminnegranskjarane og folkevisesamlarane finne materiale. Og her for Richard Steffen i 1890. Etter han kom Rikard Berge, som var den som samla det meste av stoffet som var å finne i Suldal. Men han gir sjølv heiderleg omtale av arbeida til Aamund Salveson, Torkjell Mauland, Rasmus Løland, Olav Sand og Th. S. Haukenæs som alle hadde samla tilfang frå Suldal.

Da Rikard Berge skulte i Suldal var det ikkje lenger råd å finne spor etter den eigentlege folkevisa. Men den måtte ha funnest, meinte Berge. Stev finn han derimot ein del døme på og noen bygdeviser. Den best kjente av desse er Vågvisa, som vart dikta til eit storbryllaup i 1799, mellom dottera i Våge og jordaguten på Kolbeinstveit. (Berge 1928).

Suldal plasserer seg såleis mellom dei bygdene som har ei dokumentet folkedikting. På sør-vestlandet er det jamngodt med å høre til dei store dal-kulturane på austlandet.

Frå den folkelege diktinga hundreår attende i soga og til nålevande forfattarar har suldølingane hatt ein litteratur å støtte seg til som har teikna ned kulturen og halde fast på han, som har verdsett det særmerkte og halde fram det verdfulle.

Suldal er eventyrlandet med både natur og kultur. Og det interessante er at givnaden for folkeleg diktning også ser ut til å halde fram i moderne former. Det er i Suldal ein også har greidd å lage revy. Det har gått därlegare på Sand.

FORTIDA I LEVANDE TRADISJON

Eit kraftsenter i dyrkinga av fortida har Suldal Ungdomslag vore, først og fremst, og mest merkande, gjennom revyane, som i nostalgiske nummer har synt nåtida kva som har gåttapt.

Det tok til med syngjespelet om Suldalsporten, ferga som vart arbeidslaus da vegen langs Suldalsvatnet var ferdig i 1978. Det var ein triveleg og morosam revy, full av kjenslemessig lengt attende til gamletida, men og med eit sjølvironisk blikk på særtrekka ved folk og levemåtar langs skipsleia.

To år etter, da Suldalsvegen var offisielt opna, og det var 60 år sidan arbeidet på han starta, kom revyen «Vei i vellinjo», også denne gongen med vekt på historia og det sangbare, men med glimt av brodd mot såvel kommunalpolitikk som sentralstyring og supermenn i statskraftverka.

Den førebels siste revyen var «De rutlar å går, korsåmer», som vart spela i 1982. Og her var det utviklinga i bygdesamfunnet i den nye tid som var eit noe lausleg tema, men framleis slik at det vart lagt mest vekt på «å få fram smilet og ein god lått hjå tilhøyrarane».

Men her finn ein og mannen med stresskoffert og urban livsstil, mot bonden med ledige tekstiler og sekk på ryggen, byfolk på reportasjetur i bygda og innflyttaren som hjelpelaus kulturvernar. Og ein finn nidvise til Sand:

— Ved fjorden ligg ein klump med hus
me kollar Strandaland,
og dei som bur der har kontor
og planlegg det dei kan.
Sentralanlegg for ditt og datt
og boligfelt i kø.
Forretningsstanden veks og veks
når pengane flyg som snø.

Forutan funksjonærar, planleggarar, sentralistar, vekstprofetar og forretningsfolk fekk kulturøydinga, likesela, stormannsgalskapen og drikkevanane sitt pass påskrive.

— Ja, på Strandaland
der kan alt gå an
der er di like tøysete og rare alle mann.

— Ja, slik er det på Strandaland
slik er det ikkje her.

Ved sidan av revyane og syngespela var bygdakveldane eit berande element i ungdomslagsarbeidet. Ved sidan av eigne aktørar fekk dei underhaldningskrefter utanfrå. Eit høgdepunkt var t.d. bygdakvelden hausten 1976 da Vinje Dansarring vitja Suldal:

— Folkemusikk, kveding og gamaldans i slik harmoni som me vart bydt denne kvelden, ber preg av levande rik bygdekultur. (Suldalsposten 22/10-1976)

På fredagskveldane var det leikøving, som på ungdomslags-

språk betyr dans, song og folkeviseleik, musikk og drøs over den utrøttelege kaffekoppen.

Glansnummeret i denne frilynde utfaldinga av livslyst og levande kultur var Suldalsspringaren som var henta fram or gløyma av Bondeungdomslagsfolk frå Stavanger, og lært vidare til fem personar frå Suldal ungdomslag på kurs i oktober 1976.

Suldalsspringaren var samlenamnet på ei springarform, som med små variasjonar kvervane i mellom, vart dansa i allefall i bygdene i Øvre Suldal. Det var den einaste opphavlege bygdedansen ein hadde funne spor etter i Rogaland. Rådet for Folkemusikk og Folkedans fekk gjort opptak av noen få par og enkeltpersonar høgt oppe i åra som framleis hadde dansen eller delar av han i levande tradisjon. Yngre folk kunne supplere med munnlege opplysningar om dansen på dei kursa som ungdomslaget skipa til, og det som fanst av kunnskapar om danseforma vart såleis i desse åra tatt opp att til bruk i høvelege samkome.

Trass i desse vitnemåla om vilja til å dyrke den gamle kulturen, mangla vesentlege føresetnader. Det finst verken spelemanns- eller dansarmiljø av tilstrekkeleg storlek i Suldal. Spelemenn og kvedarar må hentast frå Telemark og Setesdal skal det bli til noe. Telemarkskomplekset er såleis utbreidd og tyngande, og det er såleis ikkje til å undre seg over at ungdomslaget samlar fleire deltakarar på busstur til SAS-hotellet og Dag Frøland-revy i Oslo enn til Landskappelik same stad.

Suldal ungdomslag er eit lag med sans for vår tids gleder, men med eit kall frå fortida som forpliktar. Dei leiande kvinner og menn var tilbakeflyttarar med røynsle frå mange slags liv i vestlandske regionsentra og militærtjeneste austpå. Dei var ressurspersonar med vilje og evne og kjærleik til bygda, men med utflyttarens evne til å sjå både fram- og baksida av bygdesamfunnet. Dyrkinga av det beste i bondekulturen var ein presis bruk av kulturen i ei stode der trykket mot bygda var stor og alvorleg. Men barrikadane heldt og er nå ført over i offensivt politisk spel. Gamle Suldal har inntatt sentrale posisjonar i kulturutvalet; og Senterpartiet har laga sin eigen plan for eit desentralisert kulturtildel.

På Sand greidde ein ikkje dette, og ikkje vart det gjort særleg til forsøk heller. Dei dreiv kino, men det er ikkje kultur, og dei dreiv med laurdagsdansar, som heller ikkje påkalte stor interesse frå samfunnsinteressene, og dei heldt haustfest med sketsjar og enkelte revynummer, men forsøka på bygdekeldar og malmøte av meir høgverdig karakter samla ikkje folk.

Og den glimrande ideen med at ein også på Sand burde laga revy, munna ut i ei koseleg vise om trehusa i Gata.

Det som Suldal hadde av identitet og fellesskap var på Sand sprikande interesser og mangel på sjølvmedvet. Revypoenga var mange og lettplukka, men ein mangla både leiarar og tekstskskrivarar, miljø og mål. Tiltaksløysa vart tvert i mot eit poeng for tekstskskrivarane i Suldal:

— Kultur trivst kun i nye hus
er motto nedpå der,
nytt samfunnshus med sus og dus
må til før noko skjer.
Men er det nokon der som gidde
ta eit lita tak.
Nei, æsj og uff, kultur er jo
ei kommunale sak.

I SITT EIGE BILDE

Sjølvbildet av Suldal er eit dalføre med djupt vatn og høge fjell, grøne liar og ville stryk. Kulturlandskapet er forma av ætters slit og henders flid. Att står verbitne kulturminne og får etter folk, og i hugen lever minna om Myllarguten og bryllaupet i Våge, om Gabriel Dynjaren og utegutar og friarferd.

I Suldalskalenderen, ein kalender bygt på fargedias av høg kvalitet, høver bilde av traktorar og plastbåtar därleg inn, og i turistbrosjyrane er det stolane og dei kvite husa på strandstaden, frostrøyken over Lågen og ein gammal robåt i sivet som kjem med.

Frivillige lag og enkeltpersonar kastar seg med stor iver ut i fotoinnsamling og innsamling av gamle stadnamn. Ein går på bunadskurs i vinterkveldane og serverer suldalsbete og smørgraut når retteleg giltid skal vera.

Og i den frilyndte ungdomslagsrørsla tek ein opp att tradisjonar frå ei tid før vekkelsar og fordøming av felespel og alt det ført med seg gjorde bygda til eit samfunn av svart-kledde menneske med bøygd hovud.

— Bilden skapar klarhet och konkretion, skriv Bringeus.

— Men den kan samtidigt vara en grongrund för fantasi och mytbildning. Den kan vara en spegel av en förgången verklighet och en dröm om en kommande, samtidigt som den i nuet kan manipulera oss på de mest skiftande sätt. (Bringeus 1981).

Når folk frå Suldal er på Ryfylkeutstilling kjøper dei biletta og tek dei med heim. Det skiftande landskapet, eit Norge i miniatyr, blir såleis lyfta opp til stovekunst til glede og kvile. Kunstnaren treffer publikum heime, og det oppstår ein dialog som trygger fundamentet lokalsamfunnet er bygt på.

Det var i 1978 at det vart skipa eit felles kunstlag for kommunane Suldal, Hjelmeland og Strand. Namnet på laget er Ryfylke kunstlag og formålet er «å vekkje interesse og kjennskap til kunst og kultur og stimulere desse aktivitetane i nærmiljøet». Altså ei todelt oppgåve som i praksis har ført til ein kombinasjon av utstillinger og foredrag av og om profesjonelle kunstnarar og kurs, samlingar og utstillingar med eigne medlemmar.

Medlemslista var lenge dominert av Hjelmelandsbuar, men det er nå vel 50 medlemmer i laget frå Suldal. Dette utgjer ein snau tredjedel av heile medlemsmassen. I Suldal kommune er dei fleste medlemmane frå Sand.

Laget skipar til fleire utstillingar kvart år. Den mest populære er amatørutstillinga «Ryfylkeutstillinga» som blir vist kvar haust, og som er open for alle med tilknytning til Ryfylke. Dei arbeida som blir sende inn blir utsette for ei mild form for juryering, slik at mönstringa også fungerer som ei viss rettesnor for den kunstneriske utviklinga til amatørane.

Talet på utstilte arbeid har variert frå 74 til over 130, avhengig av vekslande aktivitet og ulike utvalskriterier hos juryen.

Første året vart ein knallstart for Suldal. Ikkje mindre enn 46 arbeid var frå Suldal, innlevert av heile 18 utøvarar. Aldri

sidan har deltakinga vore så stor. På det minste er det berre 3 utstillarar frå Suldal som har vore med, men jamnt over har talet på deltakarar ligge i underkant av 10 og talet på arbeid kring 20.

Dei fleste arbeida på Ryfylkeutstillinga er måleri av typen «Haust», «Fråflytt tun», «Morgon ved Livastølmyrane» og «Ryfylkefjell». Det er dei kjære landskapa, barndomsminna og den forvitnelege naturen som blir pensla ut på store lerret. Sjeldan med folk i, men av og til med hus, helst gamle.

Den nest største gruppa er akvarellar, stort sett med same motivkrinsen som måleria: «Kveld», «Utsikt frå Hovlandsstolen», «Vår» og «Smia». Men her kan ein og finne «Ressurs med ramme», «Reidun», «Akvarell I—IV» og «New York taxi». Den siste ein framand fugl og med eit talent på grensa til det profesjonelle.

Det blir dessutan kvart år levert inn noen teikningar, eit og anna materialbilde og etterkvart fleire og fleire fotografi. Tekstilarbeid, i hovudsak vev, utgjer omlag 10% av arbeida, omlag like mye som trearbeida: Treskrud, dreiddé ting og utskorne ting. Noen få skulpturar, helst små figurar har og vore med, og noen ganske få rosemåla ting.

Utøvarane frå Suldal skil seg ikkje vesentleg ut frå utøvarane frå dei andre kommunane. I den første, store Ryfylkeutstillinga i 1978 deltok folk frå Suldal i alle grupper. I den siste utstillinga var det berre i gruppa for foto dei ikkje var med, men her har suldølingar vore blant dei dominante i fleire år før.

Utøvarane av fotokunsten har ikkje vore så mange. Det er snakk om ein 3—4 personar. Men dei har likevel drive det langt. Forutan å vera med både på Ryfylkeutstillinga og sommarutstillinga til kunstlaget har dei hatt separatutstillingar og seld ein del fotografi. Den største utbreiinga har bilda likevel fått gjennom Suldalskalendaren som til nå (1986) har komme ut i 4 år.

Suldalskalendaren er i stort format og har kvart år 6 fargebilde i kalendariet og ei framside. Kalendaren blir spreidd i etter måten stort opplag både som firmagåver og i laussal.

Av dei 28 bilda i desse kalendarane er 18 henta frå gamle Suldal. Det er der ein har dei beste motiva.

Nå er det klare praktiske årsaker til at det er blitt slik, og at dei ytre bygdene i kommunen mest ikkje er representert. Og noen finteljing av motivvala har heller ingenting for seg. Men eg står fast på konklusjonen i føregåande avsnitt.

Går ein nærmare inn på den røyndomen ein har funne verd å heva opp til kalenderkunst er det ein tre-fire motivgrupper som går att, det er naturen, først og fremst representert ved fotografi frå fjellet og fjorden, kulturminna og jordbruksret.

Det er interessant å merke seg at bilda frå jordbruksret ligg på grensa til å likne bilde av kulturminne, der ein kjerner det som om gummihjulet på hevdakjerra er ein hån mot forfedrene.

Dei menneska ein har funne verdige til å vera sjølvstendige, berande element på to bilde er Kongen og Johan Veka.

På to av dei tre bilda frå Lågen fiskar dei laks.


Suldalskalendaren er ikkje noen sjølvstendig dokumentasjon av Suldal, og har aldri vore meint som det. Men bildeutvalet er til ein viss grad vald ut i samsvar med dei forventningane ein trur folk har til bilde i ein slik kalender. Dermed blir han ein spegel av dei oppfatningane folk har om sitt eige miljø, eller kanskje heller: Vil ha, slik Bringeus var inne på.

Meir skal vi ikkje beskjeftige oss med Suldalskalendaren nå. Vi skal i staden nemne ein tredje bildekategori som suldølingane har kjær. Det er rose målinga.

Denne finn ein først og fremst på eit utal kister og skrin som er spreidde rundt i bygdene, men også på anna inventar og som romprydnad i riktig gamle stover.

Dei beste døma på slik romdekorasjon i Rogaland har ein frå indre Ryfylke, i Lølands-bua frå Løland i Vandvik og Målastova på Håland i Erfjord.

Det som særleg har vore med og halde oppe interessa for denne gamle forma for heimepryd er rose målingslina på den vidaregåande skulen i Suldal, den einaste rose målingslina i sitt slag i landet. Det er særleg telemarksmålaren Knut Hovden som har sett sitt preg på denne lina, men ein har også



Tradisjonelle handverk er framleis ein levande del av næringslivet i kommunen.

Foto: Suldalsposten.

prøvd å halde oppe kunnskapane om den særskilte Ryfylke-målinga.

Det er dyktige rose målarar som går ut frå rose målingslina på Suldal vidaregåande skule, mellom dei beste utøvarane vi har blant rose målarane våre. Såleis held ein oppe eit kvali-



På Suldal vidaregåande skule hadde ein til i 1985 den einaste lina i sitt slag for rose målarar.

Foto: Sulldalsposten.

tetsnivå som ikkje gjer ny rose måling til noe ringare enn det ein presterer før. Og såleis blir heller ikkje skilnaden mellom den tradisjonelle rose målinga frå byrjinga av førre århundret og den nåverande særleg påtrengjande.

Rose måla ting er høgt verdsette prydjenstandar, og

minst like gjeve som krossåkle når dei blir bydde fram på dødsbuauksjonar. Saman med dei måla og fotograferte bilda av naturen og kulturminna utgjer dei ein viktig del av det bildetilfanget suldølingane likar å sjå på.

Ikkje til å undraust da at reaksjonane vart store da trugs-måla om å legge ned rose målingslinja såg ut til å bli røyndom vinteren 1985/86. Noen brei mobilisering fekk ein likevel ikkje, meir ein oppgitt resignasjon. Ikkje eingong Senter-

partiet fann å ville engasjere seg, men så var dei da og med å stemte mot lina i fylkesutvalet.

Noen reiste likevel barrikadar på vegner av suldølingane, og det var suldalskulturens sanne venn, Stavanger Aftenblad, som i toppleieren sin 8. februar 1986 tok til orde for det kulturelle heimevern:

— Det ville vera eit kulturelt tap, ikkje berre for vårt distrikt, men for heile den norske bygdekunsten om denne tradisjonsrike utdannings-retningen skulle verta fjerna frå skuleplanen.

— Det gir ein kulturell bakgrunn og identitet som nok kan leggja botn i mang slag meir moderne kulturelle ytringar og veremåtar.

Det var den tredje leiaren Aftenbladet spanderte på Suldal kommune sidan sommaren. Den første var ein hyllest til restaureringa av Suldalsdampen, den gamle dampbåten på Suldalsvatnet som var 100 år i 1985. Den andre var ein hyllest til den verneverdig rehabiliteringa av gardshus i Suldal, og særleg til det som fekk fortidsforeningens heider i 1985. Og den tredje altså til støtte for rose målinga.

BØNDER AV HJARTE

I statistikken er jordbruksalvorleg svekka som næringsveg og sysselsettingsfaktor i Suldal. Og det kunne det vera grunn til å tru at måtte vera nokså avgjerande for levemåten og kulturlivet i kommunen. Men statistikken tek feil. Han tel berre hovuda og spør ikkje etter kva som er inni dei.

For inni hovudet til suldølingen er det ein bonde anten han har heile eller halve arbeidsdagen sin på garden. Om han så berre har fritida si til å stelle sauene, eller er bror til gardbrukaren, så er han ein bonde.

Skal ein telje bønder i gamle Suldal må ein ikkje spørja kva dei reknar som hovudyrket sitt, men om korleis det går med siloslatten. Svarer dei innsiktfullt og utfyllande på det, og det gjer dei fleste, så er dei bønder både i tanke, ord og gjerning. Om dei tener til levebrødet sitt på anna vis er underordna.

Noe annerleis er det på Sand, der det for det første er

langt færre som lever av å drive jordbruk, og der dei som gjer det held til meir atskilt frå folk med andre yrke enn tilfellet er i Suldal. Den avgjerande skilnaden er likevel at det på strandstaden har levd folk i generasjonar med andre yrke enn i jordbruket, og tildels nokså fjernt frå jordbruket. Forståinga for matauk og verdien av gode beite er nok utbreidd også på Sand, men ein er ikkje like kjenslevar for dei økonomiske og politiske vilkåra til bøndene som ein er i Suldal.

Samleis er det med jakta. Alle veit når omlag ho går føre seg, og kva ho går ut på. Men suldølingen veit presis kva vindretningen er i heia, kor dyra står og kven som har jakt-kort. Og han kjenner fiskevatna og moltemyrrene som sine eigne ekrer og bruker skiturane til å sjå om stølshusa. Han er for å verne naturen mot det meste, men ser oppdyrkning i heia som eit naturleg framhald av hundreårs utnytting av ressursane.

Verneaspektet omfattar dessutan langt meir enn naturen og jorda. Bygda sjølv slik ho er, er eit verneobjekt, og dessutan eigna som utgangspunkt for høglydt markering av eigne verdiar. Meir spesifisert omfattar verneinteressene språket, dei gamle tinga og ymse hus, men slett ikkje alle.

Kulturarven understrekar dei lange linene i tilverket. Det kan gi tryggleik og fotfeste å ha noe å sjå tilbake på. Kan ein så endatil lukkast i å bringe det med seg inn i framtida har ein eit innhald i bagasjen som gir identitet og tilhørighet sjølv i ei omskifteleg tid.

Ein fekk Suldalsprosjektet som støtte i forsvaret for sin eigen kultur. Eit prosjekt som tok parti for dei små bygdene, røtene, garden og nøysemda, i ein lukkeleg symbiose mellom bygde- og sekstiåttarkulturen, og som fekk respons nettopp der. På Sand vart ikkje Suldalsprosjektet noen sukses og i andre etatar enn hos dei som stelte med det nådde tankane aldri inn.

Og ein hadde litteraturen og Suldalesposten og kunsten på si side, med ryggen mot nytida og alle sanser retta bakover. Og storavisa Stavanger Aftenblad som aldri kjem til å gi slipp på det vakre bildet i synsranden mot nord-aust av Suldal som alibi for at også Rogaland har kultur, i eit reservat fri-tatt for oppsøkande journalistikk.

Kyrkja og misjonen har kome styrka ut av eit møte med ei tid og eit folk som ikkje nettopp har fått kristne verdiar knytta til si verksemd.

Og det meste av dette gjorde seg sterkest gjeldande i gamle Suldal. Vel kan vi vise til framandgjering og tilløp til konflikt i møtet mellom innflyttarar og innfødde på Sand. Men i Suldal er det vanskeleg å finne kontaktpunkt, for ikkje å snakke om spor av påverknad, i det heile.

Eg trur dette har to viktige årsaker. Den personlege utrustinga er sterkt hos suldølingane. Dei lever i eit tett sosialt nettverk, der slektingane aldri er langt unna, og dei har nært tilknyting til staden dei kjem frå, dei fleste. Og dei har einarane midt i mellom seg. Dessutan er dei berarar av ein kultur som dei ikkje berre sjølv er klar over verdien av, men som mange har samla materiale omkring, granska og skrive om. Det gir styrke i ei tid da verdier er under press.

For å understreke verdien av den gamle bondekulturen er enkelte ytringar tatt fram og gjort til gjenstand for særleg dyrking i nåtida. I den samanhengen det har skjedd i dette tilfellet kan det vera nærliggande : sjå på ymse tiltak som ein demonstrasjon eller ein protest mot ymse av det nye som har vore tenkt og sett ut i livet frå kontorfløyane på Sand.

Suldølingane har synt ein vitalitet i aktiviseringa av sin eigen kultur som truleg har gripe avgjerande inn i holdningane til mange slags spørsmål som har følgt med eit vasskraftanlegg i verdsklasse, og som har sett grenser for endringsprosessar som kunne gripe forstyrrande inn i den beståande orden i bygdesamfunnet.

Og det er ikkje første gongen det har skjedd. Trugsmåla har vore mange, og suldølingane har tapt dei fleste av sakene dei har stridd mot. Men kampen har dei vunne. Og det har vore det viktigaste.

Med ryggen mot framtida

KULTUREN SOM SPRÅK

I den føregåande har eg, i det kapitlet som blei kalla «ein smelteidgel utan kraft», og som avslutta gjennomgangen av ein del av det nye som er blitt Suldal til del gjennom ti års kraftutbygging, konkludert med at visst er det mye som har forandra seg, men sandbuens fortsatt omlag den same.

Og i det nærmast føregåande kapitlet, som nyss vart avslutta med noen betraktningsar under overskrifta «bønder av hjarte», vart konklusjonen at i gamle Suldal er det ikkje berre det at ein har greidd å halde på sin eigen identitet. Ein har styrka medvetet om sine eigne røter og kven ein er.

Ein del faktorar som kan hjelpe til med å forklare det som har skjedd er drøfta undervegs. Att står, håper eg, eit visst inntrykk av at sjølve kulturmedvetet var høgt utvikla.

NVE og den nye kommuneadministrasjonen tok sete i ein kultur dei ikkje forsto og knapt nok ante at eksisterte. Eller som Jon-Roar Bjørkvold så treffande har uttrykt det, rett nok i ein heilt annan sammanhang:

— Vår virkelighet formes av vår kompetanse. Utenfor våre begreper eksisterer ingen virkelighet. (Bjørkvold 1986)

Men dei møtte eit folk som ikkje berre ante at kultur var noe også det kunne vera berar av, men som evna å setta namn på han, og betre etterkvart.

Kanhende kan ein våge seg til å likne ulike nivå i forståinga av kulturen med ulike nivå i forståinga av språket. I så fall kan vi konstruere ein vertikal figur med tre nivå: På botn prototaks, eit nivå utan særleg formuleringsevne, i midten parataks med evne til formulering av sideordna enkellement, og på toppen syntaks med evne til formulering av samanhengar.

I Suldal kan det vera freistande å peika på at det gikk føre seg ein bruk av kulturen på alle desse nivåa.

På det første nivået hadde ein dageleglivet med sine ytringar i form av språk, handlingar og gjenstandar som inngikk i ei livsform sterke prega av tradisjonell tilpassing enn mange andre stader, men der ein berre i liten grad la vekt på å gi desse ytringane noen ekspresiv form som kunne gjera dei lett tilgjengelege for andre.

Den kulturen vi snakkar om her er ein kultur der begrepet står for dei kunniskapar, verdier og interesser som mennesker i eit samfunn ber med seg (Daun 1974), og det var ein kultur som vart formidla ved hjelp av intersubjektive koder og innafor ein intersubjektiv tillit som storsamfunnet og den nye tid sto utanfor.

For det andre nivået vart kulturstyringar med særleg symbolverdi henta fram frå gamletida og dyrka som ledd både i konstitueringa av den eigne kulturen og som signal til utanverda om kven suldølingen var. Suldølingane hadde kultur, og visste korleis dei skulle vise han fram.

Og så hadde dei litteraturen, som granska og formidla og dramatiserte samanhengane i kulturen, og gjorde han synleg og forståeleg og til eit aktivum i ei vanskeleg tid.

Utanfrå kom storsamfunnet og dets verdiar til å trykke ekstra hardt på ein periode. Det oppsto ein ny situasjon, iscenesatt av andre enn suldølingane sjølve. Men ved å ta kulturen i bruk, også på nivåer som ikkje var lett tilgjengelege for utanforståande, kom suldølingane sjølve i stor grad til å forme situasjonen, og kulturen kom fortsatt til å vera deira eigen.

I sterkest grad gjorde dette seg gjeldande i gamle Suldal.

Sand vart lenge oppfatta som eitt og det same som dei som ønskte utbygging og sentralisering og alt nytt velkommen. Men det er ikkje heilt rett. Også sandbuen reiste seg frå ruinane av ei gate som hadde vore samlingsstad i generasjonar og kravde rom også for sin kultur, men formidla med enda meir utilgjengelege signal.

For å forstå signala betre, må ein vita meir om bakgrunnen for dei.

EIT TILBAKEBLIKK

Kraftutbyggingsdebatten i Suldal kommune kom til å gå føre seg i skuggen av kommunesamanslåinga noen få år tidlegare. Og i diskusjonen om samanslåinga var ikkje kraftutbygginga eit uvesentleg poeng, særleg ikkje fordelinga av inntektene frå kraftutbygginga.

Det var Røldal-Suldal-utbygginga som var aktuell da, men problemstillinga var den same som ved starten av Ulla-Førre-anlegga 8—9 år seinare.

Diskusjonen om kommunesamanslåinga kom i gang i slutten av 50-åra etter forslag om parvis samanslåing av kommunane Sand og Suldal og Jelsa og Erfjord.

Men ingen ville bli slått saman med noen andre. Til nød kunne Sand og Erfjord tenke seg eit hopehav, for dei var bundne saman av Ryfylkevegen og Erfjord kunne slett ikkje tenke seg noen samanslåing med Jelsa.

Det gikk veg til Suldal og, men dei ville ikkje ha noen kommuneadministrasjon på Sand.

I 1962 tok regjeringa opp eit forslag om samanslåing av alle dei fire kommunane til ein.

— Disse 4 kommunene må være forberedt på at en regulering vil bli foretatt, sa statsråd Oskar Skogly på eit møte på Sand i mai 1962.

— Prøv å skille ut de følelsebetonte momenter, slik at vi i departementet kan få et så brukbart grunnlag som mulig når vi skal foreta vår innstilling, sa han.

Det var ikkje lett. Og i gamle Suldal var det ikkje berre kjensler det sto om, men og noe så sentralt som heimanfylgjet.

Frå å vera ein kommune med därleg råd og fråflytting tok ein til å sjå konturane av ein kommune med konsesjonsavgifter, næringsfond og lågare skattetrykk.

Ein fann det urettvist om dette skulle vatnast ut og delast opp, endatil med ein grannekommune ved sjøen som ville greie seg godt okkesom. Da ville det vera betre å tenke på hopehav med Røldal.

— Dei to bygdene kjem til å ha pålag like mykje i heimanfylgje til hopehavet og har elles såpass mykje til felles frå gammalt av at dei skulle passe bra i lag.

Her låg føre både økonomiske og kulturelle grunnar til å gå i mot samanslåing. Og i ei folkeavrøysting synte eit overveldande fleirtal at dei sto saman i kampen mot samanslåing.

I Sand endra haldninga seg frå skepsis til samrøystes tilslutning. I juni 1963 gjorde kommunestyret vedtak om å stø samanslåing av alle fire kommunane. Det ser ut som om det har begynt å demre for sandbuen at Sand kan bli eit skikkeleg sentrum att.

— Sand er godt budd til å bli sentrum for endå fleire enn det nå er, sa ordføraren.

Sand kommunestyre fann det både sjølvsgått og naturleg med ei stor samanslåing.

Og slik vart det. Det hjalp ikkje eingong at kommunalkomiteen fekk både rømmegraut, gome og lefse på synfaringa i Suldal.

Mot 13 stemmer vedtok Stortinget den 13. april 1964 å slå kommunane saman. Motstanden kom frå Senterpartiet. Dei røysta for å halde Jelsa utanfor storkommunen til vegspørsmålet dit var løyst, og delte elles bekymringa til suldølingane for å måtte dele kraftutbyggingspengane sine med andre.

Men rømmegrauten og suldalsbeten hadde ikkje vore alldeles utan verknad. Sentrale talarar, også frå fleirtalet, meinte Suldal burde bli namnet på storkommunen. Namnestriden kom til å bli eit mest like omstridt punkt som sjølve kommunesamanslåinga.

Dei einaste som prøvde å finna fram til eit nytt, felles namn var Erfjordbuen. Dei foreslo Rygjar som namn på

storkommunen, subsidiært støtta dei Sand. Statens namne-konsulentar gikk inn for Jelsa. Men det vart Suldal.

Det er vanskeleg å sjå valet av Suldal som namn på storkommunen som anna enn eit slags plaster på såret for suldølingane. Det var eit kulturpolitiske vedtak som ein vona skulle godtgjera den uretten suldølingane kjente ved å bli innlemma i ein storkommune mot sin vilje.

— Jeg tror meget av det verdifulle i den kommunale tradisjon kan overførast til den nye storkommunen, dersom denne får navnet Suldal, sa saksordsføraren i Stortinget.

Og suldølingane let seg ikkje be to gonger. Dei stemte inn 17 av sine eigne i det nye kommunestyret, og fekk dermed fleirtalet. Sand fekk 6, Erfjord 6 og Jelsa 4. Det skapte ikkje det beste samarbeidsklimaet ein kunne tenkt seg i ein kommune som sto føre mange og store og vanskelege oppgåver. Ved dei følgjande vala kom det motreaksjonar og framleis tel distriktsrepresentasjonen frå dei ulike gamle kommunane mye ved kommunevala.

I den praktiske politikken vart det strid om gamleheimar og vegar, skular og kommunal service, og det var ikkje noen samkjørt kommune som møtte kraftutbygginga i 70-åra.

Men medvetet om eigne fortrinn vart aktivisert gjennom samlingsprosessen, kanskje enda sterkare hos dei som måtte inng: eit ekteskap dei ikkje ønskte, enn hos dei som fekk eit vedtak som dei tykte peika i riktig retning.

Heilt sidan krigen hadde folketaket minka i desse bygdene, mest i dei ytre bygdene, minst på Sand der ein stort sett greidde halde folketaket oppe. Men kjøpmennene på Sand var avhengige av eit større publikum enn dei som nå budde på staden og dei såg derfor positivt på tiltak som kunne styrke Sand som sentrum. Langtidstrenden var dessutan skremmande. Frå århundreskiftet og fram til 1960 hadde folketaket minka med nesten 30%, og prognosane viste ytterlegare tilbakegang. For dei som skulle leva av handel og service var det maktpåliggande å snu tendensen.

Bondene i Suldal og handelsstanden på Sand hadde såleis eit heilt ulikt utgangspunkt for si haldning til kommunesamanslutninga og seinare samarbeid.

For arbeidsfolk, anten dei budde i Suldal eller på Sand var det ikkje så om å gjera korleis det gikk, og ein ser heller ikkje noe særleg engasjement blant arbeidarlag i samanslåingsdebatten før det vart klart kor vegen bar, men da slo dei til med sterkt engasjement for storkommunen.

Under mottoet: «Vi satser for storkommunen» samlast dei til festmøte om framtida, dei slo seg saman til eitt arbeidarlag, det var optimismen og god stemning og planar om samlingsstemne på Lovraeidet i juni 1965.

For arbeidsfolket tykte ikkje dei hadde så mye å takke verken den eine eller den andre kommunen for, og etter at dei midt i 30-åra hadde skipa arbeidarlag og fått inn dei første representantane i kommunestyre sto dei i mange saker fram som meir interkommunale enn mange andre.


Kleng Vårvik, arbeidarpartirepresentant i gamle Suldal kommunestyre, kunne endatil tillate seg å meine at Sand var greie å ha med å gjera, da dei diskuterte kjøp av straum frå Sand. Men mange var skeptiske og såg på straumkjøp frå Sand omlag som Reagan såg på oljekjøp frå Russland. Litt stakk det vel og at dei ikkje hadde eige elverk, medan Sand hadde hatt det i nære på 40 år.

Denne sjølvmedvetne haldninga og etterhaldet overfor utanverda synte seg og ved frigjeringa i 1905. Da røysta nesten halvparten av suldølingane for republikk, medan grannebygdene og resten av amtet med stort fleirtal røysta for prins Carl og kongedømme.

Forklaringsa på dette kan ein kanskje finne i samtidige avismeldingar, der det heitit at «nogle unge lærere og andre hadde arbeidet iherdig for republikk».

— Dette gjorde seg nok gjeldande i Suldal også, skriv Hallvard Hoftun i bygdeboka, og i endå sterkare grad. Ikkje minst må ein kunna sjå valutfallet som frukter av opplysningsarbeidet og påverknaden frå tidlegare stortingsmann N. L. Kolbenstvedt. Elles var det også i Suldal fleire unge lærarar som arbeidde ihuga for republikk, mellom dei seinare ordførar Hans Høinæs. (Hoftun 1981).

Det går vidare fram av bygdeboka at N. L. Kolbenstvedt var som ein bondehovding på Stortinget og sikkert ikkje mindre respektert i heimbygda. Han var ordførar i fleire



På Sand har ein sett ei utvikling frå rasering til rehabilitering av den gamle bebyggelsen.

Foto: Suldalsposten.

periodar og var med i amtstinget. På Stortinget sat han frå 1864 til 1891 og han var aktivt med i det nasjonale reisingsarbeidet som kulminerte med lausrivinga frå Sverige i 1905.

Kolbenstvedt budde på farsgarden Kolbeinstveit som nå er bygdut i Suldal, og, som vi tdlegare har sett, har stått sentralt i diskusjonane kring etablering av Ryfylkemuseet.

Faren var Lars O. Kolbenstvedt, første ordføraren i Suldal

og stortingsmann han og i 1839—42 og frå 1848 til 1860. Og det var foreldra hans som gifta seg ved storbryllaupet i Våge som den kjente Vågs-visa handlar om.

Da det kommunale sjølvstyret skulle innførast var både Sauda og Røldal anneks til Suldal prestegjeld. Røldal vart skilt ut som eigen kommune, men Sauda var ein del av Suldal kommune i noen år til dei skilde lag i 1842. Dette var ein stor kommune, også etter at Sauda vart skilt ut som eigen kommune. Kyrkja og prestegarden på Vinjar var eit sentrum for fjord- og fjellbygdene i indre Ryfylke, og Sul-

dalsvatnet var ein viktig lekk i ferdsselsvegane frå fjellbygdene austetter.

På Sand var utgangspunktet eit anna. Da det kommunale sjølvstyret vart innført i 1837 vart Sand anneks til Jelsa og gikk inn i Jelsa herad. Først i 1858 vart Sand eigen kommune.

Men da var tida truleg vel moden for utskiljinga. I alle fall kom det fart i sentrumsutviklinga, og Sand vokste raskt fram til å bli det viktigaste senteret i indre Ryfylke, med eit variert næringsliv og ein vel utbygd sektor for såvel offentleg som privat tenesteyting.

Strandstadsamfunnet fekk seg ein knekk ved ein storbrann i 1879, og i 1892 brann det enda ein gong. Sand vart aldri det samme etter dette, men samfunnet kom seg på føte att, og utover på 1900-talet kom særleg skuleutbygginga til på ny å gjera Sand til ein sentral plass.

Det skulle vera råd å sjå visse liner i det som her er tatt med frå soga til det som nå er Suldal kommune. Desse linene syner mellom anna at Sand og Suldal har ein nokså ulik historisk bakgrunn.

Både Sand og Suldal har hatt si storhetstid, men Suldal var først og størst og med røtene i eit gammalt bondesamfunn.

Men endringane i samferdslemønsteret i siste halvdel av 1800-talet og utviklinga av sekundære og tertiære næringar gjorde at Suldal kom i bakleksa. Det var på Sand det nye samfunnet vokste fram og ein fekk både handelsborgarskap og utøvarar av frie yrke.

Jordbruket i Suldal stonga i taket i desse åra. Nye driftsmåtar og tapping av arbeidskraft i form av utvandring til Amerika gjorde at heia ikkje lenger hadde same betydning for utkomet på garden og dermed fall og noe av botn ut av jordbruket, der heia hadde vore eit så avgjerande lunnende til garden.

Mellomkrigstida vart ei vankeleg tid i desse bygdene. Arbeidsløysa var stor, dei kommunale midlane små og viljen til å bruke dei enda mindre.

På Sand snudde det seg kring 1935, folk kom i arbeid att og mange nye tiltak kom i gang, både kommunale og pri-

vate. Og vi har sett at ein greidde halde på folketalet etter dette, og endatil opparbeidde seg ein god kommunal økonomi og anseelse i fylkestinget.

I Suldal gikk slåtten sin gang, kornet kom på staur i rett tid, det var lite laks i lågen, men sol og sumar og reinsdyr i heia. Det sto det i avisat.

— Lite og inkje vart gjort for å bøte på på arbeidsløysa, står det i bygdeboka. (Hoftun 1981).

Tvert i mot såg ein det som ei oppgåve «å fara sers varsamt fram i alle rådgjerder som kostar pengar». Skatten var for høg som han var.

Noe tiltakslyst å skrive heim om er det i det heile vondt å finne. Eit forslag om å få i gang eit saueslakteri vart oppgitt. Like eins med planar for eit meieri. Bygging av elverk vart og greidd ut utan å bli til noe.

Og folketalet sokk, like til Norsk Hydro bygde Røldal-Suldal-Kraft midt i 60-åra.

Om Suldal var først og størst i gammal tid, var det Sand som gjorde det best frå 1850-åra og utetter. Det er sandbuen seg vel bevisst. Likeins som suldølingen lever eit liv med røter i tida før det kommunale sjølvstyret.

Dette sterke medvetet om ei stor fortid har gjort at folk frå desse bygdene kunne møte innflyttarar og nye utfordringar med eit ope sinn. Og dei hadde ei fortid å gripe tilbake til om det kom til å stå på.

Denne bakrunnen kan og vera med å gjera det høgst forståeleg at suldølingane var motstandarar både av å bygge ned dyrka jord og å bygge på Sand. Kraftutbyggjarane i seg sjølv og det dei førte med seg var dessutan eit framandelement som ikkje hørte bondekulturen til. Det var resultata grunneigarane var interesserte i, men ikkje verre enn at dei nok kunne godta busetting og nye arbeidsplassar, om det berre skjedde i deira gamle kommune og på uspara grunn.

Sandbuen hadde eit utgangspunkt som ga større plass for yrkesutøvarar og levemåtar med opphav langt frå primærnæringane. Men dei hadde og ein identitet og ivareta, og la seg ikkje meir flate for påfunn frå innflyttarane dei enn suldølingane. Dei sa velkommen med i laget, og ga dei gjerne

framtredande tillitsverv, men venta at dei følgde dei gamle styringsføreseggnene.

Gjennom det som her er sagt, tildels med ein viss sans for spissformuleringar, meiner eg å ha fått fram at både suldølingar og sandbuer har eit verdisystem som ikkje utan vidare let seg influere av ein 10-årsbolk med larmande kraftutbygging. Men eg har og vist at dette verdisystemet inkluderer andre enn ein sjølv, men på eigne premisser, og at desse premissene er ulike på Sand og i Suldal.

Derfor, og av ein heil del andre grunnar som eg har skrive om, vart ikkje Suldal noen smeltdigel. Det meste av det som har forandra seg har hatt ringe verknad på folk sjølve og på deira verdier og haldninger, sjølv om ein også kan finne klare døme på direkte utslag av innflyttaraktivitet.

Ser ein saka ut frå synsvinkelen til dei som kom blir resultatet omlag det same. Innflyttarane reiser att meir prega av eiga familieutvikling enn opphaldet i Suldal. Men her skal vedgåast at vi veit langt mindre om innflyttarane enn om dei

innfødde. Granskinga har ikkje gitt rom for å granska innflyttarene i generasjonar attende i soga, slik vi retteleg burde gjort skulle vi kunne seia at vi var på veg til å forstå han.

Sit ein så att med ei kjensle av at Ulla-Førre-anlegga har fare umerkande forbi er det feil. Den sosiale, økonomiske, økologiske og teknologiske røyndomen har forandra seg. Utvegane til handling og avgrensinga av ho er nye, og dette har folk visst å utnytte. Men dei har stått i eit forhold til dei nye gruppene som både har vore kortvarig og av ein slik art at dei ikkje har overtatt verdiane deira. Dei har halde på sin eigen kultur tvers gjennom nye kontakter og endra handlingsmønster.

Nå reiser anleggsinnflyttarane, og dei etterlet seg mange tomrom. Folketalet har alt tatt til å sokke og arbeidsløysa spørker bakom neste anleggssesong. Tryggleiken tek til å vike for eit usikkert forhold til framtida. Kanhende er det nå ein best vil merke kva anlegget har gjort med Suldal.

Kjelder og litteratur

KJELDENE

Dei viktigaste kjeldene til dette arbeidet har vore avisartiklar, intervju, observasjonar og ulike dokument frå Ulla-Førre-anlegga og frå Suldal kommune. Eg har dessutan nyttat ein del trykte rapportar som er tatt med i litteraturlista. Der det er nyttat sitat frå kjeldene, eller framstillinga ligg svært nær kjeldene, er det oppgitt i tekstene. I noen tilfelle vil ein ikkje finne slike tilvisingar, da er sitata henta frå den litteraturen vedkomande framstilling bygger på.

Avisene har vore særleg nyttige og interessante kjelder, da dei har skrive samtidige rapportar og vurderinga av det som har gått føre seg. Eg har hatt tilgang til eit rikhaldig klypparkiv hos Ulla-Førre-anlegga, med klypp både frå regionavisene og lokalavisene heile tida anlegget har pågått. Eg har dessutan gjennomgått lokalavisa Suldalsposten og hatt tilgang til ytterlegare utklypp gjennom lån av ymse privatarkiv.

I privatarkiva til Ola Fisketjøn, Torger Hauge og Kaspar Nilsen har eg dessutan hatt tilgang til ein del brev, notatar og møtereferat m.m.

Det som gjer avisartiklar til særleg interessante kjelder er, utanom at dei er samtidige, at dei i hovudsak er førstehandsberetningar, og at dei er skrivne i ein stor grad av nærelik til dei hendingane som blir omtala. Artiklane er dessutan skrivne av folk som både har evne til å gi ei rett framstilling, og, ut frå dei avisene det her er tale om, vilje til ei slik framstilling. Det som blir skrive i avisene er dessutan gjenstand for ein samtidig kontroll som gjer at avisene må vere seg for altfor store avvik frå den felles røyndomen.

Men ein skal ikkje idyllisere avisreferata i altfor stor grad. I ein del tilfelle er slett ikkje artiklane førstehandskjelder, men tvert i mot andrehands, og av og til blir artiklane skrivne i avishus langt frå Suldal og i redaksjonar med nokså fastlagte politiske utgangspunkt. Sauda-kontora er dessutan ikkje til ei kvar tid befolka med dei mest framgangsrike og røynde journalistane, og slett ikkje lokalavisene. Og på desse utpostane i journalistikken skal ein ikkje

sjå bort frå at dei allmenne konvensjonane om kva som kan og bør skrivast veg tungt på utøvarane. Og sjølv dei avisene det her er tale om, lengst sør og vest i avislandet, er ikkje frammande for å feste seg mest ved det dramatiske i lokalsamfunna.

Konklusjonen må derfor bli at avisene er gode og interessante kjelder, men dei kan ikkje stå aleine, sjølv ikkje om fleire aviser skriv om det same, da det politiske grunnsynet og arbeidsforholda er nokså like i dei avisane som har den jamnaste dekninga av Suldal.

Tilsvarande kjeldekritikk som for avisene kan ein øve overfor brev, referat, møtebøker, saksdokument og rapportar. Vesentleg blir dessutan identifisering og vurdering av opphavsmannen og hans motiv for å skrive det han har gjort.

Dei kommunale dokumenta som er nyttta er i hovudsak innstillingar til og referat frå formannskap og kommunestyre. Frå Ulla-Førre-anlegga har eg nyttat dei hovuddokumenta som låg bak vedtaka om utbygging og årsrapportane frå avdelingane. Frå dei nemnte privatarkiva har eg hatt tilgang til ymse dokument frå grunn- og elveeigarlaget og bondelaga, og elles frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet.

Det intervjujmaterialet som er nyttat er henta frå 3 ulike intervju-innsamlingar.

Den eine er ei større innsamling av djupintervju blant anleggfolk som vart gjennomført før dette arbeidet tok til, og som vart finansiert ved midlar frå Norsk Arbeidsmannsforbund, avd. Ulla-Førre og Rogaland Fylkeskulturstyre. Samlinga omfattar kring 80 intervju, og innsamlinga gikk føre seg i tida februar til oktober 1984.

Målet var å nå anleggstilsette i flest muleg typer stillingar eller jobbar, tilsette i ulik alder og med ulik tilknytning til bygda. Intervjuarbeidet er såleis gjennomført både i brakkleirar i heia, og hos mellombels og fast busette i bygda. Utvalet av intervupersonar er delvis tilfeldig, delvis plukka ut i samarbeid med arbeidsmannsforbundet og andre frå planleggingsgruppa for anleggsmuseet.

Utgangspunktet for intervjeta var ei temaliste med spørsmål og stikkord, med slik at ein har lagt vekt på å gå i djubden i dei tema som passte og som påkalte engasjement hos informantane.

Intervjuarbeidet er blitt godt, om ikkje entusistisk mottatt blant informantane, og dei fleste intervju har fått ei tilfredsstillande djubde.

Den andre intervjasamlinga omfattar intervju med 23 personar i tida november til desember 1985.

Poenget med desse intervjeta har vore å få i tale personar som ut frå særleg innsiktsfulle posisjonar og/eller personlege føresetnader har hatt gode utvegar til å observere og vurdere det som har skjedd i Suldal i anleggstida. Eg vil understreke at det likevel ikkje dreier seg om ei tung samling av aksepterte meininger frå det etablerte maktskiket, men at det både dreier seg om intervju med slike, med den politiske opposisjonen, med den pensjonerte samfunnsdeltakaren, den kritiske, unge innflyttaren og den avventande ressurspersonen.

Dese intervjeta har vore særleg nyttige som korrektiv til eigne tolkingar av anna materiale, ved sidan av at dei har gitt større innsikt i motiv og tenkemåtar hos dei blant desse som har vore med som aktive aktørar i samfunnsformingo.

Den tredje intervjasamlinga er ei samanliknande granskning av dagleglivet til to ulike grupper i Suldalssamfunnet ved hjelp av spørjeskjema. Dei to gruppene er folk på gardane i eit bygdesamfunn (Sandsbygda) og folk i eit bustadsfelt i tettstaden eller bygdebyen (Preståsen på Sand). I alt 28 personar er intervjuia i perioden oktober til desember 1985. Informantane er plukka ut tilfeldig.

Spørsmåla som vart stilt var i stor grad plukka frå landsomfattande granskningar som Statistisk Sentralbyrå hadde gjennomført, slik at svara kunne jamførast med dei resultata sentralbyrået hadde komme fram til.

Meininga var å gjennomføre slike granskningar blant fleire grupper i kommunen, men på grunn av tildels sterkt motvilje mot arbeidet blant enkelte, vart granskingsa avbroten. Vi har ikkje funne noen fullgod forklaring på kvifor motviljen var stor i bygdefeltet medan han var lite merkande i bygda, men trur vel at det har både med personlege forhold i eit så tett samfunn å gjera og med eit meir allment medvet om personvernet. Det kan vera at meir anonyme intervjuarar hadde sluppe lettare til, men både av praktiske omsyn og av omsyn til museets renome valde vi å avbryte granskingsa.

Dei resultata vi fekk er såleis ikkje så omfattande som ønskeleg, men på ein del punkt er resultata likevel såvidt eintydige at det er

råd å nytte dei. Og så kan ein jo spekulere vidare på kvifor innflyttarar er meir redde for å avsløre dagleglivet sitt enn dei som stort sett er fødde og oppvaksne i bygda.

Reint generelt kan ein seia om det intervjuumaterialet som er nytta at det må kunne reknast som nokså påliteleg ettersom det vi har spurt om ligg nær vår tid eller dreier seg om nátidige forhold. Dette reduserer faren for minnefeil. Dessutan er det sjølvopplevd hendingar og eigne holdningar det er tale om, og det har verken vore nødvendig eller ønskeleg å gå til informantar som er svekka av alder eller sjukdom.

På den andre sida kan det nok vera verd å vera merksam på den verdfulle eigenskapen vi menneske har til å selektere eller fortrenge ymse minne, og den meir medvetne evna til å retusjere fortida eller rett og slett uttrykke seg litt marginalt i forhold til den fulle og heile sanninga. Ein del minne om dei mest turbulente følgjene av kraftutbygginga kan ein kanskje rekne med at er påvirka av den framstillinga avisene har gitt saka, eller kva ettertida har synt om resultata av dei val som vart gjort.

Den fjerde hovudgruppa av kjeldemateriale er observasjon, tildeles sterkt deltagande.

Eg kom til Suldal på nyåret 1978 og hadde den første tida som jobb nettopp å observere og rapportere gjennom stillingen som redaktør i Suldalsposten. Frå 1981 har eg vore konservator og museumsstyrar. Første tida budde eg i Sandsbygda, seinare i Sand sentrum. Eg har vore med i barnehagestyret, 17. maikomiteen, kulturutvalet og kommunestyret, og meiner å vera meir enn alminneleg orientert om det samfunnet eg bur i.

Nå behøver ikkje det bety at ein har den same ualminnelege evna og vilja til å meddele upartiske beretningar om miljøet, men ettersom eg lenge såg på opphaldet i Suldal som mellombels, og kjente meg lite bunden av staden og det som gikk føre seg her, meiner eg å ha hatt visse føresetnader for ein ubunden observasjon av møtet mellom kraftutbyggjarar og bygdafolk. Etterkvart som eg er blitt meir bunden til staden og deltagninga har tatt overhand, er det klart at det blir vanskelegare å påberope seg noen overdriven evne til ubunden observasjon.

Såleis er det muleg at den aukande innsikten og forståinga ein opparbeider gjennom stadig meir omfattande samfunnsdeltaking svekkast i verdi gjennom den assimileringa ein sjølv gjennomgår. Dersom ein er deltakar berre på lissom, og reiser heim til universitet etterpå fell slikt kanskje lettare, men da får ein ikkje det same grunnlag for å skjønne det ein ser.

Sjølv tør eg tillegge det materialet som bygger på observasjon ei

rimeleg vekt, nettopp fordi eg har tenkt å bli buande her. For mi eiga velferds skuld kan eg ikkje skrive altfor feilaktige beretningar om sambygdningane. Det er større fare for at eg driv sjølv sensur p.g.a. frykten på utrivelige reaksjonar på omtale av kontroversielle tema, enn at eg gir skeive framstillingar av dei same tema.

Samfunnsdebatten i Suldal er likevel såvidt open og lett tilgjengeleg, at ein ikkje treng utøve noen omfram umake ved å skjule motsetningane. Ut frå det har eg stort sett vald å kalle tinga med dei rette namna og brukt det eg har sett nokså uehemma.

Men forskarrolla er ikkje enkel. Det er enkelt å sjå kva slags

misjon både pionerane i den akademiske folkelivsgranskingsa, seksstiåtarane og amatørhistorikarane har vore utsendingar for. Men å definere sin eigen misjon er verre, overtydd som ein er om at det er eit sant og balansert bilde ein søker.

Det vil gå fram av denne gjennomgangen av hovudkjeldene at knapt noen av dei kan stå av seg sjølv. Men når dei støtter seg til kvarandre, og det dei seier er omlag det same, men med ulike nyanser, skulle det vera råd å lite på at det bildet som er trekt opp framfor har eit visst skin av representativ røyndom og intersubjektiv forståing.

LITTERATUR

- Arkeologisk museum i Stavanger: Ulla/Førre-undersøkelsen. AmS — Småtrykk 3. Stavanger 1979.
- Karl-Orlov Arntsberg (red.): Koralrevet. Malmö 1983.
- Rikard Berge: Folke- og bygdededikting i Suldal, i årbok for Stavanger Turistforening 1928.
- Jon Bergsåker: Banken og bygda. Sand Sparebank 1971.
- Tor Bjørvik: Framlegg til tiltaksplan for turist- og utmarksnæring i Sulda kommune. Sulda kommune 1983.
- Jon-Roar Bjørkvold: Metodiske problemer i forbindelse med observasjon av sang som kulturell prosess hos barn. Upublisert forelesning. Etnologseminaret 1986.
- Nils-Arvid Bringeus: Människan som kulturvarelse. Lund 1981.
- Bringeus og Rosander (red.): Kulturell kommunikasjon. Lund 1979.
- Edvard Bull: Retten til en fortid. Universitetsforlaget 1982.
- Barbro Bursell: Anläggarna. Nordiska museets Handlingar 102, 1984.
- Åke Daun: Upp til kamp i Båtskärsnäs. Lund 1974.
- Åke Daun: Förortsliv. Lund 1974.
- Åke Daun: Strategi för gemenskap. Stockholm 1976.
- Åke Daun & Orvar Löfgren: Etnologiska metoder. Lund 1974.
- Dugnad nr. 3-4/1984: Tema: Arbeidsliv.
- Leif Dybing: Arbeid og teknologi. Bergen 1982.
- Birgitta von Malmborg (red.): Arbetsliv. Riksförbundet för hembygdsvård 1978.
- Billy Ehn/Orvar Löfgren: Kulturanalys. Lund 1982.

Hans Magnus Enzensberger: Norsk utakt. Universitetsforlaget 1984.

Eva Fägerberg: Arbetsliv. Nordiska museet, Stockholm 1981.

Fladby/Thue/Winge (red.): Lokal samtidshistorie. Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1983.

Ola Foldøy: Sulda kultursoge, Jelsa II. Sulda kommune 1981.

Erik Fossåskaret: Suldalsprosjektet. Rapport nr. 1-8, Suldalsprosjektet 1976-1977.

Jonas Frykman/Orvar Löfgren: Den kultiverade människan. Lund 1979.

Jørgen Gormsen m.fl.: Kraftutbygging og kommunal utvikling Rogaland distriktshøgskole 1980.

Anders Gustavsson: Sommargäster och bofasta. Lund 1981.

Anders Gustavsson: Några forskningstrender inom nordisk etnologi och folkloristik under 1970-talet. Småskrift från Etnologiska Sällskapet i Lund 1982.

Anders Gustavsson (red.): Kulturmöten. Malmö 1985.

Hannerz/Liljeström/Löfgren: Kultur och medvetande. Akademilitteratur 1982.

Lars Hellemo: Frå torvskurd til tingsal. Stavanger 1985.

Hallvard M. Hoftun: Sulda kultursoge, Gamle Sulda. Sulda kommune 1981.

Honko/Löfgren (red.): Tradition och miljö. Lund 1981.

Roy Høibo: Utloer som valfag. I Frå bygd og by i Rogaland 1978/79, årbok for Rogaland Folkemuseum 1979.

Roy Høibo: Då beste va' ung. Rogaland Folkemuseum 1982.

Roy Høibo: Folk og hus i Sulda. Stavanger 1984.

- Roy Høibo: Frå jordbruksbygd til skogbruksbygd. I Folk i Ryfylke, tidsskrift for Ryfylkemuseet 2/84.
- Roy Høibo: 50 år i opposisjon. Suldal Arbeidarparti 1985.
- Roy Høibo: Kultur på kår. I Folk i Ryfylke 2/85.
- Thomas Hørrup: Det glemte folk. Statens byggeforskningsinstitutt 1983.
- Haagensen/Midttun (red.): Kraftutbygging, konflikt og aksjonar. Universitetsforlaget 1984.
- Lena Jansson: Ritsem. Nordiska museet 1979.
- Kattegat — Skagerak prosjektet, meddelelser nr. 3 — 1983: Kulturmöte mellan badgäster och fastboende.
- Kattegat — Skagerak prosjektet, meddelelser nr. 7 — 1984: Migrasjon.
- Arne Martin Klausen: (red.): Den norske væremåten. Oslo 1984.
- Reidun Korsvoll: Om næringsfond i forbindelse med kraftutbygging. Rogaland distrikthøgskole 1983.
- Arnvid Lillehammer: Frå det eldste Sandslandet. I Frå bygd og by i Rogaland, årbok for Rogaland Folkemuseum 1976.
- Arnvid Lillehammer: Sagskurd og trelast i Ryfylke først på 1600-talet. I Frå bygd og by i Rogaland, årbok for Rogaland Folke-museum 1977.
- Arnvid Lillehammer m.fl. (red.): Ryfylke. Stavanger 1978.
- Eilef Meland: Kraftutbygging og sysselsetting. Universitets-forlaget 1984.
- Olav Midttun: Rasmus Løland. Oslo 1961.
- Nils-Fredrik Nielsen: Ekte sekstiåttre spiser ikke seipanetter. Oslo 1985.
- Haldis Karine Nilsen: Bonde og anleggsarbeider. Norges Land-brukshøgskole 1983.
- Nord-nytt 25: Den gamle goda tiden. Nordisk tidsskrift for folkelivsforskning, NEFA — Norden 1985.
- Aslaug Nyrnes: Det (ny) norske menneske. Oslo 1985.
- Odd E. Olsen/Svein I. Nødland/Terje Johansen: Suldal etter Ulla/Førre. Universitetsforlaget 1984.
- Einar Solheim Pedersen: Tre bygdesamfunn rundt heia. AmS — Skrifter 8, Arkeologisk museum i Stavanger 1982.
- Olav Randen: Vassdragsutbygging og bygdesamfunn. Universitetet i Oslo, Institutt for sosiologi 1972.
- Olav Refsdal: Sosiale verknader av kraftutbygging. Sogn og fjordane distrikthøgskule, skrifter 1983:1.
- Anders Salomonsson: Some Thoughts on the Concept of Revitalization. I Etnologia Scandinavia 1984.
- Arne Selvik og Gudmund Hernes: Dynamikk i borehullene. Universitetsforlaget 1977.
- Tormod Skeie: Dansen kring vasskalven. Suldal kommune 1978.
- Målfrid Snorteland: Dei kalte oss Visnesslusk. Universitetet i Bergen, Etno-folkloristisk institutt 1984.
- Stavanger Turistforening, årbok 1928: Suldal.
- Stavanger Turistforening, årbok 1968: Laksefisket i Suldals-lågen.
- Per Surnevik: Rapport fra Ryfylke. Rogaland Fylkeskommune 1973.
- Johan Veka: Liv og lagnad i Suldal. Stavanger 1944.
- Johan Veka: Sand ungdomslag 1895–1955.
- Johan Veka: På minneveg i Ryfylke. Stavanger 1975.
- Johan Veka: Frå gjestgjevertida i Ryfylke. Stavanger 1977.
- Johan Veka: Gamle fjellvegar i Ryfylke. Stavanger 1979.
- Johan Veka: På skulebenken i eldre tider. Stavanger 1980.
- Johan Veka: Eg ser, eg minnest. Stavanger 1981.
- Cato Wadel m.fl.: Dagliglivets organisering. Universitetsforlaget 1983.
- Dag Østberg og Fredrik Engelstad: Samfunnsformasjonen. Oslo 1984.
- Alf Aadnøy (red.): Rogaland. Oslo 1979.
- Olaf Aagedal: Norge — eit pluralistisk samfunn? I Syn og Segn 4/1984.

Årsmelding 1986

Når styret legg fram årsmeldinga for Ryfylkemuseet for 1986 er det med ei blanding av begeistra entusiasme over alt det ein har fått til og kjensle av drepande frustrasjon over alle dei oppgåvane ein ikkje rekk med.

I gleda over veksten i aktivitet og tilgjengelege midlar blandar det seg stadig inn ei sorg over alt det ugjorte. Kan hende er det slik at til meir ein gjer til betre blir ein og klar over alt det som ein ikkje gjer.

Blant dei tinga ein har fått til er erverv av ein bygning og finansiering av eit rehabiliteringsarbeid som ein gong skal gi museet rom for ymse sentrale funksjonar i eige hus på Sand. Det er Nesa-sjøhuset det er tale om, og der er rehabiliteringsarbeidet nå i gang.

Og i august gikk vi over frå dugnadfasen til eit meir kompetent og omfattande arbeid med å ta vare på folkemusikktradisjonane i Rogaland. Vi håper nå at folkemusikkarkivet skal få tilført ressurser til å bli eit skikkeleg regionalt arkiv for denne delen av den folkelege kulturen for vår landsdel.

Ved omframme midlar frå Fylkeskommunen og primærkommunane i arbeidsområdet til museet har det vore muleg å intensivere arbeidet med innsamling av foto og munnlege minne. Resultata av dei ulike fotoinnsamlingane blir etterkvart publiserte i lokal historiske publikasjonar. Det har kome ut to slike i Hjelmeland i haust. Tidlegare har vi gitt ut tilsvarande bøker frå Suldal.

Til og med forsking er nå i ferd med å bli ein naturleg del av arbeidet ved museet, men finansiert ved omframme løyingar, først frå Olje- og energidepartementet, seinare som oppdragsforsking for Suldal kommune.

Samarbeidet med Ryfylke Kunstlag har gjort sjøhuset på

Sand til ein liten Hå prestegard, med eit stort tilbod av utstillingar og andre tilskipingar.

Internt har museet tatt steget inn i dataalderen gjennom innkjøp av to PC-ar, og ein har endatil fått eit digitalisert telefonsystem som gjer at alle tilsette har tilgang til telefon.

Men på andre område slit ein, som årsmeldinga vil vise, med problem som til fulle stadfestar at museumsverksemder ei marginal verksemd.

Forventningane til museet aukar med auka aktivitet, også på område der det ikkje er økonomisk grunnlag for å auke aktiviteten. I denne stoda har styret funne det nødvendig å setta i gang med eit grundig planleggingsarbeid for å prøve å stake ut ein kurs noen år fram i tida. Ved årsskiftet har dette arbeidet så vidt kome i gang, og det vil prege arbeidet i styret i det året som kjem.

ÅRSMØTET

Årsmøtet blei hødd på Sand 3. april. Møtet samla 57 deltagarar, av desse var 54 medlemmar.

Årsmelding og rekneskap vart godkjent utan merknader.

Forslaget til budsjettsøknad for 1987 vart godkjent med ei justering av forventa prisstigning.

Etter årsmøtesaken og kaffi viste konservator Carl Egil Buch lysbilde og kåserte om Karmsund Folkemuseum.

STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

Frå Hjelmeland:

Ola Meltevit

Kaare Jordal (ny)

til 1987

til 1988

Varamedlem:

Åse Jensen (ny)

Frå Suldal:

Børge Skeie (formann)

Ommund Berge (attval)

til 1987

til 1988

Varamedlemmar:

Gunnvor Bakka (attval)

Borghild Moe (attval)

Frå Sauda:

Olav T. Oftedal (attval)

Tone Årthun (nestformann)

til 1988

til 1987

Varamedlem:

Aslaug Astad (attval)

Oppnemnd av Fylkeskommunen:

Arne Tønnesen

Varamedlem:

Bente Thurmann-Nielsen

Valnemnd:

Knud O. Staurland, Hjelmeland (attval)

Ola Hauge, Suldal (ny)

Kolfinn Fløgstad, Sauda (attval)

Styret har i meldingsåret hatt 5 møte og behandla 26 saker. I tillegg har ein skipa til eit seminar om den framtidige utviklinga av museet der det var invitert representantar for museumslag, bygdemuseum og kommunale kulturutval i Ryfylke.

Blant desse 26 sakene har det vore fleire store og viktige saker knytt til samarbeid med andre institusjonar, nybygg for sentrale funksjonar ved museet, utviding av verksemda med tilhørande personalsaker og behandling av kontortekniske forbetringer. Sakene er omtala nærmare andre stader i årsmeldinga.

MEDLEMMANE

Museet har ved utgangen av året 458 medlemmar. Det er omlag som i fjar. Medlemmane fordeler seg slik på dei ulike kommunar og museumslag (tala for 1985 i parentes).

| | | |
|------------|---------|-----------|
| Sauda | | 70 (71) |
| Suldal | | 204 (219) |
| | Suldal | 39 (48) |
| | Jelsa | 27 (32) |
| | Sand | 123 (123) |
| | Erfjord | 15 (16) |
| Hjelmeland | | 56 (53) |
| Andre | | 128 (107) |
| Sum | | 458 (450) |

I tillegg har museet 45 abonnenter på tidsskriftet FOLK i Ryfylke.

Oppstillinga avdekker ein svikt i arbeidet med å verve nye medlemmar, eit arbeid ein elles trudde at måtte ligge vel til rette for dei lokale museumslaga.

Både for å sikre den støtta museet treng blant ei stor medlemsmasse, og ikkje minst for å skaffe tidsskriftet eit betre økonomisk fundament, vil det vera nødendig å satse meir og annleis for å verve nye medlemmar. Dette er særleg tydeleg i arbeidsområdet til Suldal museumslag der ein hadde over 60 medlemmar for noen få år sidan. For dei

andre stadene er det først i år ein har merka ein stagnasjon i tilgangen på nye medlemmar.

Styret finn likevel ingen grunn til å prioritere arbeidet med verving av nye medlemmar i den fasen av diskusjonane om ein ny utviklingsplan som ein nå er inne i, men vil seinare komma tilbake med ulike tiltak for å verve og ønske nye medlemmar velkomne i museet.

Aktiviteten i museumslaga varierer nokså mye frå stad til stad og til ulike tider.

Sauda Museumslag har vore ein aktiv medspelar i arbeidet med restaurering av Håkonsgt. 51–53 og i arbeidet med innsamling av materiale til framtidige utstillingar og publikasjonar om Åbø-byen.

På Sand har museumslaget der kome i gang med innsamling av materiale om særtrekka ved det gamle strandstad-samfunnet, særleg ved intervju om gamle handverk.

Suldal Museumslag har fått ein fast plass i tilskipinga av det årvisse olsokstemna på Kolbeinstveit, og har i år, ved hjelp av midlar som er tjent inn gjennom vakthald på Kolbeinstveit og Røynevarden, gitt bidrag til fornying av det elektriske opplegget på Kolbeinstveit.

Både Sand og Suldal museumslag deltok i eit arrangement kalla «Søndagstur til fortida» som Arkeologisk museum i Stavanger sto for.

I Erfjord og på Jelsa har vi ikkje lukkast i å engasjere mange nok til at det har vore råd å etablere særleg vitale museumslag.

PERSONALET

Også dette året har museet måtte greie seg med berre 2 faste stillingar. Med på ulike vis har det lukkast å skaffe midlar til ymse engasjement, slik at det jamnt har vore 3–4 personar i arbeid ved sjøhuset på Sand. I tillegg er ei rekke personar knytt til museet gjennom mindre engasjement ved dei ulike avdelingane. Tilsaman har museet hatt over 15 personar på lønningslistene.

Desse har vore tilsette eller engasjerte ved museet siste året:

Roy Høibo har vore fast tilsett som konservator/styrar. Han hadde permisjon frå denne stillingen for å gjennomføre eit forskingsarbeid fram til 31. mai.

Målfrid Snørteland vikarierte i konservator/styrar-stillingen i same tidsrommet som Roy Høibo dreiv med forsking.

Gaute Berge Nilsen er fast tilsett som museumsassistent.

Ruth Anne Moen har vore deltidsengasjert (ca. 3/4 stilling) ved folkemusikkarkivet frå 18. august.

Vigdis Nerheim har vore deltidsengasjert (ca. 1/3 stilling) som kontorfullmektig frå 16. oktober.

Eldbjørg Møgedal har vore engasjert som reingjerings-assistent noen timer i veka.

Beate Buø var engasjert til å gjennomføre eit intervjuar-beid i Sauda i tida frå 23. juni til 1. august.

Gunnar Roalkvam har vore engasjert som handverkar i Håkonsgt. 51–53 i Sauda.

Kjell Egil Johnsen har vore engasjert som handverkar for å utføre mindre arbeid i sjøhuset på Sand, i Kvednahola og på Kolbeinstveit.

Helge Husevåg er engasjert som handverkar for rehabili-ttering av Nesa-sjøhuset.

Som vakter og tilsynsfolk ved dei ulike anlegga har museet engasjert *Ommund Berge* (Kolbeinstveit), *Sigurd Foss* (Kvendnahola), *Kari Furre* (Barkeland), *Maria Nielsen* (Sand), *Sven Randa* og *Øystein Randa* (Viga). På Kolbeins-tveit og Røynevarden har *Suldal Museumslag* og på Viga *Hjelmeland Bondekvinnelag* vore engasjert som helge-vakter.

Roy Høibo har deltatt i eit museumsleiarmøte i Sauda og i ein etatskonferanse i Stavanger som begge vart skipa til av Fylkeskultursjefen.

Gaute Nilsen har deltatt i årsmøtet for NKKM i Fredrik-stad og på eit kurs i EDB-registrering av gjenstandar og foto på Norsk Folkemuseum i Oslo.

Ruth Anne Moen har deltatt på eit seminar skipa til av Norsk Folkemusikkklag. Ho er dessutan medlem av eit utval som arbeider med ein musikkplan for Rogaland, oppnemnt av Fylkeskultursjefen.

Vigdis Nerheim hardeltatt på eit kurs i føring av rekneskap ved hjelp EDB.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Styret ser stadig fleire oppgåver for museet i Ryfylke. Samtidig aukar vedlikehaldsproblema, og forventningane til kva vi kan bidra med i kulturminnevernet blir stadig større. Dette er ein situasjon som fører til stadig sterkare frustrasjon over mangelen på tilførsel av nye driftsmidlar til å løyse oppgåvene.

Driftstilskottet auka raskt fram til 1983, men har sidan stagnert, og held i år knapt følgje med prisstiginga. Frå 1985 til 1986 auka driftsbudsjettet med 7,6%.

Svært gledeleg var derfor meldinga som kom på slutten av året om av Fylkestinget har auka budsjettetramma frå 1986 til 1987 så mye at det nå er rom for tilsetting av deltids kontormedarbeidar i fast stilling.

I tillegg har museet, med støtte frå Fylkeskultursjefen, kjøpt EDB-utstyr dette året. Det er kjøpt inn to PC-ar med harddiskar og tilhørande skrivrarar. Dette er også utan tvil med på å lette og rasjonalisere kontorarbeid, ved sidan av dei meir museale oppgåvene dette utstyret er tiltenkt.

Men mange og store oppgåver må løysast gjennom særlege finansieringsoperasjonar utanom det ordinære driftstilskottet. Dei siste åra har vi bokført kring ein halv million kroner i omframme inntekter kvart år. Neste år reknar vi med å bruke 1,4 mill. kroner utanom det ordinære driftsbudsjettet.

Ryfylkemuseet har såleis ikkje hatt spesielle problem med å skaffe seg slike omframme tilskott, men det er ein måte å skaffe seg midlar på som er nokså arbeidskrevjande og vi har opplevd at det kan vera vanskelegare å få gjennomført omframme tiltak i praksis enn å finansiere dei.

Det blir såleis eit stort press på det faste personalet som både blir sittande med dei ordinære oppgåvene som det er naturleg å arbeide med innafor det ordinære driftsbudsjettet og som i tillegg skal planlegge, finansiere, delta i og leie gjennomføringa av dei omframme tiltaka.

Ovgangen frå å vera eit museum med eit sterkt veksande driftsbudsjett til å vera eit museum med eit fastfroste driftsbudsjett og eit sterkt veksande omframtbudsjett må få følgjer for arbeidsmåten og prioriteringa av oppgåvene.

Styret er innstilt på å tilpasse seg desse endra arbeidsvikåra, men tek opp problema her for å gi til kjenne at museet på ingen måte har funne fram til noen endeleg arbeidsform enda, verken i det interne arbeidet eller i dei utoverretta tiltaka.

I tillegg kjem det nå varsel, både frå innsida av museumsstellet, og frå dei offentlege styresmaktene, om at musea må innstille seg på å ta på seg nye oppgåver som samfunnsinstitusjonar, m.a. som dataleverandør til planarbeidet i kommunane.

Korleis Ryfylkemuseet skal greie å velja sin veg framover ut frå desse og andre føresetnader har styret sett det som ei hovudoppgåve å arbeide med den nærmaste tida.

TILVEKST

Gjennom ei systematisk fotoinnsamling, og med støtte frå dei kommunane innsamlingsarbeidet får føre seg i, er museet i ferd med å bygge opp ei god fotosamling. I år har arbeidet vore konsentrert om Hjelmeland der det er avfotografert 550 nye foto. Tilsaman har vi nå omlag 2.500 foto frå Hjelmeland. Heile fotosamlinga, inklusive eigen dokumentasjon, som i år utger omlag 1.200 opptak, omfattar omlag 12.000 foto.

Museet har likeeins ved hjelp av omfram støtte gjennom fleire år drive med innsamling av munnlege minne. I år er det gjennomført eit slikt intervjuarbeid i Sauda, der vi har gjort opptak med 20 personar som har vore knytta til smelteverket. I alt har vi registrert ein tilvekst på 37 band i år, og det samla talet på lydband har kome opp i vel 160.

Tilveksten av gjenstandsmateriale har vore noe mindre enn tidlegare. I alt er det registrert 21 gåver og 1 innkjøp. I noen av gåvene er det fleire gjenstandar. Dei som har gitt gjenstandar til museet siste året er:

Bjørg Jørgensen, Erling og Fritjof Hiim, Frida Dahlberg, Lars H. Eide, Ånen Stråbø, Gunnar Vela, Johannes Magnus og Edvard Marvik, Førland treskjelag, Ola Sukka, Helga Bårdsen, Tolleiv Klungveit, Grete Holmboe, Emilie Hiim, Gaute Nilsen, Magnus Skibevaag, Marie Rasmussen og Nasjonalforeningen for folkehelsen.

Museet har ikkje funne rom for midlar til registrering av gjenstandsmateriale i år, og manglar framleis oversikt over det samla gjenstandstilfanget.

Tilveksten av bøker er omlag som tidlegare, og omfattar kring 100 band. Ein del av dette er årbøker som vi får gjennom byttesamband med andre museum. Museet har for små midlar til å kunne drive noe aktivt arbeid for å bygge opp eit tilfredsstillande bibliotek, og har derfor vald å koncentrere seg om utvalde fagbøker og den lokalhistoriske litteraturen frå distriktet. Det var eit storhende da ein trudde seg i stand til å kjøpe inn eit leksikon i haust, men rekneskapsresultatet syner at ein ikkje burde gjort det likevel.

Utanom fotografi, lybandintervju, gjenstandar og bøker samlar museet på arkivmateriale som har tilknytning til dei øvrige samlingane og på avisutklypp. Tilsaman utgjer samlingane ved museet byrjinga på ein databank som vi vonar kan bli til større og større nytte for samfunnet kring oss til betre samlingane blir.

Ein av grunnane til innkjøp av datautstyr var å få ein reiskap til å laga katalogar over samlingane. Etter ein del problem har vi nå fått installert den programvaren som skal brukast til dette, men det er klart at det vil gå lang tid før alt materialet er ordna i katalogar med den kapasiteten museet førebels har til slikt arbeid. Dei visjonane ein sjølv kan ha, og dei forventningane omgjevnadene har til museet som databank for lokalhistoriske granskningar, undervisning og samfunnsplanlegging ligg såleis fleire årsverk framom dei utvegane museet ser for å realisere visjonane.

OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Museet eig nå 51 hus. Dette fører med seg eit stort vedlikehaldsansvar samtidig som det går føre seg førstegongsrestaurering av eit par av husa. I mangel av fast tilsette hand-

verkarar er museet avhengig av omframme løvingar og tilfeldige engasjement for å få utført dette arbeidet. Dette året har det synt seg at dette er ei svært lite tilfredsstillande ordning.

Mest dramatisk kom problema til synet ved at løa på Midtstolen under Kolbeinstveit ramla i skrukk medan arbeidet med å finansiere restaureringsarbeidet pågikk. Ved dei sentrale anlegga har det vore gjennomført ein del vedlikehaldsarbeid dei siste åra, slik at stillingen ikkje er kritisk der. Men problemet er at det vedlikehaldsarbeidet vi greier å gjennomføre innafor det ordinære driftsbudsjettet er av mindre omfang enn det jamne forfallet.

Dette er ingen ny situasjon verken for Ryfylkemuseet eller det tidlegare Rogaland Folkemuseum. Tvert i mot har vel anlegga vore overvaka betre etter at museet blei omgjort til regionmuseum enn dei var før. Men veksten i museumsbudsjettet har vore for lite til også å få etablert eit tilfredsstillande nivå for pleie og vedlikehald av bygningssamlinga.

Det er dyrt å halde seg med ei samling på 51 hus som er spreidde på 16 ulike stader i Ryfylke-geografien. Skal ein ha von om at ta med seg desse husa inn i framtida, vil styret måtte få tilslag på nye måtar å finansiere denne delen av verksemda på.

Det som er gjort i år er først og fremst at vi har fullført hovudreparasjonen på Viga, så langt pengane strakk til der. Det siste som vart gjort var at ein fekk lagt inn nytt elektrisk opplegg slik at det nå også skal vera råd å varme opp hovedbygningen.

Også på Kolbeinstveit er det lagt inn elektrisk opplegg, og det er sett i gang eit par avgrensa reparasjonsarbeid. Til arbeida på Kolbeinstveitstølane er det kjøpt inn ein del materialar, men ein har framleis ikkje nok pengar både til å få materialane opp til stølane og å få utført arbeidet.

Både i og ikring Håkonsgt. 51–53 i Sauda er det utført ein heil del arbeid både ved kommunal medverknad, ved dugnad og ved leid hjelp, men framdrifta har ikkje vore så god som vi hadde planlagt.

Arbeidet med rehabilitering av Nesa-sjøhuset kom i gang sein på hausten.

Utanom dei tinga som blir oppbevarte i miljøavdelingane er hovudmagasinet til museet ein gammal snikkarverkstad på Sand, som Suldal kommune svært velvillig held oss med for å gi rom for samlingar frå Ulla/Førre-anlegga med tanke på eit vasskraftmuseum. Før vi sette på varme i haust var den relative fuktigheten i lufta kome opp i 92% her. Det ideelle er mellom 50 og 55 %. For å halde fuktigheten ute bruker vi 14.000 kroner i straum i året på dette magasinet. Og Suldal kommune betalar 25.000 kroner i leige. Og enda er det mest ikkje ein vasskraftting i huset. Men det tek til å bli nokså fullt av andre ting.

I mangel av eige arkiv eller brannsikre arkivskap blir det originale fotomaterialet og lydbanda oppbevarte i eit brannsikkert arkivrom på kommunehuset.

Ein håper relativt raskt å komma så langt med istandsettinga av Nesa-sjøhuset at ein der kan få meir tilfredsstilande oppbevaringsplass for gjenstandar og anna materiale enn ein har nå, men det er klart at den plassen det er råd å avsetta til magasin i Nesa-sjøhuset ikkje vil bli stor nok til å gi plass for alt det som nå bli oppbevart i Tysdal-verkstaden.

FOLKEMUSIKKARKIVET

Etter å ha vore engasjert i diskusjonane om korleis ein kan ta vare på folkemusikktradisjonane i Rogaland i fleire år var det svært gledeleg at fylkeskulturstyret fann å kunne løyve midlar til engasjement av ein konsulent for å bygge opp eit folkemusikkarkiv ved museet i haust.

Arkvarbeidet tok til 18. august og har gått ut på å kartlegge mulege informantar og gjera opptak med ein del av dei, finne fram til Rogalands-stoff i andre folkemusikkarkiv, lokalisere private opptak, få spelt av aktuelt materiale på eigne band og få registrert dette materialet og dessutan drive opplysande verksemd for å gjera det kjent at Rogaland verkeleg har ein folkemusikktradisjon som er verd å ta vare på.

Arbeidet så langt har vist at materialtilfanget er større enn ein hadde trudd i utgangspunktet, og at ein her har eit

nytt arbeidsfelt som burde ha krav på arbeidsinnsats ut over den perioden som det førebels er løyvt pengar til.

Så langt har ein ved folkemusikkarkivet arkivert omlag 41 spoleband og 8 kassetter. 246 melodiar er nedteikna som noter og det er skrive ned omlag 120 tekster.

FORSKING

Eit avsnitt om forsking har det aldri vore bruk for i årsmeldingane til Ryfylkemuseet tidlegare. Det har vore ein disiplin som har ligge utanfor rekkevidde av det dette museet har kunne ta seg til.

Svært gledeleg er det derfor nå å kunne melde at museet i år har avslutta eit forskningsprosjekt, starta på eit anna, og hatt innleiande møte om eit tredje.

Det største av prosjekta er det som ein så vidt har begynt på, arbeidet med siste delen av kultursoga for Suldal. Dette har museet tatt på seg som oppdragsforskning for Suldal kommune, og ein har i utgangspunktet rekna med at det vil krevja omlag to årsverk.

Det avslutta prosjektet er arbeidet med ei gransking av dei kulturelle følgjene av kraftutbygging i Suldal. Til dette hadde Olje- og energidepartementet løyvd midlar til eit årsverk, og det ligg ved årsskiftet føre manus til to bøker som resultat av arbeidet. Hovudrapporten vil bli trykt som hovudartikkel i det første nummeret av FOLK i Ryfylke i 1987, samtidig vil det komma ei meir populær bok, der det og er lagt større vekt på skildring av sjølege anlegget.

Det tredje prosjektet dreier seg om eit samarbeid med industristadmuseet i Odda og industriarbeidarmuseet på Rjukan om eit forskningsprosjekt som skulle hente materiale både frå Odda, Rjukan og Sauda. Men dette ser førebels ut til å bli forsinka på grunn av personalskifte på Rjukan.

Styret meiner det er viktig at det blir drive forsking ved museet, sjølv i den etter måten beskjedne målestokken som det her er tale om. Slike arbeid er heilt nødvendig for å bearbeide innsamla materiale slik at det kan brukast i meiningsfylt formidlingsarbeid ved museet, og det er dessutan med på å auke kompetansenivået ved museet.

UTOVERRETTA TILTAK

Udstillingstilbodet i sjøhuset på Sand har auka kraftig etter at museet innleidde eit samarbeid med Ryfylke Kunstlag og det etablerte seg med galleri i det ledige lokalet i 2. høgda. Ved sidan av at aktivitetane til kunstlaget har gjort huset meir attraktivt og auka tilstrøyminga av folk til huset har det også gitt museet betre høve til å ta i mot skiftande utstillingar.

Hovudutstillinga til museet i år har vore utstillinga «Med drog og motorsag», ei utstilling om skogbruket i Ryfylke. Dei andre utstillingane som har vore viste i huset er følgjande:

| | |
|------------|---------------------------------------------|
| Februar: | Kunsthåndverk ved BKF i Rogaland. |
| Mars: | Stadnamn i Rogaland ved Stadnamnprosjektet. |
| Juni: | Sommarutstilling ved BKFR. |
| September: | Jubileumsutstilling ved BKFR. |
| Oktober: | Ryfylkeutstilling ved Ryfylke Kunstlag. |
| November: | Byggeskikk i Norge ved Bonytt. |
| November: | Ved havet ved Riksgalleriet. |

Dels i tilknytning til desse utstillingane og dels som sjølvstendige tilskipingar har kunstlaget lånt ut lokalet til ei rekke ulike lag.

Denne nye aktiviteten har også gitt seg utslag i auka besøk på utstillingane til museet. I alt har vi registrert 775 vaksne og 448 barn og skuleelevr som besøkande i 1986, tilsaman 1.223, det er ein auke på snautt 200 frå i fjar.

Ved dei andre avdelingane har vi ikkje gode nok registreringar av besøkstala til at det er råd å setta opp noen statistikk. Her har det vore som tidlegare med opning noen timer på søndagane om sommaren.

Tidsskriftet FOLK i Ryfylke kom ut med to nummer også i 1986. Det første eit fyldig nummer med stoff om ulike industritiltak i Hjelmeland og Strand, og det andre forma som ein katalog over samlingane til museet i høve at det sist haust var 50 år sidan museet vart skipa og 5 år sidan museet blei gjort om til regionmuseum for Ryfylke.

I samarbeid med museet har Hjelmeland kulturstyre gitt ut bøkene «Krigsåra i Hjelmeland» og «Hjelmelandsvågen».

TILTAK UTANFOR MUSEET

Museet har også i år tatt på seg ein del oppdrag utanom arbeidet med eigne samlingar.

For Suldal Friundervisning har heile personalet deltatt i planlegging og gjennomføring av eit guide-kurs i Suldal.

Gaute Nilsen har vore instruktør på eit kurs i registrering av faste kulturminne som fylkeskonservatoren skipa til.

Roy Høibo har vore forelesar for deltakarar på eit museumskurs som Stavanger Lærarhøgskole har sett i gang med, og på eit seminar for studentar ved Etno-folkloristisk institutt ved Universitetet i Bergen. Han var og invitert som innleiar på ein nordisk arbeidslivskonferanse på Voss.

Roy Høibo er elles medlem i styret for Stiftelsen norsk Landbruksmuseum, og i ei styringsgruppe som tek del i arbeidet med ein kulturminneplan for Rogaland fylke. Etter invitasjon frå Ryfylkerådet har han vore med i ei arbeidsgruppe som har greidd ut spørsmål om markering av særtrekk ved Ryfylkeregionen, og han er nå vald inn i eit kulturutval som Ryfylkerådet har oppretta.

Styret vil til slutt takke for det gode samarbeidet ein har hatt med vertskommunen Suldal, fylkeskommunen sine kulturorgan og kulturkontora i Sauda og Hjelmeland.

Sand, 30. desember 1986/15. januar 1987

Børge Skeie
formann

Roy Høibo
styrar

Rekneskap 1986

INNTEKTER OG UTGIFTER INNANFOR TILSKOTTSORDNINGA

| | |
|-------------------------|----------------|
| Bilettinntekter | 7.014 |
| Sals- og leigeinntekter | 6.851 |
| Driftstilskott | 744.004 |
| Andre tilskott | 14.478 |
| Renteinntekter | 11.850 |
| Sum inntekter | 784.198 |

| | |
|------------------------------------|----------------|
| Lønn faste stillinger | 358.723 |
| Andre lønner | 35.323 |
| Indirekte lønnskostnader | 75.993 |
| Inventar og utstyr | 40.241 |
| Innkjøp til samlingar og bibliotek | 20.081 |
| Vedlikehald av bygningar og anlegg | 33.390 |
| Kontorutgifter | 65.910 |
| Brensel, lys og reinhald | 37.254 |
| Husleige og forsikringar | 73.894 |
| Reiser | 44.088 |
| Vedlikehald samlingar og utstyr | 1.393 |
| Udstillingar og publikasjonar | 25.247 |
| Reklame | 6.407 |
| Fotoutgifter | 10.268 |
| Andre driftsutgifter | 8.931 |
| Sum utgifter | 837.152 |

INNTEKTER OG UTGIFTER UΤΑΝFOR TILSKOTTSORDNINGA

| | |
|--------------------------------|----------------|
| Varesal | 10.468 |
| Medlemspengar | 37.017 |
| Omframme tilskott | 409.383 |
| Reklameinntekter | 14.500 |
| Renteinntekter | 16.171 |
| Forbruk av overførte løyvingar | 248.970 |
| Sum inntekter | 736.511 |

| | |
|-------------------------------|----------------|
| Lønner | 151.782 |
| Indirekte lønnskostnader | 19.474 |
| Restaurering og vedlikehald | 182.198 |
| Reiser | 6.984 |
| Varekjøp (publikasjonar) | 25.673 |
| Andre utgifter | 2.803 |
| Overført som unytta løyvingar | 215.680 |
| Sum utgifter | 727.160 |

BALANSE

| | | | |
|-------------------|-----------------------|-------------------------------------|-----------------------|
| Kasse | 599 | Overførte løyvingar | 261.210 |
| Postgiro | 5.088 | Kapital etter frådrag av underskott | |
| Bank | 296.977 | dette året | 112.021 |
| Andre fordringar | 70.666 | | |
| Sum aktiva | <u>373.331</u> | Sum passiva | <u>373.331</u> |

Sand, 31. desember 1986/15. januar 1987

Børge Skeie
formann

SR-Rekneskapsservice
Nils Torsteinsbø
rekneskapsførar

Ryfylkemuseet takkar følgjande firma
for støtte til drifta av museet:



Tor Underbakke

Sport-Båt-Motor-Bensinautomat

SAND. TLF. 97 486



ALT I KOLONIAL

SULDAL INSTALLASJON

SAND

TELEFON 97 319



JERN-BYGGEVAREFORRETNING
Spesial listverk-panel på bestilling

Kaldheim & Sønn

UR - OPTIKK

Telefon 97 660 - 4230 SAND

Hjelmeland Sparebank

14130 HJELMELAND

TELEFON 04 - 44 04 17

DnC

Suldal

LOKALBANKEN MED
STORBANKENS FORDELER



EIN SERVICEBANK
FOR HEILE DISTRIKTET

BUSTAD herrekkvipering a s

TLF. 97 148
SAND

A.s Sands Laksefiske

P.O.B. 44 - STAVANGER



VERN VERNEVERDIGE VERDIER
VERNOLIN -
linoljemaling med sinkhvit

SAUDA INTERIØR TLF. 93 044

Singel og Grus A.s

ÅRDAL

Hovedkontor: SANDNES - Tlf. 04 - 57 52 77




AARTUN
TREVAREFABRIKK
SAUDA - TLF. (047) 92 202

AKSEL HANSSON

møbelfabrikk Hjelmeland
Tlf. (04) 44 03 00

møbelforretning Stavanger
Løkkeveien 40
Tlf. (04) 52 36 83 - 52 12 46



ALT I
LANDBRUK
OG
SKOGBRUK

Møgedal
mek. verksted

SAND - TLF. 97 112

Elkem

FERROLEGERINGER

SAUDA SMELTEVERK A/S

En sikker
medspiller



SAUDA - TELEFON 92 411

For Sundhet og velvære -
spis klikavring fra

SAUDA BAKERI

TLF. 92 167 - SAUDA

JÆRSTOLER

Hetlelid Møbelverkstad
Hjelmeland
Tlf. (04) 44 15 46



Boka om Ulla-Førre

Aldri har det vore gjennomført ei større vasskraftutbygging her i landet. Utbygginga går føre seg mellom Indre Ryfylke i vest og Setesdal i aust, og omfattar eit område på 2000 km².

Boka handlar om alle dei interessekonfliktar som måtte komma ved så store inngrep i naturen, og forfattaren har greid å skildra både anleggsbusens strevsomme kvardag og anleggsverksemdas virknad på bygdesamfunnet.

Boka inneheld overmåte mange bilete, både i svart/kvitt og i fargar. Den er i stort format, solid innbunden og koster kr. 198,—.

Boka er til sals hos bokhandlarane og kan tingast hos Ryfylkemuseet.

Dreyer Bok - Stavanger

